



Budsjett 2021 / økonomiplan 2021–2024

Oppdatert etter budsjettvedtak desember 2020

Framsidedelet er henta frå utsmykkinga ved nybygget til Åsane vidaregåande skule i Bergen og har tittelen «Transformasjoner, faser, utvikling». Skulpturgruppa er laga av Annika Oskarsson og Thomas Nordstöm. Nye Åsane vidaregåande skule vart teken i bruk ved skulestart hausten 2020

Fotograf: Pål Hoff.

Innhold

1	Innleiing	5
2	Klimaomstilling	9
3	Fellesinntekter og -utgifter	19
4	Sektorbudsjett	25
	4.1 Politisk styring og kontrollorgan.....	29
	4.2 Organisasjon og økonomi.....	33
	4.3 Strategisk utvikling og digitalisering	39
	4.4 Opplæring og kompetanse	45
	4.5 Mobilitet og kollektiv	57
	4.6 Infrastruktur og veg	75
	4.7 Kultur, idrett og inkludering	81
	4.8 Tannhelse.....	109
	4.9 Innovasjon og næringsutvikling.....	115
5	Økonomiplan 2021–2024.....	129
6	Investeringsbudsjett 2021–2024.....	133
7	Finansielle måltal	153
8	Budsjettreglement.....	157
9	Møtebok.....	163
	Vedlegg 1. Saksprotokoll i finansutvalet 19.11.2020	164
	Vedlegg 2. Saksprotokoll i fylkesutvalet 26.11.2020.....	174
	Vedlegg 3. Saksprotokoll i fylkestinget 15.12.2020.....	184
	Vedlegg 4. Obligatoriske oversikter.	210



Bokhulle i strandkanten, Fjærland.
Foto: Morten Wanvik.

1 Innleiing

Budsjett 2021 for Vestland fylkeskommune er utarbeidd av finansutvalet gjennom året. Budsjettarbeidet har vore gjennomført med eit såkalla arbeidsdokument til kvart møte, der finansutvalet suksessivt har teke stilling til delar av budsjettet. I tilknytning til arbeidsdokumenta har finansutvalet gjort prosessvedtak og på denne måten sikra framdrifta i budsjettarbeidet.

Det har vore fem møte i finansutvalet til no i 2020. Fylkesrådmannen har på bakgrunn av finansutvalet sitt arbeid og prosessvedtaka som er gjort så langt, utarbeidd eit samla budsjetttdokument.

Samanlikna med det som er presentert arbeidsdokumenta til no, er budsjetttdokumentet supplert med følgjande avsnitt:

- Innleiing
- Klimabudsjett
- Økonomiplan
- Oppdatering av budsjettreglement og finansielle måltal

Strategiarbeid

Utviklingsplan for Vestland fylke

Fylkestinget vedtok i september 2020 Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 – regional planstrategi.

Vestland fylkeskommune skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region. Berekraftmåla til FN er sentrale i dette arbeidet.

Utviklingsplanen for Vestland er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova som regional planstrategi for Vestland. Fylkeskommunen, statlege organ og kommunar skal legge utviklingsplanen til grunn for planarbeid og verksemd i regionen.

Utviklingsplanen er utarbeidd med bakgrunn i regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planstrategi, der planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling er sentrale stikkord.

Berekraftig og nyskapande

Dei 17 berekraftmåla til FN er overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland.

Utviklingsplanen har følgjande hovudmål for arbeidet:

- Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

- Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Kvart hovudmål er knytt opp mot dei mest relevante av berekraftmåla til FN. I tillegg er det knytt strategiar til arbeidet med hovudmåla for å setje nærare retning for korleis måla kan oppnåast.

Tiltak og indikatorar

Utviklingsplanen peikar på arbeidet med å finne gode indikatorar for å følgje opp berekraftmåla og dermed fleire av hovudmåla i planen.

Utarbeiding av regionale og lokale indikatorar er viktig for å omsetje berekraftmåla til lokale forhold. Dette vert eit viktig oppfølgingsarbeid av den vedtekne utviklingsplanen.

Til fylkestinget i mars 2021 vil fylkesrådmannen kome nærare attende til det vidare arbeidet med utviklingsplanen. Utover det nemnde arbeidet med indikatorar, vil ein også ta opp korleis ein kan kople målsetjingane i utviklingsplanen opp mot utviklingsarbeidet i Vestland fylkeskommune.

I denne samanhengen vil det vere naturleg å utarbeide sektorvise tiltak knytt til strategiane for kvart av hovudmåla i Utviklingsplanen. Arbeidet med gode indikatorar er ein viktig del av dette for å sikre at resultatane av tiltaka kan målast på ein god måte.

Utviklingsplan – økonomiplan

Utviklingsplanen gjev felles retning for Vestland fylkeskommune som organisasjon, og for vestlandssamfunnet som heilskap fram til 2024. I følgje kommunelova §14-1 skal fylkeskommunen utarbeide samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi, og for lokalsamfunnet eller regionen si utvikling. Ein tydeleg samheng mellom utviklingsplanen og økonomiplanen er avgjerande for om plansystemet er velfungerande og i praksis vert lagt til grunn for økonomiske prioriteringar

I utviklingsplanen går det fram at alle regionale planar skal ha fokus på korleis dei kan bidra til å støtte opp om hovudmåla, dette gjeld også økonomiplan for Vestland fylkeskommune. Utviklingsplanen kan dermed bidra til eit breiare fokus på tvers av sektorar som grunnlag for prioriteringar og budsjett. Dette er vesentleg for at planlegging og tiltak i sum skal bidra til å oppnå FN sine berekraftmåla.

Regional plan	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling	x			Oppstart 2020
Regional klimaplan	x			Oppstart 2020
Regional transportplan	x			Oppstart 2020
Regional plan for senterstruktur	x			Oppstart 2021
Regional plan for kompetanse	x			Oppstart 2021
Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	x			Oppstart 2021
Regional plan for fornybar energi	x			Oppstart 2021
Regional plan for vassforvaltning Vestland	x			Under utarbeiding

Gjennomføring av utviklingsplanen inkluderer også underliggende regionale planar, strategiar og temaplanar. Handlingsprogramma i planane er sentrale grunnlag for budsjett. Det skal arbeidast vidare med å systematisere arbeidet med desse for å styrke samordninga på tvers av avdelingar og inn i budsjettprosessen.

Utviklingsplan for Vestland prioriterer planprosessar som skal skje i perioden fram til 2024. Årlege budsjett bør sikre tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre gode, kunnskapsbaserte og inkluderande planprosessar.

I finansutvalet sitt arbeid med budsjett 2022 og komande økonomiplan vil arbeidet med å kople opp økonomiplanen mot mål og strategiar i utviklingsplanen vere sentralt.

Fylkestinget får økonomiplanen 2022–2025 til handsaming i juni. Ein vil då også ha som bakgrunn fylkestinget i mars si handsaming av arbeidet med tiltak og indikatorar.

Dette vil i neste omgang danne grunnlag for rapporteringa i fylkeskommunen si årsmelding. På denne måten sikrar vi ei heilskapleg og oversiktleg tilnærming til rapporteringsarbeidet og vidare oppfølging av utviklingsplanen.

Samfunnsoppdrag, visjon og verdier

Fylkestinget vedtok i desember 2019 samfunnsoppdrag, visjon og verdier for Vestland fylkeskommune slik:





Visjonen stakar ut den langsiktige kursen for den regionale politikken og den ligg til grunn for utarbeidinga av Utviklingsplanen. Regionreforma har som målsetjing å styrkje det lokale sjølvstyret, der fylkeskommunen får ei tydlegare rolle som samfunnsutviklar. Dette viser att i samfunnsoppdraget.

Visjonen spelar godt i lag med målsettingane i utviklingsplanen. I utviklinga av Vestland fylkeskommune har verdiane

ei viktig rolle. Fylkesrådmannen har arbeidd vidare med å operasjonalisere desse, slik at dei i endå større grad legg føringar for det daglege arbeidet og samspelet både internt i eigen organisasjon og med omverda. På den måten skal Vestland fylkeskommune gå frå ord til handling.



Verdas første og einaste batteridrevne borerigg starta i haust arbeidet med bybanetraseen til Fyllingsdalen.
Foto: Marit Hommedal.

2 Klimaomstilling

Klimabudsjettet synleggjer og legg grunnlag for interne prioriteringar, styring og oppfølging av aktuelle klimagassreducerande tiltak. Målet er å stimulere til eit ytterlegare grønt taktskifte i den pågåande klimaomstillinga i Vestland.

Innhold

1. Klimamål og strategiar
2. Klimabudsjett som prosess
3. Prognose for klimagassutslepp 2021–2024
4. Klimagassutsleppa i dag
5. Klima i investeringsprogram

1 Klimamål og strategiar

Nasjonale og internasjonale forplikningar

EU vedtok togradersmålet i 1996, og på klimatoppmøtet i Cancun (2010) vart landa i verda samde om at det skulle vere eit globalt mål å avgrense oppvarminga til 2oC. I Parisavtalen vart målet innskjerpa til «godt under to grader», og at ein vidare skal arbeide for å avgrense oppvarminga til halvannen grad, kalla 1,5 gradersmålet.

Noreg har under Parisavtalen forplikta seg til å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 % ,og opp mot 55 %, i 2030 samanlikna med nivået i 1990¹.

Regionale mål og strategiar

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024² set retning for samfunnsutviklinga i fylket. Eit av dei fire hovudmåla i planen er at klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutviklinga. Då planen vart vedteken av fylkestinget i september 2020, vart det i strategi 2.1 tidfest at Vestland skal vere ein pådriver for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. I strategi 2.3 vert det stadfesta at Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp. Dette påverkar korleis det vert jobba med klimautfordringar i eigen organisasjon.

Offentlege innkjøp som strategisk verktøy

Fylkeskommunen sine kollektivtenester og infrastrukturprosjekt står for den største delen av klimagassutsleppa frå fylkeskommunen. Samstundes er det her ein finn viktige bidrag til reduserte utslepp. Dette gjennom at areal- og transportplanlegging vert samordna, og at ein får eit styrka kollektivtilbod som gir gode alternative løysingar til privatbil som framkomstmiddel, og overgang til fornybar energi i drifta.

Vestland fylkeskommune nyttar i sterkare grad si offentlege innkjøpsmakt til å påverke leverandørar og tilbydarar på ein effektiv måte. Erfaring frå mellom anna ferjeanboda og miljøkrav i nye busskontraktar viser at ein kan oppnå store utsleppskutt ved å krevje dette i anbudsprosessen.

Offentlege anskaffingar blir i aukande grad også nytta som strategisk verktøy når det gjeld å vere ein pådrivar for innovasjon, og auka etterspørsel etter utsleppsfrie løysingar innan bygge- og anleggsverksemd.

I 2019 kom offentlege bygherrar i Vestland med ei felles kunngjering i Doffin om å stille krav om bruk av utsleppsfrie teknologiar, prosessar og løysingar knytt til drift av bygge- og anleggsplassar etter kvart som utsleppsfri teknologi og kunnskap blir tilgjengeleg. Bybanen Utbygging er den eininga i Vestland fylkeskommune som har kome lengst i å rapportere utslepp frå anleggsverksemd.

Tiltak for grønarare bybaneutbygging har sidan oppstart av byggjesteget 4 i 2018, mellom sentrum og Fyllingsdalen, så langt spart rundt 30 000 tonn CO₂-ekvivalenter, tilsvarande årlege utslepp frå 12 000 fossilbilar.

2 Klimabudsjett som prosess

Til budsjettet for 2021 utarbeider Vestland fylkeskommune klimabudsjett for eigen organisasjon, altså ikkje for det geografiske området Vestland fylke. Klimabudsjettet omfattar CO₂-utsleppa i dag, venta utvikling for nokre av desse utsleppa og potensielle utsleppskutt. Klimabudsjettet for eiga verksemd medverkar til å:

- Identifisere det store bilete i utviklinga av klimafotavtrykk
- Identifisere viktige aktivitetar og tenester der fylkeskommunen bør ha særleg fokus
- Rette miljøkrav mot dei viktigaste leverandørane

Sjølv om det for første gang i år også blir rapportert på klima for investeringsprogramma, har vi enno ikkje med tilhøyrande kostnader for mogelege tiltak. Det vil vere eit vidare utviklingsarbeid å jobbe fram eit fullverdig klimabudsjett med konkrete tiltakseffektar og kostnader, og som omfattar både direkte og indirekte utslepp.

Budsjettet er grunnlag for prioriteringar på førehand og styringsverktøy for oppfølging av vedtak i ettertid. Dette krev at budsjettprosessen koplpar vurdering av klimatiltak med økonomiske prioriteringar. Denne prosessen bør i dei komande åra i større grad leggast til grunn for utarbeidinga av klimaprosnosen.

1 <https://milostatus.miljodirektoratet.no/miljomal/klima/miljomal-5.2/>

2 <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/hoyringsutkast---utviklingsplan-for-vestland-2304w.pdf>

Tabell 1: Innsatsområde for nullutslepp 2030: Oversikt over prioriterte mål, tiltak og forankring.

Innsatsområde for nullutslepp 2030	Prioriterte tiltak	Ansvarleg for gjennomføring	Tidsrom for gjennomføring	Status og mål framover
Innkjøpte transporttenester	Låg-/nullutslepps bussruter	Avd. Mobilitet og kollektivtransport/politisk	2020	Pågår. Frå 1. desember 2020 vil alle bussar i rutetraffikk i bergensområdet vera fossilfrie. Bussar som ikkje er elektriske, går på fossilfritt biodrivstoff.
	Låg-/nullutslepps båtruter	Avd. Mobilitet og kollektivtransport/politisk	2022/2024 for bybåtsambanda og alle båtsamband i Sogn og Fjordane	Pågår. Fylkesutvalet har vedteke at ny kontrakt for sambanda mellom Sogn og Fjordane og Bergen, skal leggje til rette for innfasing av hybridbåtar så snart som mogeleg, men seinast innan utgangen av 2024. Nye anbod er planlagd lyst ut ved årsskiftet 2020/2021. Endeleg vedtak i fylkestinget. Askøysambandet: Avklaring kring kaiplassering og naudsynt infrastrukturtilrettelegging vil ha innverknad på kommande nytt anbod med omsyn til elektrisk drift.
	Låg-/nullutslepps ferjeruter	Avd. Mobilitet og kollektivtransport/politisk	2020	Pågår. 19 av 24 ferjesamband vil i løpet av 2020 vere drifta av elektriske hybridferjer.
Innkjøpte bygge- og anleggstenester	Fossilfrie/lågutslepps bygge- og anleggsplassar	Eigedomssesksjonen	2020–2022	Felles erklæring om fossilfrie bygge- og anleggsplassar i Vestland. Etter 2021 skal minst 10% av alle anleggsmaskinar vere utsleppsfrie/drivast av elektrisitet. CO ₂ -reduksjon for nybygg Berekraftig materialbruk
	Klima- og miljøvenleg energi til fylkeskommunale bygg	Eigedomssesksjonen	Årleg reduksjon	2 % kutt i energibruk framover
	Grønare bybaneutbygging	Bybanen utbygging	BT4: 2018–2022/23	96 % fossilfri anleggsplass i 2020 (BT4 sentrum-Fyllingsdalen) Midlar frå klimasats til elektrisk spuntemaskin og lastebil, og til evaluering og vidareutvikling av miljøkrav.
	Lågutslepps fylkesvegutbygging	Avd. Infrastruktur og veg		Utgreiing
Drift i eiga verksemd	Fossilfri bil- og maskinpark	Avd. Organisasjon og økonomi Avd. Opplæring og kompetanse/vgs		Utgreiing av prosedyre for kjøp/leasing og bruk av bilar i teneste, fortrinnsvis nullutsleppsbilar. Dei vidaregåande skulane har begynt å kjøpe elektriske maskinar med støtte frå Klimasats og frå Enova og internt miljøhandlingsprogram i fylkeskommunen. Voss VGS og Stend VGS kjøpte i 2019 kvar sin minilastar (Avant e6). Stend VGS vil hausten 2020 kjøpe ein elektrisk gravemaskin.
	Redusert utslepp frå tenestereiser	Avd. Organisasjon og økonomi/ Fylkesdirektørane		Administrativt innsparingsprogram legg føringar for reiseverksemd. Auka satsing på digitalisering.
	Redusert utslepp frå andre innkjøp	Alle avdelingar Innkjøpsseksjonen		Til ein viss grad blir det stilt krav om fossilfri transport på leveransar til fylkeskommunen. Eit døme på dette er avfallstransport, som står for utslepp av nærmare 40 tonn CO ₂ -ekvivalentar årleg.

Aktivitetar som legg grunnlag for vidare utsleppsreduksjonar i Vestland

Fylkeskommunen arbeider også med tiltak på andre område som ikkje gjev direkte utsleppskutt frå vår eigen organisasjon, men som legg til rette for framtidige utsleppskutt.

Aktivitetane inkluderer mellom anna regionale planar (Utviklingsplan Vestland, Klima, RTP, Innovasjon og næringsutvikling), utgreiingar og pilotar, tilskotsordningar, førebunde tiltak (t.d. Hurtigladestrategien, grøn omstilling i drogsjenæringa) og mobiliserande partnarskap (t.d. Klimapartnar Vestland).

3 Prognose for klimagassutslepp 2021–2024

Dei største klimagassutsleppa frå Vestland fylkeskommune sitt budsjett stammar frå kollektivtransport. For transporttenestene buss, båt og ferje har vi gode tal for energibruk i dei ulike drivlinene og kjenner til kva kontraktar som er inngåtte for aktiviteten dei komande åra. Difor er det laga prognose for klimagassutsleppa for kjøp av transporttenester.

Kjøp av transporttenester


For transporttenestene ventar fylkeskommunen reduksjon i CO₂-utsleppa på om lag 47 prosent mellom 2018 og 2024 med grunnlag i vedtekte tiltak for ferjer og buss (Figur 1). Utsleppskutt frå planlagde hurtigbåtanbod er venta å ha stor

effekt på sikt, men er ikkje inkludert i prognosen for inneverande økonomiperiode. Dette heng saman med at utsleppsreduksjonen avhenger av kontrakt. Anbudet skal handsamast i Fylkestinget og lysast ut i årskiftet 2020/2021.

Prognosen i figur 1 tek høgde for gradvis overgang til elektrisk ferjedrift i 2020 og utfasing av fossilt drivstoff frå og med november 2020. I løpet av 2020 vil 19 av 24 ferjesamband i Vestland vere elektrifisert. Eit utval ferjesamband vil ha delvis elektrifisering ut 2020 og vidare inn i 2021. Her er det krevjande å vite andel biodrivstoff, og det er ikkje rekna klimagassutslepp frå denne drifta sjølv om det vil medføre noko meir utslepp framover.

For buss er nedgang i klimagassutsleppa knytt til biodrivstoff i kontraktane Nordhordland, Bergen sør og Vest. I 2020 er det oppstart av to nye kontraktar, Bergen sentrum og Bergen nord, der det er stilt krav om 100 % fornybar energi. Frå 1. desember 2020 får Bergen sentrum over hundre nye elektriske bussar, i tillegg til trolleylinja som vert utvida til Lyngbø. Dermed vil alle bussar i rutetrafikk i bergensområdet vera fossilfrie ved utgangen av 2020. Bussene som ikkje er elektriske, går på fossilfritt biodrivstoff.

Det er enno uvisst kva utsleppsreduksjon knytt til fylkeskommunen sine båtsamband ein kan vente. Alle noverande kontraktar på hurtigbåt i tidlegare Sogn og Fjordane går fram til 1. mai 2022. Arbeid med å førebu anboda pågår. For bybåtsambanda, vil avklaring for Askøysambandet kring kaiplasering og naudsynt infrastrukturtilrettelegging ha innverknad på kommande nyttanbod med omsyn til elektrisk drift.



Figur 1: Direkte klimagassutslepp frå kollektivtenester i CO₂-e. Referanseåret er 2018, med oppdaterte tal for berekna utslepp 2019. Prognosen tek omsyn til vedtekte tiltak og knytt seg til utsleppskutt som følgje av miljøkrav i ferje- og bussanbod i perioden.

Fylkeskommunal drift

For å seie noko om klimagassutslepp og drift av den nye Vestland fylkeskommune, er det teke utgangspunkt i utslepp frå drifta i dei to tidlegare fylkeskommunane i 2018 og 2019. I 2019 kom 3789 tonn CO₂-ekvivalentar frå intern drift av organisasjonen (figur 2).

Flyreiser

Størstedelen av klimagassutsleppa som var registrert i drifta kom frå flyreisene. Det har vore ein stabil auke i utslepp frå flyreiser dei seinare åra. Grunna Covid 19, er talet på flyreiser kraftig redusert i 2020. Førebels tal peiker på at flyreisene kan vere redusert med to tredelar. Det er vanskeleg å seie kva utviklinga vil bli i 2021 og resten av økonomiplanperioden. Når vi får miljørekneskapan i årsmeldinga for 2020, får vi også første året med data for den nye fylkeskommunen og vil då kome attende til dette.

Energi


På energisida er utsleppa frå elektrisitet dei største. Tala viser ein nedgang på 3,1% frå 2018 til 2019 i klimagassutslepp

frå elektrisitet. Det er venta at ein kan oppnå ein reduksjon i total energibruk til eigeidom på 2 % pr. år. Utsleppsreduksjonen kan bli enno større sidan oljefyrane vart fasa ut i 2020 og også gassbruken skal bli fossilfri. For å finne klimagassutsleppa er faktoren for fysisk elektrisitet levert i Noreg nytta. Denne faktoren tar omsyn til utveksling av elektrisitet med våre naboland.

Køring

Utslepp knytt til km-godtgjersle for tilsette og politikarar si køring med egne bilar på tenestereiser og køring med fylkeskommunen sine køyretøy auka frå 2018 til 2019 grunna auka køyrelengde. For 2020 ser det ut til at køringa kan bli omtrent 60 % av kva den var før Covid 19. Det blir hausten 2020 greidd ut prosedyre for kjøp/leasing og bruk av bilar i teneste, fortrinnsvis bruk av nullutsleppsbilar.

Klimagassutslipp eiga drift 2018–2019



	2018	2019
Brensle til oppvarming	230,2	277,2
Fjernvarme	254,8	341,7
Flyreiser	751,6	1161,0
Km-godtgjersle	477,6	523,0
VLFK køyretøy	444,6	581,0
Elektrisitet	934,0	905,0

Figur 2:
Årlige klimagassutslipp frå energibruk og transport i eiga drift 2018–2019.

4 Klimagassutsleppa i dag


Direkte og indirekte utslepp

Fylkeskommunen utarbeider årleg miljørekneskap som er basert på rapporterte forbrukstal og omfattar klimagassutslepp frå den fylkeskommunale drifta og transporttenestene fylkeskommunen kjøper. Det samla CO₂-utsleppet i miljørekneskapen til Vestland fylkeskommune er om lag 163 884

tonn, og kjøpte transporttenester står for opp mot 99 % av dette.

Klimagassutsleppa som skuldast Vestland fylkeskommune har ulike kjelder, både direkte utslepp og indirekte via innkjøp frå underleverandørar (figur 3).

Figur 3: Kjelder til klimagassutslepp



Tabell 2: Utsleppskjelder som fylkeskommunen rapporterer på i dag

Utsleppskjelder vi rapporterer på pr i dag:	Utsleppskjelder vi i mindre grad rapporterer på pr i dag:
a) Direkte utslepp frå eiga verksemd- stasjonær og mobil energi- bruk (oppvarming/kjøling og reiser med egne køyretøy)	c) Indirekte utslepp frå byggeaktivitet
b) Indirekte utslepp frå innkjøpte kollektivtenester (utslepp knytt til drivstoff som er brukt i kollektivtransporten)	d) Indirekte utslepp frå anleggsverksemd
	e) Indirekte utslepp frå andre innkjøp ³

³ I kategori e) kjem t.d. utslepp frå flyreiser og andre tenestereiser som blir rapporterte, men også mange klimagassutslepp som vi ikkje har fått tal for i dag.

Å inkludere bygg og anlegg eller andre indirekte utslipp i miljørekneskap og klimabudsjett, er straks meir komplisert. Det blir difor nytta ei anna tilnærming; å ta utgangspunkt i KOSTRA-tal og estimere klimafotavtrykket for all fylkeskommunal aktivitet.

Klimafotavtrykk

Det samla klimafotavtrykket til Vestland fylkeskommune vart berekna til om lag 436 865 tonn CO₂-ekvivalenter i 2019

(tabell 3). Det dekker direkte utslipp frå fylkeskommunal drift (køyretøy, maskinar og oppvarming), innkjøpt energi (varme og straum) og indirekte utslipp frå innkjøpte varer og tenester (transport, bygg og infrastruktur, forbruksmateriell og utstyr). Berekninga er basert på generelle utslppsverdier knytt til fylkeskommunale utgifter rapportert i KOSTRA og vil variere frå år til år i tråd med eingongsinvesteringar i utbyggingar.

Tabell 3: Samla oversyn over klimafotavtrykket til Vestland fylkeskommune for 2019. Statistikken er basert på utgifter rapportert i KOSTRA og er avgrensa til fylkeskommunane sine systemgrenser (tonn CO₂).

	Forbruksmateriell og utstyr	Reise og transport eigne kjøretøy	Energi	Bygg og infrastruktur	Kjøp private tenester	Kjøp av andre tenester	SUM
Administrasjon (400-funksjonar)	3056	1362	643	2658	15	974	8708
Vidaregåande opplæring (500-funksjonar)	15226	5238	7635	16101	6335	3735	54271
Tannhelsetenesta	1464	496	274	1953	151	274	4612
Kultur, idrett, næring og fysisk planlegging	734	1538	205	283	39	499	3298
Fylkesvegar	174	32	1093	68886	76	996	71257
730 Bilruter	946	2860	219	857	81710	1176	87768
731 Fylkesvegferjer	0	0	0	3825	95259	2	99086
732 Båtruter	0	0	0	27	70235	0	70262
733 Transportordningar for funksjonshemmede	1	9	0	0	967	0	977
734 Sporvegar og forstadsbanar	3475	143	114	22932	2818	7145	36627
SUM	25075	11677	10183	117521	257607	14801	436865

Klimafotavtrykket inkluderer klimagassutslipp over heile livssyklusen, både direkte og indirekte utslipp. Klimafotavtrykket for Vestland fylkeskommune viser at innkjøpte transporttenester står for størstedelen av klimagassutslappa (figur 4). Deretter kjem utslipp frå bygging og vedlikehald av fylkesvegar. Det er for 2019 også betydeleg avtrykk frå Bybanen Utbygging og noko mindre frå skulebygg.


Dette viser at det er rett å fokusere på å gjere kollektivtransporten fossilfri og gradvis utslppsfril. Etter kvart som

utslipp frå kollektivtransport går ned, vil bygg- og anlegg utgjere ein større del av totalen. Desse sektorane bør difor allereie no arbeide mot å verte utslppsfril. Jo tidlegare i økonomiplanperioden ein kan inkludere desse omsyna, jo større er sjansen for å realisere monalege kutt i klimagassutslappa.

Generelt må miljøkrav kvalitetssikrast, mellom anna med oppfølging for alle viktige leverandørar.

Figur 4: Beregna klimafotavtrykk for Vestland fylkeskommune 2018–2019

Beregna klimafotavtrykk for Vestland fylkeskommune 2018-2019



5 Klima i investeringsprogram

Investeringsprogram fylkesveg

Fylkeskommunen skal tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg vegsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og som fremjar regional utvikling. Dette skal mellom anna gjerast ved å redusere klimagassutslepp på vegen til eit lågutsleppssamfunn, og tilpasse infrastrukturen til eit endra klima med mellom anna meir nedbør.

Det vert arbeid med eit auka fokus på å stille gode klima og miljøkrav i kontraktar og anbod. Det er i kontraktar med entreprenørane at ein har høve til å sette krav til klima og miljø. Kvalifikasjonskrav som vert stilt er sertifisering etter ISO 14001 (2015), EMAS (EU EcoManagement and Audit Scheme for environmental management) eller Miljøfyrtårn. Vidare vert det stilt krav til at alle dieseldrivande kjøretøy og

maskiner som vert nytta i kontrakten, skal ha EURO 6 eller STEG 4 godkjenning og rapportere månadleg på energiforbruket.

I arbeidet med kommande Regional transportplan (RTP) vert det jobba med fleire utgreiningar som vil medverke til lågare klimagassutslepp. Blant anna vert det jobba med ein strategi for god massehandtering. God handtering av massar kan bidra til lågare klimagassutslepp, dersom ein finn gode lokale prosjekt som kan nytte massane. Dette vert gjort i varierende grad på vegprosjekt i dag. Eit godt døme på god massehandtering er frå fylkesveg 500 i Kvinnherad. Her brukar ein tunnelmassar frå det eine vegprosjektet til punktvis vegutbedring på ei 22 km lang nærliggande vegstrekning.

Fleire vegprosjekt legg til rette for auka kapasitet til kollektivtransport og tilrettelegging for auka bruk av sykkel

og gange. Disse prosjekta medverkar til at fleire vel andre transportløyningar enn privat bil i kvardagen, som igjen fører til lågare lokale klimagassutslepp.

Investeringsprogram eigedom

For utbygging i eigedomsavdelinga er det definert tre område som er førande for berekraftige prosjekt; CO₂-reduksjon for nybygg, utsleppsfrie byggeplassar og berekraftig materialbruk. I tillegg er det stort fokus på energibruk og ombruk/gjenbruk av eksisterande bygningsmasse både for ombyggingsprosjekt og for nye byggeprosjekt.

Nye bygg skal realiserast med 50% reduserte CO₂-utslepp samanlikna med eit definert referansebygg som vert oppført i samsvar med gjeldande bygningsteknisk forskrift. Investeringsprosjekt skal BREEAM-sertifiserast på nivået Excellent, i konkurransegrunnlaget er i tillegg overordna miljøkrav beskrive og desse er førande for korleis prosjektet kan innfri krava til BREEAM Excellent. Sertifiseringa skal i tillegg halddast vidare i drift av bygget og gjeld følgeleg ikkje berre for å få ei sertifisering for eit nyleg oppført bygg.

Utbygging har gode erfaringar i seinare tid med å beskrive krav til bruk av tre i nybygg, krava er vidareutvikla og vidareført. Hovudberesystemet for nybygg skal utførast i tre og 90% av bygningskonstruksjonen over bakkenivå byggast i tre. Tilsvarande krav var til stades ved utlysing av konkurranse for utbygging i Askøy, Førde og Kaupanger.

Som byggherre og samfunnsutviklar skal Vestland fylkeskommune gå føre med å bidra til berekraftige bygge- og anleggsplassar. Eit nytt krav til nye investeringsprosjekt er difor implementert for prosjekt som skal realiserast etter 2021; 10% av alle anleggsmaskiner skal vere utsleppsfrie og følgeleg drivast av elektrisitet.

Det er oppretta ei delstilling som fagansvarleg energi og klima for å ivareta utviklinga mot berekraftig utbygging i eigedomsavdelinga.

Utbygging sitt bidrag til CO₂-utslepp er størst ved reine nybygg og difor er det på vegen mot berekraftig fylkeskommunal bygningsmasse naudsynt å nytte eksisterande bygg i størst mogleg grad. I tillegg er det viktig å ombruke material, komponentar og møblar der det er mogleg utan å redusere ynskja nivå av funksjon og kvalitet. Ein føresetnad for eksisterande bygningsmasse er at det er mogleg å bygge om og tilpassa ynskja bruk, fleksibilitet i utforming og konstruksjon er difor vektlagt og for nye utbyggingsprosjekt.

Tidlegare gode erfaringar gjeldande energiforsyning i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane vert vidareført for Vestland fylkeskommune. Oljefyring anna enn som reserveløysing er fasa ut og fleire plassar er energieffektiviteten auka betrakteleg som følge av installasjon av til dømes varmpumpeanlegg. Som døme på gode løysingar nemnast:

- Lokal fjernvarme frå nærliggjande kjøpesenter på Åsane. Her er energioverskotet gjort nyttig ved oppvarming av vidaregåande skule.
- Fjernvarme med spillvarme frå aluminiumsverket i Høyanger. I staden for å nytte fjorden til kjøling av smelteomnar er varmen gjort nyttig for kommunale anlegg, og for oppvarming av vidaregåande skule.
- Tidlegare Sogn og Fjordane sin godt utnytta og vidareførte rammeavtale for varmpumpeinstallasjonar med lokal produsent i Nordfjordeid. Energieffektivisering for eigen bygningsmasse og lokal næringsutvikling er ein positiv sideeffekt av dette.

Investeringsprogram mobilitet og kollektiv:

Grønare bybaneutbygging

Som offentleg byggherre på vegne av Vestland Fylkeskommune og partane i Miljøløftet, jobbar Bybanen utbygging aktivt med å ta i bruk berekraftige løysingar i anleggsprosjekta.

Sidan oppstart av byggjesteg 4 mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen i 2018, har tiltaka for grønare bybane så langt spart rundt 30 000 tonn CO₂-ekvivalenter. Dette tilsvarar årlege utslepp frå 12 000 fossilbilar. Elektrifiseringa av anleggsmaskinparken som bygger Bybanen er i full gang, og entreprenørane har til no levert 96 prosent fossilfri anleggsplass.

I haust starta verdas fyrste og einaste batteridrivne borerigg arbeidet i bybanetraseen som er under bygging til Fyllingsdalen. På anleggsområdet står også ein elektrisk massesorteringsmaskin som bidreg med dobbel miljøgevinst. Dette ved å både vere utsleppsfri, og samstundes sørge for at Bybanen utbygging kan planlegge for mest mogleg gjenbruk av eksisterande, kortreiste masser. På denne måten reduserast behovet for transport av masser med lastebil inn og ut av området.

Tydelege krav i anskaffingsfasen og god dialog med entreprenørar bidreg til å omsette høge miljøambisjonar til handling i utbygginga av bybanen. I hovudsak er følgjande krav satt:

- All persontransport skal utførast med nullutsleppsbilar
- Entreprenør skal nytte køyretøy som tilfredsstillar EURO VI ved massetransport
- All produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 % fornybar energi
- 90 % kjeldesortering

I tillegg er det i konkurransegrunnlaget ei oppmoding om bruk av lågkarbonbetong av høgaste klasse der dette kan gjennomførast, samt ytterlegare tiltak for å redusere klima- og miljøavtrykk lokalt og globalt, til dømes ved elektrifisering

av anleggsmaskinar. Det er fleire entreprenørar og ein prosjekterande som har tatt i bruk CEEQUAL som eit verktøy for å forbetre sine miljøprestasjonar.

Vegen vidare

Bybanen Utbygging legg opp til endå breiare miljørøtsatsing i byggesteg 5. Dette med fokus på å identifisere moglege

tiltak relatert til ytre miljø og reduksjon av klimagassutslepp innafor rammene som er satt i vedtatt reguleringsplan.

I 2020 er det mellom anna søkt om, og innvilga, Klimasats-midlar til å vidareutvikle arbeidet med grønare bybaneutbygging. Eit av tiltaka er innkjøp av elektrisk lastebil som skal bidra til teknologiutvikling og redusert utslepp frå anleggstrafikken.



Rullebana ved Florø lufthavn.
Foto: Morten Wanvik.

3 Fellesinntekter og -utgifter

Som fellesinntekter og –utgifter reknar ein alle inntekter og utgifter som ikkje er budsjetterte på sektornivå.

Fellesinntektene skal finansiere fylkeskommunen sine driftsutgifter på sektornivå (netto driftsutgifter), renteutgifter, avdrag og eventuell avsetning til fond.

Fylkestinget i desember gjorde vedtak som medførte ein auke på samla 27 mill. kr. Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning vart auka med 2 mill. kr, medan avdragsbetaling vart redusert med 25 mill. kr.

Tabell

	2020	2021
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning	-9 938 970	-10 279 828
Andre generelle statstilskot	- 2 000	-27 529
Konsesjonskraftsinntekter	-182 000	-152 000
Kapitalinnt/utg, utbytte	833 900	852 400
Lønsavsetjing/premieavvik	6 958	14 900
Bruk/avsetning til fond	-70 000	62 978
Overføring til investering	536 997	552 500
Sum felles inntekter og utgifter	- 8 815 115	-8 976 579

Skatt og rammetilskot

Grunnlaget for fylkeskommunane sine frie inntekter er Stortinget sitt rammevedtak i statsbudsjettet. Dette er delt i to deler – skatt og overføringar gjennom inntektssystemet (rammetilskot).

For Vestland fylkeskommune har statsbudsjettet slikt overslag:

	2020	2021
Fylkesskatt og inntektsutjamning	4 202,1	4 439,2
Rammetilskot	5 736,9	5 840,7
Sum frie inntekter	9 939,0	10 279,9

Det er budsjettert med 10 279,9 mill. kr i samla frie inntekter for 2021. Dette er overslaget ein finn i statsbudsjettet (Grønt hefte). Av dette utgjer fylkesskatt m/inntektsutjamning 4 439,2 mill. kr og rammetilskotet 5 840,7 mill. kr.

Nærare om inntektssystemet

Inntektssystemet består av tre hovudkomponentar:

- Inntektsutjamning
- Innbyggartilskot og utgiftsutjamning
- Overgangsordning

Inntektsutjamning

Føremålet med inntektsutjamninga er å utjamne skilnader i fylkeskommunane sin skatteinnang. Utjamningsgraden er sett til 87,5 %.

Innbyggartilskot og utgiftsutjamning

Innbyggartilskotet er ein lik sum per innbyggjar. Summen av tilskotet vert berekna ut frå folketalet i kvart fylke. Innbyggartilskotet for 2021 er sett til 5 835 kr per innbyggjar. For Vestland fylkeskommune vert innbyggartilskotet 3 716,9 mill. kr.

Utgiftsutjamninga er ei omfordelingsordning der midlar vert omfordelt frå fylkeskommunar med lågt berekna utgiftsbehov til fylkeskommunar med høgt berekna utgiftsbehov. Målet er at fylkeskommunane skal settast i stand til å yte likeverdige tilbod til innbyggerane. Utgiftsbehovet vert rekna ut frå ein kostnadsnøkkel, samansett av delkostnadsnøklar for samferdsle, vidaregåande opplæring og tannhelse.

Vestland fylkeskommune sitt utgiftsbehov er berekna til å vere om lag 12,44 % høgare enn landsgjennomsnittet. Utgiftsutjamninga utgjer 847,5 mill. kr.

Inkludert i rammetilskotet er saker med ei særskilt fordeling. For 2021 får Vestland fylkeskommune ei samla overføring på 1 128,5 mill. kr knytt til saker med særskilt fordeling. Dei største summene gjeld rassikring, opprusting av fylkesvegar, vegadministrasjon og tunnelsikkerheit. Av andre tilskot med særskilt fordeling kan nemnast ferjeavløysingsmidlar,

ikkje-statlege lufthamner, fiskerihamner, null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar.

Overgangsordninga

Overgangsordninga i samband med nytt inntektssystem frå 2020 utgjer 10,7 mill kr i 2021. Summen vert trappa ned til 0 i 2023.

Skjønstilskot

Det skjønsmessige tilskotet i 2021 er 80 mill. kr – ein reduksjon på 9 mill. kr frå 2020.

Samla rammetilskot for 2021 kan oppsummerast slik:

Mill.kr	2020	2021
Innbyggjartilskot utan utgiftsutjamning	3 764,7	3 716,9
Utgiftsutjamning	793,1	847,5
Saker med særskilt fordeling	1 074,5	1 128,5
Overgangsordning	15,7	10,7
Skjønstilskot	89,0	80,0
Sum rammetilskot	5 736,9	5 783,6

Andre generelle statstilskot

I følgje overslag frå Nærings- og fiskeridepartementet vil Vestland fylkeskommune få utbetalt 27,5 mill. kr frå Havbruksfondet i 2021.

Konsesjonskraft

Vestland Fylkeskommune har tilgang på om lag 730 Gwh konsesjonskraft frå ulike kraftselskap i 2020. Krafta vert levert til sjølvkost og seld i kraftmarknaden.

Volumet fylkeskommunen har rett på vert justert årleg, basert på utviklinga til allmenn forsyning i kommunane. Det er forbruket i allmenn forsyning i den einkilde kommunen som regulerer fordelinga av tilgjengeleg konsesjonskraft mellom kommunane og Vestland fylkeskommune. Kommunen får eit volum som samsvarar med forbruket til allmenn forsyning i kommunen medan fylkeskommunen får det resterande.

Utifrå den kjennskap ein har i dag er det rimeleg å leggja til grunn at Vestland fylkeskommune sitt konsesjonskraftvolum ikkje vert vesentleg endra frå 2020 til 2021.

I tillegg kjem «verdien» av Eidfjordavtalen som Hordaland fylkeskommune inngjekk på 80-talet.

Det budsjetterte nivået på kraftinntektene vert fastsett med grunnlag i prognosar per 2. tertial året før budsjettåret. Om lag 66 % av konsesjonskraftvolumet for 2021 er på dette tidspunktet prissikra i terminmarknaden. Restvolumet vert levert i spot-marknaden. Denne delen av porteføljen vert selt til den daglege marknadsprisen gjennom leveringsåret.

Dette gjev følgjande prognose over kraftinntektene:

Kraftinntekter	2020	2021
Konsesjonskraftinntekter	160,0	130,0
Eidfjordavtalen	22,0	22,0
Sum kraftinntekter	182,0	152,0

Totale driftsinntekter

Inntektene som er omtalt framfor summerer seg til 10 579 mill. kr. Det er då rekna med ei brutto inntekt på 252 mill. kr frå sal av konsesjonskraft. I tillegg er det budsjettert med inntekter på sektorane på totalt 2 814 mill. kr. Sum budsjetterte driftsinntekter kjem då opp i 13 373 mill. kr.

Netto driftsresultat er rekna å bli om lag 615 mill. kr. Dette utgjer 4,6 % av budsjetterte driftsinntekter. Tilrådd nivå for fylkeskommunar er 4 %.

Renter og avdrag

Renteinntekter

Renteinntektene er avhengig av fylkeskommunen sin likviditet og rentenivået på innskot i året. Likviditeten vert mellom anna påverka av utviklinga i fondsmidlar. Ein god del av fondsmidlane er planlagt nytta til investeringar i økonomiplanperioden. For utrekning av renteinntekter har ein lagt til grunn at likviditeten vil utvikle seg slik:

	2020	2021
Snittlikviditet	2 550	2 400

Overslaget over gjennomsnittleg likviditet i 2021 er justert opp med 250 mill. kr i høve til førre økonomiplan. Likviditeten i 2020 har vore betre enn lagt til grunn i budsjettet. I tillegg får ein frigjort eigenkapitalinnskot i KLP.

Vestland har utlån til nokre fylkeskommunale selskap. Dei viktigaste er HFK Bussanlegg AS, Bybanen AS og Valen kraftverk AS. På desse utlåna får fylkeskommunen renteinntekter i samsvar med utlånsavtale.

Rentekompensasjon

Det er rentekompensasjonsordningar både for skulebygg og veginvesteringar. Frå 2018 har ikkje staten lagt ut nye rammer. I 2021 vert rentesatsen sett til 0 %. Dermed vert det inga inntekt frå desse ordningane.

Renteføresetnader:

Føresetnadane for renteinntektene er basert på marknaden sine forventingar til 3 mnd. Nibor, pluss Vestland fylkeskommune sin margin på bankinnskott. Det er rekna med følgjande innskotsrente:

	2020	2021
Innskotsrente	2,35 %	0,92 %

Endringar i marknadsrentene vil påverke både renteinntekter og –utgifter. I oppfølginga av budsjettet vert dette å sjå i samanheng.

Med dei renteføresetnadane som er lagt til grunn er renteinntekter og rentekompensasjon berekna som vist i tabellen nedanfor:

	2020	2021
Renteinntekter	69,3	25,2
Rentekompensasjon	41,6	0,0
Sum	110,9	25,2

Utbytte

Det vert budsjettert med 11,5 mill. kr i utbytte frå SFE.

Renteutgifter

Føresetnadane for lånerenta er basert på følgjande komponentar:

Marknaden sine forventingar til 3 mnd. Nibor, marginar på eksisterande og nye lån og Vestland fylkeskommune sine fastrenter/rentesikringar.

I byrjinga av oktober var marknaden si forventning til 3 mnd. Nibor slik:

	2020	2021
	1,79 %	0,32 %

For nye lån er det lagt inn ein margin på 0,5 %

Med desse føresetnadene vil renteutgiftene utvikle seg slik:

	2020	2021
Renteutgifter	328,8	214,1

Avdrag

Ein måte å bremse gjeldsveksten er å trappe opp betaling av avdrag. Når rentenivået no er på eit rekordlågt nivå, kan det vere nærliggjande å nytte av sparte renteutgifter til auka avdrag. I 2021 er det foreslått å betale 675 mill. kr i avdrag.

	2020	2021
Avdrag	616	675

Samla kapitalutgifter kan oppsummerast slik:

	2020	2021
Renteinntekter / kompensasjon/utbytte	110,9	36,7
Renteutgifter	328,8	214,1
Avdrag	616,0	675,0
Sum renter og avdrag	833,9	852,4

Driftsmidlar til investering

Det er budsjettert med overføring av driftsmidlar til investering med følgjande beløp:

	2020	2021
Driftsmidlar til investering	537,0	552,5

Summen er lik summen frå 2020, oppjustert med 2,7 % for prisstigning. Finansutvalet auka overføringa med 1 mill. kr til KS2 Atløysambandet.

Fond – bruk og avsetjing

Driftsrekneskapen

2020-budsjettet vart saldert ved bruk av 70 mill. kr frå disposisjonsfond. I 2021 er situasjonen snudd om. Det vert avsett 63 mill. kr til disposisjonsfond.

Ufordelte fellespostar

Løns- og prisvekst

Statsbudsjettet legg til grunn ein kommunal deflator på 2,7 % fordelt med 2,2 % på løn, og 3,5 % på kjøp av varer/tenester.

Ved prisjustering av sektorrammene har ein nytta den kommunale deflatoren på 2,7 % både på utgifts- og inntektsarter, med unntak av løn.

Lønsavsetjing

Det er lagt til grunn 2,2 % årslønsvekst i tråd med statsbudsjettet. Det er avsett 78,7 mill. kr til å kompensere for verknaden av lønsoppgjera i 2021. Midlane vert fordelt når forhandlingane er avslutta.

Pensjonspremie og pensjonskostnader

Etter forskrift skal fylkeskommunen rekneskapsføre pensjonsutgiftene ut frå føresetnader om diskonteringsrenter, avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Differansen mellom det som vert betalt (likviditet) og det som vert rekneskapsført (kostnad etter forskrift), også kalla "premieavviket" skal overførast til seinare år. Premieavviket kan anten kostnadsførast fullt ut i det etterfølgjande året, eller fordelast over 7 år. Vestland fylkeskommune kostnadsfører premieavviket over 7 år.

Pensjonspremien som skal betalast er budsjettert på sektor-nivå. Kostnaden som skal rekneskapsførast er anslått å ligge 157,6 mill. kr lågare enn premien som ligg inne i budsjettet. Dette vert lagt inn i budsjettet som ein korreksjonspost, eller såkalla premieavvik.

Amortisering av tidlegare premieavvik vert budsjettert med 93,8 mill. kr i 2021.

Budsjettskjema 1A

1A (tal i 1 000 kr)	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Rammetilskot	5 736 900	5 840 646
Inntekts- og formuesskatt	4 202 100	4 439 182
Andre generelle driftsinntekter	183 970	179 529
Sum generelle driftsinntekter	10 122 970	10 459 357
Sum løyvingar drift, netto	8 822 073	8 991 479
Brutto driftsresultat	1 300 897	1 467 878
Renteinntekter	110 900	25 200
Utbytte		11 500
Gevinst og tap finansielle omløpsmidlar		
Renteutgifter	328 800	214 100
Avdrag på lån	616 000	675 000
Netto finansinnt./utg.	-833 900	-852 400
Netto driftsresultat	466 997	615 478
Disponering / dekking av netto driftsresultat:		
Overføring til investering	536 997	552 500
Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond		
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	-70 000	62 978
Sum disponering/ dekking nto driftsres	466 997	615 478



*Elevar ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.
Foto: Morten Wanvik*

4 Sektorbudsjett

Driftsbudsjett per sektor og totalt

Alle tal i 1000 kr

Avdeling		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Politisk styring og kontrollorgan	Brutto driftsutgifter	69 403	70 838
	Driftsinntekter	-3 361	-2 259
	Netto driftsutgifter	66 042	68 579
Organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	758 663	765 726
	Driftsinntekter	-55 535	-50 561
	Netto driftsutgifter	703 128	715 165
Strategisk utvikling og digitalisering	Brutto driftsutgifter	181 517	180 195
	Driftsinntekter	-9 750	-9 750
	Netto driftsutgifter	171 767	170 445
Opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	3 769 822	3 831 431
	Driftsinntekter	-291 600	-335 959
	Netto driftsutgifter	3 478 222	3 495 472
Mobilitet og kollektiv	Brutto driftsutgifter	4 230 123	4 358 172
	Driftsinntekter	-1 708 265	-1 803 060
	Netto driftsutgifter	2 521 858	2 555 112
Infrastruktur og veg	Brutto driftsutgifter	1 147 692	1 228 080
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 147 692	1 228 080
Kultur, idrett og inkludering	Brutto driftsutgifter	622 088	613 896
	Driftsinntekter	-309 488	-291 548
	Netto driftsutgifter	312 600	322 348
Tannhelse	Brutto driftsutgifter	371 881	374 360
	Driftsinntekter	-96 717	-102 594
	Netto driftsutgifter	275 164	271 766
Innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	317 795	346 300
	Driftsinntekter	-179 153	-196 688
	Netto driftsutgifter	138 642	149 612
Sum	Brutto driftsutgifter	11 468 984	11 768 998
	Driftsinntekter	-2 653 869	-2 792 419
	Netto driftsutgifter	8 815 115	8 976 579
2021 kr	Netto driftsutgifter	8 978 728	8 976 579

Tabellen viser samla oversyn over sektorbudsjetta som ein går nærare inn på vidare i dokumentet.

Budsjettet for 2021 er, i tillegg til sektorinndelinga som går fram av tabellen, også delt inn i nokre kostnadsgrupper. Tabellen nedanfor viser samla budsjettsummar for dei ulike gruppene. Tilsvarende tabell er å finne under kvar sektoromtale.

	SUM
Reise og kurs	73 405
Konsulenttenester	44 956
Administrasjonsutgifter	125 904
Ordinære driftsutgifter	6 872 554
Lønsutgifter og -refusjonar	4 049 176
Ordinære inntekter	- 2 706 503
Andre utgifter og inntekter	517 088
Netto driftsutgifter	8 976 579

Omtale av artsgruppene

Artsgrupper er eit rammeverk til bruk i budsjettering og økonomioppfølging. Artar er ei inndeling av ulike typar utgifter og inntekter. Desse utgiftene og inntektene er gruppert i nokre få artsgrupper. Merk at artsgruppene er ei gruppering av artar i driftsbudsjettet og ikkje artar i investering.

Reise og kurs

Denne gruppa set fokus på alle utgifter i samband med møte og kurs, både på eigen lokasjon og ved reise. Døme på slike utgifter er:

- Mat som vert bestilt inn til møte eller kjøpt i samband med reise
- Utgifter i samband med overnatting på hotell o.l.
- Kursavgifter og andre utgifter direkte knytt til deltaking/arrangering av kurs
- Utgifter som rettar seg mot eksterne i samband med representasjon, som t.d. servering, gåver o.l.

Konsulenttenester

Det er ønskeleg å ha fokus på kjøp av konsulenttenester, inkludert juridiske tenester. Konsulenttenester vert kjøpt inn anten fordi ein ikkje har denne kompetansen internt eller fordi ein ikkje har kapasitet til å utføre arbeidet sjølv.

Administrasjonsutgifter

Administrasjonsutgifter er utgifter som i større grad vert kategorisert som laupande fellesutgifter og ikkje utgifter direkte knytt til den tenesta eininga skal levere. Dette inkluderer ulike typar kontingentar, som til dømes medlemskontingentar i ymse lag og foreiningar. Andre døme på typiske utgifter

i denne gruppa er kontormateriell, frankering, gåver til tilsette og mobilabonnement for tilsette.

Resterande artsgrupper

Ordinære driftsutgifter: Resterande utgifter (eksl. løn). Dette er i hovudsak utgiftene knytt til drifta av einingane i samband med tenestene som vert levert.

Lønsutgifter og -refusjonar: Løn er den største utgiftsposten i budsjettet og det er difor praktisk å skilje dette i ei eiga gruppe. Samstundes er lønsinntekter òg gruppert her (typisk refusjonar frå Nav f.eks. i samband med permisjon/sjukemelding) slik at ein får eit betre totalbilete over dei faktiske lønsutgiftene per eining.

Ordinære inntekter: Resterande inntektstypar som ikkje gjeld løn.

Andre utgifter og inntekter: Rekneskapstekniske artar som vert nytta i samband med årsavslutting, i tillegg til fondsføringar.

Status for denne budsjettinndelinga

Finansutvalet gjer prosessvedtak for sektorbudsjetta og for summene til dei ulike løyvingnivåa.

Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike artsgrupper vil vere ein viktig del av fylkesrådmannen si økonomistyring. Budsjettsummene for sektor og løyvingnivå vert endeleg vedteke av fylkestinget, medan summar for artsgrupper er å sjå på som summar som fylkesrådmannen vil nytte i økonomistyringa.



*Fylkestingsrepresentant Frank Willy Djuvik ber om replikk under fylkestinget i desember 2019.
Foto: Morten Wanvik.*

4.1 Politisk styring og kontrollorgan

1 Politisk styring og kontrollorgan – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Politisk styring	Brutto driftsutgifter	55 546	58 330
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	55 546	58 330
Kontrollutval	Brutto driftsutgifter	13 857	12 508
	Driftsinntekter	-3 361	-2 259
	Netto driftsutgifter	10 496	10 249
Sum	Brutto driftsutgifter	69 403	70 838
	Driftsinntekter	-3 361	-2 259
	Netto driftsutgifter	66 042	68 579
	Netto driftsutgifter 2021 kr	67 005	68 579

Endring frå 2020 til 2021

Det er sett av 3 mill. kr til stortingsvalet i 2021. Tilleggsloyvingskontoen for fylkesutvalet er redusert med 1 mill. kr.

Utgiftene til kontrollorgan går litt ned i 2021. Årsaka er at i 2020 hadde ein utgifter til SF-revisjon, som fullførte revisjon av 2019-rekneskaper for Sogn og Fjordane fylkeskommune. I 2021 er det Deloitte AS som utfører all revisjon.

Løyvingnivå namn	Tekst	Beløp
Politisk styring	Stortingsval	3 000
Kontrollorgan	Ekstern revisor	-400
Politisk styring	Tilleggsloyving	-1 026
		1 574

2 Omtale av løyvingnivåa

Politisk styring

Politisk styring omfattar utgifter til politiske utval, gjennomføring av møte i folkevalde organ, partistønad og diverse godtgjersle til folkevalde i ulike organ. Fylkeseldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom vert også budsjettert her.

Kontrollorgan

Løyvingane omfattar kontrollutvalet, sekretariat for kontrollutvalet og kjøp av revisjonstenester. Det er budsjettert med 5 årsverk for sekretariatet. Kontrollutvalet har behov for noko midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som gjer det nødvendig å kjøpe meir ekstern bistand. Det er ført opp 0,5 mill. kr til kjøp av tenester.

Klimavurdering sektorbudsjett

Politiske organ gjer vedtak som er viktige for klimaet. Men budsjettet for den politiske verksemda har liten innverknad. Ein har likevel vist i 2020 at det er mogleg å gjennomføre digitale møte. Eit positivt bidrag for klimaet ville vere om ein held fram med å gjennomføre nokre av møta digitalt. Dette kan gje reduksjon i reiser, noko som er positivt både for økonomien og miljøet.

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summene til dei ulike løyvingnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet fordelt på kostnadsgrupper.

Tabell

	Politisk styring	Kontrollutval
Reise og kurs	9 905	799
Konsulenttenester		500
Administrasjonsutgifter		4 672
Ordinære driftsutgifter	17 434	
Lønsutgifter og -refusjonar	30 991	6 537
Ordinære inntekter		-2 259
Andre utgifter og inntekter		
Netto driftsutgifter	58 330	10 249

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Fordelinga av budsjettet på arter er i hovudsak vidareført frå budsjettet 2020. Nokre av kostnadsartene har ein god oversikt over. Det gjeld partistønad og godtgjersle. Andre kostnadsarter er meir usikre. Det gjeld til dømes reiseutgifter, som det kan vere grunn til å tru blir høgare enn summen for tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune. I 2020 vert reiseutgiftene ekstraordinært låge, så ein har enno ikkje noko godt grunnlag for å avgjere kva nivået vil vere i eit normalår. Ei anna utgift, som ein heller ikkje har fullt oversyn over enno, er refusjon av tapt arbeidsinntekt. Mange arbeidsgjevarar som krev refusjon, samlar opp for ein lengre periode før dei sender inn krav. Det står enno att å sjå kva som blir summen for eit heilt år.

4 Ytterlegare spesifisering av sektorbudsjettet

Tabellen gjev eit overslag over kostnadsfordelinga mellom dei ulike folkevalde organa, og andre føremål

	2020	2021
Fylkesting	17 600	17 800
Fylkesutval	10 250	10 350
HU samferdsel og mobilitet	2 250	2 275
HU opplæring og kompetanse	2 250	2 275
HU næring	2 250	2 275
HU kultur, idrett og integrering	2 250	2 275
Fylkeseldrerådet	515	520
Rådet for menneske med nedsett funksj. evne	515	520
Medverknadsorgan for ungdom	515	520
Andre møte og utval	3 060	3 100
Frikjøpsordning	970	1 000
Partistønad	11 121	11 420
Val		3 000
Tilleggsøyving	2 000	1 000
Total	55 546	58 330



*Riving av fylkeshuset i Bergen.
Foto: Morten Warvik.*

4.2 Organisasjon og økonomi

1 Organisasjon og økonomi – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Eigedom – drift og vedlikehald		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Eigedom – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	560 788	574 464
	Driftsinntekter	-43 155	-43 761
	Netto driftsutgifter	517 633	530 703
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	188 875	184 173
	Driftsinntekter	-12 380	-6 800
	Netto driftsutgifter	176 495	177 373
Organisasjon og økonomi tiltaksmidlar	Brutto driftsutgifter	9 000	7 089
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	9 000	7 089
Sum	Brutto driftsutgifter	758 663	765 726
	Driftsinntekter	-55 535	-50 561
	Netto driftsutgifter	703 128	715 165
	Netto driftsutgifter 2021 kr	713 314	715 165

Endring frå 2020 til 2021

Løyvingnivå	Tekst	Beløp
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Lærlinger	2 500
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Tillitsvalde	2 029
Eigedom – drift og vedlikehald	Straum og kom. avg tannklinikkar	5 995
Eigedom – drift og vedlikehald	Avtalar overført frå Skyss/Kringom	8 623
Eigedom – drift og vedlikehald	Fellestener for INV	2 029
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Stillingsreduksjon	-4 275
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Forsikringer personal	-1 014
Eigedom – drift og vedlikehald	Reduksjon husleige – Åsane/ adm. innsparingsprogram	-8 116
Eigedom – drift og vedlikehald	Salderingstiltak	-2 029
Organisasjon og økonomi tiltaksmidlar		-2 041
Eigedom – drift og vedlikehald	Administrativt innsparingsprogram	-931
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Administrativt innsparingsprogram	-919
		1851

2 Omtale av løyvingnivåa

Løyvingsnivå: Administrasjon av organisasjon og økonomi

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	188 875	184 173
	Driftsinntekter	-12 380	-6 800
Netto driftsutgifter		176 495	177 373
Netto driftsutgifter 2021 kr		179 052	177 373

Organisasjons- og økonomiavdelinga skal levere gode felles-tenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Det inneber å drive sentrale service-, støtte- og fellesfunksjonar i organisasjonen, i tillegg til å utarbeide informasjon og kunnskapsgrunnlag som medverkar til toppleiinga og lineorganisasjonen sine avgjerder.

Ansvaret for organisasjonsutviklinga i fylkeskommunen ligg også under denne avdelinga, i tillegg til å sørge for at det er effektive, velfungerande og gode støttesystem på plass. Samla har avdelinga knapt 440 årsverk, der rundt 336 arbeider innan Eigedom og 104 innan dei andre fagområda. Avdelinga omfattar følgjande seksjonar:

- Politisk sekretariat
- Juridiske tenester
- Økonomi

- Innkjøp
- HR
- Kommunikasjon
- Eigedom

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnader knytt til seksjonane. Vidare vert hovudtillitsvalde og lærlingar i fylkeskommunen budsjettert her. Vestland fylkeskommune har pt rundt 80 lærlingar i eigen organisasjon. For å dekkje inn kostnadene ved auke frå 70 til 80 lærlingar, er budsjettposten styrkt med 2,5 mill. kr. Dette er dekkja inn gjennom reduserte forsikringskostnader. Det er også lagt inn 2 mill. kr til auka frikjøp av tillitsvalde, gjennom ei omfordeling av midlar frå løyvingnivå for tiltaksmidlar. Samla er det frikjøpt 14,3 årsverk for hovudtillitsvalde og 1,6 årsverk for fylkeshovudverneombod.

Løyvingsnivå: Eigedom, drift og vedlikehald

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Eigedom – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	560 788	574 464
	Driftsinntekter	-43 155	-43 761
Netto driftsutgifter		517 633	530 703
Netto driftsutgifter 2021 kr		525 132	530 703

Løyvingsnivået omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune. Løns- og

personalkostnader for drifts- og reinhaldspersonell er og budsjettert her. Det overordna målet for eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast,

eigedomane skal vere tilpassa dagens behov og utviklast med omsyn til framtidige behov og mål fastsett i regionale planar og strategiar.

Løyvingsnivå 3: Tiltaksmidler

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Tiltaksmidlar	Brutto driftsutgifter	9 000	7 089
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	9 000	7 089
	Netto driftsutgifter 2021 kr	9 130	7 089

Midlane skal i hovudsak gå til attførings- og omstillingstiltak. Budsjettet er redusert med 2 mill. kr, som er disponert om til budsjett for hovudtillitsvalde.

naudsynte innleigde ressursar, lokale og regionale behov, levetid og tilknytt bruk av kjemikalie/drivstoff.

Klimavurdering organisasjon og økonomi

Det er seks hovudoppgåver knytt til klima som drift i eigedom kan og skal fokusera på; avfall, kjemikalie, transport, vedlikehald, energibruk og utstyr til å utføre driftsarbeid.

Plassering og tal sorteringspunkt er viktig for å leggje til rette for sortering i så mange fraksjonar som er hensiktsmessig, dette skal vurderast fortløpande for å unngå restavfall i størst mogeleg grad. I dette ligg og handtering av komponentar som vert skifta ut i ein driftssituasjon og bygningselement som inngår i eksisterande bygningsmasse. Drift skal syte for å ha oversyn over førekomst av kjemikalie i alle bygg, fornuftig og forskriftsmessig oppbevaring og bruk av kjemikalie, samt endeleg levering av farleg avfall til renovasjonsselskap.

I størst mogleg grad skal reiser og materialtransportar planleggast og koordinerast slik at ein kan unngå unødvendig køyring. Alternativ transport med lågare klimabelastning skal alltid undersøkast og prioriterast.

For vedlikehald av fylkeskommunal bygningsmasse skal material med låg klimabelastning prioriterast. I tillegg skal løysingar som er effektive, treng lite eller har enkelt vedlikehald og som er forventa å ha lang levetid føretrekkast.

Bruk av energi i fylkeskommunal bygningsmasse skal ha kontinuerleg tilsyn og optimaliserast, identifisering av mogleg forbettringspotensiale ved både enkle justeringar og ved investering som fører til redusert klimabelastning skal og ha høg prioritet.

Vi skal ha oversyn over tilgjengeleg utstyr brukt i drifta, samt geografisk plassering, for å sikre gode tilhøve for koordinering av naudsynte transport. Eige utstyr skal slik som for tekniske løysingar prioriterast etter behov for vedlikehald, samt

3 Kostnadsgrupper

	Sum
Reise og kurs	8 506
Konsulenttenester	7 003
Administrasjonsutgifter	28 874
Ordinære driftsutgifter	342 366
Lønsutgifter og -refusjonar	379 805
Ordinære inntekter	-50 561
Andre utgifter og inntekter	-827
Netto driftsutgifter	715 165

All budsjettering er gjort med grunnlag i rekneskapstal frå 2019 og vurderingar opp mot det spesielle året 2020 med tanke på både oppstartsår som nytt fylke og koronapandemien.

Reise og kurs: Største delen knytter seg til reiseverksemd, då vi som avdeling er spreidd i heile det nye fylket. Det er og naudsynte samlingar for avdelinga.

Konsulenttenester

Eigedom: Om lag halvparten er knytt til bistand innan innkjøp og entrepriserett. Bistand entrepriserett er ved kontraktsmessige ueinigheter i byggeprosjekta. For begge deler vil rammeavtalar bli nytta. I tillegg har eigedomsavdelinga i forbindelse med fylkessamanslåinga fått mange nye oppgåver, blant anna har avdelinga overtatt om lag 200 nye avtalar i 2020 og i 2021 vil eigedomsavdelinga overta fleire nye avtalar frå mellom anna infrastruktur og veg. Oppdragsmengda for forvaltningsseksjonen har derfor auka kraftig.

I 2020 starta eigeomsavdelinga eit stort prosjekt som truleg resulterer i skifte av system for Facility Management (FM). Det er inngått avtale med eksterne konsulentar og største delen av kostnaden vil kome i 2021, om lag halvparten av konsulentkostnaden er sett av til dette.

Konsulenttenester

Organisasjon og økonomi: Det er lagt til grunn lågt budsjett for konsulentar. Her ligg og nokre midlar for naudsynte juridiske utgreingar, i tillegg til finansielle tenester for å sikre beste rentebetingelser i markedet og rådgjeving knytt til forvaltning av konsesjonskraft.

Administrasjonsutgifter: Dette inkluderer ulike typar kontingentar, som til dømes medlemskontingentar i ymse lag og foreiningar. Andre døme på typiske utgifter i denne gruppa er kontormateriell, frankering, gåver til tilsette og mobilabonnement for tilsette.

Ordinære driftsutgifter: Største postar er energi, ekstraordinært vedlikehald, drift, kommunale avgifter og renovasjon, reinhald og husleige.

Lønsutgifter og -refusjonar: Lønskostnader til alle tilsette i administrasjonen og drift og reinhald.

Ordinære inntekter: I all hovudsak knytt til inntekter på utleige av lokale, nokre mindre inntekter er det også på refusjon av energi.

4 Ytterlegare spesifikasjon av organisasjon og økonomi

Løyvingsnivå: Eigeom – drift og vedlikehald

Ansvarsområde

Avdelinga har budsjettansvar knytt til forvaltning og drift av alle fylkeskommunale eigeommar. Mellom anna inneber dette vedlikehald, energi, kommunale avgifter og reinhald for skulesektoren og for tannhelse. Avdelinga har også ansvar for drift og fellestenester på administrasjonslokale. I tillegg til dette har avdelinga fått ansvar for fiskerihamner i Vestland.

Dei største postane i budsjettet er knytt opp mot følgjande tenestoområde:

- Skulelokale
- Næringsverksemd – utleige
- Tannklinikkar
- Kollektiv
- Administrasjonslokale

I tillegg er det og ansvar og oppfølging knytt til mellom anna rettleiingstenesta, kulturbygg og fiskerihamner.

Driftsseksjonen

Posten utgjer den største delen av avdelinga sitt driftsbudsjett og omfattar driftsleiarteneste og reinhaldsteneste, ekstraordinært vedlikehald, midlar til kartlegging og energi.

Byggdrift vidaregåande skular

Posten omfattar drift av vidaregåande skular. For å nå vedtekte mål knytt til energiøkonomisering og betre byggdrift er det behov for meir spesialkompetanse knytt til drift av bygg. Dette er eit felt ein har styrka dei siste åra, med gode resultat. Avdelinga vil, innanfor eksisterande budsjetttrammer, jobbe for ytterlegare forbetring av dette arbeidet i planperioden.

Administrasjonslokale

Posten omfattar bygningsdrift av fylkeskommunale administrasjonsbygg i mellom anna Leikanger, Førde, Bergen. Kostnadar til leige og drift av administrasjonslokale knytt til vegreforma vert ført på forvaltningsseksjonen.

Byggdrift samferdsel/kollektiv

Posten omfattar kollektivanlegg, som fylkeskommunen nyttar sjølv eller har stilt til rådvelde for andre. I hovudsak gjeld dette Bystasjonen i Bergen, bybaneanlegget på Kokstad og terminalane ved Birkelandskrysset og Åsane, Loddefjord, Knarvik og Straume bussterminal. I tillegg kjem drift av sjåførfasilitetar og bussanlegg.

Byggdrift kulturbygg

Posten omhandlar bygningsdrift av kunstmuseet i Førde, bevaringstenesta i Salhus og Kabuso i Øystese, og einiskilde kostnadar knytt til drift av Stend Hovudgard.

Byggdrift tannhelse

Eigeom har noko ansvar knytt til drift av eigne tannklinikkar, samt noko ansvar knytt til leigde bygg. Kostnadar knytt opp til eiga drift, energi og kommunale avgifter vert ført her medan faktura frå utleigar vert ført under forvaltningsseksjonen.

Forvaltningsseksjonen

Posten omfattar leigekostnadar knytt til leige av lokale og inntekter knytt til utleige av lokale og grunn. Ved utleige og innleige av lokale vert kostnadane til drift delt mellom her og tenestoområda nemnt over. Posten inneheld også utgifter knytt til fellestenester på alle administrasjonslokale.

Forsikring

Posten omfattar forsikring av fylkeskommunale eigeommar, innbu, leigelokale, og fylkeskommunen si interne forsikringsordning knytt til bygg/eigeomsrelaterte skader. Intern forsikringsordning dekkjer eigenandelar over kr 10 000 ved forsikringskadar, og tilskot til førebyggjande tiltak. Eksterne forsikringskostnader er ført her og har ein eigenandel på kr 250 000.

Løyvingsnivå: Administrasjon av organisasjon og økonomi

Seksjon for juridiske tenester

Seksjon for juridiske tenester har ansvar for oppfølging av fylkeskommunen sin eigarskap i ulike typar selskap, inkludert utarbeiding av ei årleg eigarskapsmelding. Seksjonen førebur også saker om val til eksterne organ, m.a. selskap, råd og stiftingar.

I tillegg yter seksjonen juridisk støtte til alle einingane i fylkeskommunen i ulike typar saker og held oversikt over rettsvistar fylkeskommunen til ei kvar tid er involvert i.

Sekretariatet for varslingsutvalet ligg til seksjonen. Personvernombod, mobbeombod og elev- og lærlingombod høyrer også inn under seksjonen sine ansvarsområde.

Seksjon for politisk sekretariat

Politisk sekretariat har ansvar for førebuing, gjennomføring og oppfølging av møte i folkevalde organ. Sekretariatet har også ansvar for å førebu og ivareta fylkeskommunen sine oppgåver ved gjennomføring av stortingsval og kommune- og fylkestingsval.

Seksjonen har ved Dokumentsenter det faglege ansvar for arkivdanninga i Vestland fylkeskommune samt ansvar for dokumentasjon/arkiv skapt av fylkesadministrasjonen. Seksjonen er systemeigar for saks- og arkivsystemet og har ansvar for sentralt postmottak og spørsmål om innsyn.

Seksjon for økonomi

Seksjon økonomi arbeider med budsjett og rekneskap. Seksjonen har ansvar for sakshandsaming av økonomisaker til politiske organ, der budsjettarbeidet peikar seg særleg ut. Rekneskapsføring og utarbeiding av fylkeskommunen sin rekneskap er ei sentral arbeidsoppgåve. Rapportering av den økonomiske situasjonen gjennom året ligg også til seksjonen sitt ansvarsområde. Andre arbeidsoppgåver er likviditetsstyring og finansiering av investeringar gjennom låneopptak. Seksjonen står også for forvaltninga av fylkeskommunen si konsesjonskraft.

Seksjon for HR

HR-seksjonen er ein strategisk partner for den administrative leiinga i fylkeskommunen, og bidreg til å utvikle engasjerte medarbeidarar og ein framtidretta kunnskapsorganisasjon. HR skal syte for at Vestland fylkeskommune er ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar. Seksjonen har utstrekkt samarbeid med fylkeshovudverneombodet og dei hovudtilitsvalde. HR har oppgåver innan personalforvaltning, HMS og kvalitetsarbeid, løn samt kompetanse-, organisasjons- og leiarutvikling.

Seksjon for kommunikasjon

Kommunikasjonsseksjonen har ansvar for drift og innhald på Vestland fylkeskommune sine digitale flater og kanalar. Målgruppa er folkevalde, kommunetilsette, brukarane av tenestene våre og innbyggjarar generelt. Ei viktig oppgåve er å formidle vedtak frå dei politiske møta.

Kommunikasjonsseksjonen har òg ansvar for intern kommunikasjon og legg til rette for bruk av nye digitale kommunikasjonsflater. Tilsette ved seksjonen hjelper avdelingane i deira arbeid på nettsidene, med kampanjar eller merksemd i sosiale media. Alt arbeid knytt til bruk av den grafiske profilen ligg til seksjonen. Det gjer òg ansvaret for førstelinjetenesta, med sentralbord og resepsjon på fylkeshusa i Bergen og Leikanger.

Seksjon for innkjøp

Innkjøpsseksjonen har ansvar for å leggje til rette for gode innkjøpsprosessar og sikre godt samarbeid mellom dei ulike innkjøpsmiljøa i Vestland fylkeskommune. Innkjøpsseksjonen skal syte for at styringssystem for Kvalitet og HMS er oppdatert med godkjente prosedyrar og malar for konkurransegjennomføring og for handtering av bestillingar og faktura. Alle kjøp er underlagt offentleg lov- og regelverk samt interne fylkeskommunale retningslinjer og skal gjennomførast ved hjelp av gjeldande innkjøps- og konkurransestyringsverktøy.

Viktige hovudmål som innkjøpsseksjonen skal arbeide for å oppnå gjennom fylkeskommunens sine innkjøp er knytt til miljø og berekraft, samfunnsansvar, lønns- og arbeidsvilkår, innovasjon, integritet, kostnadseffektive kjøp, kontraktsoppfølging og leverandørutvikling.



Plastryding på Sotra.
Fotograf: Sveinung Klyve.

4.3 Strategisk utvikling og digitalisering

1 Strategisk utvikling og digitalisering – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Plan, analyse, klima og folkehelse	Brutto driftsutgifter	53 233	52 976
	Driftsinntekter	-9 000	-9 000
	Netto driftsutgifter	44 233	43 976
IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	121 646	120 982
	Driftsinntekter	-750	-750
	Netto driftsutgifter	120 896	120 232
Administrasjon av SUD	Brutto driftsutgifter	6 238	6 237
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	6 238	6 237
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	181 517	180 195
	Driftsinntekter	-9 750	-9 750
	Netto driftsutgifter	171 767	170 445
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	174 180	170 445

Endring frå 2020 til 2021

Sektoren har ei samla saldering på 2 mill. kr fordelt på to tiltak, og dette samsvarer med sektoren si budsjettutfordring. Desse er omtala under, og gjort prosessvedtak på i tidlegare arbeidsdokument. I tillegg er løyvingnivå IKT og Digitalisering styrka med 2,5 mill. kr som følgje av auka sambandskostnader, og tekniske justeringar ved endring i fakturering

som gjer at IKT må dekke kostnader som tidlegare har vore betalt av andre sektorar (jf. a-dok. 3/20 og sektorbudsjett vedlagt arbeidsdokument 4).

Det er elles små justeringar i budsjettala til sektoren, og desse skuldast løn- og prisjustingar mellom åra. Tabellen under summerer opp endringane i sektoren frå 2020 til 2021. Administrativt innsparingsprogram er også innarbeidd.

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå	Endring frå 2020 til 2021	Moment
Plan, analyse, klima og folkehelse	-1 800	Driftsstønad regionråda S&F
IKT og digitalisering	-1 000	Reduksjon bemanning
IKT og digitalisering	2 500	Auka kostnader fellessystem
Plan, analyse, klima og folkehelse	800	Styrking klimaarbeid
IKT og digitalisering	-4000	Administrativt innsparingsprogram
Administrasjon av SUD	-235	Administrativt innsparingsprogram
Total endring	-3 735	

Innarbeidde salderingstiltak 2021

Løyvingsnivå Plan, analyse, klima og folkehelse

I tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune har det vore ein avtale om driftsstønad til regionråda i fylket. Denne avtalen gjekk ut i 2019. Desse midlane utgjer 1,8 mill. kr av budsjettet på løyvingsnivå plan, analyse, klima og folkehelse.

Fylkesrådmannen vil peike på at beløpet ikkje monnar dersom beløpet skal gjelde for regionråda i heile Vestland fylke. Ved ei eventuell vidareføring av ordninga er det for lite midlar til å betrakte som ei driftsstøtte, og det må eventuelt verte ein søknadsordning. Delar av midlane som gjeld den gamle avtalen om driftsstønad er difor innarbeidd som eit innsparingstiltak.

Innsparingstiltaket som er innarbeida utgjer 1 mill. kr av dei opphavlege 1,8 mill. kr. Resterande midlar som ikkje vert kuttet, 0,8 mill. kr, tilrår ein vert omprioritert for å auke budsjettet til klimaarbeid. Dette vert då ein omprioritering innanfor same løyvingsnivå.

Løyvingsnivå IKT og digitalisering

Salderingstiltaket på dette løyvingsnivået er ein reduksjon på 1 mill. kr. Reduksjonen vert gjennomført ved at ein ikkje erstattar årsverk som går ut.

Administrativt innsparingsprogram

I samsvar med sak i finansutvalet 17. september vart det gjort prosessvedtak på at administrativt innsparingsprogram og innsparingane der skulle leggjast til grunn i driftsbudsjettet for 2021. For denne sektoren utgjer reduksjonen samla sett 4,235 mill. kr. Dette gjeld;

Løyvingsnivå IKT og digitalisering

Standardisering personlig IKT-utstyr 1 mill. kr
Ny avtale, levering av breiband fylkeskommunen 3 mill. kr

Løyvingsnivå Administrasjon av SUD

Kontingentar, møtekostnadar, reiseverksemd 0,235 mill. kr
Denne summen kan verta omfordelt på andre løyvingsnivå i sektorbudsjettet.

2 Omtale av løyvingsnivåa

Løyvingsnivå Plan, analyse, klima og folkehelse

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Plan, analyse, klima og folkehelse	Brutto driftsutgifter	53 233	52 976
	Driftsinntekter	-9 000	-9 000
	Netto driftsutgifter	44 233	43 976
Netto driftsutgifter i 2021-kr		44 854	43 976

Løyvinga skal dekke løn- og personalkostnadar knytt til seksjonane plan, klima og folkehelse og statistikk, kart og analyse. Utover dette skal budsjettet nyttast til aktivitet og tiltak på følgjande område:

- Folkehelse
- Klima
- Plan og utviklingsarbeid
- Senter og stadutvikling

Løyvingsnivå IKT og digitalisering

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	121 646	120 982
	Driftsinntekter	-750	-750
	Netto driftsutgifter	120 896	120 232
Netto driftsutgifter 2021-kr		122 594	120 232

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnader knytt til seksjonane IKT og digitalisering. Sektoren spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med digitalisering i fylkeskommunen. Dette vert eit satsingsfelt i økonomiplanperioden.

Digitaliseringsseksjonen skal bidra til å digitalisere fylkeskommunen gjennom fornying, forenkling og forbedring. Dette skal gjerast på ein slik måte at vi både effektiviserer prosessar og nyttar ressursane meir hensiktsmessig. Ei målsetjing med dette arbeidet er at ein gjennom strukturert kartlegging skal sørge for ei best mogleg digitalisering og effektivisering i organisasjonen. Dette igjen skal mogleggjera gevinstar i form av økonomisk innsparing eller betra kvalitet.

Ein føresetnad for å lukkast med digitaliseringsarbeidet er at IKT-seksjonen sikrar ein stabil og framtidretta digital grunnmur, og gjev brukarane IKT-støtte når det er trong for det.

Budsjettet skal og dekke utgifter knytt til drift og vedlikehald av IKT-system og IKT-infrastruktur, lisenskostnader for sentrale IT-system, sambandskostnader, internettlinjer og M2M-abonnement.

I samband med rekneskapsavsluttinga for 2019 sette fylkestinget av 15 mill. kr som skal støtte opp om digitaliseringsarbeidet i organisasjonen, og sikre ei trygg og god implementering av større IKT-prosjekt som kjem i perioden 2021–2022. Strategisk utvikling og digitalisering administrerer denne ordninga.

Løyvingsnivå Administrasjon av strategi og digitalisering

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon av strategi og digitalisering	Brutto driftsutgifter	6 238	6 237
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	6 238	6 237
Netto driftsutgifter i i 2021-kr		6 731	6 237

Løyvinga til administrasjon av sektoren skal dekke løns- og personalkostnader knytt til leing og stabsfunksjonar.

ein viktig del av fylkesrådmannen si økonomistyring. Summane for sektor og løyvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesrådmannen vil styre etter.

Klimavurdering sektorbudsjett

Sektoren sine klimagassutslipp heng i hovudsak saman med innkjøp, bruk av elektronisk utstyr og sektoren sine eigne reiser. Indirekte har sektoren innverknad på klimagassutslipp gjennom planlegging og tildeling av tilskott. Klima- og miljøkrav i anbud, spesielt for elektronisk utstyr som PC, og retningsliner for drift som tek omsyn til gjenbruk og sirkulær økonomi kan gi klimaresultat. Seksjon for digitalisering har i stor grad lagt til rette for gjennomføring av digitale møte og konferansar. Dette har gjort det mogleg å samhandle utan det miljøavtrykket ein elles ville hatt ved større reiseverksemd.

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

		Budsjett 2021
10	Reise og kurs	2 300
11	Konsulenttenester	1 520
12	Administrasjonsutgifter	17 340
13	Ordinære driftsutgifter	45 852
30	Lønsutgifter og -refusjonar	103 433
40	Ordinære inntekter	
50	Andre utgifter og inntekter	
Netto driftsutgifter i 2021-kr		170 445

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løyvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Løyvingsnivå IKT og digitalisering skal som nemnt over dekke utgifter knytt til drift og vedlikehald av IKT-system

og IKT-infrastruktur, lisenskostnader for sentrale IT-system, sambandskostnader, internettlinjer og M2M-abonnement.

Administrasjonsutgifter, ordinære driftsutgifter og konsulenttenester er difor utgifter som gjeld heile fylkeskommunen.

4 Ytterlegare spesifisering av sektorbudsjettet

Strategisk utvikling og planlegging

Utviklingsplanen for Vestland vart vedteken i fylkestinget i september 2020. Utviklingsplanen skal gi fylket ei felles retning for vidare utvikling av eit berekraftig og nyskapande Vestland. Dette arbeidet må gjerast i samarbeid med kommunar, statlege etatar og andre aktuelle samarbeidspartar.

For 2021 skal midlane gå til oppfølging av utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi), utarbeiding av regionale planar som er fastsett i utviklingsplanen, og å følgje opp tiltak i handlingsprogram knytt til regionale planar seksjonen har ansvar for. I tillegg vert det jobba med å styrke plan- og styringssystemet til fylkeskommunen.

Sektoren skal rettleie og gje fagleg støtte til kommunar innan samfunns- og arealplanlegginga. I det er samfunnsutviklarrolla, og det å gje fagleg støtte i planarbeidet sentralt. Det vil verte arrangert samlingar, webinar, og sektoren vil delta i ulike nettverk. I tillegg ligg det eit ansvar i det å leie og drifte regionalt planforum

Folkehelse

Føremålet med folkehelsearbeidet er å fremje gode levekår og livskvalitet for innbyggjarane. Dette omfattar lovpålagde oppgåver i folkehelselova, og statlege og fylkeskommunale satsingar. Innan folkehelsearbeidet går midlane til å følgje opp satsingane i folkehelseplanane, drift av partnerskap, helseovervaking, og å arrangere ulike samlingar og nettverk. Det vert utarbeidd eit nytt felles handlingsprogram for folkehelseplanane i 2021. Ei viktig oppgåve er å støtte opp om folkehelsearbeidet i kommunar gjennom tilskotsmidlar, prosjekt og utvikling av møteplassar.

Innan folkehelse deltek sektoren i ei større programsatsing – «Program for folkehelsearbeid i kommunane». I høve til denne satsinga er det budsjettert med ei forventa inntekt frå Helsedirektoratet på 9 mill. kr.

Frå 2020 har ein fått overført oppgåver frå fylkesmannen innan forvaltning av tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringstilbod.

Klima

Fylkeskommunen skal vere initiativtaker og nøkkelaktør i arbeidet med ei klimavenleg og berekraftig samfunnsutvikling.

Satsingane omfattar både utsleppsreduksjonar og klimatilpassing. Ein tek i dette arbeidet utgangspunkt i gjeldande klimaplanar. Midlane skal styrke den strategiske utviklinga til Vestland på vegen mot eit nullutsleppssamfunn. Eit viktig område er å skape gode arenaer for samhandling mellom aktørar på regionalt- og kommunalt nivå. Andre satsingar er strategiske tilskotsordningar, det å arrangere konferansar og arrangement, og å utvikle arenaer (t.d. nettverk) som bidreg til auka kunnskap og breidde innanfor klimaarbeidet.

Klimaplan

Ein oppdatert klimaplan er vesentleg for å nå målsettingane i utviklingsplanen. Arbeidet med ein regional klimaplan for Vestland vart starta opp i 2020, og hovuddelen av arbeidet skjer i 2021.

Senter og stadutvikling

Utvikling av byane og tettstadane er ein sentral del av den regionale utviklinga av fylket. Attraktive og klimavenlege tettstader er viktige for sikre identitet, trivsel, bulyst og aktivitet. Satsingar og tiltak i regionale planar vert følgd opp gjennom samarbeid, prosjektdeltaking eller leiging. I tillegg bidreg sektoren fagleg i arbeidet med stadutvikling i kommunane, og gir tilskot til prosjekt innan stadutvikling og planlegging.

Regional plan for senterstruktur

Det skal utarbeidast ein regional plan for senterstruktur for Vestland, og arbeidet skal starte opp i 2021. Planen skal mellom anna vere eit strategisk verktøy for å vurdere korleis ein best legg til rette for ein balansert vekst i heile fylket.

Statistikk, kart og analyse

Arbeidet innanfor statistikk, kart og analyse skal støtte Vestland fylkeskommune sin rolle som ein sterk og aktiv aktør innan regional utvikling. Seksjonen skal vere i front på kommunale og regionale analyser for å stø kommunar, fylkeskommunen og politikarar innan utviklingsoppgåver, og løfte fram viktige samfunnsutfordringar.

Vidare skal ein sørge for offentleg tilgjengeleg kartdata og statistikk til regionalt og kommunalt arbeid med plan- og byggjesaker, og med folkehelse. Dette inkluderer drift og vidareutvikling av eit geografisk informasjonssystem og ein digital statistikkportal.

5 Bindande føresetnader

Det er ikkje sett opp bindande føresetnader for dette sektorbudsjettet.



*Elevar ved Sogndal vidaregåande skule.
Foto: Morten Wanvik.*

4.4 Opplæring og kompetanse

1 Opplæring og kompetanse – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	Brutto driftsutgifter	2 859 785	2 828 924
	Driftsinntekter	-74 400	-93 761
	Netto driftsutgifter	2 785 385	2 735 163
Opplæring i bedrift	Brutto driftsutgifter	544 414	603 923
	Driftsinntekter	-25 200	-26 176
	Netto driftsutgifter	519 214	577 747
Vidaregåande opplæring for vaksne	Brutto driftsutgifter	78 937	68 590
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	78 937	68 590
Fagskule	Brutto driftsutgifter	144 487	166 857
	Driftsinntekter	-123 200	-145 452
	Netto driftsutgifter	21 287	21 405
Andre føremål opplæring	Brutto driftsutgifter	109 356	131 980
	Driftsinntekter	-68 800	-70 570
	Netto driftsutgifter	40 556	61 410
Administrasjon av opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	32 843	31 157
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	32 843	31 157
Sum	Brutto driftsutgifter	3 769 822	3 831 431
	Driftsinntekter	-291 600	-335 959
	Netto driftsutgifter	3 478 222	3 495 472
	Netto driftsutgifter 2021 kr	3 522 040	3 495 472

Budsjettprofil

Fylkeskommunen har ansvar for å gje vidaregåande opplæring til ungdom og vaksne. Vidaregåande opplæring er vegen til mange ulike former for kompetanse og bindeleddet mellom 10-årig grunnskule og høgare utdanning og yrkesliv. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må difor ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande utdanningsprogramma må legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland vert lagt fram for fylkestinget til handsaming i desember 2020. Mål og strategiar skal vere eit viktig verktøy for utviklinga av

vidaregåande opplæring i Vestland og skal syne utfordringar og målsettingar for sektoren dei neste fire åra.

Budsjettet er basert på følgjande grunnprinsipp:

- elevar og læringar skal møte ei opplæring med høg kvalitet
- den vidaregåande opplæringa skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
- den vidaregåande opplæringa skal bidra til gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod.

Grunnlaget for prioriteringane i budsjett- og økonomiplan er lovpålagde oppgåver (kjerneverksemda) - læring og utvikling for den enkelte elev og lærling - og den nasjonale målsettinga om auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Dette inneber at vidaregåande opplæring skal møte elevar og lærlingar med ulike føresetnader og gje dei eit opplæringstilbod som er tilpassa den einskilde, og som gjer dei kvalifiserte til å kunne fullføre med studie- eller yrkeskompetanse.

Endring frå 2020 til 2021

Budsjettramma for sektoren i 2021 er redusert med netto 26,6 mill. kr samanlikna med 2020:

- innsparingskrav for sektoren: -36,0 mill. kr. Redusert frå 37,2 mill. kr då 1,2 mill. kr av innsparingskravet må sjåast i samanheng med administrativt innsparingsprogram (bortfall av kompensasjon for sterk autentisering)
- Som følge av redusert premiesats vert utgiftene til Statens pensjonskasse i 2021 redusert med om lag 54

mill. Innsparte pensjonsmidlar er i all hovudsak knytt til opplærings- og kompetansesektoren. 30 mill. kr av innsparinga er nytta for å møte salderingsutfordringa i sektoren, medan budsjettramma for sektoren vert redusert med resterande unnytta midlar: -24 mill. kr.

- ekstraordinær auke i satsar for tilskot til lærebedrifter våren 2020: 22,1 mill. kr (auke i rammetilskotet)
- andel av administrativt innsparingsprogram: -5,6 mill. kr

I tillegg er meirforbruk i sektoren, m.a. på tilskot til lærebedrifter, saldert med omdisponering innan sektoren.

- Fylkestinget i desember gjorde vedtak om reduksjon av skulefonda med 15 mill. kr. Denne summen skal igjen overførast til disposisjonsfond. Vidare skal nedtrekk på 20 mill. kr gjerast gjennom prosentkutt med verknad pr. 1.1.2021.

Tabellen under syner endringar for kvart løyvningsnivå:

Vidaregåande opplæring i skule inkludert spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring	-95 785
Opplæring i bedrift	45 660
Vidaregåande opplæring for vaksne	-11 961
Fagskule	1 603
Andre føremål opplæring	21 042
Administrasjon av opplæring og kompetanse	- 2 127
Endring fylkestinget desember	15 000
Sum	- 26 567

Endringar for vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring inkluderer: redusert premie i Statens pensjonskasse (-54 mill. kr), vøreffekt av auke i tal klassar skuleåret (+4,6 mill. kr), undervisningsutstyr skulane (+4,8 mill. kr), gjesteelevar (-3,0 mill. kr), bortfall sterk autentisering (-1,2 mill. kr), utfasing ekstra tilskot NDLA (-1,2 mill. kr), reduksjon i tal klassar og effektivisering i sektoren (-20,0 mill. kr), reduksjon i tilskot toppidrett (-0,4 mill. kr), reduksjon fagnettverk (-1,4 mill. kr), reduksjon bibliotekar og stilling koordinator skulebibliotek (-0,9 mill. kr), reduksjon rådgjevarressurs (-0,5 mill. kr), reduksjon arbeidslivskontakt (-0,7 mill. kr), reduksjon driftstilskot internat (-0,5 mill. kr), reduksjon digital pedagogisk ressurs ved dei vidaregåande skulane (-0,8 mill. kr) administrativt innsparingsprogram (-5,6 mill. kr), tekniske justeringar (-1,2 mill. kr) og bruk av akkumulert disposisjonsfond/resultat 2020 skulane (15,0 mill. kr).

Endringar for opplæring i bedrift inneheld auka tilskot til lærebedrifter (37,0 mill. kr), auka satsar til lærebedrifter våren

2021 (22,1 mill. kr), reduksjon i fylkeskommunal løyving som følge av forventning om statleg finansiering av tilskot til lærlingar med meir enn eitt fagbrev (-4,5 mill. kr), tekniske justeringar (-11,9 mill. kr) og auke fagprøvar (3,0 mill. kr).

Endring vidaregåande opplæring for vaksne (-2,3 mill. kr) og tekniske justeringar (-9,7 mill. kr)

Fagskule er justert med løns- og prisvekst (1,9 mill. kr) og tekniske justeringar (-0,3 mill. kr).

Endring for andre føremål omfattar reduksjon tilskot til Manger folkehøgskule (-0,2 mill. kr) og tekniske justeringar (21,2 mill. kr)

Administrasjon av opplæring og kompetanse er redusert som følge av redusert reiseverksemd og vakansar i avdeling for opplæring og kompetanse (-4,0 mill. kr) og tekniske justeringar (+1,9 mill. kr).

2 Omtale av dei ulike løyingsnivåa

Løyingsnivå: Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring

Løyvinga omfattar midlar til drift av pedagogisk verksemd på dei vidaregåande skulane basert på vedteke opplæringstilbod, spesialundervisning og særskilt tilrettelagt

opplæring, landsliner, gardsdrift, internat, rettleiingsteneste med skulepsykologar, produksjonsskule og fellesutgifter og administrasjon knytt til skulane og avdeling for opplæring og

kompetanse.

Løyingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	Brutto driftsutgifter	2 859 785	2 828 924
	Driftsinntekter	-74 400	-93 761
	Netto driftsutgifter	2 785 385	2 735 163
	Netto driftsutgifter 2021 kr	2 815 948	2 735 163

	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Vidaregåande skular	2 038 305	1 985 865
Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring	431 757	413 939
Landsliner	11 713	11 645
Kantiner og internat	2 228	1 748
Gardsdrift	7 784	7 872
Rettleiingstenester	95 329	108 946
Produksjonsskule	13 041	12 965
Fellesutgifter og administrasjon	185 228	192 689
Netto driftsutgifter	2 785 385	2 735 163

Vidaregåande skular


Løyvinga omfattar midlar til pedagogisk leiing, pedagogiske fellesutgifter, drift av utdanningsprogramma, gratis læremiddel og eleveksamen.

Skuleåret 2020-2021 er budsjettmodellane i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane vidareført. Budsjettmodellane er ulike, men begge er basert på tildeling etter klassar. Frå skuleåret 2021-2022 skal skulane i Vestland ha felles

budsjettmodell. Budsjetta for dei vidaregåande skulane vert utarbeidd på grunnlag av vedteke opplæringstilbod.

Vestland fylkeskommune har frå hausten 2020 44 vidaregåande skular. Skuleåret 2020-2021 vart det teke inn om lag 19700 elevar (med og utan ungdomsrett).

Tal frå GSI pr desember 2019 syner nedgang i avgangstalet frå ungdomsskulen for skuleåra 2021/2022 og 2022/2023, medan det frå skuleåret 2023/2024 er aukande avgangstal:




For å hente ut prognosar på tal elevar har vi to tilgjengelege kjelder, SSB og GSI (grunnskulens informasjonssystem).

Erfaring syner at SSB-tala, ikkje er presise nok til dimensjonering av vg1-kapasiteten frå år til år. GSI tala er basert på innmelde elevar frå grunnskulane, og er rimeleg presise for komande skuleår. I tillegg til avgangselevane frå grunnskulen må dimensjoneringa ta omsyn til:

- Elevar i kombinasjonsklassar (grunnskule for minoritetsspråklege)/ innføringsklassar for minoritetsspråklege.
- Elevar som gjer omval til eit nytt utdanningsprogram på vg1-nivå
- Elevar som søker til private skular
- Elevar som har hatt avbrot i opplæringa
- Elevar som får innvilga rett til vg1 over 2 år
- Elevar med rett til spesialundervisning som går i vg1-klassar over fleire år.
- I samband med økonomiplanarbeidet våren 2021, vil ein kome nærare attende til dette

Vestland fylkeskommune gir opplæring i alle utdanningsprogram. Figuren under viser fordeling av elevane (vg1-vg3) på utdanningsprogramma skuleåret 2020-2021: Fylkeskommunen har over fleire år jobba aktivt for å få

Elevlar (vg1-vg3) fordelt på utdanningsprogram



Forkortingar

- ID** Idrettsfag
- KD** Kunst, design og arkitektur
- ME** Medier og kommunikasjon
- MD** Musikk, dans og drama
- ST** Studiespesialisering
- PB** Påbygging
- DH** Design og håndverk
- BA** Bygg- og anleggsteknikk
- EL** Elektro og datateknologi
- FD** Frisør, blomsterdekoratør, interiør og eksponeringsdesign
- HS** Helse- og oppvekstfag
- DT** Håndverk, design og produktutv.
- IM** Informasjonsteknologi og medieproduksjon
- NA** Naturbruk
- RM** Restaurant- og matfag
- SS** Service og samferdsel
- SR** Sal, service og reiseliv
- TP** Teknologi- og industrifag

elevane til å velje yrkesfag. Skuleåret 2020-2021 byrja 57% av elevane på vg1 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram.

Skuleåret 2020-2021 er det sett i gang 980 ordinære klassar. For å møte reduserte driftsrammer for sektoren er det i budsjettet lagt til grunn ein reduksjon i klassetalet skuleåret 2021-2022, samanlikna med inneverande skuleår. Saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2021-2022 vert lagt fram for hovudutval for opplæring og kompetanse i november 2020, og justert etter søknadsfristen i mars 2021.

Tabellen under syner tal ordinære klassar skuleåret 2020-2021, tal elevar pr 1.10.2020 og indikativt nivå på økonomisk ramme basert på klassetalet skuleåret 2020-2021 for dei

vidaregåande skulane, inkludert søkbare tilbod tilpassa opplæring. Summen er henta frå budsjettet for vidaregåande skular og særskilt tilrettelagt opplæring. Desse budsjett-postane inneheld i tillegg midlar til m.a. toppidrett/spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar, særskilte tiltak tilpassa opplæring, særskilt språkopplæring, kombinasjonsklassar og eksterne kjøp tilpassa opplæring, som ikkje er medrekna. Løyvingane til landsliner, gardsdrift, kantine og internat og tilskot til er ikkje medrekna. Skulane vil først få tildelt budsjett for 2021 når fylkestinget har vedteke budsjett og økonomiplan.

Skule	Tal klassar	Tal elevar pr 01.10.	tal i tusen kr
Amalie Skram videregående skole	40	1020	92 000
Arna vidaregåande skule	13	255	30 000
Askøy vidaregåande skole	23	501	55 000
Austevoll vidaregåande skule	11	156	25 000
Austrheim vidaregåande skule	11	188	24 000
Bergen Katedralskole	24	771	60 000
Bømlo vidaregåande skule	11	205	26 000
Dale vidaregåande skule	10	204	23 000
Eid vidaregåande skule	21,5	369	47 000
Firda vidaregåande skule	13	335	41 000
Fitjar vidaregåande skule	11	173	22 000
Flora vidaregåande skule	26	483	60 000
Fusa vidaregåande skule	16	314	42 000
Fyllingsdalen vidaregåande skole	23	566	62 000
Hafstad vidaregåande skule	18	501	44 000
Høyanger vidaregåande skule	8	121	22 000
Knarvik vidaregåande skule	41,5	888	109 000
Kvam vidaregåande skule	9,5	192	28 000
Kvinnherad vidaregåande skule	22	355	48 000
Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skole	27	390	52 000
Langhaugen vidaregåande skole	21	626	58 000
Mo og Øyrane vidaregåande skule	38,5	528	76 000
Måløy vidaregåande skule	22	306	42 000
Nordahl Grieg vidaregåande skole	36	939	98 000
Odda vidaregåande skule	15	250	37 000
Olsvikåsen vidaregåande skole	23	544	59 000
Os gymnas	6	176	15 000
Os vidaregåande skule	28	451	49 000

Skule	Tal klassar	Tal elevar pr 01.10.	tal i tusen kr
Osterøy vidaregåande skule	10	170	29 000
Rubbestadnes vidaregåande skule	11	166	21 000
Sandsli vidaregåande skole	23	562	55 000
Slåtthaug vidaregåande skole	33	544	58 000
Sogndal vidaregåande skule	41	722	84 000
Sotra vidaregåande skule	41	826	97 000
Stend vidaregåande skule	20	508	86 000
Stord vidaregåande skule	38	785	97 000
Stryn vidaregåande skule	14,5	259	31 000
Tertnes vidaregåande skole	20	501	47 000
Voss gymnas	29	541	66 000
Voss vidaregåande skule	23,5	353	59 000
Årdal vidaregåande skule	10,5	181	23 000
Årstad vidaregåande skole	52	877	114 000
Åsane vidaregåande skole	44	771	86 000
Ikkje fordelt innsparing knytt til klassar og generelt nedtrekk			-20 000
Ikkje fordelt innsparing knytt til definerte nedtrekk			-13 600
Sum	980	19 573	2 265 400

Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring

Løyvinga omfattar midlar til tilpassa opplæring, spesialundervisning og ekstra språkopplæring for elevar i egne vidaregåande skular og private skular, kjøp av spesialundervisning utanfor egne institusjonar, innføringsgrupper for minoritetsspråklege og kombinasjonsklassar (grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom).

Tilpassa opplæring har vore ulikt organisert i dei to tidlegare fylkeskommunane. Det er i gang arbeid med å vurdere korleis dette tilbodet skal gjevast i Vestland.

Skuleåret 2020-2021 er det i gang 4 innføringsgrupper og 12 kombinasjonsklassar for minoritetsspråklege elevar.

Det er i budsjettet sett av midlar til kjøp av tilpassa opplæringstilbod i kommunar, fylkeskommunar og friskular.

Landsliner

Løyvinga omfattar fylkeskommunalt og statleg tilskot til landslinetilboda:

Skule	Tilbod
Os vidaregåande skule	Yrkessjåfør Anleggsmaskinførar
Odda vidaregåande skule	Smed
Stryn vidaregåande skule	Skiskyting
Sogndal vidaregåande skule	Yrkessjåfør Anleggsmaskinførar
Sogn jord- og hagebruksskule	Økologisk landbruk

Internat

Fylkeskommunen driv internat ved Mo og Øyrane, Voss vidaregåande skule og Sogn jord- og hagebruksskule.

Gardsdrift

Løyvinga omfattar gardsdrift ved Mo og Øyrane, Voss og Stend vidaregåande skular.

Rettleiingstenester

Rettleiingstenesta skal gi elevar, lærlingar, lære kandidatatar, ungdom og vaksne tilgang til aktuelle fagtenester i sine læringsmiljø. Tenesta omfattar pedagogisk-psykologisk

teneste (PPT), oppfølgingstenesta, oppfølging av lærlingar, lærekandidatar og lærebedrifter og rettleiing i vidaregåande opplæring for vaksne.

Rettleiingstenesta skal samarbeide med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter.

Skulepsykologordninga er organisert under rettleiingstenesta.

Produksjonsskule

Produksjonsskulen gjev alternative tilbod til ungdom med rett som ikkje er i eit opplæringsløp.

Produksjonsskulen i Hardanger er delvis finansiert av statlege prosjektmidlar. Eventuell vidareføring av tilbodet frå hausten 2021 vil krevje vidareføring av statlege midlar eller auke i den fylkeskommunale løyvinga til føremålet.

Fellesutgifter og administrasjon

Løyvinga omfattar midlar til omstilling, system- og informasjonskostnader, rekruttering og kompetanseutvikling, fellesutgifter, gjesteelevoppgjer, skulefrukost, meningokk-vaksine og drift av sentraladministrative funksjonar.

Løyvingsnivå: Opplæring i bedrift

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Opplæring i bedrift	Brutto driftsutgifter	544 414	603 923
	Driftsinntekter	-25 200	-26 176
	Netto driftsutgifter	519 214	577 747
Netto driftsutgifter 2021 kr		532 087	577 747

	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Opplæring i bedrift	472 971	528 504
Fagprøvar	46 243	49 243
Netto driftsutgifter	519 214	577 747

restteori for lærlingar og lærekandidatar, stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa og tilpassa opplæring i bedrift.

Vestland fylkeskommune har årleg om lag 6000 løpande lærekontraktar og om lag 3000 nye lærekontraktar.

Fagprøvar

Løyvinga omfattar midlar til opplæring av prøvenemnder, fag- og sveineprøvar og kompetanseprøvar. Vestland fylkeskommune har om lag 3500 fagprøvar årleg.

Opplæring i bedrift

Løyvinga omfattar midlar til tilskot til lærebedrifter, vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift, instruktøropplæring,

Løyvingsnivå: Vidaregåande opplæring for vaksne

Løyvinga omfattar midlar til vidaregåande opplæring for vaksne.

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Vidaregåande opplæring for vaksne	Brutto driftsutgifter	78 937	68 590
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	78 937	68 590
Netto driftsutgifter i 2021 kr		80 551	68 590

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare. Vidaregåande opplæring for vaksne kan føre fram til fagbrev, yrkes- eller studiekompetanse. Det er ei målsetting å oppfylle rett til opplæring og bidra til å møte behovet for arbeidskraft og kompetanse i

regionen. Opplæringa er lagt til vidaregåande skular. Omfang av fagtilbod og tal klassar/deltakarar varierer mellom skulane, frå ein klasse til fleire hundre deltakarar. Skuleåret 2019-2020 deltok til saman om lag 1780 vaksne i opplæring. Rettleiingstenesta har ansvar for rettleiing om vidaregåande opplæring for vaksne.

Løyvingsnivå: Fagskule

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Fagskule	Brutto driftsutgifter	144 487	166 857
	Driftsinntekter	-123 200	-145 452
	Netto driftsutgifter	21 287	21 405
Netto driftsutgifter i 2021 kr		19 802	21 405

Løyvingsnivået omfattar fylkeskommunalt tilskot til eigne fagskular. I tillegg kjem statleg tilskot til eigne og eksterne fagskular.

Fagskuleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse og som har eit omfang tilsvarande minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Fagskuleutdanning skal sikre naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er to fylkeskommunale fagskular i Vestland fylkeskommune, Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane, med tilbod til om lag 1600 studentar (om lag 1250 heilårsekvivalentar).

Fylkestinget vedtok i PS-sak 70/2020 at fagskulane skal slåast saman til ei eining frå 01.01.2022.

Vestland fylkeskommune er eigar av dei fylkeskommunale fagskulane, medan styra for Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane er øvste styringsorgan. Fagskulestyra har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgere utdanning (Diku) fordeler driftstilskot til fylkeskommunane. I framlegget til statsbudsjett er samla budsjetttramme til fagskuleutdanning i Vestland – grunntilskot,

resultatbasert tilskot, vidareføring og opptrapping av tilskot til nye studieplassar frå hausten 2020. – 145,5 mill. kr.

Den statlege tilskotsramma skal fordelast til eigne og eksterne fagskular. Det resultatbaserte tilskotet for 2021 er justert etter tal produserte studiepoeng i 2019.

I framlegget til statsbudsjett er omlag 6,6 mill. kr av tilskotet til Vestland fylkeskommune øyremerka Kunstscolen i Bergen

I tillegg til statstilskotet gjev fylkeskommunen tilskot til drift av eigne fagskular. Det fylkeskommunale driftstilskotet er for 2021 foreslått vidareført om lag på same nivå som i 2020.

Det er sett av slik løyving til dei fylkeskommunale fagskulane i 2021:

103,7 mill. kr i statleg tilskot og 11,9 mill. kr i fylkeskommunalt driftstilskot, til saman 115,6 mill. kr til Fagskulen i Hordaland.

18,2 mill. kr i statleg tilskot og 9,5 mill. kr i fylkeskommunalt driftstilskot, til saman 27,7 mill. kr til Fagskulen i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen vil fordele det statlege tilskotet til eksterne fagskular når grunnlaget for dette er klart.

Løyvingsnivå: Andre føremål opplæring

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Andre føremål opplæring	Brutto driftsutgifter	109 356	131 980
	Driftsinntekter	-68 800	-70 570
	Netto driftsutgifter	40 556	61 410
Netto driftsutgifter 2021-kr		40 368	61 410

	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Opplæring i sosiale og medisinske institusjonar	43 285	42 700
Privatisteksamen	-11 361	-11 700
Opplæring i kriminalomsorga	-	-
Manger folkehøgskule	1 296	1 074
Andre løyvingar	7 336	29 336
Netto driftsutgifter	40 556	61 410

Løyvinga er vidareført på same nivå som budsjett 2020.

Opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar

Løyvinga omfattar driftsmidlar til opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar.

Privatisteksamen

Løyvinga omfattar midlar til gjennomføring av privatisteksamen.

Opplæring i kriminalomsorga

Vestland fylkeskommune har ansvar for opplæring i kriminalomsorga. Tilboda er statleg finansierte.

Manger folkehøgskule

Vestland fylkeskommune eig og driv Manger folkehøgskule. Skulen har om lag 60 elevplassar og fem ulike musikktilbod. Det er budsjettert med eit fylkeskommunalt driftstilskot på om lag 1,1 mill. kr. Skuledrifta er i hovudsak finansiert med statleg tilskot og elevbetaling.

Andre løyvingar

Løyvinga omfattar budsjett for grunnskuleopplæring til barn og ungdom som bur i institusjon, jf. oppl. lova §13-2 og diverse tilskot m.a. til elevorganisasjonen, og PitStop.

Løyvingsnivå: Administrasjon av opplæring og kompetanse

Løyvinga omfattar drift av leiings- og stabsfunksjonar i avdeling for opplæring og kompetanse.

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon av opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	32 843	31 157
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	32 843	31 157
Netto driftsutgifter i 2021-kr		33 284	31 157

Løyvinga omfattar drift av leiings- og stabsfunksjonar i avdeling for opplæring og kompetanse.

Klimavurdering av sektorbudsjett

Opplæringssektoren sitt klimafotavtrykk kjem i hovudsak frå bygg og infrastruktur (30 %) og forbruksmateriell og utstyr (30%). Sterkare klima- og miljøkrav kan redusera klimafotavtrykket frå desse to punkta. Auka bruk av miljømerka produkt og sirkulær økonomi kan få ned utslepp frå forbruksmateriell.

Transport med eigne køyretøy står for 9 % av klimafotavtrykket. Dette gjeld både persontransport og tyngre køyretøy og anleggsmaskiner. Vidaregåande skule sitt dieselforbruk utgjorde 58 % av Vestland sør (tidl. Hordaland) sitt totale dieselforbruk i 2019 og var på 552 tonn CO₂-ekvivalentar. Auka bruk av nullutsleppsteknologi kan redusera desse klimagassutsleppa og bidra til nullutsleppsmålet i Vestland. Overgang til nullutsleppsteknologi vil krevje investeringar i nytt materiell.

Det er lagt til grunn i budsjettet at auka bruk av digitale møteplassar og andre former for digitale verktøy fører til redusert reiseverksemd både for skulane, rettleiingstenestene og for tilsette i avdeling for opplæring og kompetanse.

Skuleruta og skuleskyss er samordna med kommunane i fylket, noko som bidreg positivt i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå kollektivtransport.

Energibruken står for 12 % av klimafotavtrykket.

For nærare vurdering av klimaeffektar knytt til bygg og energibruk viser vi til omtale under Eigedom.

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løyvingnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere ein viktig del av fylkesrådmannen si økonomistyring. Summane for sektor og løyvingnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesrådmannen vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

Tabell pr. sektor:

	Budsjett 2021
Reise og kurs	24 014
Konsulenttenester	1 535
Administrasjonsutgifter	29 606
Ordinære driftsutgifter	929 860
Lønsutgifter og -refusjonar	2 846 416
Ordinære inntekter	-335 959
Andre utgifter og inntekter	-
Netto driftsutgifter	3 495 472

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Fordelinga på artsnivå er berekna ut frå netto rekneskap og budsjett i 2020 og justert for kjende endringar i føresetnader.

Reise og kurs: artane omfattar kostnader relatert til fylkeskommunalt finansierte reiser og kurs. Eksternt finansierte reiser og kurs er ikkje tekne med. Reise og kurs omfattar også reiser og kurs for prøvenemnder.

Konsulenttenester: Utgifter knytt til det nasjonale inntakssystemet Vigo (inkl IST) er ikkje rekna inn i arten konsulenttenester.

Ordinære driftsutgifter: det fylkeskommunale tilskotet til fagskulane og til Manger folkehøgskule er rekna som tilskot og inngår i arten ordinære driftsutgifter.

4 Bindande føresetnadar

På løyvingnivå: Fagskule

Det vert gitt følgjande tilskot i 2021:

- Kunstfagskulen i Bergen om lag 6,6 mill. kr
- Fagskulen i Hordaland: 115,6 mill. kr
- Fagskulen i Sogn og Fjordane: 27,7 mill. kr

På løyvingnivå: Andre føremål opplæring

Det vert gitt følgjande tilskot i 2021:

- «Pit-stop» 0,6 mill. kr
- Manger folkehøgskule på 1,074 mill kr mill. kr



*Elevar på skulebussen.
Foto: Morten Wanvik.*

4.5 Mobilitet og kollektiv

1 Mobilitet og kollektiv – løyingsnivå

Tal i 1000 kr

Løyingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Buss	Brutto driftsutgifter	2 122 468	2 303 305
	Driftsinntekter	-1 090 170	-1 170 300
	Netto driftsutgifter	1 032 298	1 133 005
Bane	Brutto driftsutgifter	209 793	217 610
	Driftsinntekter	-173 092	-166 200
	Netto driftsutgifter	36 701	51 410
Ferje	Brutto driftsutgifter	1 171 296	1 066 669
	Driftsinntekter	-269 743	-275 800
	Netto driftsutgifter	901 553	790 869
Båt	Brutto driftsutgifter	365 090	341 562
	Driftsinntekter	-84 710	-91 860
	Netto driftsutgifter	280 380	249 702
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	Brutto driftsutgifter	256 194	324 645
	Driftsinntekter	-89 700	-98 900
	Netto driftsutgifter	166 494	225 745
Administrasjon av MOK	Brutto driftsutgifter	105 282	104 381
	Driftsinntekter	-850	0
	Netto driftsutgifter	104 432	104 381
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	4 230 123	4 358 172
	Driftsinntekter	-1 708 265	-1 803 060
	Netto driftsutgifter	2 521 858	2 555 112
	Netto driftsutgifter i 2021- kr	2 587 562	2 555 112

Endring frå 2020 til 2021

Det er budsjettert med prisvekst på 2,5% for billettinntekter. Det er ikkje budsjettert med passasjervekst; dette som følgje av pandemien som gjev inntektsbortfall i kollektivsektoren.

Nedtrekket i sektorramma er på 37 mill. kr, medan den totale endringa i budsjettamma for sektoren frå 2020 til 2021 er på -32,5 mill. kr. Den største endringa dreier seg om endring i kontraktskostnadar for buss, båt og ferje.

Tal i 1000 kr

Løyingsnivå	Endring frå 2020 til 2021	Moment
Buss / Båt / Ferje	-73 915	Endringar i kontraktskostnadar og indeksar. Avtale takstkomp. tog.
Bane	11 709	Endringar i kontraktskostnadar. Infrastruktur-kostn. BT4 og BT5
Buss / Bane / TT, serviceskyss, innfartspark., tekn. skyss	-37 000	Rammenedtrekk, 10 mill. kr + 27 mill. kr
Administrasjon av MOK	-3 390	Administrativt innsparingsprogram
Buss	260	Statsbudsjettet; kompensasjon auke vegbruksavgifta naturgass
TT, serviceskyss, innfartspark., tekn. skyss	22 680	Løyving i statsbudsjettet til ikkje- statlege lufthamner som gjeld Stord lufthamn

Løyvingsnivå	Endring frå 2020 til 2021	Moment
	1 206	Andre endringar / tekniske justeringar
Endring finansutvalet november	34 000	
Endring fylkesutvalet november	10 000	Midlar til arbeidskøyning
Endring fylkestinget desember	2 000	
Total endring	- 32 450	

Administrativt innsparingsprogram

I samsvar med sak i finansutvalet 17. september vart det gjort prosessvedtak om at administrativt innsparingsprogram og innsparingane der skulle leggjast til grunn i driftsbudsjettet for 2021. For denne sektoren utgjør reduksjonen samla sett 3,39 mill. kr, og dette er ført på løyvingsnivå administrasjon av MOK.

Statsbudsjettet

I statsbudsjettet vart det løyvd midlar til ikkje-statlege flyplassar. Løyvinga til Vestland gjeld Stord lufthamn, og styrkar løyvingsnivå for TT, serviceskyss, innfartsparkering og teknisk skyss med 22,68 mill. kr.

Kompensasjon for auka vegbruksavgifta på naturgass gjev Vestland 0,26 mill. kr som gjeld løyvingsnivå for buss.

Finansutvalsmøte september

I utgangspunktet hadde sektoren eit nedtrekk i budsjettet på 37 mill. kr frå 2020 til 2021. I møtet i finansutvalet 22. september vart det gjort prosessvedtak, etter uttale frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, som indikerte kva tiltak ein skulle gå vidare med, og kva ein ikkje skulle gå vidare med.

Finansutvalet i november la inn budsjettmidlar for ikkje å gjennomføre tiltak som var vurderte tidlegare i budsjettprosessen.

Fylkesutvalet november

I innstilling frå fylkesutvalet i november vart det lagt inn 10 mill. kr til arbeidskøyning. I tillegg vart det føresett ei vidareføring av tilbod når det gjeld servicelinjer i Bergen og ei felles løysing for ungdomskort og kompensasjon for bruk av kommersielle ruter i heile fylket. Dei to siste momenta er føresett finansiert innanfor mobilitet og kollektiv sitt budsjett.

Fylkestinget desember

Fylkestinget gjorde vedtak som samla auka sektoren si budsjetttramme med 2 mill. kr. Desse momenta vart endra i sektoren sitt budsjett:

- VTA- køyning, auke 10 mill. kr
- Servicelinje Bergen, auke 2 mill. kr
- Effektivisering administrasjon kollektiveininga, reduksjon 5 mill. kr
- Omskifting av Kringom, reduksjon 5 mill. kr

Innarbeidde salderingstiltak

Tiltaka under på samla 7 mill. kr er innarbeidde i budsjettet.

Løyvingsnivå Buss:

mill. kr

Tiltak	
Felles skulerute gjev innsparing på skuleskyssen	1

Løyvingsnivå serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss:

mill. kr

Tiltak	Sum
Fjerne bruk av kontantar som betalingsmiddel ombord på transportmidla	0,5
Fjerne 100 av 113 billettautomatar	4
Ny felles ombordløyning for billettering i heile Vestland	1
Spare lisensutgifter ved å fjerne dobbelt opp av fagsystem	0,5
	6

Sum	7
------------	----------

2 Omtale av løyvingnivå

Buss

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Buss	Brutto driftsutgifter	2 122 468	2 303 305
	Driftsinntekter	-1 090 170	-1 170 300
	Netto driftsutgifter	1 032 298	1 133 005
	Netto driftsutgifter I 2021- kr	1 059 193	1 133 005

Løyvingsnivå buss har det største kostnadsbudsjettet med over 50 prosent av totalkostnadane for sektoren mobilitet og kollektivtransport; 2,3 mrd. kr av totale kostnader på 4,3 mrd. kr. bergensområdet står for over halvparten av ruteproduksjonen i tal km, og nærmare 80 prosent av samla tal påstigande passasjerar med buss i Vestland fylke (kjelde: Årsrapport kollektivstrategi 2019).

I oktober og desember 2020 er det oppstart av nye anbod for kontraktsonråda Bergen sentrum og Bergen nord. Bergen nord inkluderer tidlegare kontraktsonrådet for Osterøy. Dei nye kontraktane utgjer dei mest trafikkerte linjene i Bergen. Rutetilbodet i dei nye kontraktane byggjer på trafikkplan for Bergen. I det ligg det omlegging av stamlinjenettet og forlenga trolleybusslinje, samt fleire linjer som pendlar gjennom sentrum. I samband med omlegginga vil det i tråd med trafikkplanen bli gjennomført enkelte forbetringstiltak. Utgangspunkt for tiltaka er å ivareta direkteført tilbod mellom Åsane og Haukeland Universitetssjukehus (HUS), og mellom Sandviken og HUS. Behovet for frekvens og kapasitet mellom Loddefjord og sentrum i rushperioden vert og stetta. Tilbodet i Nipedalen og Gravdal knytt til den nye trolleylinja til Lyngbø blir justert og forbetra i høve konkurransegrunnlaget, samt enkelte tiltak for å optimalisere det samla linjenettet i Bergen. Tiltaka har innverknad på tvers av busskontraktane, og desse vert finansiert gjennom statlege belønningsmidlar (jf. FUV PS-188/2020).

I kontrakten for Bergen sentrum vil omlag 80 prosent av ruteproduksjonen verte køyrt med elektrisk drift. Dette i tillegg til trolleylinja som vert utvida til Lyngbø. Ladinga vert gjennomført på Mannsverk i Bergen, der operatør har tilrettelagt naudsynt ladeinfrastruktur. For Bergen nord vert bussane som er knytt til Haukås-anlegget køyrt med biogass.

Innan 2022 skal etter planen både ny bybanelinje til Fyllingsdalen og ny E39 mellom Os og Bergen stå ferdig. Med utgangspunkt i desse to infrastrukturprosjekta vert det arbeid

med ein trafikkplan for Bergen sør (jf. FUV PS 126/2020). Føremålet er å etablere regionstamlinjetilbod mellom Osøyro og Bergen. Det samla kollektivtilbodet vert og tilpassa den nye bybanelinja.

Hent meg og dynamisk transport

I februar 2020 starta mobilitetseininga opp ein test av bestillingstransporttilbodet "Hent Meg" i Odda. Tilbodet er avgrensa til eit geografisk område, og inneber at kundane sjølve kan bestemme når dei vil reise. Ordninga vert oppretthalde fram til årsskiftet 2020/2021, og den vert evaluert hausten 2020. Erfaringar så langt tilseier at tilbodet skal oppretthaldast. Til opplysing er estimert tilleggskostnad omlag 0,5 mill. kr for 2021. Så langt tilseier erfaringane at tilbodet bør oppretthaldast. Kombinasjonar av dynamisk transport vil bli vanlegare i alle geografiske område framover. I Vestland fylke vil vi gjere uttesting av dynamisk transport i ulike geografiske område, og til ulike grupper. Saman med Bergen kommune vil vi mellom anna utgreia løysing for transport av eldre aldersgrupper i bergensområdet. Det er venta at heile eller delar av tilbodet vil bli tilrettelagt som dynamisk transport, og at ei eventuell løysing vil innebere ei delt finansiering mellom fylke og kommune.

Servicelinjene i Bergen

Servicelinjene i Bergen består av fire busslinjer. Tilbodet og bussmateriellet er særskilt tilpassa eldre og rørslehemma slik at desse gruppene lettare kan nytte seg av helse- og servicefunksjonar i bydelane. Linjene skil seg frå dei ordinære busslinjene ved å ha stor flatedekning i eit avgrensa område, særskilt tilrettelagt bussmaterieill og avgangar utanom rush-tid. Kontrakten for dagens servicelinjer gjekk ut 30.06.2020. I politisk vedtak i fylkesutvalet frå 2018 vart det vedteke å ikkje vidareføre kontrakten.

I samband med budsjetthandsaming i fylkestinget i desember 2019 vart det i verbalpunkt gjort vedtak om å vidareføre servicelinjene, og det vart sett av midlar til drift ut 2020.

I vedtaket heiter det at ein for bydelane i Bergen bør sjå på løysingar lik "Hent meg" som er under utprøving i Odda. Vedtaket frå desember er følgt opp med ei utgreiing i fagleg samarbeid med Bergen kommune. Her er det mellom anna sett på transportbehovet for eldre, erfaringar med fleksible mobilitetsløysingar og kva område i Bergen som peiker seg ut med omsyn til mogleg utprøving (jf. FUV-sak 102/2020). Det vil koma ei politisk sak som tilrår korleis tilbodet skal utformast.

Det er sett av midlar til drift av dette tilbodet i 2021. Fylkestinget i desember gjorde vedtak om å setje av 2 mill. kr til dette tilbodet.

Olav Kyrresgate i Bergen er eit av dei viktigaste knutepunkta for kollektivtransport i byen, og eit av prosjekta i Miljøløftet er oppgradering av denne gata. Etter planen skulle det ha vore slutført i 2020. For kollektivtransporten har ein kostnader til trafikale omleggingar så lenge arbeidet i gata held fram. Det er no varsla forseinkingar ut i 2021, og det medfører at ein vidare får kostnader ved trafikale omleggingar. Miljøløftet finansierer kostnadane til omlegging av kollektivtrafikken.

Kostnadsdrivarar

Utgifter til buss aukar på grunn av auka kontraktsprisar for dei nye kontraktane Bergen nord og Bergen sentrum

samt generell prisvekst hjå operatør knytt til løn, drivstoff, kapitalrente, vedlikehald og administrasjon.

Føresetnader for inntektsutvikling buss

I budsjettet for 2021 er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke på 2,5 % (KPI), og ingen inntektseffekt som følgje av passasjervekst.

Takstar og rabattar

Analysar utført i 2020 viser at prisnivået ikkje er mellom dei fremste drivarane for val av transportmiddel, eller det som avgjer om ein byter frå bilbruk til det å reise kollektivt. Drivaranalysen viser at reisetid, frekvens, få stopp/ omstigingar og gode samband er viktigare for å få fleire til å byta til kollektivt. Det er derfor ikkje forventa at ein moderat prisauke på 2,5 % vil medføre vesentleg nedgang i kollektivbruk. Fylkestinget har vedtatt at midlane frå byvekstavtalen skal nyttast til reduksjon i prisane på kollektivtrafikken i Bergen. Det er budsjettert med 50 mill. kr i reduserte billettinntekter som følgje av tilskot frå staten til reduserte billettprisar. Midlane vert nytta til reduksjon av takst for periodebillettar.

Statsbudsjettet

I statsbudsjettet er det gjeve kompensasjon for auka vegbruksavgift på naturgass, og dette styrkar løyvningsnivå for buss med 0,26 mill. kr.

Bane

Tal i 1000 kr

Løvningsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bybanen	Brutto driftsutgifter	209 793	217 610
	Driftsinntekter	-173 092	-166 200
	Netto driftsutgifter	36 701	51 410
	Netto driftsutgifter i 2021- kr	37 657	51 410

Bybanelinja til Fyllingsdalen vil etter planen stå klar til drift i slutten av 2022. Utanom dei 28 bybanevognene ein har i dag, er det tinga 6 nye vogner. Desse skal dekke produksjonen på bybanestrekningane. Tilbodet på den nye bybanelinja er under planlegging, og førebels har ein ikkje ferdig eit kostnadsestimat for drift av denne linja.

Opgåvene knytt til drifta er delt mellom mobilitet og kollektiv og Bybanen AS. I tillegg til ansvaret for å drifte og vedlikehalde infrastrukturen, har Bybanen AS sidan 2019 også hatt ansvaret for anbudsutsetting og kontraktsoppfølging mot operatør. Mobilitetseininga på si side har ansvar for å planleggje og spesifisere rutetilbodet, og har ansvar for all

marknadsføring og kontakt ut mot kundane. Bybanen AS er finansiert og heileigd av fylkeskommunen. I samband med Vestland sin nye avtale om tenestepensjon går pensjonskostnadane noko ned. Avtalen gjeld og tilsette i Bybanen AS, og dette gjev ei innsparing på om lag 0,5 mill. kr. Dette gjer at bidraget til bybanen i MOK sitt budsjett går tilsvarande ned. Når avtalen om tenestepensjon er kome i drift vil budsjettet justerast for denne summen.

Takstar og rabattar

Takstar og rabattar for bybanen er dei same som gjeld for buss. Det vert vist til avsnitt om takstar og rabattar under løyvningsnivå buss.

Kostnadsdrivarar bane

Den generelle prisveksten for driftskontraktene når det gjeld bybanen vert kompensert på lik linje med det som vert gjort på løvingsnivå for buss.

Føresetnadar for inntektsutvikling bane

I budsjettet for 2021 er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke på 2,5 % (KPI), og ingen inntektseffekt som følgje av passasjervekst.

Ferje

Tal i 1000 kr

Løvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Ferje	Brutto driftsutgifter	1 171 296	1 066 669
	Driftsinntekter	-269 743	-275 800
	Netto driftsutgifter	901 553	790 869
	Netto driftsutgifter i 2021- kr	925 042	790 869

Med 24 samband langs fylkesvegane er Vestland eit av dei aller største ferjefylka i landet. Frå 2020 er det til saman 17 ferjesamband med elektriske hybridferjer som primært vil nytta elektrisitet, og som vil gje vesentlege kutt i CO₂-utslepp.

Alle dei nye ferjekontraktane i tidlegare Hordaland er bruttokontraktar der Vestland fylkeskommune har ansvaret for inntektene, og der operatør utfører drift etter gitt kontrakt. Ferjekontraktane i Sogn og Fjordane, med 7 ferjesamband, er alle nettokontraktar der operatør har inntektsansvar.

Føresetnadar for inntektsutvikling ferjer

Heile inntektsgrunnlaget for dette løvingsnivået er basert på AutoPASS-regulativet.

Det er lagt til grunn ei vidareføring av trafikknivået. Samstundes er det ein trend mot auke i elbil-trafikk, og dette vil gje ein nedgang i billettinntektene på ferje.

Kostnadsdrivarar for fylkesvegferjer

Den generelle prisveksten for driftskontraktane vert kompen

sert på lik linje med det som vert gjort på løvingsnivå for buss.

Takstar

Vestland fylkeskommune og dei fleste andre fylka som har fylkesvegferjer, har valt å følgje staten sitt regulativ (AutoPASS-regulativet for ferjetakstar). I tillegg har ein valt å nytte staten sine billetteringsløyisingar.

Før, ved bruk av riksvegeregulativet for ferjetakstar, tok ein betalt for både køyretøy og passasjerar. Slik det er no, ved bruk av AutoPASS-regulativet for ferjetakstar, tek ein berre betalt for køyretøyet, medan prisen for passasjerar er bakt inn i prisen for køyretøy.

Mobilitetseininga vil følgje Statens Vegvesen sine takstjusteringar for 2021. I budsjettsamanheng er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke i tråd med KPI.

Båt

Tal i 1000 kr

Løvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Båtruter	Brutto driftsutgifter	365 090	341 562
	Driftsinntekter	-84 710	-91 860
	Netto driftsutgifter	280 380	249 702
	Netto driftsutgifter i 2021- kr	287 685	249 702

Forutan å vere ein stor aktør på ferjesida har Vestland og mange båttruter, frå lange hurtigbåttruter til lokale ruter. I budsjettet for 2021 føreligg det ikkje planar om endringar i rutetilbodet på dette området, men fleire nye båtanbod er lyst ut i 2020 eller skal lysast ut i 2021. Nye miljøkrav i anboda skal bidra til reduksjon i utslepp frå båttransporten i fylket.

Kontrakten for bybåtsambanda, Strandkaaien–Kleppestø og Knarvik–Frekhaug–Bergen, går ut i 2023. Førebuing av nytt anbod er starta. I dette ligg å gjera avklaringar kring infrastruktur for lading og kaitilhøve for ruta til Askøy, samt vurderingar kring mogleg elektrifisering av nordhordlandsambandet.

Alle kontraktar for båt i Sogn og Fjordane, rutepakke 1, 2 og 3, går ut april 2022. Nytt anbod for rutepakke 3 Gulen/Solund er lyst ut, og det er gjort val av operatør. Konkurransesgrunnlag for rutepakke 1 og rutepakke 2 er under arbeid. Dette gjeld hurtigbåtsambanda mellom Bergen, Nordfjord og Sogn, og sambanda Florabassenget/Sognefjorden. Grunnlaget for konkurransen for rutepakke 1 er tidlegare politisk vedtak om at ny kontrakt skal stille krav om nullutsleppsteknologi

frå 1. mai 2024. Konkurransesgrunnlaget for rutepakke 2 skal innrettast for bruk av hybride batteriløysingar, og at det skal vere miljøkrav knytt til heile kontrakten. Ny kontrakt med hybriddrift vil kunne ha oppstart 1. mai 2024. Sentralt i førebuingane gjeld vurderingar av korleis rutetilbodet kan tilpassast elektrifisering for å halde meirkostnadane låge. For både rutepakke 1 og 2 vil det vere behov for mellombelse løysingar i perioden 2022–2024 for drift av sambanda, og dette kan vere kostnadsdrivande.

Føresetnadar for inntektsutvikling

Det er lagt til grunn ei vidareføring av trafikknivået for løyvingnivået båt.

Kostnadsdrivarar båt

Den generelle prisveksten for driftskontraktene når det gjeld båt vert kompensert på lik linje med det som vert gjort på løyvingnivå for buss.

Takstar

Det er lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke i samsvar med på 2,5 % (KPI) for båttrutene.

TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	Brutto driftsutgifter	256 194	324 645
	Driftsinntekter	-89 700	- 98 900
	Netto driftsutgifter	166 494	225 745
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	170 832	225 745

Felles kostnader i mobilitetseininga omfattar kostnader knytt til oppgåver som er nødvendige for å tilby kollektivtransport og mobilitet i marknaden. Dette er ulike driftsoppgåver som; kundesentertjenester, kommunikasjon og marknadsføring, billettkontrollar, drift- og vedlikehald av IT-system, infrastruktur og tekniske installasjonar, innhenting av kundeinnsikt gjennom ulike undersøkingar, digitale tenester som reiseapp og mobilbillett.

Dialogen med kundar og befolkning er svært viktig for mobilitetseininga og kollektivtrafikken sitt omdømme. Sentrale oppgåver i høve til dette er god og tilgjengeleg informasjon i forkant av og undervegs på reisa, enkle kanalar for kjøp av billetter, kampanjar knytt til særskilte tema og handsaming av klagar.

Endringar i teknologi og kundeforventningar gjer også at ein ikkje berre kan halde fram med noverande drift.

Mobilitetseininga må heile tida orientere seg både om utviklingstrender og forventningane hos kundane, slik at vi kan fornye tenestene våre.

Merkevare

I driftsbudsjettet har vi lagt til grunn at administrasjonen si tilråding av ein merkevare blir implementert over ein 12 månaders periode i 2021/2022 med ei fordeling på 70% i 2021 og 30% i 2022; høvesvis 5,4 mill. kr og 2,2 mill. kr.

Fylkestinget i desember gjorde vedtak om å utsetje omskiltinga av Kringom til etter 2021.

Billettkontroll

Grunna sterk auke i snikandelen i 2020, som følgje av manglande kontrollverksemd frå starten av pandemien, er det behov for ein meir intensiv kontroll i 2021. Det er likevel ikkje lagt inn meir budsjettmidlar til dette i 2021.

Transportordninga for funksjonshemma

TT-ordninga har omlag 15 700 brukarar . Frå 01.01.2021 er målsetjinga at det skal vere ei felles organisering av denne oppgåva i heile fylket. I løpet av hausten 2020 vert det avgjort om TT-ordninga skal organiserast i eigen regi, som i tidlegare Hordaland, eller leggjast ut til kommunane som i tidlegare Sogn og Fjordane. Organisasjonsmåten skal ikkje påverka løyvingnivået.

I tillegg til den fylkeskommunale løyvinga får fylket statlege midlar som skal gå til dei tunge brukarane (blinde/ sterkt svaksynte og rullestolbrukarar). I 2020 vart det tildelt 90,8 mill. kr i statlege midlar. Det er budsjettert med vidareføring av denne summen i 2021. I tillegg er det budsjettert med 43,9 mill. kr i fylkeskommunale midlar i 2021.

For 2021 er det lagt inn 10 mill. kr til arbeidskøyring.

Prosjekt og konsulentkostnader

Løyvingnivået dekkjer og konsulentkostnader til prosjekt. I tillegg ligg her og midlar til ymse kontingentar til interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i. Midlar vert disponert av fylkesdirektøren, og det er budsjettert med 3,2 mill. kr i 2021 til dette.

Innfartsparkering

Det er budsjettert med leige av innfartsparkeringsplassar på Os, Straume, Skogskiftet, Flesland kai og Knarvik, samt til vidare tilrettelegging av innfartsparkeringsplassar i samsvar med den vedtekte Handlingsplanen for innfartsparkering 2018–2029. Det er budsjettert med 3,2 mill. kr i 2021. Dette er ei oppfølging av budsjettvedtak frå 2020,.

Vidaregåande skuleskyss

Vidaregåande skuleelevar som har rett på fri skyss får tildelt skulereisekort. I tidlegare Hordaland får skuleelevar som har eit godt rutetilbod på ettermiddag/ kveldstid ikkje gratis skulereisekort, men det er mogleg for dei å kjøpa ungdomsskyss. For å sikre rett avgiftshandsaming vert verdien av skulereisekorta fakturert til sektoren (MOK), og inntektsført på mobilitetseininga. Det er budsjettert med 42,8 mill. kr i 2021.

Lokale transportilbod for ungdom (LTU)

LTU er ei tilskotsordning der kommunane kan søka om midlar til fleksible skyssløysingar til og frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år. Det er budsjettert med 1,0 mill. kr i 2021 til dette.

Sykkelbyavtalar

På denne budsjettposten er det og lagt inn kr 200 000 i tilskot til kvar av sykkelbyane Straume, Førde og Florø.

Tilskot til lufthamner

Ansvar for FOT- ruter og regionale lufthamner er overført til fylkeskommunane. I forslag til statsbudsjett 2021 er det lagt inn 22,7 mill. kr til VLFK som skal dekke tilskot til drift av Stord lufthamn.

Einerettar for drosje

I løpet av 2021 kan det verta aktuelt å lysa ut anbod om einerett for drosje i kommunar i Vestland. Ein vil kome attende til dette når ordninga med einerettar for drosje er nærare avklara.

Administrasjon av mobilitet og kollektiv

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	Brutto driftsutgifter	105 282	104 381
	Driftsinntekter	-850	0
	Netto driftsutgifter	104 432	104 381
	Netto driftsutgifter i 2021- kr	107 153	104 381

Budsjettet til administrasjon i mobilitetseininga omfattar i hovudsak lønskostnader til alle tilsette i mobilitetseininga. Mobilitetseininga har sju avdelingar, og det er eit pågåande arbeid i mobilitetseininga som ser på oppgåveløysing på nye måtar gjennom både digitalisering og effektivisering. Målet er å frigjere kapasitet på lengre sikt, men dette vil også krevje annan kompetanse enn det ein i dag har i mobilitetseininga.

Det er budsjettert med ein liten auke i kostnader til administrasjon i 2021.

Hovudarbeidsområda til avdelinga (MOK) er planlegging innanfor samferdselsområdet, strategi og eigarstyring, løyveforvalting og transportordninga for funksjonshemma.

Klimavurdering sektorbudsjett

Transporttenestene som mobilitetseininga leverer står for størstedelen av klimagassutsleppa frå fylkeskommunen. Samstundes er det med satsing på desse tenestene viktige bidrag til reduserte utslepp. Dette er både ved at kollektive reiser tek over for privatbil, og med overgang til fornybar energi i drifta. Bybanen som står for nesten 25 % av kollektivreisene i Vestland, vert drive med elektrisitet, og bidrar såleis ikkje til klimabelastinga. Klimagassutslepp frå utbygginga av Bybanen er ikkje rekna med.

Kostnadene under Bilruter går til drift av dei om lag 1 000 bussane i fylket. Dei seinare åra har overgang til biodrivstoff gitt monaleg reduksjon i utsleppa, samstundes som det har vore ei auke både i tilbod og passasjertal – særskilt i bergensområdet. Med nye kontraktar i Bergen nord og Bergen sentrum aukar delen fornybart drivstoff i sektoren ytterlegare frå slutten av 2020, og vi får 112 elektriske bussar i Bergen. Det er budsjettert med bruk av belønningssmidlar til å styrke busstilbodet i Bergen i 2021, men det er ikkje midlar som finansierer auka i fornybarandelen.

Båtrutene står for ein stor del av klimagassutsleppet frå fylkeskommunen, og dette området har eit relativt høgt utslepp pr. passasjer. Det er fleire pågåande prosessar som framover vil kunne redusere denne klimabelastinga; førebuingar for tilrettelegging for nullutslepp på sambandet mellom Askøy og Bergen og anbod for ekspressbåt og lokalbåt i Sogn og Fjordane. Elektrifisering av båt (batteri eller hydrogen) føresett finansiering utover dagens rammer for kollektivdrift. Byveksttalen for bergensområdet gjev øyremerkta midlar til låg- og nullutsleppsløysingar. Det er ikkje budsjettert med midlar for å styrke båttilbodet, og heller ikkje for overgang til fornybar energi i 2021.

For ferjesambanda i Hordaland er utsleppa drastisk redusert mellom 2018 og 2020 gjennom krav i dei nye kontraktane. Fleire av ferjekontraktene i Sogn og Fjordane skal fornyast i åra framover. For 2021 er det ikkje budsjettert med styrking av tilbodet på ferje, eller ytterlegare overgang til fornybar energi.

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summene til dei ulike løyvingnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere ein viktig del av fylkesrådmannen si økonomistyring. Summane for sektor og løyvingnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesrådmannen vil styre etter.

Sektorbudsjett fordelt på kostnadsgrupper

Tal i 1000 kr

Budsjett 2021	
Reise og kurs	4 557
Konsulenttenester	20 360
Administrasjonsutgifter	16 658
Ordinære driftsutgifter	4 217 401
Lønsutgifter og -refusjonar	110 546
Ordinære inntekter	-1 814 410
Netto driftskostnader	2 555 112

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Reise og kurs

Utgifter til reise og opphald ved å delta på digitale kurs, konferansar og møter.

Konsulenttenester

Vert brukt ved behov for auka kapasitet, spisskompetanse på eit fagfelt eller prosjektleiing. Innafor dette har MOK-avdeling budsjettert med 2,5 mill. kr i konsulentkostnader. Av dette er det sett av 0,5 mill. kr på budsjettposten som skal dekke prosjektering og utvikling av innfartsparkeringsplassar. Det er vidare lagt opp til å nytta inntil 2,0 mill. kr på posten prosjekt og konsulentkostnader. Desse midlane vil hovudsakleg gå til utgreiingar i samband med RTP, samt til andre påkomande konsulent-juridiske tenester.

Resterande konsulentkostnader er knytt til Skyss og gjeld i særleg grad konsulenthjelp i samband med anskaffingar. Andre område er hjelp til utvikling av fagsystem og i samband med utarbeiding av mobilitetsstrategi.

Administrasjonsutgifter:

Under post- og banktenester vert transaksjonskostnader ved kjøp av billetter frå mobil og likande budsjettert. Desse utgiftene er volumbaserte, så ved auka inntekter ved billettsal aukar også utgiftene ved kjøp.

Ordinære driftsutgifter:

Kontraktskostnader til buss, bane, båt og ferje

Lønsutgifter og -refusjonar:

Lønsutgifter inkl. sosiale kostnader, og refusjonar knytt til tilsette i heile sektoren

Ordinære inntekter:

Billettinntekter, refusjonsinntekter, statlege overføringar som belønningssmidlar knytt til ruteproduksjon

Andre utgifter og inntekter:

Her har sektoren ingen budsjettposter.

4 Ytterlegare spesifikasjon av sektorbudsjett**Bussoperatører i Vestland 2021**

Kontraktssområde	Operatør	Kontraktperiode og opsjon
Sunnhordland	Tide Buss AS	01.07.2017–28.06.2026
Hardanger og Voss	Tide Buss AS	16.08.2016–22.06.2025
Modalen og Vaksdal	Modalen-Eksingedalen Billag AS	16.08.2016–22.06.2025
Nordhordland	Vy Buss AS	16.08.2018–15.08.2027
Bergen sør	Tide Buss AS	16.08.2019–25.06.2028+1+1
Bergen nord	Tide Buss AS	01.10.2020–30.06.2030+2
Bergen sentrum	Keolis AS	01.12.2020–30.06.2030+2
Vest	Tide Buss AS	25.06.2019–25.06.2028+1+1
Nordfjord	Firda Billag Buss	23.06.2014–19.06.2022+2
Sunnfjord	Firda Billag Buss	20.06.2016–23.06.2024+2
Sogn	Tide Buss AS	19.06.2017–22.06.2025+2

Ferjeoperatører i Vestland 2021, etter region og samband

Kostnadsstad	Operatør	Kontraktform	Kontraktperiode
Nordhordland Fedje–Sævrøy Leirvåg–Sløvåg	Fjord 1	Brutto	01.01.2020–31.12.2029
Masfjordnes – Duesund	Wergeland	Brutto	01.01.2019–31.12.2028
Sunnhordland Skjersholmane–Ranavik Jektevik–Hodnanes–Nordhuglo Langevåg–Buavåg	Fjord1	Brutto	01.01.2020–31.12.2029
Skånevik–Matre–Utåker	Boreal	Brutto	01.01.2020–31.12.2028
Fjelberg–Sydnes–Utbjoa	Norled	Brutto	01.01.2020–31.12.2029
Midthordland / Austevoll Krokeide–Hufthamar Husavik–Sandvikvåg Halhjem–Våge Hatvik–Venjaneset	Fjord1	Brutto	01.01.2018–31.12.2029 01.01.2020–31.12.2029

Tabellen held fram på neste side.

Kostnadsstad	Operatør	Kontraksform	Kontraksperiode
Hardanger Kvannadal – Utne Kinsarvik – Utne	Boreal	Brutto	01.01.2020–31.12.2028
Tørvikbygd – Jondal Gjermundshamn – Årsnes – Varaldsøy	Fjord1	Brutto	01.01.2020–31.12.2029
Klokkekarvik – Hjellevad	Norled	Brutto	01.01.2020–31.12.2028
Stårheim – Isane Måløy – Oldeide Askvoll – Gjervik – Fure – Værlendet Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella	Fjord1	Netto	01.01.2017–31.12.2025+1+1 01.01.2017–31.12.2025+1+1 01.01.2016–31.12.2025+1+1 01.01.2018–31.12.2025+1+1
Hisarøy – Mjånes ¹	Wergeland	Netto	01.09.2013–30.04.2023+5
Barmen – Barmsund ²	Vidar Hop Skyssbåtar	Netto	01.06.2019–31.05.2029+2
Daløy – Haldorsneset	Gulen Skyss	Netto	01.01.2020–31.12.2023+5

1) Gulen kommune er med å betale for dette rutetilbudet

2) I 2019 tok fylkeskommunen over det tidlegare kommunale ferjesambandet Barmen–Barmsund.

Operatører av båtruter i Vestland 2021

Kostnadsstad	Operatør	Kontraksform	Kontraksperiode
Sunnhordland og Austevoll Sunnhordland – Austevoll – Bergen Lokalbåt Austevoll	Norled AS	Brutto	01.01.2014–31.12.2023+2+2
Espevær og Hernar Espevær – Eidesvik Hellesøy – Lyngøy – Hernar	Gulen Skyss AS	Netto	01.01.2014–31.12.2023+2+2
Kvinnherad – Bergen og Reksteren – Våge – Os Rosendal–Bergen og Reksteren– Våge–Os	L. Rødne & Sønner AS	Netto	01.01.2014–31.12.2023 +2 +2
Turistrute Hardanger	Norled AS	Netto	01.05.2020–31.10.2024 + 1 + 1
Bybåtsambanda Kleppstø – Strandkaien Knarvik – Frekhaug – Bergen	Norled AS	Brutto	01.01.2018–31.12.2021 + 1 01.01.2019–31.12.2021 + 1
Ekspressbåt Bergen – Sogn/Nordfjord	Norled AS	Netto	01.05.2012–30.04.2022
Lokalbåt Gulen, Solund og Askvoll	Fjord1 AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022
Lokalbåt Høyanger, Vik og Lærdal	Fjord1 AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022
Lokalbåt Flora, Bremanger og Vågsøy	Fjord1 AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022
Godsbåt Bergen – Gulen, Solund og Askvoll	Kyst1 AS	Netto	01.05.2012–30.04.2022

Føresetnader

Kostnader**Indeksar**

Kostnadsindeksar lagt til grunn. %-prognosesatsar som er angitt nedanfor er basert på estimert indeksendring frå gjennomsnitt i 2020 til gjennomsnitt i 2021.

Indeks/Vare	endring fra føregående år	
	2020	2021
KPI-JAE	2,3 %	1,9 %
KPI	1,3 %	1,9 %
Lønn generelt (avtalt)	3,7 %	1,8 %
Lønn i samferdsel (avtalt)	4,4 %	2,0 %
Styringsrente	-63,8 %	-100,0 %
Valuta NOKUSD	6,5 %	-4,0 %
Olje i USD	-28,1 %	18,9 %
Olje i NOK	-23,7 %	14,7 %
MGO eks avgifter	-27,9 %	na
3mnd NIBOR	-55,7 %	-42,0 %
Bankens utlånsmargin	8,4 %	-4,3 %
3mnd Nibor + margin	-18,7 %	-13,0 %
Autodiesel pumpepris	-6,8 %	4,2 %

Indeks	Påverknad
KPI	Påverkar alle kontraktar
Drivstoff autodiesel	Påverkar dei fleste busskontraktane
Drivstoff marine gassolje	Påverkar maritime kontraktar
Drivstoff biodiesel	Påverkar busskontraktane Bergen sør/nord/sentrum og Vest
Drivstoff biogass	Påverkar busskontrakt Bergen nord
Drivstoff el-kraft	Påverkar busskontrakten Bergen sentrum og Bybanen
Vedlikehald	Påverkar alle kontraktar
Løn samferdsel	Påverkar dei fleste busskontraktane
Lønn 50% buss, 50% privat	Påverkar busskontraktane Bergen nord/sentrum

Tabellen held fram på neste side.

Indeks	Påverknad
3 månad nominell NIBOR	Påverkar alle kontraktar
Bankens rentemargin	Påverkar alle kontraktar
Kostnadsindeks ferje/båt	Påverkar maritime kontraktar
Inntektsindeksar ferje	Påverkar alle nettokontraktar

Kontraktskostnader

Kontraktskostnadane for 2021 vert påverka av inntil tre ulike faktorar:

endringsordre frå oppdragsgjevar, indeksregulering og eventuelt endra årsverdi frå kontraktsfesta prisskjema for det aktuelle året. På grunn av at anbudskontraktane stadig vert vidareutvikla, slår indeksane ulikt ut i dei like kontraktane.

Indeksregulering

Lågare rente- og drivstoffprisar medfører reduserte rente- og drivstoffkostnader i kontrakten.

Drivstoff- og rentekostnader utgjør omlag 18% av totale kontraktskostnader for bussdrift. Tilsvarende andel for maritime kontraktar (båt og ferje) ligg på omlag 25%.

Restende andel 82% for bussdrift (75% for båt og ferje) er kapitalslit, lønn, vedlikehald og administrasjon. Kapitalslit eller avskrivningar ligg fast i kontraktsperioden, medan kostnader for løn, vedlikehald og administrasjon vil auke i takt med lønsvekst og KPI. Samla effekt for indeksregulering av alle transportkontraktane er ein forholdsvis låg vekst i kontraktskostnader samanlikna med tidlegare år.

Inntekter

Sonebaserte takstar i tidlegare Hordaland, Skyss (1 sone)

Billett Buss/bane	Takst 2020	Takst 2021
Enkeltbillett vaksen	39	39
Enkeltbillett barn/honnør	20	20
Enkeltbillett kjøpt om bord, vaksen	60	60
Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør	30	30
Enkeltbillett Militær	39	39
24-timabillett vaksen	100	105
24-timabillett barn	50	50
24-timabillett honnør	50	50
Periodebillett 7 dg vaksen	250	255
Periodebillett 7 dg barn	125	130
Periodebillett 7 dg honnør	125	130
Periodebillett 7 dg student	150	155

Tabellen held fram på neste side.

Periodebillett 30 dg voksen	800	820
Periodebillett 30 dg barn	400	410
Periodebillett 30 dg honnør	400	410
Periodebillett 30 dg student	480	490
Ungdomsbillett 30 dg	400	410
Periodebillett 180 dg voksen	4000	4100
Periodebillett 180 dg barn	2000	2050
Periodebillett 180 dg honnør	2000	2050
Periodebillett 180 dg student	2400	2460

Under er ein tabell som syner kva periodekort og ungdomskort vil koste i bergensområdet når desse billettypene vert redusert neste år med den samla summen frå byvekstavtalen på 50 mill. kr. Takstane er fyrst justert opp med 2,5 % (KPI), før dei igjen er redusert.

Billett Buss/Bane	Takst 2020	Takst 2021
Periodebillett 7dg voksen	250	230
Periodebillett 7dg barn	125	115
Periodebillett 7dg honnør	125	115
Periodebillett 7dg student	150	140
Periodebillett 30dg voksen	800	735
Periodebillett 30dg barn	400	370
Periodebillett 30dg honnør	400	370
Periodebillett 30dg student	480	440
Ungdomsbillett 30dg	400	370
Periodebillett 180dg voksen	4000	3675
Periodebillett 180dg barn	2000	1840
Periodebillett 180dg honnør	2000	1840
Periodebillett 180dg student	2400	2205

Berekning er foreløpig og basert på passasjertala i en normalsituasjon (2019).

same dato, medan ferjetakstane følgjer autopassregulativet som vanlegvis vert oppdatert ved årsskiftet.

Takstauke, inkludert bruk av midlar frå byvekstavtalen, er planlagt sett i vert frå 15. januar 2021. Takstauke for båt har

Kilometerbaserte takstar, Kringom (0-3km)

Billett buss	Takst 2020	Takst 2021
Enkeltbillett vaksen	33	34
Enkeltbillett barn/honnør	17	17
Enkeltbillett kjøpt om bord, vaksen	33	34
Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør	17	17
Enkeltbillett militær	33	34
Periodebillett 30 dg vaksen	640	650
Periodebillett 30 dg barn	320	330
Periodebillett 30 dg student	380	390
Ungdomsbillett 30 dg	375	370
Bybuss Førde/Florø vaksen	20	20
Bybuss Førde/Florø barn	10	10
Flybuss Førde/Sogndal vaksen	85	90
Flybuss Førde/Sogndal barn	45	45

Billettprisane i Sogn og Fjordane er kilometerbaserte, med 3-kilometersintervall inntil 102 km, og 6-kilometersintervall for lengre reiser. I tabellen er det presentert prisar for kilometerintervall.

Takstane i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane har fått den same prisauken.

Takstharmonisering

Skyss har starta den administrative prosessen med å utarbeide ny takst- og sonestruktur for buss for tidlegare Sogn og Fjordane. Takstane er kilometerbaserte i dag, men

kan verte lik tidlegare Hordaland sin sonestruktur i framtida. Prosjektet er planlagt slutført i løpet av 2021.

Korkje verknaden på inntektene ved ei omlegging, eller kostnaden ved prosjektet som skal stå for gjennomføringa av harmoniseringa er estimert enno.

I innstilling frå fylkesutvalet vert det føresett ei felles løysing for heile fylket når det gjeld ungdomskort og kompensasjon for bruk av kommersielle ruter. Dette skal finansierast innanfor budsjetttramma til mobilitet og kollektiv.

Utfyllande om inntektstypar

I 2020 har Koronapandemien gjort at kollektivsektoren har hatt eit vesentleg inntektsbortfall av billettinntekter frå det tidspunktet då dei nasjonale tiltaka for nedstenging av samfunnet vart innført. Kollektivsektoren har i tidlegare år budsjettert med 3,5% inntektsauke som følgje av passasjervekst. Det vil ikkje vere realistisk å nå denne målsetjinga i 2021, så lenge den pågåande koronasituasjon vil kunne endre reisevanar. Det vil ta tid å byggja opp igjen marknaden, og igjen kunne ta høgde for passasjervekst i same skala som ein har hatt dei siste åra.

Det vert difor ikkje lagt inn føresetnad om inntektsauke som følgje av passasjervekst for budsjettåret 2021.

Billettinntekter og belønningssmidlar utgjer ein svært viktig del av finansieringsgrunnlaget for kollektivtrafikken.

I budsjettet for 2021 er den samla inntekta til kollektivtrafikk fordelt slik:

Budsjetterte inntekter for 2021 etter type

Inntekter	Mobilitetseininga Vestland
Billettinntekter buss	677,3 mill. kr
Billettinntekter bane	168 mill. kr
Billettinntekter ferje	272,8 mill. kr
Billettinntekter båt	70,6 mill. kr
Skuleskyss	180,5 mill. kr
Belønningssmidlar	245 mill. kr
Bompengeforlik	50 mill. kr
Miljøløftet	12,7 mill. kr
Andre inntekter	57,4 mill. kr
Totalt	1 734,3 mill. kr

Billettinntekter

Det er totalt budsjettert med 1 188,7 mill. kr i billettinntekter i 2021.

Skuleskyss

Det er budsjettert med 180,5 mill. kr i skuleskyssmidlar i 2021.

Belønningssmidlar

For 2021 er det lagt opp til å nytte inntil 245 mill. kr i belønningssmidlar til kollektivdrift. Tiltaket er finansiert med midlar frå Byvekstavtalen for bergensområdet 2019-2029.

Bompengeforlik

Det er sett av 50 mill. kr til reduserte billettprisar finansiert av staten sin bompengepakke (Bypakke Bergen) som er ein del av byvekstavtalen.

Miljøløftet

Miljøløftet er namnet på partnerskapet som styrer byvekstavtalen.

Prosjektet med oppgradering av Olav Kyrresgate i Bergen er eit tiltak finansiert av Miljøløftet.

Etter planen skulle dette prosjektet vore fullført i 2020, men er no forseinka til 2021. Kostnaden med trafikale omleggingar for kollektivtrafikken vert finansiert av Miljøløftet, og det er budsjettert med 12,7 mill. kroner til dekning av kostnadane ved ei forseinking av prosjektet til mai 2021.

Andre inntekter

Andre inntekter er i all hovudsak ulike refusjonsinntekter frå kommunar og tilleggskast.

Statlege løyvingar til MUST-prosjektet (Mobilitetslaboratorium for smarte transportløyvingar) utgjer 2 mill. kr.

Digitalisering og nye mobilitetstenester

Digitalisering påverkar og utfordrar mobilitetseininga på fleire måtar. Kundane våre forventar at tenestene vi leverer er saumlause og samanhengande. Data frå tenestene våre gjev oss betre innsikt i korleis dei blir brukt, behovet dei skal dekke og om vi leverer dei på ein miljøvennleg og berekraftig måte. Mogleighetsrommet som kjem med digitalisering utfordrar mobilitetseininga både som organisasjon og som mobilitetseining.

Vi jobbar aktivt med teknologi og digitalisering, og målsetninga er:

- Utvikle eit meir berekraftig og miljøvennleg mobilitetstilbod.
- Levere mobilitetstilbod som er sikkert, av høg kvalitet og regularitet
- Utvikle ei betre reise for kunden og betre kundeoppleving
- Gjev betre og breiare mobilitetstenester til same kostnad
- Sikrar inntektene våre

Nøkkelen til suksess innan digitalisering er ein kombinasjon av kompetanse, økonomi og løysingar. Mobilitetseininga er avhengig av operasjonelt, taktisk og strategisk samarbeid med kommersielle leverandørar av løysingane vi har i dag, andre mobilitetseiningar og statlege initiativ som Entur. Samstundes må ein over tid byggje eigen kompetanse i høve til korleis vi nyttar mogleighetene som kjem med teknologi.

Eit godt døme på dette området er at ein i 2021 har fokus på inntektssikring gjennom nye måtar å selje billetter; jf. prosjektet «nye salskanalar». Vi fasar ut dagens billettmaskiner med ein ny sjåfør-app og ein eigen nettbutikk for kundane. Dette gjev meir handlingsrom og fleksibilitet. Arbeidet skjer i tett samarbeid med vår leverandør WTW, og er basert på relevante nasjonale fellestenester frå Entur.

Målsettinga er å vera i stand til å levere integrerte mobilitetstenester og produkt, såkalla kombinert mobilitet, der det tradisjonelle kapasitetssterke tilbodet (bussen) enkelt kan kombineraast saumlaust med tenester som til dømes bildeling, sykkeldeling, drosjar og betalingsløyningar. Moglege nye produkttypar kan og erstatte dagens billetter, til dømes abonnement på mobilitet der ein betalar etter bruk.

5 Bindande føresetnadar

1. Takstauke på 2,5 % (KPI) for bussruter og bane.
2. Takstauke på 2,5 % (KPI) for ferjeruter.
3. Takstauke på gjennomsnittleg 2,5 % (KPI) for båtruter.
4. Fylkeskommunale kvotestorleikar i transportordninga for funksjonshemma:
 - Grunnkvote: kr 5.500
 - Kvote for blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar: grunnkvote x 1,3
 - Kvote for brukarar med elektrisk rullestol: grunnkvote x 1,7
 - Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter får eit tillegg på 0,2 x grunnkvote



Frå bygging av Blaksettunnelen fv. 5742.
Foto: Kai-Henry Hagen.

4.6 Infrastruktur og veg

1 Infrastruktur og veg – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Veg – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	1 103 500	1 184 800
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 103 500	1 184 800
FTU-midlar	Brutto driftsutgifter	16 376	16 818
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	16 376	16 818
Administrasjon av INV	Brutto driftsutgifter	26 819	25 438
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	26 819	25 438
Andre tiltak – INV	Brutto driftsutgifter	997	1 024
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	997	1 024
Totalt	Brutto driftsutgifter	1 147 692	1 228 080
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 147 692	1 228 080
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	1 176 713	1 228 080

Endring frå 2020 til 2021

Infrastruktur og veg er ein ny sektor frå og med 2020. Ein betydeleg del av sektoren består av overføringa av SAMS. Då overføringa vart gjort ved årsskiftet var ikkje summen på 181,8 mill. kr og 163 årsverk finfordelt. Som ein følgje av dette, og nokre andre moment har det vore ein del justeringar

av budsjettet; i hovudsak har dette dreid seg om tekniske justeringar for å få budsjettet for 2020 meir korrekt. I tillegg har ikkje prinsippet for fordeling av ressursar mellom driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet vore fullt ut klarlagt. Elles er budsjettet tilført pris- og lønsvekst, og i prinsippet vidareført på same nivå som 2020-budsjettet. Administrativt innsparingsprogram er også innarbeidd.

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå	Endring frå 2020 til 2021	Moment
Rammereduksjon	-12 000	
Administrasjon av INV	-1 525	Adm innsparingsprogram
Endring finansutvalet november	54 900	
Endring fylkestinget desember	10 000	
Total endring	51 375	

Administrativt innsparingsprogram

I samsvar med sak i finansutvalet 17. september vart det gjort prosessvedtak om at administrativt innsparingsprogram og innsparingane der skulle leggjast til grunn i driftsbudsjettet for 2021. For denne sektoren utgjer reduksjonen samla sett 1,525 mill. kr og ført på løyingsnivå administrasjon av INV.

Løyingsnivå administrasjon av INV

Kontingentar, møtekostnader, reiseverksemd er redusert

med 1,525 mill. kr. Summen kan seinare verta omfordelt på andre løyingsnivå i sektorbudsjettet.

Finansutvalet i november la inn midlar på til saman 54,9 mill. kr; 10 mill. kr til trafikktryggleiksmidlar, 15 mill. kr til rydding av ras/ flaum, 1 mill. kr til rasteplassar og toalett og 31,9 mill. kr til dekkelegging. Driftskontraktar vart redusert med 3 mill. kr.

Fylkestinget i desember la inn 10 mill. kr ekstra til dekkelegging av fylkesveggar.

2 Omtale av løyingsnivåa

Infrastruktur og veg har fire løyingsnivå; Veg, drift og vedlikehald, FTU-midlar, Administrasjon av infrastruktur og Andre tiltak – infrastruktur og veg.

Løyingsnivå Veg – drift og vedlikehald

Tal i 1000 kr

Løyingsnivå		Budsjett 2020 i mill. kr	Budsjett 2021 i mill. kr
Veg – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	1 103 500	1 184 800
	Driftsinntekter	-	-
Netto driftsutgifter		1 103 500	1 184 800
Totalt i 2021-kr		1 131 404	1 184 800

Drift og vedlikehald skal sikre at vegnettet er eigna til bruk for trafikantane, og at funksjonen på vegen vert oppretthalde. I tillegg skal drift og vedlikehald sikre at den fysiske infrastrukturen blir teken vare på i samsvar med dei langsiktige måla for bruken av denne.

Drift av vegnettet er oppgåver og rutinar som er naudsynte for å halde vegen open og farbar. Dette kan vera tiltak som til dømes brøyting, strøing, reinhald og drift av rasteplassar.

Vedlikehald omfattar tiltak for å oppretthalde standarden på vegen, og vedlikehald som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv. Døme på dette er dekkelegging, skifte av stikkrenner, skifte av delar i elektriske anlegg, skifte av rekkverk og grøfting.

Budsjettet til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for 2021 er spesifisert nedanfor. Summane i tabellen utgjer det som faktisk er sett av til dei ulike områda innan drift – og vedlikehald.

mill. kr

Veg – Drift og vedlikehold	Budsjett 2021
Drift	691,7
Vedlikehold	
Tunnel – ordinært vedlikehold	32,7
Bru/ ferjekai	109,9
Dekkelegging/oppmerking	158,2
Vegutstyr, miljø og andre tiltak	42,4
Administrasjon – fagseksjonane	149,9
Sum Veg – Drift og vedlikehold	1 184,8

Drift- og vedlikehaldsarbeidet på fylkesvegane vert utført av entreprenørar etter gjennomførte anbodskonkurransar.

Drift

Fylkesvegane i Vestland vert drifta gjennom 19 driftskontraktar. Av desse 19 kontraktane er 5 knytt til elektro og tunell. I tillegg føreligg det nokon avtalar med kommunar om driftsoppgåver knytt til fylkesvegnettet. 2 driftskontraktar vert avslutta hausten 2021, og desse vert erstatta med 2 nye. Andre utgifter er mellom anna straum til veglys og linjeleige på nødkommunikasjonsutstyr.

Det er sett av 691,7 mill. kr til drift i budsjettet for 2021. Beløpet dekkjer fylkeskommunen sine forplikningar i høve til inngåtte kontraktar med entreprenørar. Innafor driftskontraktane er det høve til å utføre visse tilleggstenester, men det aller meste av løyvinga går med til å dekke kontraktsfesta beløp.

Vedlikehold

Det er eit stort vedlikehaldsbehov på vegnettet til Vestland fylkeskommune, og det krevst store løyvingar til dette området for å ta att vedlikehaldsetterslepet.

Budsjettet til vedlikehald er delt inn i 4 kategoriar; desse er omtala under. Utover dette er det ei løyving til administrasjon. Omprioriteringar innafor ramma har ført til at dekkelegging og oppmerking er blitt auka noko i høve til 2020-budsjettet, men nivået er framleis ikkje slik ein skulle ønske. Som ein konsekvens av omprioriteringa vert det mindre til dei 3 andre kategoriane. I alle kategoriane er det dei mest naudsynte tiltaka som vert prioritert.

Tunnel – ordinært vedlikehold

Det vert sett av 32,7 mill. kr til vedlikehaldstiltak i tunnel. Utover denne summen på driftsbudsjettet er det også sett av midlar på investeringsbudsjettet. Desse er knytt til oppgradering av tunnelar som følgje av krav i tunnelsikkerhetsforskrifta.

Bru/ferjekai

Det vert sett av 109,9 mill. kr til vedlikehaldstiltak på bruer og ferjekaier. Det er utfordringar knytt til bruvedlikehald, og dette vil vere krevjande å løyse innanfor gjeldande budsjettrammer. Forfallet knytt til bruer og kaier er på fleire mrd. kr.

Dekkelegging/oppmerking

Det vert sett av 158,2 mill. kr til dekkelegging og oppmerking.

Vegutstyr, miljø og andre tiltak

Det vert sett av 42,4 mill. kr til ulike tiltak innan vedlikehald; rekkverk, grøfter, murar, skilt og servicebygg.

Administrasjon – fagseksjonane

Det er sett av 149,9 mill. kr til fagseksjonane i avdeling for infrastruktur og veg. Hovuddelen av denne løyvinga går til løn- og personalkostnader. Utover det skal den dekke bilutgifter, IKT, lisenskostnader, konsulentutgifter og reiseutgifter. Løyvinga vert sett i samanheng med løyvningsnivå 62 administrasjon av Infrastruktur og veg på 25,4 mill. kr.

Løyvingsnivå FTU-midlar

Løyvingsnivå		Budsjett 2020 i mill. kr	Budsjett 2021 i mill. kr
FTU-midlar	Brutto driftsutgifter	16 376	16 818
	Driftsinntekter		0
	Netto driftsutgifter	16 376	16 818
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	16 790	16 818

Løyvingsnivået har eit budsjett på 16 818 mill. kr. Løyvinga er det Trafikktryggingsutvalet (FTU) som disponerer. Midlane vert mellom anna nytta innafor 3 ulike tilskotsordningar:

- Fysiske trafikktryggingstiltak
- Utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar
- Trafikktryggingssaktivitetar

Løyvinga skal også dekkje driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtalen. I tillegg ligg det her midlar til trafikktryggingsspris for Vestland fylkeskommune. Trafikktryggingssutvalet gjer vedtak om ei fordeling av midlane.

Løyvingsnivå Administrasjon av Infrastruktur og veg

Løyvingsnivå		Budsjett 2020 i mill. kr	Budsjett 2021 i mill. kr
Administrasjon av Infrastruktur og veg	Brutto driftsutgifter	26 819	25 438
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	26 819	25 438
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	27 497	25 438

Løyvinga på 25,4 mill. kr dekkjer løns- og personalkostnader knytt til leiging og stabsfunksjonar. Løyvinga vert sett i samanheng med midlar til Administrasjon – fagseksjonane

på 149,9 mill. kr som er budsjettert under løyvingsnivå for veg – drift og vedlikehald.

Løyvingsnivå Andre tiltak – infrastruktur og veg

Løyvingsnivå		Budsjett 2020 i mill. kr	Budsjett 2021 i mill. kr
Andre tiltak – infrastruktur og veg	Brutto driftsutgifter	997	1 024
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	997	1 024
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	1 022	1 024

Løyvinga på om lag 1 mill. kr dekkjer mellom anna tilskott til drift av Tindevegen mellom Årdal og Luster (0,6 mill. kr). I tillegg er det sett av midlar til nokre mindre tiltak.

Klimavurdering sektorbudsjett

Det er stort fokus på klima og miljø innan vegsektoren. Det vert samhandla med eksterne entreprenørar, og i

kontraktane med desse har ein høve til å sette krav til klima og miljø. Kvalifikasjonskrav som vert stilt er sertifisering etter ISO 14001 (2015), EMAS (EU EcoManagement and Audit Scheme for environmental management) eller miljøfyrtårn. Vidare vert det stilt krav til Euro 6 for lastebilar som vert nytta til brøyting og strøing av areal i vinterdriftklassane (DkB og DkC).

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta, og på summane til dei ulike løyvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere ein viktig del av fylkesrådmannen sin økonomistyring. Summane for sektor og løyvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesrådmannen vil styre etter.

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

Budsjett 2021

Reise og kurs	15 767
Konsulenttenester	10 250
Administrasjonsutgifter	1 234
Ordinære driftsutgifter	1 100 585
Lønsutgifter og -refusjonar	100 244
Ordinære inntekter	
Andre utgifter og inntekter	
Netto driftskostnadar	1 228 080

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Reise og kurs

Det er budsjettert med 46 000 kr pr. tilsett til dette formålet. I tillegg er det sett av midlar til ein samling for avdelinga.

Konsulenttenester

Det er budsjettert med omlag 10 mill. kr knytt til konsulenttenester. Dette er hovudsakleg basert på rekneskapstal frå inneverande år. Det er vanskeleg å budsjettere dette heilt nøyaktig. Behovet er avhengig av kva vi treng av ekstern bistand når det gjeld eventuelle rettssaker, eller dersom det oppstår usemje mellom fylkeskommunen og entreprenørar.

Administrasjonsutgifter

Det er budsjettert med 3500 kr pr. tilsett til dette føremålet.

Ordinære lønsutgifter og lønsutgifter og – refusjonar

Desse typane kostnadar er budsjettert etter behovet på dei ulike områda.

4 Bindande føresetnadar

Det vert løyvd 0,6 mill. kr i driftstilskott til Tindevegen under løyvingsnivå Andre tiltak – infrastruktur og veg.



*Dagsturhytta i Sandane, Gloppen.
Foto: Morten Wanvik.*

4.7 Kultur, idrett og inkludering

1 Kultur, idrett og inkludering – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Alle tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Arkiv	Brutto driftsutgifter	11 699	11 782
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	11 699	11 782
Bibliotek	Brutto driftsutgifter	14 897	13 957
	Driftsinntekter	-2 262	-2 262
	Netto driftsutgifter	12 635	11 695
Kulturformidling	Brutto driftsutgifter	46 468	54 549
	Driftsinntekter	-29 810	-34 089
	Netto driftsutgifter	16 658	20 461
Kulturarv	Brutto driftsutgifter	149 739	153 319
	Driftsinntekter	-48 807	-48 951
	Netto driftsutgifter	100 932	104 368
Idrett og friluftsliv	Brutto driftsutgifter	255 228	236 463
	Driftsinntekter	-222 204	-200 293
	Netto driftsutgifter	33 024	36 170
Inkludering, strategi og analyse	Brutto driftsutgifter	20 386	21 484
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	20 386	21 484
Kunst og kulturutvikling	Brutto driftsutgifter	115 918	114 172
	Driftsinntekter	-6 405	-5 953
	Netto driftsutgifter	109 513	108 219
Administrasjon av kultur, idrett og inkludering	Brutto driftsutgifter	7 753	8 170
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	7 753	8 170
Sum	Brutto driftsutgifter	622 088	613 896
	Driftsinntekter	-309 488	-291 548
	Netto driftsutgifter	312 600	322 348
	Netto driftsutgifter 2021 kr	319 185	322 348

Endringar frå 2020 til 2021

Arkiv	-163
Bibliotekutvikling	-1 206
Idrett og friluftsliv	2 450
Inkluderig, strategi og analyse	669
Kulturarv	1 310
Kulturformidling	3 451
Kunst og kulturutvikling	-3 601
Administrasjon av kultur, idrett og inkludering	254
Sum	3 163

Arkiv gjeld vakant stilling (-0,2 mill kr)

Bibliotekutvikling er justert for reduserte stillingar (0,8 mill kr), endring frå finansutval 19 november (0,2 mill. kr) og tekniske justeringar (0,6 mill kr)

Idrett og friluftsliv er justert for redusert tilskot (-0,05 mill kr) og endring frå finansutval 19 november (2,5 mill. kr)

Inkludering, strategi og analyse gjeld reduserte tilskot (-0,4 mill. kr), endring frå finansutval 19 november (0,35 mill. kr) og tekniske justeringar (+0,7 mill. kr)

Kulturarv er auke med 3 stillingar for nye oppgåver frå staten (2,1 mill. kr), endring frå finansutval 19 november (0,9 mill. kr) og redusert med tilskot (-1,7 mill. kr)

Kulturformidling inneheld tekniske flyttingar(+3,9 mill. kr) og reduserte tilskot (-0,4 mill. kr)

Kunst og kulturutvikling har mange teknsike justeringer (-5,6 mill. kr), endring frå finansutval 19 november (0,6 mill. kr) og

det er lagt inn regional bransjeutvikling (+1,5 mill. kr). Det er også reduserte tilskot (-0,1 mill kr).

Administrasjon av kultur og idrett er justert med tekniske justeringar og administrativt innsparingsprogram (-0,4 mill kr)

Følgjande er endra i finansutvalsmøtet 19. november

U23 EM	2 000 000
Museumsløft 2021	600 000
Stipend (kunst)	100 000
Kulturelt utviklingsprogram	300 000
Det Akademiske Kvarter	100 000
Tilskot b/u-organisasjoner	100 000
Inkludering og mangfald -prosjektstøtte	200 000
Stiftelsen Robin Hood-huset	100 000
Ettertankens dag	50 000
Pilegrimssenter (Selja og Bergen)	300 000
Modellbibliotek	200 000
Idrettscampus Bergen	500 000
Sum	4 550 000

Fylkestinget i desember gjorde vedtak om at tilskot til FRI skulle aukast i budsjettet med 0,1 mill. kr. Med det vert tilskotet i 2021 på nivå med summen i 2020. Dette skal finansierast innanfor sektorramma.

2 Omtale av dei ulike løyvingnivåa

Løyvingnivå: Arkiv

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Arkiv	Brutto driftsutgifter	11 699	11 782
	Driftsinntekter	-	-
Netto driftsutgifter		11 699	11 782
Netto driftsutgifter 2021 kr		11 945	11 782

Oppgåver og tenesteproduksjon

Oppgåvene i 2021 vil i stor grad bestå i kartlegging, nettverksbygging, innføring av nye databaseløysingar for lagring og formidling og sikre gode oppbevaringstilhøve for samfunnsdokumentasjonen til regionen Vestland.

Seksjon for Arkiv vil styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og andre lokale aktørar. Det vil også i 2021 vere ei viktig oppgåve å marknadsføre oss sjølv og våre tenester til beste for innbygarane i Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune deltek i Kommunalt oppgåvefelleskap om kommunearkivordning, eit samarbeid etter kommunelova. Dette er eit samarbeid mellom 19 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune. Føremålet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner.

VLFK ved avdeling kultur, idrett og inkludering har arbeidsgjeveransvaret for dei tilsette i ordninga.

Løyvingsnivå: Bibliotekutvikling

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bibliotekutvikling	Brutto driftsutgifter	14 897	13 957
	Driftsinntekter	-2 262	-2 323
	Netto driftsutgifter	12 635	11 695
	Netto driftsutgifter 2021 kr	12 901	11 695

Oppgåver og tenesteproduksjon

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, medrekna å gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. I tillegg er Seksjon bibliotekutvikling i Vestland

fylkeskommune rådgjevar for biblioteka i vidaregåande opplæring. Seksjonen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023 og gjeldande regionale kulturplanar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Løyvingsnivå: Kulturformidling

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Kulturformidling	Brutto driftsutgifter	46 468	54 549
	Driftsinntekter	-29 810	-34 089
	Netto driftsutgifter	16 658	20 461
	Netto driftsutgifter 2021 kr	17 009	20 461

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjon for kulturformidling har ansvar for å utvikle og formidle kunst- og kulturtilbod til ulike målgrupper i samsvar med nasjonale føringar og vedtekne regionale planar

for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Seksjonen har verkemiddel knytte m.a. til Den kulturelle skulesekken, Ung Kultur Møtast fylkesmusikarordninga, Den kulturelle spaserstokken og fagområdet kultur og helse.

Gjennom Den kulturelle skulesekken skal fylkeskommunen medverke til at elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring får eit profesjonelt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod. I Vestland fylkeskommune vil elevar i om lag

300 grunnskular og rundt 60 vidaregåande skular få tilbod gjennom ordninga. Om lag 1 000 programtilbod er melde inn til vurdering for skuleåret 2020–2021.

Løyvingsnivå: Kulturarv

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Kulturarv	Brutto driftsutgifter	149 739	153 319
	Driftsinntekter	-48 807	-50 125
Netto driftsutgifter		100 932	104 368
Netto driftsutgifter 2021 kr		103 058	104 368

Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og seksjonen kulturarv skal ta i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet.

Fylkeskommunen har hovudansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland som sterke kunnskapssentera og organisasjonar, og profilerte samfunnsaktørar. Oppgåver elles er m.a. kulturminne

i arealplansaker i fylket, forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og einskilde i saker om riving, vedlikehald eller ombygging av verneverdige bygningar.

Dei ti konsoliderte musea i Vestland forvaltar store verdiar på vegner av fellesskapet og har utfordringar knytt til investering og drift. Både stat, vertskommunar og kommunar mottek tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrke institusjonane.

Løyvingsnivå: Idrett og friluftsliv

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Idrett og friluftsliv	Brutto driftsutgifter	255 228	236 463
	Driftsinntekter	-222 204	-200 293
Netto driftsutgifter		33 024	36 170
Netto driftsutgifter 2021 kr		33 720	36 170

Oppgåver og tenesteproduksjon

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional plan for kultur 2019–2027 for Sogn og Fjordane, Regional kulturplan 2015–2025 for Hordaland og Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024.

Friluftslova definerer fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftslivinteresser. I samband med regionreforma får Vestland fylkeskommune overført nye statlege oppgåver knytt til statleg sikra friluftsområde og skjergardstenesta.

Fylkeskommunane fordeler spelemidlane for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Spelemiddelordninga er eit vesentleg verkemiddel i samfunnsutviklinga og for å skape ein «fysisk aktiv kvar dag». I 2020 vart det fordelt vel

191 mill. kr i spelemidlar til ordinære og nærmiljøanlegg til saman i dei to fylka., Det vert budsjettert med tilsvarande sum i 2021.

Løyvingsnivå: Inkludering, strategi og analyse

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inkludering, strategi og analyse	Brutto driftsutgifter	20 386	21 484
	Driftsinntekter	-	-
Netto driftsutgifter		20 386	21 484
Netto driftsutgifter 2021 kr		20 815	21 484

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjon for Inkludering, strategi og analyse har eit særleg ansvar for oppfølging av fylkeskommunens mål, ansvar og oppgåver innan inkludering og integrering. Dette inneber mellom anna koordinering, utforming og oppfølging av planar og verkemidlar som tilskotsordningar som grunnlag for politikk på feltet. Medan inkludering handlar breitt om å bygge ned

tersklar for deltaking, er integrering avgrensa til innvandring. Fylkeskommunen har fått nye oppgåver frå staten innan integrering, knytt til mellom anna busetnad, rettleiing av kommunar i deira kvalifiseringsarbeid, forvaltning av tilskotsordningar og arbeid med kulturforståing. Oppgåvene femner om fleire fagfelt, særleg opplæring, næring og kultur. Seksjonen skal gjennom samhandling og koordinering internt, bidra til heilskap og oversikt som grunnlag for god tenesteutøving.

Løyvingsnivå: Kunst og kulturutvikling

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Kunst og kulturutvikling	Brutto driftsutgifter	115 918	114 172
	Driftsinntekter	-6 405	-5 953
Netto driftsutgifter		109 513	108 219
Netto driftsutgifter i 2021 kr		111 820	108 219

Seksjonen skal ivareta oppgåver innan kunst- og kulturutvikling heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver, og understøtte Vestland fylkeskommune sin regionale politikk for utvikling av eit sterkt, mangfaldig og ambisiøst kunst- og

kulturliv i heile fylket, både innan frivillig sektor og profesjonell kunst. Seksjonen forvaltar økonomiske tilskot, m.a. faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, investerings-tilskot og prosjektbasert støtte til arrangement, produksjon

og infrastruktur. Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfald og kulturell utvikling i fylket.

Seksjonen arbeidar med utviklingsorientert tilrettelegging av fylkeskommunale verkemiddel på kunst- og kulturområdet, og grunnlaget for utviklinga av kunst- og kulturpolitikken

i fylket. I tillegg til bruk av økonomiske verkemiddel som driftsstønning, prosjekttilskot og utviklingsmidlar, arbeider seksjonen med strategi, kompetanse, koordinering og mobilisering på kunst- og kulturområdet, retta mot institusjonar, det frie feltet og frivillig sektor.

Løyvingsnivå: Administrasjon av kultur, idrett og inkludering

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon av kultur, idrett og inkludering	Brutto driftsutgifter	7 753	8 170
	Driftsinntekter	-	-
Netto driftsutgifter		7 753	8 170
Netto driftsutgifter 2021 kr		7 753	8 170

Oppgåver og tenesteproduksjon

Staben arbeider med funksjonar som gir retning for organisasjonen sitt arbeid med fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt fagområde.

Støttefunksjonane har som eit av hovudmåla å avlaste og forenkle drifta i linja. Døme på slike oppgåver er felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Summen på 2,6 mill. kr til fordeling for hovudutval for kultur, idrett og integrering, jfr. vedtak i finansutvalet 29.oktober 2020 er budsjettert på dette løyvingsnivået.

Klimavurdering kultur, idrett og inkludering

Med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål, vil avdelinga arbeide med å identifisere aktivitetar som fører til negative klimaeffektar og setje konkrete mål og tiltak for om mogleg å redusere desse. På avdelinga vil klimagassutsleppa gjelde dei aktivitetane som krev vesentleg transport og i nokon grad tilskot der ein kan setje miljøkrav.

Seksjon for kunstformidling har ei utstrekkt turneverksemde gjennom Den kulturelle skolesekken, og på seksjon for Kulturarv treng feltarkeologane transport til og frå felt. Indirekte

kan seksjon for Idrett og friluftsliv påverke klimagassutslepp knytt til tilskot til idrettsanlegg. Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid.

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summene til dei ulike løyvingsnivåa. Sektorbudsjettet er i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere ein viktig del av fylkesrådmannen sin økonomistyring. Summane for løyvingsnivå vert endeleg vedtekne av fylkestinget, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesrådmannen kan styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa.

Reise og kurs	2 258
Konsulenttenester	488
Administrasjonsutgifter	2 180
Ordinære driftsutgifter	6 197
Lønsutgifter og -refusjonar	84 684
Ordinære inntekter	-292 282
Andre utgifter og inntekter	518 823
Netto driftsutgifter	322 348

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Postane i tabellen over gjeld heile avdeling for kultur, idrett og inkludering.

Berekningane byggjer på tal frå 2019, og det har vore ei utfordring å finne samanliknbare tal.

Reise og kurs:

Reise har vore, og er ein viktig del av fylkeskommunen sin måte å arbeide på. Det har alltid vore prioritert å møte kommunar, private lag og organisasjonar. Med eit stor geografisk spreidd fylke, er desse midlane viktige.

Konsulenttenester:

Avdelinga nyttar sjeldan konsulenttenester, men t.d. seksjon for Arkiv har til tider behov for IKT-tenester i samband med digitaliseringprosjekt og drift av nødvendige fagsystem, og seksjon for Bibliotekutvikling har til tider behov for kurshaldarar i samband med kursarrangement rundt i kommunar og bibliotek.

Administrasjonsutgifter:

Administrasjonsutgifter er utgifter som i stor grad vert kategorisert som laupande fellesutgifter og ikkje utgifter direkte knytt til den tenesta eininga skal leverer. Dette gjeld t.d. arbeidsbord, kontorstolar, bøker, faglitteratur og abonnement, telefoni, annonsar og kontingentar.

4 Endring frå a-dok 4 – tekniske justeringar

Endringar – tekniske justeringar løyvingnivå:	Endring mill. kr	Tiltak	Konsekvens
Kunst og kulturutvikling	-3,94	Overført tilskotsordning distriktsmusikkarane	Ingen
Kulturformidling	3,94	Mottatt tilskotsordning distriktsmusikkarane	Ingen
Kunst og kulturutvikling	-0,71	Overført tilskotsordning Det felles invanderråd	Ingen
Inkludering, strategi og analyse	0,71	Motatt tilskotsordning Det felles invanderråd	Ingen

5 Endring frå a-dok 4 – salderingstiltak

Sjå tabell under pkt.1.

6 Spesifikasjon av kvart løyvingnivå – delspesifikasjon

Løyvingnivå: Arkiv

Arkiv	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Adm. arkiv	11 371	11 487
Digital formidling	290	295
Tilskot historielag	38	0
Netto driftsutgifter	11 783	11 782
Sum driftsinntekter	-	-
Netto driftsutgifter	11 783	11 782

Opgåver og tenesteproduksjon

Seksjon Arkiv har ansvar for at arkiva i Vestland vert tekne vare på og formidla som ein del av den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen. Dette omfattar private- og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjeldemateriale. I tillegg kjem munnlege og skriftlege tekstar.

Opgåvene i 2021 vil i stor grad bestå i kartlegging, nettverksbygging, innføring av nye databaseløysingar for lagring og formidling og sikre gode oppbevaringstilhøve for samfunnsdokumentasjonen til regionen Vestland.

Seksjon for Arkiv vil styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og andre lokale aktørar. Det vil også i 2021 vere ei viktig oppgåve å marknadsføre oss sjølv og våre tenester til beste for innbyggjarane i Vestland fylkeskommune.

Kort omtale av delspesifikasjonane

Adm. arkiv

Skal dekke lønsutgifter til dei dei tilsette, reiseutgifter, diverse rekvisita og kostnader til husleige.

Digital formidling

Skal dekke lisens- og utviklingsmidlar til databaseløysingane.

Tilskott historielag

Det er foreslått å ta bort dette tilskottet som del av kutta i budsjetttrammene for avdelinga.

Løyvingsnivå: Bibliotekutvikling

Bibliotekutvikling	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Adm. bibliotekutvikling	9 924	8 784
Bibliotekprosjekt	1 150	1 350
Tenester til bibliotek	3 822	3 823
Sum brutto driftsutgifter	14 896	13 957
Sum brutto driftsinntekter	-2 262	-2 262
Netto driftsutgifter	12 635	11 695

Oppgåver og tenesteproduksjon

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, medrekna å gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. I tillegg til dette er Seksjon bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune rådgjevar for biblioteka i vidaregåande opplæring. Seksjonen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023 og gjeldande regionale kulturplanar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Kort omtale av delspesifikasjonane

Adm. bibliotekutvikling

Administrasjonskostnadene er noko redusert. Dette skuldast overføring av ei merkantil stilling frå bibliotekutvikling til stab og 0,5 stilling redusert ved naturleg avgang.

Bibliotekprosjekt

Fylkestinget vedtok i juni 2020 (PS 50/2020) at det for å utvikle mobile bibliotektenester i heile fylket, vert etablert ei tilskottsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Ordninga skal både kunna gje tilskott til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungere som mobile kulturhus/møteplassar. Fylkestinget vil prioritere tiltak med

utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskottsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskott til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

I budsjettet er det sett av midlar til tre tilskottsordningar:

1. Fornyng av biblioteklokale kr 40 000.
2. Interkommunale og kommunale prosjekt kr 250 000
3. Tilskott til mobile kulturhus/møteplassar kr 500 000

Kriteria for ordningane og tildelingar vil bli handsama i Hovudutval for Kultur, idrett og integrering.

Tenester til bibliotek

Fylkeskommunen utjamnar skilnader mellom dei kommunale folkebiblioteka m.a. ved å organisere og delfinansiere ei transportordning mellom biblioteka i fylket og eit konsortium for innkjøp og utlån av e-bøker og andre elektroniske ressursar. Det er vedtatt eit mål om at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar (PS 45/2020). For 2021 er det budsjettert med kr 850 000 til innkjøp av e-bøker mm. Fylkeskommunen bidrar med 27 % av kostnadene.

Andre bibliotektenester til kommunane er utvikling av biblioteknettstader, utlån av klassesett og ulike tiltak for å stimulere lesing blant barn og unge.

Løyingsnivå: Kulturformidling

Kulturformidling	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Adm. kulturformidling	10 938	11 630
Den kult. Spaserstokken	3 980	3 980
Distriktsmusikarordninga	0	3 962
DKS – spelemidlar	29 810	33 239
Ung Kultur Møtast (UKM)	1 740	1 740
Sum brutto driftsutgifter	46 468	54 550
Sum brutto driftsinntekter	-30 147	-34 089
Netto driftsutgifter	16 658	20 461

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjon for kulturformidling har ansvar for å utvikle og formidle kunst- og kulturtilbod til ulike målgrupper i samsvar med nasjonale føringar og vedtekne regionale planar for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Seksjonen har verke-middel knytte m.a. til Den kulturelle skulesekken, Ung Kultur møtast, musikarordningane, Den kulturelle spaserstokken og fagområdet kultur og helse.

Gjennom Den kulturelle skulesekken skal fylkeskommunen medverke til at elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring får eit profesjonelt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod. Vestland fylkeskommune vil få overført statlege spelemidlar til ordninga. I Vestland vil elevar i om lag 300 grunnskular og rundt 60 vidaregåande skular få tilbod gjennom ordninga.

Midlar til Den kulturelle spaserstokken ligg inne i rammetilskotet og skal nyttast til kulturtilbod for eldre. Kommunane får tildelt støtte etter søknad til fylkeskommunen.

Ung kultur møtast (UKM) representerer ein arena der ungdom skal få uttrykkje seg på eigne premissar, lære av kvarandre og få inspirasjon til vidareutvikling. Fylkeskommunen har ansvar for arbeidet på regionalt nivå.

Fylkesmusikarane i Vestland har oppgåver knytte til undervisning og arkiv i tillegg til utøvande verksemd. Lønskostnad til fylkesmusikarordninga er redusert tilsvarande ei 50 % stilling i budsjettet for 2021 i samband med at ei fylkesmusikarstilling er vakant.

Fylkeskommunen har samarbeidsavtale med vertskommunar om distriktsmusikarordning. Gjennom ordninga bidreg fylkeskommunen til musikkfaglege miljø kring om i fylket.

Kommunane har arbeidsgjevaransvar for distriktmusikarane. Dei fylkeskommunale midlane vert dels nytta til møte og samlingar, reiser og kostnader med prøvespel, og dels overførte til kommunane som refusjon etter retningslinjer i samarbeidsavtalen. Som motyting har fylkeskommunen rett til å nytte ein fastsett ressurs av musikarstillingane til prosjekt og oppsetjingar ein ynskjer å støtte.

Kort omtale av delspesifikasjonane**Adm. kulturformidling**

Lønskostnaden er redusert tilsvarande ei 50 % stilling i samband med at ei fylkesmusikarstilling er vakant.

Den kulturelle Spaserstokken

Midlane til Den kulturelle spaserstokken er del av rammetilskotet frå staten.

DKS – spelemidlar

Samla tildeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i 2020 var kr 33 238 602

Ung kultur møtast (UKM)

Fylkeskommunale midlar til regionalt arbeid med UKM, inkludert fylkesfestivalane.

Distriktsmusikarordninga

Finansiering av distriktsmusikarordninga kr 3 942 000 står i inneverande år på budsjettet til seksjon for kunst- og kulturutvikling. Midlane vert foreslått overført til seksjon for kulturformidling som har ansvaret for musikarordningane.

Løyvingsnivå: Kulturarv

Kulturarv	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Adm. kulturarv	26 622	26 138
Arkeologisk registrering	6 540	6 985
Vern av kulturminne	44 659	44 300
Ålmenne kulturvernforemål	4 426	4 552
Sum brutto driftsutgifter	79 247	81 975
Sum brutto driftsinntekter	-48 807	-48 951
Netto driftsutgifter nominelt	30 444	33 024

Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og seksjonen kulturarv skal ta i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet.

Fylkeskommunen har hovudansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland som sterke kunnskapssentera og organisasjonar, og profilerte samfunnsaktørar. Oppgåver elles er m.a. kulturminne i arealplansaker i fylket, forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og andre.

Dei ti konsoliderte musea i Vestland forvaltar store verdiar på vegner av fellesskapet og har utfordringar knytt til investering og drift. Både stat, vertskommunar og kommunar mottek tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrke institusjonane..

Kort omtale av delspesifikasjonane**Adm. kulturarv**

Som følgje av at nye oppgåver er overført frå staten i samband med regionreforma, regulert i forskrift til kulturminnelova, vart det tilsett i 4 stillingar i høve Riksantikvaren sine berekningar av ressursbruk. Fylkeskommunen sin lønskostnad i 2020 på kring 3,4 mill. vart frå staten berre kompensert med kr 194 000. Restfinansieringa vert no lagt inn, innafør ramma.

Arkeologisk registrering

Arkeologiske registreringar vert gjennomført av fylkeskommunane med heimel i kulturminnelova for å avklåre om eit tiltak eller ein reguleringsplan vil ha innverknad på automatisk freda kulturminne.

Offentlege og større private tiltakshavarar vert, med heimel i kulturminnelova, pålagt å dekke kostnadene med desse registreringane.

Vern av kulturminne

Vern av kulturminne	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Tilskot til verdsarven	16 000 000	16 000 000
Tilskot til drift av verna fartøy	2 000 000	2 000 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	23 000 000	23 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	1 600 000	1 600 000
Tilskot til verna kulturminne i Vestland	2 059 250	1 700 000
Sum brutto driftsutgifter	44 659 250	44 300 000
Tilskot til verdsarven	-16 000 000	-16 000 000

Tabellen held fram på neste side

Tilskot til drift av verna fartøy	-1 000 000	-1 000 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	-23 000 000	-23 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	-800 000	-800 000
Sum refusjonar	-40 800 000	-40 800 000
Sum netto driftsutgifter	3 859 250	3 500 000

Det er framlegg om at tilskot til verna kulturminne i Vestland vert redusert med om lag kr 360 000 og at ordninga ikkje prioriterer lokale kulturminne, men vert innretta mot

kulturminne av regional interesse eller verdi. Spriket mellom samla søknadssum og tilgjengelege midlar for denne ordninga er stort.

Ålmenne kulturvernføremål

Ålmenne kulturvernføremål	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne	1 000 000	1 076 068
Oselvarverkstaden	1 624 000	1 624 000
Gulatinget	1 141 875	1 141 875
Utviklingsstipend i tradisjonshandverk		50 000
Verdiskaping på kulturminneområdet	60 000	60 000
Prøvedrift Selja regionale pilegrimsenter	300 000	300 000
Prøvedrift Bergen regionale pilegrimsenter	300 000	300 000
Sum netto driftsutgifter	4 425 875	4 551 943

Det vert tilrådd å etablere ei stipendordning knytt til tradisjonshandverk. Stipenda skal skape stoltheit og merksemd om den sentrale rolla tradisjonsberande handverkarar har i å ta vare på kulturminna og vidareføra den immaterielle kulturarven til framtidens generasjonar.

Det er ikkje lagt inn generell auke til institusjonane i 2021.

Museum

Museum	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Sum brutto driftsutgifter museum	70 492	70 743
Sum driftsinntekter museum	0	0
Sum netto driftsutgifter nominell	70 492	70 743

Museum	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Baroniet Rosendal	1 629 075	1 629 075
Bygningsverntenesta ved musea	1 895 005	1 895 005
KODE – kunstmuseer og komponisthjem	4 296 100	4 296 100
Kraftmuseet – Norsk Vasskraft- og industristadmuseum	1 466 190	1 466 190
Musea i Sogn og Fjordane	15 681 750	15 681 750
Museumsløft 2021	1 633 000	1 403 864
Nynorsk kultursentrum – Olav H. Haugesenteret	1 112 045	1 112 045
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	8 058 175	8 058 175
Stiftelsen Museum Vest	9 382 660	9 382 660
Stiftinga Hardanger og Voss museum	12 200 300	12 200 300
Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	9 940 910	11 020 910
Stiftinga Sunnhordland museum	3 197 250	3 197 250
Sum brutto driftsutgifter	70 492 460	71 343 324

Museumssenteret i Hordaland si fellesteneste, Bevaringstenesta (BEV), vert styrka med kring 1 mill. kr for å gjere det mogleg å få ei meir berekraftig forvaltning av samlingane til alle dei konsoliderte musea i Vestland fylke, inkludert Musea i Sogn og Fjordane..

Slik det går fram av tabellen er det framlegg om reduksjon på kring 0,8 mill. kr i museumsutviklingsordninga Museumsløft 2021 på grunn av avgrensa budsjetttrammer.

I denne samanhengen vil ein peike på at finansutvalet har sett av 2,6 mill. kr til styrking av kulturbudsjettet.

Løyvingsnivå: Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon idrett og friluftsliv	6 462	6 728
Tilskot til idrettsarbeid	13 806	16 534
Tilskot til idrettsprosjekt	2 260	2 260
Tilskot spelemidlar	216 334	191 793
Tilskot til friluftsliv (statlege ordningar)	9 020	8 500
Tilskot til friluftsliv	10 214	10 648
Sum brutto driftsutgifter	258 296	236 463
Sum brutto driftsinntekter	-225 354	-200 293
Sum netto driftsutgifter	32 942	36 170

Oppgåver og tenesteproduksjon

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional plan for kultur 2019–2027 for Sogn og Fjordane, Regional kulturplan 2015 – 2025 for Hordaland og Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024.

Gjennom forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar skal fylkeskommunen arbeide for at innbygarane skal kunne ha ein fysisk aktiv kvar dag. Som samfunnsutviklar vil fylkeskommunen m.a. ta ei tydeleg rolle i kompetanse-/utviklingsarbeid og i kommunal planlegging for å få betre kunnskapsgrunnlag, tverrfagleg involvering, god behovsvurdering og medverknad.

Friluftsløva definerer fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftssinteresser. I samband med regionreforma får Vestland fylkeskommune overført nye statlege oppgåver knytt til statleg sikra friluftsområde og skjærgardstenesta.

Fylkeskommunane fordeler spelemidlane for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Kulturdepartementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk. Fellesnemnda vedtok 18. juni 2019 Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024. I 2020 vart det fordelt vel 191 mill. i spelemidlar til ordinære og nærmiljøanlegg til saman i dei to fylka, og det vert budsjetttert med tilsvarande sum i 2021.

Tenesteproduksjon

- Forvaltning av 9 statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar
- Driftstilskot til regionale samarbeidspartnarar
- Bidra til nasjonalt utviklingsarbeid innan fleire fagområde

- Kompetanseutvikling (m.a. konferansar, kurs, rettleiing og synfaringar i kommunane)
- Tilrettelegge aktivitetar for personar med særskilde behov i partnerskap med frivillige organisasjonar, kommunar og Helse Bergen.
- Bidra til å utvikle toppidretten gjennom m.a. støtte til større meisterskap, investeringstilskot til idrettsanlegg og utviklingsstipend.

Særskilde tiltak 2021

Europameisterskap i friidrett for ungdom under 23 år

Norges Friidrettsforbund er tildelt europameisterskap i friidrett for ungdom under 23 år (EM U23) og skal arrangere meisterskapet på Fana stadion i Bergen 8.–11. juni 2021. Dei søkte Hordaland fylkeskommune om 200 000 Euro i støtte til arrangementet. Fylkestinget i Hordaland løyvde i desember 2018 kr 100.000 til Norges Friidrettsforbund til arbeid med førebuing til arrangementet.

11. november 2019 mottok fylkeskommunen eit nytt brev frå Norges Friidrettsforbund med søknad om arrangementsstøtte og førespurnad om deltaking i hovudkomité. Bergen kommune har vedteke å løyve 2,4 mill. kr i 2020 og 3,6 mill. kr i 2021 til EM U-23 i friidrett, jf handlings- og økonomiplan 2020–2024/budsjett 2020.

Fylkestinget vedtok i sak 48/2020 at "Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at Norges friidrettsforbund skal arrangere U-23 EM i friidrett i Bergen i 2021" og at "handsaming av søknad om økonomisk stønad til arrangementet vert å kome attende til i handsaminga av budsjettet i fylkestinget i desember 2020. Det er trong for kr 2 mill. til Norges Friidrettsforbund for 2021. Det er ikkje funne rom for dette innanfor budsjetttramma.

Adm. idrett og friluftsliv

På denne posten er løn og interne driftsutgifter som reise, kurs m.v.

Idrettsarbeid	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Berekraftig utvikling av kunstgrasbaner og fyllmateriale	400 000	400 000
Heider til OL/VM medaljørar	50 000	50 000
Fylkeskommunalt investeringstilskot –Anlegg for større meisterskap –Medfinansiering fleirbrukshallar/symjehallar	2 000 000	3 000 000
Idrettscampus Bergen	1 250 000	1 300 000
Lokal mobilisering mot doping	450 000	464 000

Medfinansiering fleirbrukshallar/symjehallar – kommunar	2 000 000	0
Nyskapande aktivitetsarena	900 000	2 250 000
Olympiatoppen Vest	750 000	800 000
Stiftinga Ekstremer Voss	100 000	100 000
Stiftinga Solhovden	146 000	150 000
Store meisterskap	450 000	2 450 000
Utviklingsstipend	210 000	320 000
Vestland idrettskrets	5 100 000	5 250 000
Sum brutto driftsutgifter	13 806 000	16 534 000

Berekraftig anleggsutvikling

Vestland fylkeskommune har ei viktig rolle i høve til å mobilisere og støtte kommunar og organisasjonar til ei berekraftig anleggsutvikling (bygging og drift). VLFK deltek m.a. i eit nasjonalt utviklingsarbeid knytt til berekraftig utvikling av kunstgrasbaner, saman med fylkeskommunane Trøndelag og Viken, Norges Fotballforbund og NTNU. Fleire kommunar i Vestland har sett tema på dagsorden m.a. Bergen, Askøy og Årdal. Det er forslag om å setje av kr 400 000 for 2021.

Fylkeskommunalt investeringstilskot

For å redusere tal tilskotsordningar er det forslag om å slå saman to tilskotsordningar: til idrettsanlegg – anlegg for større meisterskap og medfinansiering fleirbrukshallar/symjehallar til kommunar som ikkje har. Tre kommunar i Vestland fylke har ikkje idrettshall; Gulen, Samnanger og Masfjorden, Hyllestad kommune har ikkje symjehall. Retningsliner for ordninga vert handsama av hovudutval for kultur, idrett og integrering. Det vert foreslått å setje av 3 mill. kr for 2021.

Idrettscampus Bergen

Sidan 2017 har Hordaland fylkeskommune etablert og utvikla Idrettscampus Bergen i samarbeid med Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, SK Brann, Høgskolen på Vestlandet, Haukeland Universitetssjukehus, Universitetet i Bergen og Bergen kommune. Samhandlinga har iverksett mange ulike delprosjekt som finn løysingar på viktige samfunnsutfordringar innan fagområda folkehelse, fysisk aktivitet og idrett. Det pågår ein prosess i høve til framtidig organisering og finansiering av samarbeidet og tilrådinga er å løyve kr 800 000 med føresetnad om at fleire av aktørane bidreg med økonomiske ressursar.

Nyskapande aktivitetsarena 2019–2024

Vestland fylkeskommune har gjennom prosjektet nyskapande aktivitetsarena mål om å skape modellanlegg med ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for fysisk aktivitet og idrett. Utgangspunktet skal vere lokalmiljøet sine behov, basert på eit breitt kunnskapsgrunnlag og bærekraftige løysingar. Innovative idrettshallar og attraktive skuleområde er innsatsområda.

Alle kommunar i Vestland kan søke om å delta i prosjektet frå 2021. Utvalde prosjekt vil få støtte til å gjennomføre gode medverknadsprosessar og til anleggsbygginga. Prosessen skal vere verdiskapande i seg sjølv og prosjekta skal fungere som endringsagentar både når det gjeld bygging og bruk av areala. I 2019–2020 har metodane vore utprøvd ved 4 skular i ulike kommunar med gode attendemeldingar. Lokale og anlægsfonden (LOA) i Danmark, det nasjonale kompetansesenteret for eigenorganisert aktivitet, Tverga, og Vestland idrettskrets er sentrale samarbeidspartnarar i prosjektet. Tiltaket er forankra i Anleggspolitik og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020–2024. Det er forslag om å setje av 2,25 mill. kr til dette tiltaket for 2021. Midlane skal m.a. nyttast til kompetanseutvikling gjennom konferansar, samarbeid med LOA, FoU og arkitektkompetanse i prosjekta. Det vert og søkt om ressursar til prosjektet frå privat aktør og Kulturdepartementet.

Store meisterskap 2021

Idrettslag og særforbund kan søkje fylkeskommunen om tilskot til store nasjonale og internasjonale meisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknadar for næringslivet. Det er behov for å utvikle ein regional arrangementsstrategi. Denne må sjåast i samheng med den nasjonale arrangementsstrategien som er vedteken. Det er lagt inn 2,0 mii. kr til U23 EM.

Utviklingsstipend

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok 19.5.20 i sak 78/2020 at Vestland fylkeskommune skal utdele 7 utviklingsstipend á kr 40 000 til unge idrettsutøvarar. Det er i tillegg forslag om å etablere eit nytt stipend til utøvar innan e-sport. Budsjettposten er foreslått auka til kr 320 000.

Vestland idrettskrets

Vestland idrettskrets søker om kr 5,4 mill. kr i driftsstøtte. Det er forslag om å justere tilskotet til kr 5,25 mill. kr der kr 250 000 er øymerka idrett for funksjonshemma og kr 100 000 til integreringsprosjektet Aktiv saman.

Idrettsprosjekt

Idrettsprosjekt	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Konferansar/kompetanse	160 000	160 000
Psykatri/rus	100 000	100 000
Tilskot lågterskel fysisk aktivitet barn og ungdom	2 000 000	2 000 000
Sum brutto driftsutgifter	2 260 000	2 260 000

Friluftsliv	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Arboretet på Milde	210 000	215 000
Bergen og Hordaland turlag	820 000	910 000
Bergen og Omland Friluftsråd	2 125 000	2 180 000
Dagsturhytter	2 000 000	1 600 000
Fjordane friluftsråd	400 000	500 000
Fleire kommunar med i eit friluftsråd	0	450 000
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	150 000	160 000
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane	200 000	205 000
Friluftslivet sitt hus i Hordaland	140 000	150 000
Friluftsrådet Vest	615 000	708 000
Haugesund turistforening	30 000	40 000
Norges Jeger- og Fiskeforbund Hordaland	150 000	150 000
Norges Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane	150 000	150 000
Sogn og Fjordane turlag	325 000	400 000
Tilskot friluftslivets ferdselsårer	1 179 000	1 100 000
Tilskot friluftslivsaktivitet (statleg ordning)	3 160 000	3 100 000
Tilskot til tilrettelegging av statleg sikra friluftsområde (statleg ordning)	5 860 000	5 400 000
Turløyper på Kvamskogen	100 000	80 000
Vestkystparken	1 620 000	1 650 000
Sum brutto driftsutgifter	19 234 000	19 148 000
Sum brutto driftsinntekter	-8 820 000	-8 500 000
Netto driftsutgifter nominelt	10 414 000	10 648 000

Dagsturhytter

Dagsturhytteprosjektet har vore ein stor suksess og hytter er på plass i alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane og i 12 av kommunane i Hordaland. Prosjektet vert realisert i spleiselagsmodell mellom fylkeskommunen, kommunane, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, BKK og spelemidlar. I 2019 og 2020 vart det gitt støtte til bygging av 20 dagsturhytter i kommunar i Hordaland. Prosjektplanen legg opp til bygging av inntil 35 hytter. Prosjektplanen avdekkar trong for vidare fylkeskommunale løyvingar for 2021, til saman kr 1,6 mill. kr. Det kan bli behov for ytterlegare løyvingar i 2022 om kommunar som no, av ulike grunnar, har takka nei til å delta i prosjektet (inntil kr 1,4 mill. kr).

Friluftslivets ferdelsårer

Plan for friluftslivets ferdelsårer er eit nasjonalt prosjekt 2019–2023 med mål om at alle kommunar skal utvikle ein heilskapleg plan for fagområdet. Dette er ei vidareføring av det gode arbeidet i kommunane med kartlegging og verdi-setting av friluftsområde som vert fullført i alle kommunane i Vestland i 2020/21. Delar av midlane vert nytta som eigendel for å søke midlar frå Miljødirektoratet til arbeidet. I tillegg vert midlane nytta til eigendel i søknad til Kartverket om midlar til kartlegging av universell utforming turvegar/friluftsområde, til eit nytt prosjekt naturmøteplassar

Fjordane friluftsråd

Fjordane friluftsråd arbeider for å etablere ei skjergardstene. Kommunale og fylkeskommunale bidrag er påkrevd for å kunne løyse ut statlege midlar. Kommunane Stad og Stryn er nye medlemskommunar frå hausten 2020. Tilskotet er foreslått auka med kr 100 000 til kr 500 000.

Fleire kommunar med i eit friluftsråd

I dei gjeldane kulturplanane for Sogn og Fjordane og Hordaland og i anleggspolitikk for Vestland 2020–2024 er det eit mål om at alle kommunar i Vestland skal ha høve til å vere medlem av eit friluftsråd. Det er ei positiv utvikling, men det er framleis 19 kommunar i Vestland som ikkje tek del i denne effektive interkommunale samhandlingsmodellen knytt til friluftsliv. Hausten 2020 vert det gjennomført digitale møter om tema. Ein tilrår såleis å løyve kr 450 000 til dette arbeidet for 2021.

Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivsområde langs kysten i Rogaland og Vestland. Samarbeid om utfordringar knytt til maritim forsøpling har stort fokus. Vestland fylkeskommune har no leiarskapet og sekretariat-sansvaret for Vestkystparken (2020–2021).

Løyvingsnivå: Inkludering, strategi og analyse

Inkludering, strategi og analyse	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon inkludering, „strategi og analyse	3 395	6 222
IMDI (overførte lønsmidlar som ligg i ramma)	2 820	0
Kulturstatistikk	300	0
Statistikk, planarbeid, nettverksmøter/kurs/konferansar/samarbeid	0	300
Tilskot til Etablereroppplæring for innvandrarar	618	630
Tilskot til Inkludering og mangfald	2 620	3 512
Tilskot Mentor- og traineeordning for innvandrarar	1 000	1 020
Tilskot til Jobbsjansen del B	9 633	9 800
Sum brutto driftsutgifter	20 386	21 484
Sum driftsinntekter	0	0
Netto driftsutgifter nominelt	20 386	21 484

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjon for Inkludering, strategi og analyse har eit særleg ansvar for oppfølging av fylkeskommunens overordna mål, ansvar og oppgåver innan inkludering og integrering. Medan inkludering handlar breitt om å bygge ned tersklar for deltaking, er integrering avgrensa til innvandring.

Fylkeskommunen har fått nye oppgåver frå staten innan integrering, knytt til mellom anna busetnad, rettleiing av kommunar i deira kvalifiseringsarbeid, forvaltning av tilskotsordningar og arbeid med kulturforståing. Oppgåvene femner om fleire fagfelt, særleg opplæring, næring og kultur, og krev stor grad av tverrsektorielt samarbeid innan fylkeskommunen og ut i samarbeid med regionale aktørar og kommunane i Vestland.

Seksjonen koordinerer fleire avdelingsoppgåver m.a. innan uttale til kommunale planstrategiar og samfunnsdelen i kommunale planer, og deltek på vegner av avdelinga i interne planprosessar. I 2021 vil den store oppgåva vere knytt til arbeidet med å utarbeide ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Som del av dette også kunnskapsinnsamling, statistikk og analyse på kultur- og idrettsområdet, og det å legge til rette for, og formidle relevant styringsinformasjon.

Seksjonen koordinerer oppfølging av vedtaket i fylkestinget om Vestland som antirasistisk sone.

Seksjonen sitt budsjett er redusert med 0,4 mill. kr frå 2020 til 2021 som del av innsparingskravet med ein mindre del på administrasjon (endringar i medarbeidersamansetting) og ein del på tilskot til inkludering og mangfald. Overføring av tilskotsmottakarar frå kunst- og kulturutvikling gjer likevel at samla tilskotssum til inkludering og mangfald er noko auka.

Inkludering og integrering

Fylkeskommunen har ansvar for å utvikle den regionale integreringspolitikken. I dette ligg både eigne tenester og samhandling med regionale aktørar, kommunar og sivilsamfunnet. Sentralt i arbeidet står:

- oppfølging av kommunane med rettleiing i deira kvalifiseringsarbeid
- arbeid mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- regional oppfølging av frivillig arbeid og samfunnsdeltaking /integrering via frivillig sektor.
- innspel til oppmoding om busetjing i kommunane

Arbeidet krev stor grad av utadretta arbeid/samarbeid med eksterne aktørar. Dette vil skje i form av møter, nettverksarbeid, konferansar og prosjektsamarbeid. Arbeidet med Vestland som antirasistisk sone inngår i oppgåveportefølgjen i 2021.

Strategi og analyse

Hovudoppgåva i 2021 vil vere knytt til arbeid med ny regional

plan for kultur for Vestland. Formell oppstart av arbeidet vil skje tidleg på året. Planen vert truleg vedteken først i 2022. Gjennom arbeid med planprogram og utarbeiding av plan vil ein legge til rette for å mobilisere kommunar og kulturaktørar i heile fylket til dei ulike fasane i planarbeidet.

Tilskot

Tilskotsordninga etablerer opplæring for innvandrarakar skal styrke og utvikle det ordinære tilbodet om kva som skal til for at innvandrarakar kan etablere si eiga verksemd, slik at det betre kan leggest til rette for grunderverksemd blant innvandrarakar, som igjen bidrar til sysselsetjing og vekst. Kommunar og fylkeskommunar kan søkje her. Det same kan verksemdar og organisasjonar i privat og offentleg sektor, og frivillige organisasjonar. Målgruppa for prosjekta er innvandrarakar som ønsker å etablere seg som sjølvstendig næringsdrivande. Kvinner med innvandrarakgrunn er ei prioritert målgruppe. 0,618 mill. kr er sett av til denne ordninga.

Tilskotsordninga til mentor- og traineeordning skal bidra til å betre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarakar i arbeidslivet, slik at dei kan bruke kvalifikasjonane sine. Verksemdar i privat eller offentleg sektor kan nytte tilskotsordninga til å etablere og gjennomføre eit mentor- og traineeprogram som styrker mangfaldet i bedrifta, slik at dei får ny kompetanse og nye erfaringar. 1 mill kroner er sett av til denne ordninga.

Tilskot til Jobbsjansen – del B skal sikre meir grunnskoleopplæring for ungdom i aldersgruppa 16–24 år, slik at dei betre kan fullføre vidaregåande opplæring. Tiltaket høyrer til fylkeskommunen sine nye integreringsoppgåver, og ordninga har gått frå å vere frivillig til å bli ein obligatorisk del av fylkeskommunen sine tiltak. Midlane vert forvalta av avdeling for opplæring og kompetanse som utarbeider plan for tiltaket og gjennomfører denne i samarbeid med aktuelle kommunar. 9,3 mill. kr er sett av til dette arbeidet.

Målet med tilskotsordninga til inkludering og mangfald er å stimulere til brei samfunnsdeltaking og å bygge ned hinder som stengjer for dette. Ordninga skal bidra til å motverke utanforskap, og stimulere til variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar. Gjennom ordninga skal vi også fremme kunnskap om og respekt for ulike kulturar, demokrati og menneskerettar. Tilskotsordninga skal bidra til å bygge opp under fylkeskommunen sine mål og arbeid på området inkludering og mangfald. Frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging og institusjonar som arbeider innan inkludering og mangfald på regionalt nivå, og som har heile eller store deler av Vestland fylke som sitt arbeidsområde, kan søkje om tilskot til sitt arbeid.

Tilskot til FN-sambandet og Vestland Innvandrerråd er flytta frå kunst og kulturutvikling til inkludering og mangfald.

Ut frå føremål og omsyn til regional funksjon, er tilskotet til Raftostiftelsen, Kirkens SOS Bjørgvin og Vestland Innvandrerråd foreslått auka opp noko, medan tilskotet til Robin Hood-huset og FRI Bergen og Hordaland er redusert.

Tilskot til inkludering og mangfald	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bergen Døvesenter	300 000	300 000
FN-sambandet i Norge ***)	0	100 000
FRI Bergen og Hordaland	300 000	200 000
Kirkens SOS *)	0	250 000
Raftostiftelsen	400 000	450 000
Stiftelsen Kirkens Bymisjon (helsesenter for papirlause)	300 000	300 000
Stiftelsen Robin Hood-huset	200 000	200 000
Minnemarkering etter tankens dag	50 000	50 000
FFO Vestland **)	70 000	0
Vestland innvandrerråd ***)	0	780 000
Inkludering og mangfald – utlysning av prosjektstøtte	1 000 000	881 691
Sum brutto driftsutgifter	2 620 000	3 511 691

*) Løyving i eiga sak i oktober 2020 frå FUV sin rådveldekonto med kr 200 000

**) Samla løyving i 2020 kr 654 000 (budsjettvedtak kr 70 000, enkeltvedtak kr 575 000). Ikkje søkt for 2021

***) Løyving på kr 710 000 til Vestland Innvandrerråd og 100 000 til FN-sambandet er overført frå kunst- og kulturutvikling til inkludering, strategi og analyse/inkludering og mangfald.

Fylkestinget i desember gjorde vedtak om at tilskot til FRI skulle aukast i budsjettet med 0,1 mill. kr. Med det vert tilskotet i 2021 på nivå med summen i 2020; 0,3 mill. kr.

Løyvingsnivå: Kunst og kulturutvikling

Kunst og kulturutvikling	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Adm. Kulturutvikling	7 802	6 695
Distriktsmusikarane*	3 942	0
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 200	7 200
Kunstinstitusjonar	27 584	49 026
Stønad etter vedtak	4 423	4 210
Tilskot kulturhus	13 003	12 289
Tilskot til andre	29 567	0
Tilskot til frivillige organisasjonar	0	16 698
Vaksenoppl.	634	634
Ymse B/U tilskot	2 152	2 072
Ymse kunstføremål	19 611	0
Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	0	13 647
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringer	0	1 500
Sum brutto driftsutgifter	115 517	114 172
Driftsinntekter	-6 405	-5 953
Sum netto driftsutgifter	109 112	108 219

*) Distriktsmusikarane er flytta til løyvingsnivå kulturformidling

Oppgåver og tenesteproduksjon

Seksjonen skal ivareta oppgåver innan kunst- og kulturutvikling heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver, og understøtte Vestland fylkeskommune sin regionale politikk for utvikling av eit sterkt, mangfaldig og ambisiøst kunst- og kulturliv i heile fylket, både innan frivillig sektor og profesjonell kunst. Seksjonen forvaltar økonomiske tilskot, m.a. faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, investerings-tilskot og prosjektbasert støtte til arrangement, produksjon og infrastruktur. Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfald og kulturell utvikling i fylket.

Seksjonen arbeidar med utviklingsorientert tilrettelegging av fylkeskommunale verkemiddel på kunst- og kulturområdet,

og grunnlaget for utviklinga av kunst- og kulturpolitikken i fylket. I tillegg til bruk av økonomiske verkemiddel som driftsstønad, prosjekttilskot og utviklingsmidlar, arbeidar seksjonen med strategi, kompetanse, koordinering og mobilisering på kunst- og kulturområdet, retta mot institusjonar, det frie feltet og frivillig sektor.

Kort omtale av delspesifikasjonane

Adm. kunst og kulturutvikling

Denne posten er redusert tilsvarande ei stilling som vart overført til vakant stilling på seksjon for inkludering, strategi og analyse.

Kunstformidling

Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Cinematket	105 000	105 000
Det Akademiske kvarter	0	100 000
Kulturhuset Østre	106 000	106 000
Litteraturhuset i Bergen	872 000	872 000
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	1 040 000	1 056 000
Bergens kunsthall/Bergen kunstforening	430 000	430 000
Kraft Bergen AS	60 000	100 000
Kunstgarasjen	0	100 000
Stiftelsen kulturhuset USF	117 000	120 000
Visningsrommet USF	52 000	52 000

Kunstformidling

Den Weis-Rosenkronske Stiftelse/Baroniet i Rosendal – kulturtilskipingar	100 000	100 000
Stiftelsen Musikkselskapet Harmonien, turnétilskot Sogn og Fjordane	110 000	110 000
Jakob Sande-selskapet	450 000	450 000
Rom for ord	200 000	200 000
Vestlandsutstillinga	160 000	300 000
Vevringsutstillinga	60 000	100 000

FESTIVALAR

Festival, musikk

Balejazz	150 000	150 000
Bergen Kirkeautunnale	0	90 000
Bergen Music Fest	100 000	100 000
Borealis-festivalen	219 000	222 000
Ekko-festivalen (Foreningen Ekko)	100 000	100 000
Fartein Valen-arbeidet / Fartein Valen – festivalen (Sveio kommune)	300 000	300 000

Førde internasjonale folkemusikkfestival – Førdefestivalen	3 360 000	3 413 000
Gloppen musikkfest	300 000	300 000
Hardanger Musikkfest	360 000	360 000
Hardingtonar	90 000	90 000
Nattjazz	220 000	220 000
Norsk Countrytreff	737 000	748 000
Malakoff rockfestival	100 000	100 000
Grieg in Bergen (Musica Nord)	160 000	160 000
Osafestivalen	75 000	75 000
Rosendal kammermusikkfestival (Den Weis-Rosenkronske Stiftelse/Baroniet i Rosendal)	300 000	300 000
Vill Vill Vest	0	90 000
Vossa jazz	400 000	400 000

Festival, Scenekunst, Litteratur, visuell kunst og film

Barneteaterfestivalen på Stord/Falturiltu (Stord kommune)	400 000	400 000
Bergen Assembly/Bergenstriennalen AS	300 000	300 000
Bergen Fringe Festival(NO Fringe Festival AS)	0	100 000
Bergen internasjonale litteraturfestival	0	200 000
Bergen internasjonale filmfestival	347 000	352 000
Litteratursymposiet i Odda (Ullensvang kommune)	220 000	220 000
Nynorske litteraturdagar	75 000	75 000
Teaterfestivalen i Fjaler	400 000	400 000
Ulvik Poesifestival (Nynorsk kultursentrum/Olav H. Haugesenteret)	81 000	81 000
Brutto driftsutgifter Kunstformidling	12 196 000	13 647 000

Det er foreslått nokre nye aktørar på budsjettet. Alle dei foreslåtte aktørarane har vore gjennom ein oppstartsperiode der dei har fått midlar frå Kulturelt utviklingsprogram (KUP), og anna prosjektilskot i etterkant.

Kunstgarasjen blei etablert i 2014, og har vore aktuell for driftsstøtte i fleire år. Det er løyvd prosjektstøtte fleire gonger, m.a. KUP. Dette er ein kunstnarstyrt og ideell organisasjon med føremål om å bidra til auka kjennskap og interesse for kunst på Vestlandet og å styrke inntektsgrunnlaget til profesjonelle kunstnarar på Vestlandet ved å arbeide for auka bruk og omsetnad av kunst i regionen. Kunstgarasjen har etablert seg som eit monaleg visningsstad i regionen og ein viktig stad for kunstnarane.

Festivalar

Vestland er eit sterkt festivalfylke. Det er fleire festivalar som har søkt om drift over budsjett gjennom fleire år utan at det har vore funne rom for det. Det er planlagt å utarbeide ein festivalstrategi, men denne er utsett pga pandemien. Fire festivalar er foreslått inn på budsjettplass 2021, Bergen internasjonale litteraturfestival, Bergen Fringe Festival, Vill Vill Vest og Bergen Kirkeautunnale.

Bergen Internasjonale litteraturfestival er ein festival for sakprosa og skjønnlitteratur som går føre seg på Litteraturhuset i Bergen. Dei har på få år opparbeidd seg eit særst høgt fagleg nivå og godt internasjonalt omdømme. Denne festivalen er viktig for å oppnå regionale satsingsområde både innan litteraturfeltet og ikkje minst for å styrke offentlig samtale og kritisk refleksjon.

Bergen Fringe Festival er ein internasjonal teaterfestival som har hovudarena på Cornerteateret i Bergen. Dei jobbar i eit skjeringspunkt mellom profesjonelle og amatørteatergrupper, og festivalen er eit annleis og viktig tilskot til teaterfeltet i fylket.

Vill Vill Vest har også på få år opparbeidd seg eit svært høgt nivå og internasjonal anerkjening, og betydd mykje for nye musikktalenter i fylket og deira utvikling og karriere. Det er i stor grad ein showcasefestival og ein bransjefestival, men er også open for det ålmenne publikum.

Bergen Kirkeautunnale er ein festival som presenterer kyrkjemusikk og religiøs relatert musikk på eit høgt kvalitativt nivå. Dette er den einaste festivalen i fylket innan denne sjangeren.

Kunstproduksjon

Kunstinstitusjonar	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Musikk og scenekunst		
Bergen Nasjonale Opera	4 539 000	4 782 000
Carte Blanche	6 248 571	6 363 000
Det Vestnorske Teateret	7 940 000	8 067 000
Edvard Grieg Kor	540 000	540 000
Festspillene i Bergen (inkl. Festspillsatelitter)	5 173 000	5 250 000
Opera Nordfjord	1 766 786	1 795 000
Teater Vestland	6 978 571	7 090 000
Bergen internasjonale teater (inkl Oktoberdans / Meteor)	800 000	812 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	814 000	827 000
Drift av lokale til kunstproduksjon		
Teaterdrift Bergen AS – Cornerteateret	900 000	900 000
Aldea AS	0	80 000
Ambrosiahuset gjesteatelier (Bymuseet i Bergen)	62 000	62 000
Bergen senter for elektronisk kunst	140 000	150 000
History Disposal Unit – Kunsthuset Wrap	0	100 000
Hordaland kunstsenter	3 950 000	4 013 000
Hordaland kunstsenter – Internasjonalt Gjesteatelier	239 000	239 000
Kunsthall 3,14 (Stiftelsen 3,14)	1 650 000	1 676 000
Kunstnarhuset Messen	160 000	200 000
Kunstnerverksteder CS55	52 000	52 000
Preform	250 000	250 000
S12 Galleri og verksted AS	0	100 000
Nettverksorganisasjonar og kompetansesentra for prof. kunst		
Brak	500 000	500 000
Bergen dansesenter	150 000	350 000
Hardingpuls	100 000	100 000
Norsk Forfattersentrum Vestlandet	60 000	80 000
Proscen	210 000	250 000
Vestnorsk filmsenter	1 550 000	1 574 000
Vestnorsk jazzsenter	1 512 000	1 536 000
VISP – Produsentenhet for visuell kunst	190 000	200 000
Stipend og prisar		
Vossa jazz-prisen	50 000	50 000
Stipend	860 000	1 038 000
Brutto driftsutgifter Kunstproduksjon	47 484 928	49 026 000

Det er foreslått nokre nye aktørar inn i budsjettet under Kunstproduksjon. Fellesnemnar for desse er at dei har søkt og vore aktuelle for driftsstøtte i fleire år. Dei har tidlegare og ved fleire høve fått prosjektstøtte, m.a. KUP. Dei er alle viktige for infrastrukturen til kulturlivet på Vestlandet.

Aldea tilbyr eit breidt spekter av profesjonelle og teknologisk leiande produksjonsfasilitetar og bidreg såleis til infrastruktur til heile det kreative feltet på Vestlandet. Ved å tilby verkstadsressursar som er unike i omfang og kvalitet i denne region er Aldea ein landsdelsinstitusjon som bidrar til betre arbeidsvilkår for kunstnarane og legg til rette for eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv på Vestlandet.

History Disposal Unit er eit uavhengig, kunstnardriven produksjonshus (Kunsthuset Wrap) som er ein svært viktig produksjonsstad for profesjonell scenekunst og annan tverrfagleg kunst i Vestland. Verksemda har som føremål å samle fasilitetar for ulike kunstuttrykk under same tak, skape betre arbeidsforhold for uavhengige kunstnarar, å utvikle

fleire moglegheiter for, og metodar innan kunstproduksjon. Dei er ein viktig del av infrastrukturen som bidreg til variert produksjon og formidling av kunst til heile Vestland.

S12 Galleri og verksted AS (etabl. 2007) er eit ressurscenter med spesialiserte fasilitetar og fagkompetanse for arbeid med glas som kunstnarisk materiale. Det har blitt eit unikt senter for utforsking, eksperimentering og formidling av glas som kunstform. S12 er internasjonalt anerkjent for sitt arbeid og er ein viktig bidragsytar innan feltet for eksperimentelt og skulpturelt glas.

Bergen dansesenter har blitt eit viktig kompetansesenter for dansekunsten på Vestlandet. Dei har kartlagt og ønsker samarbeid med aktørar innan dansefeltet i heile Vestland. Dei har hatt rom for liten administrativ kapasitet, og det vert foreslått ei auke til dansesenteret for å etablera Dansenett Vestland. Regjeringa har i sitt budsjettframlegg sett i gang ei satsing på dansefeltet, og Vestland fylkeskommune vil følge opp denne satsinga.

Andre kulturaktivitetar

Tilskot til frivillige organisasjonar	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Paraplyorganisasjonar, fylkesledd		
Det felles innvandrarråd *	710 000	0
Folkeakademiet i Hordaland	440 000	440 000
Folkeakademiet i Sogn og Fjordane	90 000	90 000
Hordaland folkemusikklag	70 000	70 000
Hordaland husflidslag	380 000	380 000
Hordaland ungdomslag	0	50 000
Norges husflidslag, husflidskonsulent (kompetanseorganisasjon)	170 000	170 000
Norges Korforbund Hordaland	200 000	200 000
Norges Korforbund Sogn og Fjordane	60 000	60 000
Norges Musikkorps forbund Hordaland	493 000	493 000
Norges Musikkorps forbund Nordvest	230 000	230 000
Sogn og Fjordane folkemusikklag	200 000	300 000
Sogn og Fjordane husflidslag	160 000	160 000
Sogn og Fjordane ungdomslag	0	220 000
Vestland musikkråd	480 000	530 000
Ymse regionale kulturføremål		
Musikk og teater		
Bømlo Teater (inkl Mostraspelet)	358 000	363 000
Fyllingsdalen Teater	517 000	517 000

*) Innvandrarråd-midlane er flytta til inkludering, strategi og analyse

Tilskot til frivillige organisasjoner	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Fargespill	1 142 000	1 160 000
Grieg internasjonale Korfestival	100 000	100 000
Hardingfela.no	300 000	300 000
Kinnaspelet	100 000	100 000
Kystkultur No	1 250 000	1 050 000
Orkesteret Fossegrimen	220 000	220 000
Sogn og Fjordane symfoniorkester	100 000	100 000
Stiftelsen Musikkselskapet Harmonien, BFUng	154 000	154 000
Stiftinga Den Norske Bokbyen	340 000	340 000
Vestlandske teatersenter	428 000	500 000
Ymse internasjonalt samarbeid		
Internasjonalt kultursamarbeid	250 000	250 000
Juleprosjekt Orknøyane, og Edinburgh	180 000	180 000
Opplæring/undervisning		
AKKS Bergen	50 000	50 000
Skrivekunstakademiet	3 200 000	3 300 000
Ole Bull akademiet	300 000	450 000
Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	138 000	138 000
Stiftelsen Statsraad Lehmkühl	3 100 000	3 100 000
Vestnorsk kulturakademi	400 000	400 000
Vaksenopplæringsføremål – tilskotsordning for studieforbund	634 000	634 000
FN-sambandet Vest (inkl. Internasjonal Uke)	100 000	0
Sum driftsutgifter	17 196 000	16 698 000

*) Midlane til FN-sambandet er flytta til inkludering, strategi og analyse

Tilskota til enkelte organisasjonar innan frivillegfeltet er foreslått auka. **Vestland musikkråd** får ei auke for å ta ei større regional rolle innan det frivillige musikkfeltet. **Vestlandske Teatersenter** får auke for utvida regional aktivitet, m.a. gjennom tilsetting av kunstnarleg medarbeidar i Førde.

Vestland fylkeskommune ser på folkemusikk og -dans som eit viktig felt. **Sogn og Fjordane folkemusikklag** får auke på 100 000 kr for å vere eit samordnande ledd i arbeidet med å førebu ei samanslåing av Sogn og Fjordane folkemusikklag og Hordaland folkemusikklag til eitt fylkeslag. **Ole Bull akademiet** får auke på 150 000 kr for å styrke arbeidet med Hardingfela.no.

Det er forslag om å løyve midlar til nokon nye tilskotsmottakarar på denne ordninga i 2021. Til Sogn og Fjordane ungdomslag er det forslag om å løyve kr 220 000 som driftsmidlar til laget og til arbeidet med kulturhussatsinga Huset i bygda, som no vil utvide aktiviteten til heile Vestland. Sogn og Fjordane ungdomslag fekk tilskot til drift og til Huset i bygda via tilskot til prosjekt og tiltak i Vestland fylkeskommune i 2020. Vidare er det forslag om kr 50 000 i tilskot til Hordaland ungdomslag, som tidlegare fekk driftsmidlar via tilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar i Hordaland fylkeskommune.

Ymse barne- og ungdomsføremål

Ymse barne- og ungdomsføremål	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Tilskot barne- og ungdomsorganisasjonar	2 152 000	2 002 000
Dans uten grenser	0	170 000
Sum driftsutgifter	2 152 000	2 172 000

Tilskotsordninga er til regionale, frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar og blir fordelt av hovudutval for kultur, idrett og integrering, i tråd med retningslinjene for ordninga. Tilskotet blir lyst ut med søknadsfrist 1. april 2021. I tillegg blir det lagt inn driftstilskot til Dans uten grenser sitt arbeid med ung til ung-formidling innan dans. Dans uten grenser har fått driftsmidlar gjennom Sogn og Fjordane fylkeskommune tidlegare og fekk driftsmidlar via tilskot til prosjekt og tiltak i Vestland fylkeskommune i 2020.

Det var i 2020 sett av kr 400 000 frå denne posten til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar med søknadsfrist 1. oktober. Fire av ni tilskotsverdige ungdomsparti søkte på tilskotsordninga i 2021, og knapt kr 225 000 vart fordelt. Dei regionale ungdomspartia får tilskot til drift via staten, og det vert gjort framlegg om at ordninga i fylkeskommunen ikkje blir vidareført. Midlane i tilskotsordninga til ungdomsparti vil bli fordelt til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar som ikkje mottek driftsstøtte gjennom andre tilskotsordningar.

Stønad etter vedtak

I denne posten ligg midlar til to tilskotsordningar innan kunst- og kulturutvikling: Tilskot til prosjekt og tiltak – profesjonell kunst og kultur og Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv. Tilskotsmidlane vert fordelte to gonger i året er særdeles viktige verkemiddel for å støtte opp om kunst og kultur i fylket og for å nå dei kulturpolitiske målsettingane på feltet. Det vert i hovudsak motteke søknader om langt meir enn dei midlane ein har til rådvelde.

Ein vil kom attende med eigne sakar til hovudutval for kultur, idrett og integrering om innretting, kriteria og fordeling av desse midlane.

Kulturelt utviklingsprogram

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) vart etablert av Hordaland fylkeskommune i 2010, og har vist seg å vere eit effektivt verktøy for fylkeskommunen når det gjeld å initiere og medverke til kunst- og kulturpolitisk utvikling. Denne ordninga er det likevel foreslått eit lite nedtrekk for i 2021. Kr 200 000 av nedtrekket er foreslått å gå frå potten på kr 500 000 som kan tildelast søknadar innan idrett og friluftsliv. Dette på bakgrunn av at det er få søknadar frå desse to felta i KUP og at behovet såleis er mindre.

Tilskot kulturhus

Tilskot til kulturhus	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Tilskot til kulturhus (spelemidlar)	4 667 000	3 953 000
Griegghallen	3 336 000	3 336 000
Sentralbadet scenekunsthus	5 000 000	5 000 000
Sum driftsutgifter	13 003 000	12 289 000
Sum driftsinntekter	-6 405 000	-5 953 000
Netto driftsutgifter	6 598 000	6 336 000

Vestland fylkeskommune mottar spelemidlar til kulturbygg. Den endelege summen blir fordelt av Kulturdepartementet etter at overskotet til Norsk Tipping ligg føre våren 2021. Tilskot til kulturbygg blir fordelt av hovudutval for kultur, idrett og integrering basert på søknader sendt inn til tilskotsordninga via kommunane våren 2021. Løyvingane til Sentralbadet scenekunsthushus og Grieghallen er knytt til langsiktige vedtak om fylkeskommunal medverknad i tiltaka.

Ny budsjettpost: Tilskot kulturarenaer med regionale funksjonar:

Fylkesutvalet vedtok i 2020 å opprette ein ny budsjettpost for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Retningslinjene for tilskotsordninga vart vedtatt av fylkesutvalet i september 2020, med søknadsfrist til ordninga 20. oktober

2020. Tilskot gjennom ordninga er gjennom årlege budsjettvedtak i fylkestinget. I 2021 vil søknadsfristen vere 30. april, med budsjettverknad for 2022.

I 2020 er det kome inn åtte søknader om tilskot gjennom ordninga. Sunnhordland museum søker midlar til «Nye Sunnhordlandstunet» i Stord, med mål om rehabilitering og fornying av administrasjons- og publikumsbygget. Fartein Valen Musikk- og Kulturscene i Sveio skal vere arena for musikk og kultur, forsamlingshus og studiestad for musikkarar, komponistar, forskarar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Kulturhus i Kvam med mellom anna ein stor, regional kultursal vil vere samlokalisert med nye Kvam vidaregåande skule i Norheimsund som skal stå ferdig i 2027.

Søklar / prosjekt	Totale prosjektkostnad	Søknads-sum	Tilrådd støtte
Sunnhordland museum / «Nye Sunnhordlandstunet»	61 414 977	14 585 659	0
Fartein Valen-stiftelsen / Fartein Valen Musikk- og kulturscene	2 800 000	950 000	0
Kvam kommune / Kulturhus i Kvam	101 000 000	10 000 000	0
Stiftelsen Museum Vest / Bergens Sjøfartsmuseum	24 200 000	1 500 000	0
Stiftinga Hardanger og Voss Museum / «Tett på», Kulturnaustet, Hardanger fartøyvernssenter	58 834 311	10 000 000	0
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane / Verne- og formidlingsbygg Holvikejekta	32 800 000	10 000 000	0
Askøy Brass Band / Askøy Kulturarena	24 000 000	8 000 000	0
Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter	2 957 062	967 570	0
Totalsum	308 106 350	56 003 229	0

Fleire av dei i alt ni delprosjekta for å rehabilitering og modernisere Bergen Sjøfartsmuseum er allereie gjennomført, med m.a. omfattande støtte frå Kulturdepartementet, kommune og private gjevarar, men så langt utan fylkeskommunalt bidrag. «Tett på» er eit prosjekt ved Kulturnaustet ved Hardanger Fartøyvernssenter i Kvam med mål om oppgradering av bygg og uteområde for å leggje betre til rette universelt og betre besøks- og undervisningsforholda, samt frigjere areal til verkstader og tradisjonshandverk.

Gjennom å bygge eit nytt verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta i Gløppen vil ein leggje til rette for publikum og sikre jekta mot skader, deformering, brann og springflo. Askøy Kulturarena vil vere ein ny regional kulturarena for frivilligheit, spesielt for korps og kor som utviklingsarena for talent og opplæring. Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske senter A/S har

mål om å modernisere mellom anna kjøken og utstillingslokala digitalt og pedagogisk. Tiltaka vil vere viktige fram mot jubileumsåret Moster 2024.

Det er framlegg om å kutte driftsstøtta til Det Akademiske Kvarter i Bergen. Dette er først og fremst eit tiltak som er nytta av studentar ved Universitetet i Bergen. Ein vil peike på at det i Vestland fylke finst ei rekkje tilsvarende tiltak ved fleire ulike studiestader. Desse må i første omgang finansierast av lærestad og eventuelt vertskommune.

Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar er tilskotsmidlar overført frå Norsk kulturråd. Kriteria for tildeling vert lagt fram som eiga sak våren 2021.

Løyvingsnivå: Administrasjon av kultur, idrett og inkludering

Stab	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Adm. stab	5 948	6 609
Felles driftsutgifter	1 805	1 561
Brutto driftsutgifter	7 753	8 170

Oppgåver og tenesteproduksjon

Staben arbeider med funksjonar som gir retning for organisasjonen sitt arbeid med fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt område.

Støttefunksjonane har som eit av hovudmåla å avlaste og forenkle drifta i linja. Døme på slike oppgåver er felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Kort omtale av delspesifikasjonane**Adm. stab**

Her ligg løn stab inkl. direktør.

Felles utgifter

Dette er driftsutgifter som er felles for heile avdelinga, t.d. arbeidsbord, arbeidsstolar, kulturkonferansen m.v.

Til fordeling for Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Det er lagt inn 2,6 mill. kr til fordeling av hovudutval for kultur, idrett og integrering, jfr. vedtak i Finansutvalet 29. oktober 2020.

Klimaeffektar

Med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål, vil avdelinga arbeide med å identifisere aktivitetar som fører til negative

klimaeffektar og setje konkrete mål og tiltak for om mogleg å redusere desse. På avdelinga vil klimagassutsleppa gjelde dei aktivitetane som krev vesentleg transport og i nokon grad tilskot der ein kan setje miljøkrav.

Seksjon for kunstformidling har ei utstrekkt turneverksemd gjennom Den kulturelle skolesekken, og på seksjon for Kulturarv treng feltarkeologane transport til og frå felt. Indirekte kan seksjon for Idrett og friluftsliv påverke klimagassutslepp knytt til tilskot til idrettsanlegg. Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid.

5 Bindande føresetnader

Fylkestinget vedtek fordelingane slik dei går fram av tabellane med følgjande overskrifter:

- Ålmenne kulturvernforemål
- Museum
- Idrettsarbeid
- Idrettsprosjekt
- Friluftsliv
- Tilskot til inkludering og mangfald
- Kunstformidling
- Kunstproduksjon
- Andre kulturaktivitetar
- Tilskot til kulturhus



*Glad pasient hos Sogndal tannklinikk.
Foto: Morten Wanvik.*

4.8 Tannhelse

1 Tannhelse – løyvingnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Pasientbehandling	Brutto driftsutgifter	336 711	360 969
	Driftsinntekter	-96 442	-102 587
	Netto driftsutgifter	240 269	258 382
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	35 170	13 391
	Driftsinntekter	-275	-7
	Netto driftsutgifter	34 895	13 384
Totalt	Brutto driftsutgifter	371 881	374 360
	Driftsinntekter	-96 717	- 102 594
	Netto driftsutgifter	275 164	271 766
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	275 142	271 766

Endring frå 2020 til 2021

Tannhelse har eit budsjettnedtrekk i 2021 på 3 mill. kr. Følgjande salderingstiltak er tidlegare presentert og innarbeidd etter prosessvedtak; innsparing på administrativ stilling, meirinntekter grunna takstauke og kostnadsreduksjon på TK Vestland.

Utover dette er det innanfor tenesta gjort ei intern flytting; der teknisk avdeling er flytta frå løyvingnivået administrasjon til løyvingnivå pasientbehandling. Dette viser igjen på endringa i nettobudsjett frå 2020 til 2021 på løyvingnivå i 2021- kr; denne flyttinga utgjør 17,6 mill. kr.

Utover desse momenta er alle delar av budsjettet tilført pris- og lønsvekst, og vidareført på same nivå som 2020- budsjettet. Administrativt innsparingsprogram er også innarbeidd.

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå	Endring frå 2020 til 2021	Moment
Pasientbehandling	-2 600	Meirinntekter og kostnadsreduksjon TK Vestland
Administrasjon	- 400	Innsparing adm. stilling
Pasientbehandling	17 632	Teknisk avdeling, flytting
Administrasjon	-17 632	Teknisk avdeling, flytting
Administrasjon	- 376	Adm innsparingsprogram
Total endring	- 3 376	

Innarbeidd salderingstiltak 2021

Løyvingnivå Pasientbehandling:

Meirinntekter

I tidlegare Sogn og Fjordane og i Hordaland hadde ein ulik tilnærming når det gjaldt takstar. I samband med samanslåinga var det føremålstenleg å få ei takstharmonisering frå og

med 2020. Dette vart vedteke i fylkestinget i sak PS 14/19 budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

Takstauken som følgje av denne harmoniseringa utgjør omlag 1,6 mill. kr i meirinntekter, og dette vil gje ein inntekts-effekt i 2021.

Inntektene til tannhelsesektoren er særskilt viktige, og desse vart kraftig reduserte i mars og april i 2020 i takt med innførte koronatiltak. Etter ei gradvis gjenopning frå og med mai

har nivået teke seg opp att, men utsiktene til ein varig svikt i inntektene er ein risiko ein må ta høgde for. Sektoren vil vurdere dette fortløpande.

TK Vestland

Tannhelsetenesta likestiller Tk Vestland organisatorisk med dei andre tannhelseområda. På bakgrunn av den økonomiske situasjonen i sektoren har alle områda i 2020 redusert sine kursmidlar, andre driftsutgifter samt vikarlønn. Dette vil ein difor også gjennomføra for TK Vestland. Dette vil gje ei innsparing på 1 mill. kr

Løyvingsnivå Administrasjon:

Innsparing administrativ stilling

Det er innarbeid eit innsparingstiltak ved hjelp av stillingsreduksjon i administrasjonen. Innsparinga utgjer 0,4 mill. kr. Dette skjer som følgje av naturleg avgang, og stillingsheimelen vert ikkje bli erstatta.

Løyvingsnivå: Pasientbehandling

Løyvingsnivå		Budsjet 2020		Budsjet 2021	
Pasientbehandling	Brutto driftsutgifter	336 711	360 969		
	Driftsinntekter	-96 442	-102 587		
	Netto driftsutgifter	240 269	258 382		
Netto driftsutgifter i 2021-kr		240 750	258 382		

Tal i 1000 kr

Under dette løyvingsnivået ligg behandlinga av pasientgruppene som er prioriterte og betalande. I tillegg kjem områdeleiarane, alle yrkesgrupper tilknytt pasientbehandling, tilsette i teknisk eining og alt utstyr som vert brukt på klinikkane. Vestland tannhelseteneste utfører lovpålagde oppgåver i samsvar med lov om tannhelsetenester. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket. Tannhelsetilbodet skal vera regelmessig og oppsøkjande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling.

Tannhelsetenesta i Vestland har i 2021 ansvar for å gi eit tannhelsetilbod til om lag 170 000 innbyggjarar som har ein lovfesta rett til tannhelseteneste. Utover det får om lag 23 000 vaksne, betalande personar årleg tannbehandlinga si i Vestland tannhelseteneste.

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definerer dei prioriterte gruppene som:

- barn og unge 0-20 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon eller i heimesjukepleie

Administrativt innsparingsprogram

I samsvar med sak i finansutvalet 17. september vart det gjort prosessvedtak på at administrativt innsparingsprogram og innsparingane der skulle leggjast til grunn i driftsbudsjettet for 2021. For denne sektoren utgjer reduksjonen samla sett 0,376 mill. kr. Dette gjeld;

Løyvingsnivå Administrasjon

Kontigentar, møtekostnadar, reiseverksemd 0,376 mill. kr. Denne summen kan seinare verta omfordelt på andre løyvingsnivå i sektorbudsjettet.

2 Omtale av løyvingsnivåa

Tannhelsetenesta har to løyvingsnivå; pasientbehandling og administrasjon.

Vestland tannhelseteneste gir også eit tannhelsetilbod til innsette i fengsel og personar innan rusomsorg. I tillegg får vaksne, betalande pasientar tilbod om behandling der det er kapasitet og behov. For ein del klinikkar utgjer behandlinga av betalande pasientar ein betydeleg del av den totale drifta.

Vestland tannhelseteneste har og ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannhelsebehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus, Førde sjukehus og Stord sjukehus samt eit poliklinisk tilbod om tannbehandling i narkose på Solheimsviken tannklinikk.

Eit spesialtilpassa tannhelsetilbod til personar som har ulike plager i høve til det å få tannhelsebehandling vert gitt av totalt 5 spesialutdanna team. Desse held til rundt i fylket. Tilbodet rettar seg mot pasientar som har vorte utsette for tortur eller overgrep, eller har sterk angst for tannbehandling.

TK Vestland

Vestland fylkeskommune har ansvar for drift av Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter TK Vestland. Dei er lokalisert på Årstadvollen i Bergen, og skal gje tilbod om spesialistbehandling og utføra fagleg rådgjeving til offentleg og privat

tannhelseteneste. Dei har og ansvar for praksisnær klinisk forskning, og bidreg i spesialistutdanninga. TK Vestland har og ein eigen tannklinikk på Haukeland universitetssjukehus .

TK Vestland er eininga som har størst budsjettutfordringar. Kompetansesenteret vart etablert med målsetting om at senteret skal vere sjølvfinansierande, og den budsjetterte finansieringa består av statlege midlar og pasientinntekter. Grunna stor negativ drift over fleire år er det naudsynt å gjera varige tiltak. For å få fokus på kostnadsnivået ved senteret vart budsjetteringa lagt om frå og med 2019.

Kostnadsnivået dei siste åra har vore for høgt til at senteret oppnår prinsippet om å vere sjølvfinansierande, og utan tiltak vil kompetansesenteret belaste den fylkeskommunale drifta med omlag 8-9 mill. kr i eit normalår. Det er difor iverksett eit arbeid med å gå gjennom økonomien (både inntektspotensialet og kostnadsnivået) på TK Vestland. Dette for å kunne setje i gang kostnadsreducerande tiltak og vurdere korleis ein kan auke inntektene.

Ved oppstart av senteret vart det ikkje lagt til grunn trong for fylkeskommunale budsjettbidrag, og det bør og vurderast om dette har vore realistisk. Det er gjort avtale med PWC, som skal gå gjennom drifta ved senteret hausten 2020.

Løyvingsnivå: Administrasjon

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	35 170	13 391
	Driftsinntekter	-275	-7
	Netto driftsutgifter	34 895	13 384
Netto driftsutgifter i 2021-kr		34 392	13 384

Løyvinga skal dekke løn, og personalkostnader og andre utgifter knytt til tilsette på økonomi, personal, fagseksjon, samt stabsleiar og fylkestannlegen.

Klimavurdering sektorbudsjett

Klimaperspektivet er i fokus når det gjeld alle innkjøpsavtalar. Det vert teke omsyn til transport og leveringsmetode, samt at ein har gode ordningar for handtering av spesialavfall. Målet med langsiktig helsefremjande arbeid er at pasientar skal få ein god oral helse, som igjen vil krevja mindre omfattande behandling. Dette igjen vil føra til eit mindre klimaavtrykk.

Alle prioriterte pasientar vert oppmoda om å nytta seg av offentleg transportmiddel til og frå behandlingsstaden så langt det let seg gjera. Bil eller drosje kan berre nyttast dersom helseilstanden til pasienten eller rutetider på offentleg transport tilseier at dette er naudsynt.

Tenesta vil halde fram med avvikling av digitale møter og kurs der det er hensiktsmessig, og dette gjev ein god klima-effekt.

3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summene til dei ulike løyvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadsstypar vil vere ein viktig del av fylkesrådmannen si økonomistyring. Summane for sektor og løyvingsnivå er faste og endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesrådmannen vil styre etter.

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

Budsjett 2021	
Reise og kurs	2 199
Konsulenttenester	0
Administrasjonsutgifter	4 777
Ordinære driftsutgifter	53 256
Lønsutgifter og -refusjonar	314 128
Ordinære inntekter	-102 594
Andre utgifter og inntekter	0
Netto driftsutgifter i 2021-kr	271 766

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Under vert det kort gjort greie for kva som ligg i dei ulike kostnadsgruppene.

Reise og kurs:

Under reise og kurs ligg utgifter som gjeld klinikkleiarsamling, leiarmøte, stabsmøte, besøk på sjukeheimar, ambulering, vernerundar og reiseutgifter i samband med vedlikehald og service ute på klinikkane.

Administrasjonsutgifter:

Utgifter som er budsjetterte her dreier seg i hovudsak om kontormateriell, gåver til tilsette, sms varsling til pasientar, telefonbruk, stillingsannonser og informasjonstiltak.

Ordinære driftsutgifter:

Her er ein av dei største utgiftspostane medisinsk forbruksmateriell, og anna knytt til behandling av pasientar. Her ligg og pasientreiser, dentalt utstyr, folkehelseiltak og utgifter knytt opp til vedlikehald og reparasjonar. Utgifter som gjeld henviste pasientar vert og budsjettert her.

Lønsutgifter og refusjonar:

Under dette artsnivået ligg løn og sosiale kostnader for alle tilsette i tannhelsetenesta.

Ordinære inntekter:

Her vert det i hovudsak budsjettert inntekter for betalende pasientar.

4 Ytterlegare spesifikasjon av sektorbudsjettet

Løyvingsnivå 1: Pasientbehandling

	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1 Nord tannhelseområde	54 149	53 687
2 Sørøst tannhelseområde	43 015	43 839
3 Sentrum tannhelseområde	76 511	78 484
4 Vest tannhelseområde	66 594	67 422
5 Teknisk avdeling	-	14 950
Netto driftsutgifter	240 750	258 382

Løyvingsnivået er inndelt i fire område. Kwart område er leia av ein tannlege som er områdeleiar. Størstedelen av budsjettet går til løn- og sosiale kostnader i høve til dei tilsette i sektoren; områdeleiarar, tannlegar, tannpleiarar og tannhelsesekretærar. Løyvinga omfattar behandling av både prioriterte og betalende pasientar. Teknisk eining er flytta til løyvingsnivå for pasientbehandling frå og med 2021, og denne eininga utfører vedlikehald av tannteknisk utstyr.

Tannhelsetenesta er ein viktig fylkeskommunal aktør med lokasjonar over heile Vestland. Under er ein tabell som syner tal på klinikkar pr. område, og kor desse er lokalisert. Av tabellen går det fram at det samla er 45 klinikkar rundt om i fylket.

Område	Tal klinikkar	Lokasjonar
Nord	13	Måløy, Eid, Stryn, Sandane, Florø, Bremanger, Førde, Askvoll, Hyllestad, Hardbakke, Høyanger, Sogndal, Gaupne
Sørøst	17	Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Voss, Ulvik, Norheimsund, Odda, Lofthus, Husnes, Rosendal, Etne, Stord, Tysnes, Bremnes, Langevåg, Sveio
Sentrum	11	Øygarden, Askøy, Loddefjord, Laksevåg, Fyllingsdalen, Sælen, Nesttun, Austevoll, Sørås, Os, Eikelandsosen
Vest	14	Eivindvik, Manger, Lindås, Knarvik, Frekhaug, Arna, Osterøy, Hesthaugen, Åsane, Bergen fengsel, Årstad, Tannlegevakten, Solheimsviken, Skuteviken

I budsjettet er det innarbeidd om lag 550 tilsette som utgjer om lag 440 årsverk. Under er ein tabell som syner personar og årsverk i tannhelsetenesta fordelt på yrkesgrupper, administrasjon og TK Vestland.

Grupper / 2021	Tal*	Årsverk*
Tannlege/ tannlegespesialist	197	166
Tannpleiar	83	64
Tannhelsesekretær	224	172
Tannhelse administrasjon	22	17
TK Vestland administrasjon/ Forskar/ Psykolog	28	21
Totalt	554	440

*Omtrentlege tal

5 Bindande føresetnader

Viser til tabellar og omtale, men for dette sektorbudsjettet er det ikkje sett opp bindande føresetnader.



*Eple- og plommehausting på garden Fosshaugen i Leikanger.
Foto: Morten Wanvik.*

4.9 Innovasjon og næringsutvikling

1 Innovasjon og næringsutvikling – løyvingnivå

Tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Verdiskaping i byar og regionar	Brutto driftsutgifter	150 924	146 136
	Driftsinntekter	-22 400	-127 514
	Netto driftsutgifter	128 524	18 622
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Brutto driftsutgifter	51 865	55 553
	Driftsinntekter	-17 803	-19 062
	Netto driftsutgifter	34 062	37 491
Forsking, komp. og internasjonalisering	Brutto driftsutgifter	64 352	71 598
	Driftsinntekter	-33 555	-37 698
	Netto driftsutgifter	30 798	33 899
Grøn vekst, klima og energi	Brutto driftsutgifter	22 909	23 679
	Driftsinntekter	-8 231	-8 066
	Netto driftsutgifter	14 678	15 613
Adm av innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	10 614	10 523
	Driftsinntekter	-316	-319
	Netto driftsutgifter	10 298	10 204
Utviklingsmidlar	Brutto driftsutgifter	19 685	37 811
	Driftsinntekter	-	-4 029
	Netto driftsutgifter	19 685	33 782
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	320 348	346 301
	Driftsinntekter	-82 305	-196 688
	Netto driftsutgifter	238 043	149 612
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	143 587	149 612

Endring frå 2020 til 2021

Innovasjon og næring har eit budsjettnedtrekk på 3 mill. kr og eit meirbehov til nokre område som løyst med innarbeiding av tiltak. Av sentrale moment som er innarbeidd i tala for 2021 er; tekniske justeringar på 2,5 mill. kr, 4,9 mill. kr i pris- og lønsvekst og føresetnadar statsbudsjett og ei rekneskapsmessig endring når det gjeld plasseringa av KMD-midlar på 99,4 mill. kr.

Den største endringa mellom løyvingnivåa er knytt til partnarskapsmidlar, som for 2021 er samla under løyvingnivå utviklingsmidlar.

I tabellen under er endringar i budsjettet 2020 til 2021 sett opp. Her kjem prioriteringar, innsparingar og pris- og lønsvekst fram. Samla er budsjetttramma til Innovasjon og næring endra med om lag 6 mill. kr.

Det er å nemna at den fyrste posten som gjeld rådgjeving gjeld samla endring på tvers av avdelinga, medan alle andre endringar i tabellen er innanfor same løyvingnivå. Denne posten dekkjer løn og sosiale kostnader til ikkje-eksternt finansierte stillingar, administrasjon og naudsynte interne reisekostnader.

Tabell med endringar

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå	Namn	Endring frå 2020 til 2021	Moment
Alle løyvingsnivå	Rådgjeving	2 559	Justering av løn, sosiale kostnader og overhead på tvers av sektoren som følgje av pris- og lønsvekst, endra medarbeidersamansetting og administrative innsparingar, samt tekniske endringar.
Verdiskaping i byar og regionar	Digital infrastruktur og breiband	-1 500	Reduksjon i eigenfinansiering av støtte til utbygging av breiband i Vestland. Storparten av budsjettposten er finansiert over statlege midlar.
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Kommunale næringsfond	-4 000	Avvikling av kommunale næringsfond.
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Forvalting av naturressursar	900	Finansiering av initiativ knytt til forvalting av naturressursar (mineral, vilt, vatn m.m).
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Marine næringar	200	Finansiering av utviklingsprosjekt.
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Reiseliv	500	Finansiering av initiativ i samband med berekraftig reiseliv.
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Distrikts- og lokalsamfunnsutvikling	300	Prioritert innanfor ramma.
Forskning, komp. og internasjonisering	FORREGION	450	Eigenfinansieringa av mobilisering til forskning i små og mellomstore bedrifter har tidlegare vore finansiert over statlege KMD-midlar. Desse kan ikkje lenger kan nyttast til føremålet.
Forskning, komp. og internasjonisering	Karriere Vestland	-100	Mindre administrativ innsparing.
Forskning, komp. og internasjonisering	Karrierettleiing introduksjonsprogram	3 330	Midlar til karrierettleiing gjennom introduksjonsprogrammet, løyvd gjennom statsbudsjettet.
Forskning, komp. og internasjonisering	Regionale kompetanseforum	300	Støtte til regionale kompetanseforum.
Grøn vekst, klima og energi	Klimapartner	-50	Mindre reduksjon.
Utviklingsmidlar	Utviklingsmidlar	2 976	Prisvekst.
Utviklingsmidlar	Partnerskapsmidlar	978	Prisvekst og korreksjon for beløp som tidlegare har vore finansiert over statlege regionale utviklingsmidlar.
Adm. av innovasjon og næringsutvikling	Administrativt innsparingsprogram.	-205	Kontingentar, reiser og møteverksemd.
		-1 613	Andre tekniske endringar og justeringar.
Endring finansutvalet november		1 000	
Sum sektor	Netto driftsutgifter	6 025	Ramme justert som følgje av salderingstiltak og tekniske justeringar.

Innarbeidde salderingstiltak 2021

Salderingsbehov

Salderingstiltak på 3 mill. kr er innarbeidd som del av fylkeskommunen si samla innsparing på 100 mill. kr. I tillegg er det identifisert fleire meirbehov innan sektoren som har skapt behov for ytterlegare saldering. Dette omfattar ein rekke underfinansierte initiativ; deltaking på messer og støtte til kompetanseforum og forskingsinitiativa.

Salderingstiltak

Tiltaka som er gjort er å finna blant endringane i tabellen over, og dreier seg om:

- Innsparingar på administrasjonskostnader på tvers av seksjonen
- Reduksjon i eigenandelen til utbygging av digital infrastruktur og breiband
- Avvikling av kommunale næringsfond

Statsbudsjettet

I statsbudsjettet vart det løyvd midlar til karriererettleiing til deltakarar i introduksjonsprogrammet. Løyvinga er på 3,3 mill. kr, og har styrka løyvingsnivå for forskning, kompetanse og internasjonalisering.

Administrativt innsparingsprogram

I samsvar med sak i finansutvalet 17. september vart det gjort prosessvedtak på at administrativt innsparingsprogram og innsparingane der skulle leggjast til grunn i driftsbudsjettet for 2021. For denne sektoren utgjør reduksjonen samla sett 0,205 mill. kr, og er plassert på løyvingsnivå

administrasjon av innovasjon og næring. Spesifikt dreier det seg om kontingentar, møtekostnadar og reiseverksemd. Summen kan seinare verte omfordelt på andre løyvingsnivå i sektorbudsjettet.

Teknisk endring – KMD-midlar

Under løyvingsnivået Verdiskaping i byar og regionar er det gjort ei teknisk endring der overføringa frå KMD til Innovasjon Norge og Siva vert inntektsført på dette løyvingsnivået. Tidlegare er denne inntekta ført sentralt i fylkeskommunen, og dette endrar sektorbudsjettet med 99,4 mill. kr.

2 Omtale av løyvingsnivåa

Løyvingsnivå Verdiskaping i byar og regionar

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	10 661	10 623
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	10 661	10 623
Innovasjonsuken Opp	Brutto driftsutgifter	-	350
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	-	350
KMD 553.61 overføring IN og SIVA	Brutto driftsutgifter	99 400	105 100
	Driftsinntekter	-	-105 100
	Netto driftsutgifter	99 400	-
Næringsretta partnerskapsmidlar	Brutto driftsutgifter	6 263	-
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	6 263	-
Bergen Vitensenter	Brutto driftsutgifter	3 500	3 500
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	3 500	3 500
Kommunale næringsfond	Brutto driftsutgifter	4 000	-
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	4 000	-
Entreprenørskapsstøtte	Brutto driftsutgifter	-	1 449
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	-	1 449
Digital infrastruktur og breiband	Brutto driftsutgifter	23 700	21 700
	Driftsinntekter	-20 700	-20 700

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
	Netto driftsutgifter	3 000	1 000
Invest in Bergen	Brutto driftsutgifter	3 400	3 414
	Driftsinntekter	-1 700	-1 714
	Netto driftsutgifter	1 700	1 700
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	150 924	146 136
	Driftsinntekter	-22 400	-127 514
	Netto driftsutgifter	31 920	18 622
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	33 059	18 622

Til dette løyvingsnivået ligg løn, driftsutgifter og utviklingsmidlar knytt til å utvikle byane og dei regionale sentra som motorar for verdiskaping og utvikling i heile fylket. Ei viktig oppgåve for seksjonen er å samordne arbeidet med dei utlyste partnerskapsmidlane og utviklingsmidlane i høve til handlingsprogrammet. Løyvingsnivået omfattar òg ressursar til samordning av arbeidet med ny regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke, samt arbeidet med å sjå heilskapen i alle verkemiddel under innovasjon og næringsutvikling. Samarbeid mellom ulike fagområde internt i fylkeskommunen, samt eksterne partnarar er sentralt i dette arbeidet.

Rådgjeving består av løn og eit mindre beløp til administrative utgifter og naudsynete reisekostnader.

Fylkeskommunen bidreg med støtte til Innovasjonsuken Opp, som er ein festival for aktørar innanfor innovasjon og entreprenørskap.

Ordninga med kommunale næringsfond i tidlegare Sogn og Fjordane fylke, for kommunar som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje var slegne saman med andre kommunar, vert avvikla. Det vert vurdert å opprette nærings-/utviklingsfond i kommunar og regionar med behov. Dette er og omtala under løyvingsnivå naturressursar, landbruk og reiseliv.

Ny oppgåve frå 2020 er at Vestland fylkeskommune er oppdragsgjevar for SIVA-programma knytt til næringshagar og inkubatorar. Fylkeskommunen mottok midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) som skal overførast til SIVA og Innovasjon Norge i samsvar med retningslinene frå KMD. Oppgåva inneber å utarbeide eit oppdrag til SIVA og Innovasjon Norge og følgje opp i tett kontakt slik at dette finansielle verktøyet vert nytta til beste for ønska utvikling for næringslivet i Vestland fylke. I 2020 var storleiken på tilskotet 99,4 mill. kr, og i 2021 105,1 mill. kr. Til skilnad frå 2020 er både inntekt og utgift ført på same løyvingsnivå i 2021.

Frå 2020 har fylkeskommunane overtatt forvaltingsansvaret for offentleg støtte til breibandutbygging. Vestland fylkeskommune lyser ut midlar til utbygging av breiband i fylket, og desse midlane er løyvd over statsbudsjettet. Kommunane kan søkje om tilskot til område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge dette ut. Ordninga er primært finansiert av statlege midlar med ein mindre eigenfinansiering av ordninga. For 2020 var det opphaveleg budsjettert med en bevilgning på 20,7 mill. kr, og denne vart seinare auka til 32,5 mill. kr. For 2021 vert eigenandelen redusert med 2 mill. kr. Det vert vurdert korleis ein kan auka utbyggingsstøtte til breiband i prioriterte utbyggingsområde, mellom anna gjennom å arbeide for auka statlege løyvingar til formålet.

Programmet Invest in Bergen fremjar og marknadsfører investeringar i bergensområdet. Halvparten av bruttobudsjettet vert finansiert av kommunane som deltek i ordninga. Entreprenørskapsstøtte er kurs og verktøy til entreprenørar som er flytta frå seksjonen forskning, kompetanse og internasjonalisering.

Midlar som i 2020 låg til posten næringsretta partnerskapsmidlar er flytta til løyvingsnivå for utviklingsmidlar.

Fylkeskommunen har vore sentral i å få etablert nasjonale og internasjonale ekspertentre (ARENA, NCE og GCE), «Katapultar» og sentre for forskingsdrevet innovasjon (SFI) i regionen. Dei to fylkeskommunane, og no Vestland fylkeskommune, har i fleire år vore framheva som «klyngemeistrane» i Noreg. Klyngene er kjenneteikna ved at dei samlar næringslivet for innovasjon. Fylkeskommunen sin vellukka strategi har vore å gå inn med relativt små midlar og kompetanse i ei tidleg førebuaende søknadsfase. Denne avgrensa og kortsiktige finansieringa har utløynt tung og langsiktig statleg finansiering. Vi ynskjer å vidareføre denne strategien. Finansiering vil ein kome tilbake til i samband med sak om handlingsprogram for næringsutvikling for Vestland 2021.

Løyvingsnivå Naturressursar, landbruk og reiseliv

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	14 014	15 117
	Driftsinntekter	-	-424
	Netto driftsutgifter	14 014	14 693
Marine næringar	Brutto driftsutgifter	-	200
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	-	200
Landbruk	Brutto driftsutgifter	11 250	11 500
	Driftsinntekter	-11 100	-11 100
	Netto driftsutgifter	150	400
Reiseliv	Brutto driftsutgifter	12 800	13 300
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	12 800	13 300
Distrikt-og lokalsamfunnsutvikling	Brutto driftsutgifter	6 781	7 081
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	6 781	7 081
Viltforvalting	Brutto driftsutgifter	950	1 050
	Driftsinntekter	-950	-950
	Netto driftsutgifter	-	100
Mineralressursar	Brutto driftsutgifter	100	500
	Driftsinntekter	-100	-100
	Netto driftsutgifter	-	400
Vassforvalting	Brutto driftsutgifter	5 970	6 805
	Driftsinntekter	-5 653	-6 488
	Netto driftsutgifter	317	317
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	51 865	55 553
	Driftsinntekter	-17 803	-19 062
	Netto driftsutgifter	34 062	36 491
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	35 277	36 491

Avsett sum til marine næringar består av medfinansiering av fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid (FAKS) og utviklingsmidlar til marin innsats.

Posten Rådgjeving er auka med 1 mill. kr for å finansiera kompetanseheving i fiskeriet.

Reiselivet vil i fleire år framover vere hardt råka av konsekvensane av koronapandemien og det er behov for ein innsats knytt til gjenreising og omstilling i reiselivet. Fylkeskommunen skal arbeide for å styrke verdiskapinga, samstundes som regionen tek imot besøkande utan å forringe klimaet, lokalsamfunna og naturen vår. Dette skal skje i samsvar med det framtidsbiletet som vestlandsfylka har samla seg om.

Her er fellesnemnaren attraktivitet gjennom berekraft. Som ein del av dette styrkar vi innsatsen innan besøksforvaltning.

Fylkeskommunen bygger vidare på fellesprosjekt saman med dei andre vestlandsfylka. Dette gjeld innsats innan mellom anna berekraftig cruiseverksemd og Travel like the locals, der turistar får tilbod om ledige sete på lokale buss-og båtruter. Desse fellesprosjekta ligg ikkje inne i budsjetttramma per no. Til løyvingnivået ligg støtte til destinasjonsselskap, Fjord Norge og forpliktingar til nasjonale turistveggar; jf. avtale med Statens vegvesen.

Det vert no forma ein ny strategisk innsats innan nærings-og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn, og denne femnar og om omstilling i utsette kommunar. Lokalsamfunnsprogrammet LivOGLyst er utvida til heile Vestland. Fylkesrådmannen foreslår vidare å framleis satse på lokal-og næringsutvikling i distrikta. Det vert vurdert å opprette nærings-/utviklingsfond for kommunar og regionar som har behov. Fordeling og innretning vert vurdert i eiga sak. Regionråda si rolle i utvikling og partnerskapsarbeidet skal inngå i denne saka.

Seksjonen løyser lovpålagte forvaltingsoppgåver innan områda marine ressursar/oppdrett, mineral og vilt, og det er ført opp utgifter til disse oppgåvene. Eit løft for å heve havbruksnæringa i Vestland «frå raud til grøn sone» vert eit strategisk innsatsområde framover, og det er behov for å sjå nærmare på korleis vi sikrar tilstrekkelege ressursar til dette viktige saksfeltet for framtida. Det vert synt til eiga sak om marin satsing som vert fremma til hovudutval for næring.

Vestland fylkeskommune skal saman med samarbeidspartnarar arbeide med å utvikle næringane jordbruk og skogbruk. I samband med regionreforma fekk fylkeskommunane nye oppgåver på dette feltet. Fylkeskommunen administrerer statlege midlar til høvesvis regionale tilretteleggingstiltak i landbruket, kompetansenettverk for lokalmat, kystskogmidlar og rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Utgifter på 150 000 kr som i 2020 var løyvd til partnerskapet med Matarena, flyttast til løyvingnivå for utviklingsmidlar og går inn i samla fordeling av partnerskapsmidlar i 2021. Posten er auka med 400 000 kr; som er støtte til SFI Climate Futures.

Løyvingsnivå Forsking, kompetanse og internasjonalisering

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Rådgeving	Brutto driftsutgifter	12 183	10 538
	Driftsinntekter	-370	-370
	Netto driftsutgifter	11 813	10 168
RFF	Brutto driftsutgifter	16 624	18 890
	Driftsinntekter	-18 355	-18 890
	Netto driftsutgifter	-1 731	-
FORREGION	Brutto driftsutgifter	10 300	8 450
	Driftsinntekter	-7 000	-7 000
	Netto driftsutgifter	3 300	1 450
Karriererettleiing introduksjonsprogram	Brutto driftsutgifter	-	3 330
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	-	3 330
Kompetansepilot	Brutto driftsutgifter	-	1 500
	Driftsinntekter	-	-1 500
	Netto driftsutgifter	-	-
Karriere Vestland	Brutto driftsutgifter	10 502	14 882
	Driftsinntekter	-	-4 480
	Netto driftsutgifter	10 502	10 402

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bedriftsintern opplæring (BIO)	Brutto driftsutgifter	5 500	5 500
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	5 500	5 500
Internasjonale prosjekt	Brutto driftsutgifter	5 094	4 100
	Driftsinntekter	-6 480	-4 100
	Netto driftsutgifter	-1 386	-
Etablerersenteret	Brutto driftsutgifter	2 700	2 709
	Driftsinntekter	-1 350	-1 359
	Netto driftsutgifter	1 350	1 350
Entreprenørskapsstøtte	Brutto driftsutgifter	1 449	-
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 449	-
Regionale kompetanseforum	Brutto driftsutgifter	-	1 700
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	-	1 700
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	64 352	71 598
	Driftsinntekter	-33 555	-37 698
	Netto driftsutgifter	30 798	33 899
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	28 998	33 899

Til dette løyvingsnivået ligg løn, driftsutgifter og utviklingsmidlar som bidreg til verdiskaping og arbeidsplassar, tilrettelegging for næringsutvikling, innovasjon og forskning i bedrifter og arbeidsliv.

Vestland fylkeskommune skal mobilisere til forskingsbasert innovasjon gjennom auka bruk av nasjonale og regionale finansieringsordningar både i privat og offentleg sektor, og gjennom tettare samarbeid om forskingsaktivitetar. Vi skal koordinere arbeidet med å kartlegge næringslivet sitt behov for arbeidskraft i framtida, og sikre at utdanningstilbodet på alle nivå treff i forhold til dette. Gjennom høg kompetanse på EU sin politikk og verkemidlar skal vi mobilisere kommunar, næringsliv og frivillig sektor til deltaking og finansiering gjennom EU-programma.

Eit viktig verkemiddel er "Regionalt forskingsfond Vestland" (RFF) som skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling ved å stø opp om dei prioriterte innsatsområda i regionen og mobilisere til auka FoU-innsats. Dette skal skje gjennom støtte til forskingsprosjekt som ligg tett på næringslivet og bedriftene sine behov. I 2020-budsjettet

var utgifter til administrasjon av aktivitetane plassert under posten rådgjeving. I 2021 vert disse utgiftene samla under RFF slik at det syner eit balansert nettobudsjett for denne aktiviteten.

Tidlegare Mobiforsk (Hordaland) og VRI4 (Sogn og Fjordane) blir vidareført i ei ny satsing under FORREGION. Prosjektet er finansiert av Forskringsrådet, og skal mobilisere til forskning og innovasjon i næringslivet. For 2021 er det budsjettet med ein eigenandel på 450 000 kr for desse to satsingane. Støtte til Teknoløftet, eit prosjekt med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning om å auke kapasitet og kompetanse innan digitalisering og automatisering, er i tillegg plassert på denne posten.

Karriere Vestland skal gje karriererettleiing til innbyggjarar over 19 år og skal vere eit nav for arbeidet med karriererettleiing i Vestland. Denne oppgåva er også per 1.8.2020 vorte lovpålagt. I tillegg har Karriere Vestland fått tildelt tre e-retteiarar finansiert av Kompetanse Norge som skal inngå i ei nasjonal satsing som skal dekkje heile landet. For 2021 er 3,33 mill. kr løyvd over statsbudsjettet til karriererettleiing

introduksjonsprogrammet. 1.1.2021 trer Introduksjonsloven i verk. Alle som kvalifiserer til introduksjonsprogram for nyankomne flyktningar i kommunane, har rett og plikt til karriererettleiing.

I 2021 kjem det til å verte utvikla eit heilskapleg støttesystem i høve til entreprenørskap som er ei vidareutvikling av dagens ordningar. Andre program og aktivitetar er Bedriftsintern opplæring (BIO), regionale kompetanseforum og deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt (t.d. RIGHT og P-IRIS).

Midlar til Entreprenørskapsstøtte er flytta til løyvingsnivået Verdiskaping i byar og regionar under namnet Entreprenørskapsstøtte.

I tillegg skal 1,4 mill. kr nyttast til prosjekt i regi av dei lokale kompetanesforuma for å utarbeide ordningar for læreplassgarantiar i regionane. I dette arbeidet skal det trekkjast veks-lar på arbeidet som er gjort i Nordhordland på dette feltet.

Løyvingsnivå Grøn vekst, klima og energi

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	5 165	5 150
	Driftsinntekter	-	-350
	Netto driftsutgifter	5 165	5 150
Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon	Brutto driftsutgifter	12 831	13 098
	Driftsinntekter	-4 368	-3 635
	Netto driftsutgifter	8 463	9 463
Klimapartner	Brutto driftsutgifter	3 253	3 413
	Driftsinntekter	-2 603	-2 813
	Netto driftsutgifter	650	600
Energi	Brutto driftsutgifter	1 661	1 668
	Driftsinntekter	-1 261	-1 268
	Netto driftsutgifter	400	400
Nullutsleppsfly	Brutto driftsutgifter	-	350
	Driftsinntekter	-	-350
	Netto driftsutgifter	-	-
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	22 909	23 679
	Driftsinntekter	-8 231	-8 066
	Netto driftsutgifter	14 678	15 613
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	15 202	15 613

Til løyvingsnivået ligg løn, driftsmidlar og utviklingsmidlar til arbeid med fornybar og grøn konkurransekraft, og arbeid med energi i Vestland.

Vestland fylkeskommune skal arbeide for omstilling og fornybarsatsing i arbeids- og næringslivet. Næringslivet må omstillast for å bidra til å nå FN sine klimamål. Dette gjer vi gjennom tilskot til klimarettatiltak i næringslivet, arbeid med

olje- og gassindustrien, kraftsystem, biogass, nye energiformer og teknologi i transport – elektrifisering, hurtigladedetilbod, og å utvikle verdikjede knytt til hydrogen som energikjelde.

Til posten «Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon» ligg fylkeskommunale utviklingsmidlar til dette formålet. Det kjem også statlege klimasatsmidlar som er øyremerkte til

ladestasjonar til drosjenæringa. Det er sett av 50 000 kr til eigendel i eit forskingsprosjekt. I 2021 vil vi nytte 2 mill. kr som er sett av til miljø til å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast. I tillegg vil 1 mill. kr verte brukt til oppfylling av plaststrategien; mellom anna til plastreduksjon og rydding av plast i strandsona.

Det er sett av 350 000 kr til samarbeid for nullutsleppsfly på Vestlandet. Prosjektet er finansiert av statlege midlar.

Eit viktig program som er lagt til løyvingnivået er sekretariatet for Klimapartner Vestland, som er eit kraftfullt verktøy for klimaomstilling av næringslivet i fylket. Desse aktivitetane har inntekter frå partnerar i programmet. Aktivitetar knytt til sekretariat for Vestlandsrådet sitt hydrogenarbeid var delvis finansiert av statlege klimasats-midlar i 2020. Her vert det arbeidd med produksjon av hydrogen som energikjelde, maritim bruk og tungtransport. Den statlege finansieringa av innsatsen vil truleg kunne vidareførast i 2021.

Løyvingsnivå Administrasjon av Innovasjon og næringsutvikling

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	5 125	4 807
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	5 125	4 807
Stab Innovasjon og næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	5 489	5 717
	Driftsinntekter	-316	-319
	Netto driftsutgifter	5 173	5 397
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	10 614	10 523
	Driftsinntekter	-316	-319
	Netto driftsutgifter	10 298	10 204
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	10 665	10 204

Til løyvingnivået ligg aktivitetane til fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling og fagdirektør ekstern kontakt. I tillegg ligg ein stabsseksjon til dette løyvingnivået, og denne skal leggje til rette for at dei andre seksjonane i avdelinga løyser oppgåvene sine best mogleg. Hovudoppgåvene er knytt til funksjonar innan økonomi og innkjøp, HR/personaladministrasjon, kommunikasjon og arkiv. Det ligg noko

driftsmidlar til løyvingnivået, og desse nyttast til behov som gjeld for heile avdelinga.

Reduksjon i kontingentar, reiser og møteverksemd som del av administrativt innsparingsprogram er førebels lagt inn på løyvingnivået. Reduksjonen utgjer 0,205 mill. kr.

Løyvingsnivå Utviklingsmidlar

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utviklingsmidlar	Brutto driftsutgifter	19 685	20 591
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	19 685	20 591
Partnerskapsmidlar	Brutto driftsutgifter	-	17 220
	Driftsinntekter	-	-4 029
	Netto driftsutgifter	-	13 191
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	19 685	37 811
	Driftsinntekter	-	-4 029
	Netto driftsutgifter	19 685	33 782
	Netto driftsutgifter i 2021-kr	20 387	33 782

Her ligg midlar til tiltak styrt gjennom "Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland". Korleis midlane vert nytta, vil vi kome tilbake til i eiga sak for hovudutvalet for næring tidleg i 2021.

Vidare er midlar knytt til partnerskapsavtalar som no er lyst ut og under handsaming, samla på dette løyvingsnivået. Posten er auka med 4 mill. kr gjennom midlar frå disposisjonsfond. Det vert også fremma sak om fordeling av midlane til hovudutval for næring tidleg i året.

Klimavurdering sektorbudsjett

Den daglege drifta til Innovasjon og næring generer ikkje vesentlege klimagassutslepp. Verkemidlar som avdelinga disponerer i form av tilskot, vedtak og vegleining er derimot viktige for å redusere klimagassutslepp i Vestland fylke. Klima og berekraft er ei premiss for alt arbeid i avdelinga.

For å følgje opp vedtaket om nullutslepp frå 2024, gjev avdelinga tilskot til hurtigladestasjonar for nullutslepptransport og til drosjelading. Eit viktig program under løyvingsområdet er tilskotsordninga for Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland. Hovudinnsetningsområde er grøn omstilling, klimainnovasjon og berekraft. Avdelinga har vidare sekretariatet for prosjektarbeid for el-flysamarbeid og hydrogen, og sekretariatet for Klimapartnare som er Noregs viktigaste partnerskap for grøn næringsutvikling.

Vi sett klimaomstilling på dagsorden saman med næringslivet ved til dømes miljøseminaret i Florø, klimakonferanse for landbruket og gjennom internasjonale prosjekt. Avdelinga arbeider for å bidra til grøn omstilling ved å ha den rette kompetansen. Ein vesentleg del av støtta frå Regionalt forskingsfond Vestlandet går til forskingsprosjekt om klimaomstilling. Avdelinga nyttar betydelege ressursar på å følgje opp og finansiere klynger og eksterne partnerskap. Døme på partnerar med klar berekraft- og klimaprofil er dei nasjonale og internasjonale ekspertklyngene innan rein skipsfart, akvakultur og marin teknologi (NCE og GCE).

3 Kostnadsgrupper

Tal i 1000 kr

Budsjett 2021

Reise og kurs	3 100
Konsulenttenester	2 300
Administrasjonsutgifter	3 129
Ordinære driftsutgifter	265 379
Lønsutgifter og -refusjonar	72 392
Ordinære inntekter	-196 689
Andre utgifter og inntekter	-
Netto driftsutgifter	149 612

Kort omtale av grunnlag for artsnivå

Den primære utgiftsposten for sektoren er ordinære driftsutgifter. Den langt største utgifta her er ulike tilskotsordningar. Den andre store artsgruppa er lønsutgifter og refusjonar; løn til avdelingas vel 80 tilsette. Ein del av utgiftene til både tilskotsordningar og lønsarter er dekte av eksterne midlar; statleg finansiering, medfinansiering frå kommunar og EU-midlar.

Det vert lagt vekt på å redusere reiseutgifter gjennom digitale møte, og denne posten vert teken enno meir ned i 2021. Drift av ei desentralisert avdeling krev likevel noko reising; grunna eit betydeleg samarbeid med andre aktørar og representasjon i ulike regionale og nasjonale fora. Ein vesentleg del av utgiftene til administrasjon og reise er knytt til eksterne inntekter slik som EU-finansierte prosjekt, og ytterlegare reduksjon vil difor i liten grad kunne medføre innsparing av netto utgifter for fylkeskommunen. Andre utgifter knytt til denne artsgruppa er arrangement der fylkeskommunen er vertskap eller bidragsytar, eller knytt til gjennomføring av tenester slik som karriererettleiing i heile fylket.

Det er ikkje planlagt større konsulentkjøp i 2021 forutan eit statleg tilskot til Karriere Vestland 2020. Dette tilskotet skal nyttast i 2021 til kjøp av eksterne tenester ved stor etterspørsel som gjeld karriererettleiing. Det kan verte vurdert som naudsynt i løpet av året å kjøpe konsulenttenester i samband med utarbeidinga av mellom anna rapportar. Det kan også vere at eksterne inntekter øyremerkte til gitte formål kan medføre konsulentutgifter.

4 Ytterlegare spesifisering av sektorbudsjettet

Avdeling for innovasjon og næring skal, gjennom strategisk styring, mobilisering av næringsliv, kommunar og samarbeidspartnarar og bruk av verkemidlar bidra til:

- berekraftig omstilling i næringslivet – sikre grøn vekst gjennom det grønne skiftet
- produksjon av fornybar energi, god infrastruktur og energiomstilling frå fossil energi til fornybar energi
- rett kompetanse i arbeidslivet for å sikre nye arbeidsplassar og sysselsetting i heile Vestland fylke
- nyskaping og nytt næringsliv som bygger på eksisterande industri og næringar som i dag har fortrinn på Vestlandet
- verdiskaping i byar og regionar og fremje berekraftig forvaltning av naturressursane våre, både i havet og på land
- synleggjering av fiskeriressursar, landbruk og reiseliv som drivarar i utvikling av sterke distrikt
- innovasjon i næringslivet og offentleg sektor basert på forskning og kompetanse
- strategisk arbeid saman med kommunar, næringsaktørar og regionar til beste for befolkning, sysselsetting, infrastruktur, næringsareal og økonomisk utvikling i dei viktigaste bransjane
- nærings- og lokalsamfunnsutvikling, som også femnar om breiband og teknologiske løysingar
- vidareutvikling av Vestland som eit sterkt eksportfylke, og auka deltaking i globale verdikjeder

Intensjonsplanen for samanslåing av fylkeskommunane til nye Vestland fylke og den nye politiske plattformen målar ei god satsing på nærings- og samfunnsutvikling. Avdelinga

har fire seksjonar som alle på ulike måtar skal bidra inn mot desse måla.

Tabellen under syner venta eksterne inntekter som er bundne til gitte føremål:

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå	Budsjettpost	Bruttobeløp
Verdiskaping i byar og regionar	KMD 553.61 overføring IN og SIVA	105 100
Verdiskaping i byar og regionar	Digital infrastruktur og breiband	20 700
Verdiskaping i byar og regionar	Invest in Bergen	1 700
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Landbruk	11 100
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Viltforvalting	950
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Vassforvalting	6 500
Forsking, komp. og internasjonalisering	Regionalt Forskingsfond	18 890
Forsking, komp. og internasjonalisering	FORREGION	6 000
Forsking, komp. og internasjonalisering	Internasjonale samarbeidsprosjekt	4 100
Forsking, komp. og internasjonalisering	Etablerersenteret	1 350
Forsking, komp. og internasjonalisering	Kompetansepilot	1 500
Forsking, komp. og internasjonalisering	Karrierettleiing	3 852
Grøn vekst, klima og energi	Nullutsleppsfly	350
Grøn vekst, klima og energi	Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon	3 600
Grøn vekst, klima og energi	Klimapartner	2 800

5 Bindande føresetnader

Under er sett opp ulike typar midlar som er bundne til særlege føremål.

Tal i 1000 kr

Løyvingsnivå	Mottakar	Nettobudsjett
Verdiskaping i byar og regionar	Bergen Vitensenter	3 500
Verdiskaping i byar og regionar	Invest in Bergen	1 700
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Statens Vegvesen	4 000
Forsking, komp. og internasjonalisering	Teknoløftet	1 000
Forsking, komp. og internasjonalisering	Etablerersenteret	1 350



Universell utforming på bybanestopp og overgangsfelt.
Foto: Morten Wanvik.

5 Økonomiplan 2021–2024

Økonomiske utfordringar

Fylkestinget vedtok økonomiplan for 2021-2024 på fylkestinget i juni. Budsjetttrammene for 2021 for både investerings- og driftsbudsjettet vart fastlagde som del av dette vedtaket. Desse rammene har vore styrande for budsjettprosessen i finansutvalet.

Ved oppstart av Vestland fylkeskommune frå 2020 var det økonomiske utfordringar i drifta. Fylkestinget vedtok at utfordringane skulle løysast over litt tid med fordeling av tiltak i perioden fram til 2024. Det vart vedteke å gjennomføre årlege innsparingstiltak i perioden på 100 mill. kr for å tilpasse drifta innanfor tilgjengeleg budsjetttramme. Fylkestinget sitt vedtak har vore følgt opp gjennom arbeid med tiltak på driftssida både i 2020 og i arbeidet med budsjettet for 2021.

Situasjonen i 2020

I tertialrapportane til fylkestinget – handsama i juni og september – er det orientert om den økonomiske stoda inneverande år. Tertialrapporten etter 1. tertial hadde prognose om meirforbruk på over 750 mill. kr med bakgrunn i utslaga av koronapandemien. Særleg galdt dette mykje lågare inntekter enn budsjettet i kollektivtrafikken, ettersom passasjertalet vart sterkt redusert.

Situasjonen vart vesentleg betra ved utarbeiding av rapporten etter 2. tertial. Ein hadde då fått statlege kompensasjonsmidlar for innteksttapet i kollektivtrafikken, slik at prognostisert meirforbruk no var redusert til 125 mill. kr for sektorbudsjetta. Statstilskotet på 77 mill. kr til

fylkeskommunar med nullutsleppsferjer betra situasjonen ytterlegare, slik at den samla prognosen som vart rapportert til fylkestinget etter 2. tertial, var eit meirforbruk på 42 mill. kr.

Fylkesrådmannen har no gjennomgang med fylkesdirektørane av rapportar pr 3. kvartal. Gjennomgangen tyder på at prognosen kan betrast ytterlegare, men utviklinga av smittesituasjonen den siste tida vil spele inn på det endelege rekneskapsresultatet for 2020. Fylkesrådmannen ser likevel ikkje bort frå at det kan gå mot eit mindreforbruk i drifta.

Budsjett 2021

Føreliggjande budsjettokument er utarbeidd i samsvar med prosessvedtak finansutvalet har gjort i arbeidet med budsjettet gjennom året.

Tabellen nedanfor viser oppdaterte tal for 2021 i tråd med dette. Tala for perioden 2022-2024 er i samsvar med det fylkestinget vedtok ved økonomiplanhandsaminga i juni. For felles inntekter og utgifter er det gjort justeringar som følgje av forslaget til investeringsbudsjett. Vidare er summen for lønsavsetjingar og premieavvik justert som følgje av nye overslag om lønsutviklinga i statsbudsjettet og opplysningar frå pensjonsleverandørane.

For sektorane er fylkestinget sitt vedtak med årlege driftsreduksjonar på 100 mill. kr vidareført. Det er teke omsyn til at det ikkje er val i 2022 og 2024 med 3 mill. kr. Tala for åra 2021-2024 er i 2021-kr.

Sterkt redusert passasjertal under koronapandemien gjev lågare inntekter enn budsjettet i kollektivtrafikken.



	2020	2021	2022	2023	2024
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamm	-9 938 970	-10 279 828	-10 217 828	-10 212 828	-10 212 828
Andre generelle statstilskot	- 2 000	-27 529	-82 529	-82 529	-82 529
Konsesjonskraftinntekter	-182 000	-152 000	-151 000	-150 000	-150 000
Kapitalinntekter/utgifter, utbytte	833 900	852 400	982 500	1 109 800	1 232 900
Lønsavsetjing, -premieavvik	6 958	14 900	20 000	20 000	20 000
Bruk/avsetning til fond	-70 000	62 978	59 778	18 478	-51 622
Overføring til investering	536 997	552 500	551 500	556 500	606 500
Sum felles inntekter og utgifter	- 8 815 115	- 8 976 579	-8 837 579	-8 740 579	-8 637 579
Politisk styring og kontrollorgan	66 042	68 579	65 579	68 579	65 579
Organisasjon og økonomi	703 128	715 165	712 165	709 165	706 165
Strategisk utvikling og digitalisering	171 767	170 445	168 445	166 445	164 445
Tannhelse	275 164	271 766	268 766	265 766	262 766
Kultur, idrett og inkludering	312 600	322 348	319 348	316 348	313 348
Infrastruktur og veg	1 147 692	1 228 080	1 207 080	1 195 080	1 183 080
Mobilitet og kollektiv	2 521 898	2 555 112	2 506 112	2 469 112	2 432 112
Innovasjon og næringsutvikling	138 642	149 612	146 612	143 612	140 612
Opplæring og kompetanse	3 478 222	3 495 472	3 443 472	3 406 472	3 369 472
Sum sektornivå	8 815 115	8 976 579	8 837 579	8 740 579	8 637 579

Økonomiplanperioden

Fylkestinget skal vedta økonomiplanen for perioden 2021-2025 på fylkestinget i juni 2021. Budsjettet for 2021, som fylkestinget vedtek i desember 2020, vil vere grunnlaget for finansutvalet sitt arbeid med komande økonomiplan.

Rekneskapan for 2020 vert lagt fram i slutten av februar og skal handsamast av fylkestinget i juni. Dette er fyrste rekneskapan for den nye fylkeskommunen. Den vil gje ein peikening på kor godt samsvaret mellom budsjett og rekneskap er og dermed gje betre grunnlag for budsjetteringa seinare år.

Tertialrapporten om den økonomiske utviklinga i 1. tertial av 2021 vert også lagt fram i juni. Då vil også regjeringa sitt forslag til kommuneproposisjon for 2022 vere kjend. Fylkesrådmannen nemner dette som faktorar som vil innverke på finansutvalet sitt arbeid med å fastleggje driftsrammene for 2022 og åra i økonomiplanperioden. Nedanfor er det vidare nemnt nokre område som vil få innverknad på økonomiplanarbeidet.

Snøggbåtkontraktar

Tidlegare vedtak må det også taksast omsyn til i økonomiplanen og fylkesrådmannen viser her til vedtaka om nye

kontraktar for snøggbåtrutene. Ein har så langt ikkje fullt oversyn over dei økonomiske effektane. Både kontraktskriteria og storleiken på den statlege støtta vil ha innverknad på kostnadsnivået for dei nye kontraktane.

I førre arbeidsdokument nemnde fylkesrådmannen at ein må kome nærare attende til dette i økonomiplanarbeidet, både for investerings- og kostnadssida.

Kontraktskostnader

Innanfor sektorane mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg er store delar av budsjetta knytt opp til kontraktar med driftsoperatørar. Det gjeld i særleg grad innanfor kollektivtrafikken, men også for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

I økonomiplanarbeidet er dette faktorar som spelar inn. Nye kontraktar kan medføre endra budsjettbehov og endringar i gjeldande kontraktar kan gje utslag.

Elevtalsutvikling

Sektoren for opplæring og kompetanse er den største sektoren i fylkeskommunen. Elevtalsutviklinga er sjølvstendig ein viktig faktor for denne sektoren. Dei siste åra har elevtalet vore stabilt eller noko lågare frå år til år, mens det mot slutten av økonomiplanperioden igjen viser ein stigande tendens.

Investeringsnivå og lånegjeld

Fylkestinget har vedteke handlingsregelen om at lånegjelda ikkje skal overstige 115% av driftsinntektene. Finansutvalet sitt arbeid med investeringsbudsjettet for 2021 og perioden til og med 2024 medfører at lånegjelda i 2023 og 2024 er rett i underkant av 115%. Det er såleis ikkje rom for ytterlegare vekst i lånegjelda. Ein viktig del av økonomiplanarbeidet vil difor vere å bremse veksten i lånegjelda, slik at ikkje ein større og større del av dei samla driftsmidlane går med til å betale kapitalutgifter.

Moment i arbeidet med å bremse veksten i lånegjelda er vurdering av investeringsnivået med sikte på å utsetje prosjekt, avdragsnivået og storleiken på driftsmidlar som vert nytta til å finansiere investeringar.

Grunnprinsipp og køyrereglar

I budsjettet for 2020 vart det nemnt nokre grunnprinsipp og køyrereglar som fylkesrådmannen meiner bør leggjast til grunn i det vidare budsjettarbeidet og som ein kort tek opp att nedanfor:

Grunnprinsipp

- Kvalitet i tenestetilbodet
- Fokus på samfunnsutviklarrolla
- Prioritering i samsvar med utviklingsplanen
- Langsiktig perspektiv på dimensjonering og innretting av tenestene
- Finansiering av tenester gjennom samarbeid og partnerskap

Køyrereglar

- Innbyggjarane i fokus
- Lovpålagde oppgåver opp mot ikkje-lovpålagde
- Konsekvensvurdering av forslag til tiltak
- Realistisk budsjettering
- Respekt for tilsette som ein god arbeidsgjevar med vekt på rett og nok kompetanse
- Betre dei eksterne rammevilkåra for Vestland fylkeskommune

Utviklingsplan – økonomiplan

Fylkestinget vedtok i september utviklingsplanen som den regionale planstrategien for Vestland fylke. Planen gjev felles retning for Vestland fylkeskommune som organisasjon, og for vestlandssamfunnet som heilskap fram til 2024.

God samanheng mellom utviklingsplanen og økonomiplanen er avgjerande for å ha eit velfungerande plansystem der prioriteringane i utviklingsplanen vert følgde opp i økonomiplanen, jf. avsnittet om grunnprinsipp ovanfor.


Alle regionale planar skal støtte opp om hovudmåla i utviklingsplanen. Dette gjeld også økonomiplanen. Utviklingsplanen har fire hovudmål der kvart hovudmål er knytt opp FN sine berekraftsmål.

Til fylkestinget i mars 2021 vil fylkesrådmannen kome at- tende til vidare arbeid med utviklingsplanen. Ein tek då sikte på å ha sektorvise tiltak knytt til dei fire hovudmålsetjingane i planen. Desse sektorvise tiltaka vil også få innverknad på økonomiplanarbeidet og leggje føringar for prioriteringane som der må gjerast.

Langsiktig gjeld

mill. kr

	2021	2022	2023	2024
Saldo 1/1	14 298	14 859	16 499	17 605
Nye lån	1 236	2 439	2 036	1 547
Avdrag	-675	-800	-930	-1 060
Saldo 31/12	14 859	16 499	17 605	18 091



*Dronebilete av bybanebygging i Bergen.
Foto: Morten Wanvik.*

6 Investeringsbudsjett 2021–2024

Innleiing

Det samla budsjettopplegget for Vestland som vert presentert på investerings sida er eit opplegg som er i samsvar med handlingsregelen som tilseier ein maksimal gjeldsgrad på 115 % dei neste 4 åra.

Vestland fylkeskommune hadde for førre planperiode eit investeringsbudsjett som i stor grad var ei vidareføring av dei vedtaka som var gjort i dei to gamle fylka. Tidleg i budsjettprosessen for 2021 vart det vist til at dei gjeldande planane hadde eit særst høgt investeringsnivå og ein gjeldsgrad langt over vedteken grense. Med det var det naudsynt med reduksjonar. Dette for hindre at det nye fylket skulle få monaleg gjeldsoppbygging, og ein gjeldsgrad som ikkje var i samsvar med vedteken handlingsregel på dette området.

I revidert opplegg til investeringsbudsjett for 2021- 2024 i arbeidsdokument 2 peika fylkesrådmannen på retemporisering av det som låg inne, og viste til mogelege reduksjonar på 1,4 mrd. kr i 2022 og 1,3 mrd. kr i 2023. Samstundes la ein opp til eit moderat investeringsnivå i 2024. I dette låg det at nokre få prosjekt vart teke ut av planen, ein del vart skyvd ut i tid og fleire fekk reviderte kostnadsoverslag.

Her vert detaljert budsjett med prosjektomtalar presentert. Forutan at alle tal er omrekna til 2021- nivå, er det ingen

store endringar i høve til det som vart presentert ved førre handsaming av investeringsbudsjettet i arbeidsdokument 4. Det er berre to nye prosjekt som er innarbeidd;

- Informasjonsskjermer for bybanen. Dette er eit nytt behov som er omtala under investeringsprogram for kollektiv.
- Fv. 60 Storelva bru – Utvik, Stryn kommune. Ligg innunder bruer og kaier i investeringsprogram for fylkesveg.

Til sist i kapittelet er det eit oversyn over korleis investeringane for 2021- 2024 er finansiert.

6.1 Oversyn investeringar 2021- 2024

Finansutvalet i november reduserte løyvinga i 2021 til tunnelrehabilitering med 21,1 mill. kr og auka løyvinga til mindre utbetringar tilsvarande. I tillegg vart løyvinga til prosjektet Svelgen - Indrehus auka og det vart sett av midlar til prosjektet Alversund bru. Det vart sett av 1 mill. kr til Atløysambandet i 2021.

Under er eit oversyn over investeringane i Vestland fordelt på sektor, i tillegg til fellesfunksjonar.

Tal i 1000

Sektorar / tal i 1000kr	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Fylkesveg	11 351 995	2 347 018	3 274 993	3 204 040	2 525 944
Kollektiv, inkl. bybane	3 897 200	2 168 600	1 105 400	311 600	311 600
Opplæring	3 492 400	755 800	876 300	957 900	902 400
Fellesfunksjonar	1 101 000	466 000	466 000	98 400	70 600
Tannhelse	96 600	9 500	19 700	20 700	46 700
Regional utvikling	82 300	10 300	10 300	10 300	51 400
Kultur	32 900	3 100	3 100	23 600	3 100
SUM	20 054 395	5 760 318	5 755 793	4 626 540	3 911 744

Sjølv om investeringsplanane for Vestland er redusert med fleire milliardar i høve til det investeringsnivået som låg til grunn når budsjettprosessen starta, så skal det dei fire neste åra investerast monaleg i mange viktige prosjekt i fylket.

Samla syner tabellen at Vestland vil investere for 20,0 mrd. kr dei neste fire åra. Over halvparten, 11,3 mrd. kr vil verta investert i vegsektoren. Innanfor kollektiv vert det sett av 3,9 mrd. kr, og 90 % av denne summen går til bybaneutbygging

og bybanevogner. Innanfor skulesektoren vert det og lagt opp til store investeringar på samla 3,5 mrd. kr dei neste 4 åra. Det er sett av 1,1 mrd. til fellesfunksjonar i fylkeskommunen, og det aller meste av dette er planlagt brukt på bygginga av nytt fylkeshus i Bergen. Tannhelse, regional utvikling og kultur har eit relativt lågt investeringsnivå samanlikna med opplæring og samferdsel, men også på desse områda skal det gjerast mange viktige investeringar i planperioden.

6.2 Investeringsprogram bygg 2021- 2024

Investeringsprogrammet for bygg vert presentert i tabellen under (i 2021-kr).
Omtalar av kvart ein skilde prosjekt følgjer etter tabellen.

Tal i 1000

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Fellesfunksjonar	1 101 000	466 000	466 000	98 400	70 600
Fylkeshuset Bergen	847 300	410 800	410 800	25 700	0
Fylkeshuset Leikanger – rehab.	79 100	0	15 400	32 900	30 800
Gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
IT-investeringar	132 000	33 000	33 000	33 000	33 000
Skilting, bygg	15 400	15 400	0	0	0
Opplæring	3 492 400	755 800	876 300	957 900	902 400
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	399 600	99 900	99 900	99 900	99 900
Større undervisningsutstyr	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	638 800	195 100	215 700	184 900	43 100
Austrheim vgs	6 200	0	0	0	6 200
Bømlo vgs	21 600	4 100	17 500	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbygg	24 700	0	0	10 300	14 400
Eid vgs - nytt undervisningsareal	42 600	8 200	10 300	10 300	13 800
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	18 500	0	0	8 200	10 300
Førde vgs./campus Førde	773 300	92 400	267 000	270 100	143 800
Knarvik vgs	6 200	0	0	0	6 200
Kvam nybygg fase 1	60 500	1 000	20 500	39 000	0
Kvam nybygg fase 2	6 200	0	0	0	6 200
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	118 100	0	0	15 400	102 700
Langhaugen vgs	183 800	15 400	41 100	77 000	50 300
Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1 400	1 400	0	0	0
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	55 900	5 100	16 400	34 400	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	60 600	35 900	24 700	0	0
Måløy vgs - blokk A og D	58 500	30 800	27 700	0	0
Måløy vgs - ny akvahall	20 500	5 100	15 400	0	0
Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	131 500	80 100	51 400	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	14 400	3 600	3 600	3 600	3 600
Slåtthaug vgs	108 900	0	6 200	20 500	82 200
Sogn jord & h. rehab. fjøs-og verkstad	4 100	0	0	0	4 100
Sogndal vgs - bil/idrettshall	6 200	6 200	0	0	0
Sogndal vgs - rehab badebasseng	7 200	0	0	2 100	5 100
Sogndal vgs avd. Kaup. og Vitensenter	83 800	83 800	0	0	0
Sotra vgs	135 500	0	16 400	16 400	102 700
Stord vgs	266 900	15 400	5 100	123 200	123 200

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Årdal vgs - rehab	19 500	0	0	3 100	16 400
Årstad vgs	32 900	0	0	2 100	30 800
Åsane vgs	34 900	34 900	0	0	0
Tannhelse	96 600	9 500	19 700	20 700	46 700
Tannklinikk Sogndal	28 000	0	0	1 000	27 000
Tannklinikkar	31 000	100	10 300	10 300	10 300
Utstyr tannhelsetenesta	37 600	9 400	9 400	9 400	9 400
Kultur	32 900	3 100	3 100	23 600	3 100
Gulatinget	20 500	0	0	20 500	0
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	12 400	3 100	3 100	3 100	3 100
Regional utvikling	82 300	10 300	10 300	10 300	51 400
Oppgradering fiskerihamner	41 200	10 300	10 300	10 300	10 300
Bømlo fiskerihamn	41 100	0	0	0	41 100
Sum	4 805 200	1 244 700	1 375 400	1 110 900	1 074 200

Prosjektomtalar bygg

Fylkeshuset Bergen

Prosjektet har ei totalramme på 1 172,3 mill. Fylkestinget vedtok i sak 12/2018 bygging av nytt fylkeshus. Ein gjorde vidare vedtak i sak 40/2018 om finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget står klart i 2023. I sak 90/2019 vart det gjort vedtak om bygging i eigen regi, og kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala vart teke inn i prosjektet. Prosjektet er under utføring og det er sett av 410,8 mill. kr kvart av åra 2021 og 2022 og 25,7 mill. kr i 2023.

Fylkeshuset Leikanger – rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 95,4 mill. kr og gjeld rehabilitering av Fylkeshuset på Leikanger. Det er til no gjort mindre gradvise tekniske oppgraderingar, men fleire større tiltak som arbeid på tak, utvendig solskjerming og overflater er enno ikkje gjennomført. Samstundes må det og vurderast ei meir energivenleg oppvarming.

Det er sett av 15,4 mill. kr i 2022, 32,9 mill. kr i 2023 og 30,8 mill.kr i 2024.

Tiltak for gåande og syklende

Totalramma for prosjektet er på 27,2 mill. kr. Prosjektet gjeld ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende i tilknytning til fylkeskommunale eigedommar. Tiltaka gjeld mellom anna betre sykkelparkering, utbetring av fortau/ tilkomst, betre av- og påstigingsløyseringar for skulebussar, betre merking

og lystilhøve for gåande og syklende. Det er sett av 6,8 mill. kr kvart år i planperioden til prosjektet.

IT-investeringar

Det er samla sett av 132 mill. kr i planperioden til felles IT-investeringar i fylkeskommunen. Bruken av IT-løyseringar mellom anna innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelse og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene og levert tenestene sine. Det som legg føringar for disponeringa av desse IT-midlane er den overordna IT-strategien i fylkeskommunen. Det er sett av 32 mill. kr årleg til dette føremålet i planperioden.

Skilting, bygg

Prosjektet gjeld ny skilting av fylkeskommunale bygg og leigebygg. Fylkeskommunen har ein stor eigedomsmasse som må skiltast om i samsvar med ny vedteken profil for Vestland fylkeskommune. Det er i 2020 gjort eit arbeid med kartlegging og tilbodsinnhenting. Det er sett av 15,4 mill. kr for gjennomføring av skiltinga i 2021.

Ombygging/ rehab. /mindre tilbygg

Denne løyvinga gjeld planlagde ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Avgjerande faktor for kva arbeid som vert sett i gang, er tilstanden på bygg og tekniske anlegg. I tillegg vert det gjort oppgradering på fylkeskommunale eigedommar, med særskilt fokus på tiltak som gjeld brann og universell utforming. Ombyggingane kan også skuldast endringar i læreplanar, endringar i klassesaka eller elevar med spesielle

behov. Det vert utarbeidd årlege planar for disponeringa av midlane. Større tiltak på prosjekt over 25 mill. kr vert lagt fram som eigne saker til fylkesutvalet. Det er sett av 99,9 mill. kr kvart år i planperioden.

Undervisningsutstyr

Det er sett av 37,4 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringar og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane.

Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelegingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unytta midlar til neste år og på denne måte spare opp midlar til større investeringar. Avhengig av behov kan delar av potten delast mellom skulane til særskilte tiltak t.d. nye utdanningsprogram eller skular som har trong for større oppgraderingar.

Askøy vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 723,8 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i tråd med skulebruksplanen. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vgs vart starta opp 2018. Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet. I sak 118/2020 vart forprosjekt og byggstart for den nye skulen godkjent. I same sak vart og avtalen med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som fylgje av vedteken områdeplan godkjent. Saka legg til grunn eit tett samarbeid med Askøy kommune om sambruk, makebyte av tomt og leige av areal. Det er sett av 195,1 mill. kr i 2021, 215,7 mill. kr i 2022, 184,9 mill. kr i 2023 og 43,1 mill. kr i 2024.

Austrheim vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 285,5 mill. kr, og prosjektet er del av skulebruksplanen som vart vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2024 for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Knarvik vidaregåande skule.

Bømlo vidaregåande skule

Totalkostnaden for dette prosjektet er kalkulert til 23,6 mill. kr. Føremålet er å gjennomføre den vedtekte samlokaliseringa av Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Samlokaliseringa skal løysast med nokre mindre ombyggingar på Bømlo vgs og etablering av verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk i eit nytt leigebygg på Rubbestadneset. Prosjektet omfattar kostnader både til ombyggingar på Bømlo vgs og verkstadutstyr/møblering i leigebygg. Gjeldande planar tilseier ferdigstilling av dette prosjektet i løpet av 2022. Det er i planperioden lagt inn 21 mill. kr til fullfinansiering av prosjektet. Det er sett av 4,1 mill. kr i 2021 og 17,5 mill. kr i 2022.

Dale vidaregåande skule – rehabilitering/ombygging verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 37 mill. kr. Verkstadbygget som er frå 1982 er det eldste bygget ved skulen, og er ikkje i god stand. Mange bygningselement må skiftast ut.

Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 10,3 mill. kr i 2023 og 14,4 mill. kr i 2024.

Eid vidaregåande skule – nytt undervisningsareal

Totalramma for prosjektet er på 42,6 mill. kr. Eid vgs har i dag knapt med areal. Som følgje av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytta til ueigna lokale. Det er i tillegg behov for nye og oppgraderte realfagsrom. Anlegget på Eid er i sambruk med Eid kommune, og kommunen har og eit auka arealbehov knytt til drifta av kulturdelen/ Operahuset Nordfjord. Det er planlagt at prosjektet kan starte i 2021. Det er sett av 8,2 mill. kr i 2021, 10,3 mill. kr i både 2022 og 2023 og 13,8 mill. kr i 2024.

Firda vidaregåande skule – rehab. fløy D Aulabygg

Totalramma for prosjektet er på 40,1 mill. kr. Det er gjennomført fleire oppgraderingar på Firda vgs, men i den eine delen av bygningsmassen – aulabygget/ fellesareal, gjenstår nokre tiltak. Bygget er frå 1974 og treng oppgradering og rehabilitering. Det må gjennomførast tilstandsvurdering med framlegg til løysingar. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 8,2 mill. kr i 2023 og 10,3 mill. kr 2024.

Førde vidaregåande skule/campus Førde

Prosjektet har ei totalramme på 816,3 mill. kr. Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit prosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo). Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av ny idrettshall.

Eit delmål er å redusere tal leigeavtalar fylkeskommunen har i dag, og få løyst dette i eigne og mest mogleg samla areal slik at sambruk og ressursutnytting blir betre. Det er inngått ein intensjonsavtale i saka, jf. FU-sak 105/2017, og Hafstad vgs er seld i samsvar med dette.

Prosjektet er i samspelsfasen med planlagt ferdigstilling i 2024. Det pågår eit parallelt arbeid med Førde kommune om etablering av ein utbyggingsavtale for infrastruktur, samt oppfylgning av reguleringsprosessar for området. Det er sett av 92,4 mill. kr i 2021, 267 mill. kr i 2022, 270,1 mill. kr i 2023 og 143,8 mill. kr i 2024.

Knarvik vidaregåande skule

Prosjektet har ei samla løyving på 369,7 mill. kr. Prosjektet er del av skulebruksplanen som er vedteken i fylkestinget i Hordaland. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2024 til prosjektet for å starte planarbeidet. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjektet ved Austrheim vgs.

Kvam vidaregåande skule - nybygg fase 1

I samsvar med skulebruksplanen skal dei tidlegare vidaregåande skulane i Øystese og Norheimsund samlokalisera i eit nybygg sentralt i Norheimsund. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke å samlokalisera skulane mellomsteds i bygget i Øystese. Dette med unntak av verkstadlokala for EL og TIP som framleis er igjen i skulebygget i Norheimsund/ Steinsdalen. Det vart også vedteke ein

intensjonsavtale med Kvam herad om å nytte tomta for den gamle ungdomsskulen til nytt skulebygg, og at skulen skulle realiserast i to byggetrinn. Første byggetrinn skulle vere verkstadslokale for EL og TIP.

Fylkesrådmannen rår til at arbeidet med samlokalisering blir prioritert vidare, og at nye verkstadslokale vert etablert som ein del av eit første byggetrinn. Det er sett av kr 61,5 mill. kr. til dette første tiltaket.

Arbeidet knytt til kartlegging og reguleringsprosessar er under arbeid. Det er ein god dialog og kartlegging med Kvam herad om tomt og ev. sambruks- og samlokaliseringssprosessar pågår. Det er sett av 1 mill. kr i 2021, 20,5 mill. kr i 2022 og 39 mill. kr i 2023.

Kvam vidaregåande skule – nybygg fase 2

Dette prosjektet har ei samla løyving på 267,2 mill. kr. Tiltaket gjeld byggetrinn 2 av samlokaliseringa som er omtalt over. Innleiande kartlegging og programmering pågår som ein del av ei heilskapleg tilnærming og utvikling av prosjektet. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2024.

Laksevåg vidaregåande skule og Fagskule

Skulebruksplanen for Hordaland legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Rom- og funksjonsprogrammet for skulen blei vedteken i Ft-sak 28/2019. Programmet har teke opp i seg tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune om vesentleg auka kapasitet for dei to skulane. Prosjektet har ei samla løyving på 787,5 mill. kr.

Grunna det samla høge investeringsvolumet, er dette prosjektet, saman med fleire andre prosjekt, utsett noko i tid og arbeidet i prosjektet vil bli vidareført frå 2023 med plan om ferdigstilling i 2026/ 2027. Det er sett av 15,4 mill. kr i 2023 og 102,7 mill. kr i 2024.

Langhaugen vidaregåande skule

Samla kostnadsramme for prosjektet er 189,8 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med skulebruksplanen. Prosjektet inkluderer kostnader til etablering av eit bygg som gjev ein ekstra parallellklasse i musikk. Dette vart framlagd i FT-sak 40/2020. Etablering av den ekstra klassen i musikk er tidlegare drøfta i fylkestinget i sak 46/18. Det er sett av 15,4 mill. kr i 2021, 41,1 mill. kr i 2022, 77 mill. kr i 2023 og 50,3 mill. kr i 2024.

Mo og Øyrane vidaregåande skule – vassforsyning Mo

Totalramma for prosjektet er på 2,6 mill. kr. Mo og Øyrane vgs, avdeling Mo, har i dag privat anlegg for vatn og avløp. Å halde desse anlegga oppdaterte er ressurskrevjande, og difor er målsetjinga å kople seg til det offentlege nettet. Arbeidet med å få fram offentleg vatn og kloakk til skuleanlegget på Mo er under planlegging i Førde kommune. Det er løyvd 1,4 mill. kr til prosjektet i 2021.

Mo og Øyrane vidaregåande skule – internat og fellesbygg.

Totalramma for prosjektet er på 57,9 mill. kr. I prosjektet er internat og fellesbygga på Mo planlagt rehabilitert. Bygga er

frå 1969 og er nedslitne. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing. Prosjektet er i utgreiingsfasen, og prosjektet har planlagt oppstart i løpet av 2021. Det er sett av 5,1 mill. kr i 2021, 16,4 mill. kr i 2022 og 34 mill. kr i 2023.

Mo og Øyrane vidaregåande skule - nytt verkstadbygg

Totalramma for prosjektet er på 65,6 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt felles verkstadbygg for gardsdrifta, og for anleggslinja ved Mo- og Øyrane vgs. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan. Arbeidet er planlagt starta i løpet av 2021. Det er sett av 35,9 mill. kr i 2021 og 24,7 mill. kr i 2022.

Måløy vidaregåande skule - bygg A og D

Totalramma på prosjektet er på 68,5 mill. kr. Prosjektet er i utgreiings og programfase og gjeld bygg D, den maritime avdelinga, samt naudsynt rehabilitering/ombygging av fellesfunksjonar/administrativ del i bygg A. Prosjektet gjeld mellom anna utviding av areal til kontor, fellesfunksjonar og nokre ombyggingar for fagskulen. Det vert og vurdert behov for å auke sjønære areal for den vidaregåande skulen, og å legge til rette for ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen.

Prosjektet sitt mål er å samle behova og sjå på moglege løysingar for effektiv arealutnytting og eventuelle moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidsette drift av skuleanlegget. Det er sett av 30,8 mill. kr i 2021 og 27,7 mill. kr i 2022.

Måløy vidaregåande skule – ny akvahall

Totalramma for prosjektet er på 20,5 mill. kr. Måløy vgs har eit fylkesdekkande studietilbod innan dei marine og maritime utdanningsområda. Skulen har ingen fasilitetar for praktisk opplæring innan akvakultur. Elevane får difor i dag all praktisk opplæring berre gjennom utplasseringar på kommersielle anlegg. I eit førebels og svært grovt overslag er prosjektkostnaden rekna til om lag 20,5 mill. kr. Dette inkluderer ikkje tomt, infrastruktur for vann og avløp og marinteknisk undervisningsutstyr. Det er sett av 5,1 mill. kr i 2021 og 15,4 mill. kr i 2022.

Måløy vidaregåande skule - nytt opplæringsfartøy

Totalramma på prosjektet er 136,5 mill. kr. Prosjektet gjeld bygging av nytt opplæringsfartøy for å kunne gje praksisopplæring på båt. Første anbudsrunde vart avlyst av økonomiske grunnar. Det vert fremja ny sak som tek for seg løysingar som kan stetta dei naudsynte behova for eit slikt fartøy. Det er sett ned eit prosjekt som skal arbeide fram desse alternativa, arbeide med anskaffinga og legge fram saka. Førebels er prosjektet lagt inn med løyving på 80,1 mill. kr i 2021 og 51,4 mill. kr i 2022.

Skulebruksplan – planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen, og endringane som er vedteke der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av ei årlig løyving på 3,6 mill. kr i planperioden.

Slåtthaug vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 195,2 mill. kr. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan. Prosjektet omfattar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse som er planlagt å starte i denne planperioden. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2022, 20,5 mill. kr i 2023 og 82,2 mill. kr i 2024.

Sogn jord- og hagebruksskule – rehabilitering fjøs og verkstad

Totalramma for prosjektet er 43,2 mill. kr. Fjøs og verkstad ved Sogn jord- og hagebruksskule er på mange områder utdatert. Det gjev utfordringar knytt til både bygningane og i høve til drifta. Det er planlagt ei nærare tilstandsvurdering og behovsanalyse som kan endre omfanget av prosjektet. Det er sett av 4,1 mill. kr i 2024.

Sogndal vidaregåande skule - bil/idrettshall

Prosjektet har ei samla totalramme på 183,7 mill. Sogndal vgs er i tråd med målsettinga om samle alt på ein stad; på nordsida av Fosshaugane Campus. Byggesteig I og II er i all hovudsak gjennomført. Dette inkluderer og nokre bygningsmessige endringar og tekniske oppgraderingar av Sogndal idrettshall. Det vil i 2021 bli ferdigstilling av parkeringsareal i samsvar med oppfylgning av parkeringskravet i tiltaket. Det er sett av 6,2 mill. kr i 2021 til sluttfinansiering av prosjektet. Sogndal vidaregåande skule – rehabilitering basseng

Totalramma for prosjektet er 32,8 mill. kr. Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar bassenget har behov for rehabilitering og oppgradering. Det er føreteke kartleggingar som har avdekkja bygningsmessige og tekniske utfordringar ved deler av bassenget og noko bassengteknisk utstyr. Garderobedel og ventilasjonsanlegg er skifta ut og rehabilitert i 2017. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023 og 5,1 mill. kr i 2024.

Sogndal vidaregåande skule avd. Kaupanger og Vitensenter i Sogn og Fjordane

Prosjektet har ei totalramme på 162,2 mill. kr. Prosjektet gjeld nye areal til programområda anleggsteknikk og transport/logistikk ved Sogndal vgs. Det vart i 2017 utarbeidd moglegheitsstudie for å samle aktiviteten og bygge nytt til dette føremålet. I 2018 vart det utarbeidd eit oppdatert romprogram. Parallell prosess er gjennomført av Vitensenteret i Sogn og Fjordane som gjennom sitt arbeid med romprogram har fastlagt eit konkret arealbehov som dei skal leige i bygget. Det ligg føre intensjonsavtale om dette. Prosjektet er i utføringsfasen med planlagt ferdigstilling i 4. kvartal 2021. Det er sett av 83,8 mill. kr i 2021.

Sotra vidaregåande skule

Totalkostnaden for prosjektet er 763 mill. kr. I prosjektet er det lagt opp til samlokalisering av den vidaregåande skulen som i dag har to lokasjonane i Øygarden kommune. Fylkestinget vedtok hausten 2018 tomt/lokasjon for den nye skulen. Den vedtekte tomte er på ferdig utfylte Stovevatn sentralt på Straume og rett ved ny planlagt bussterminal. Tilgang til tomte er avhengig av framdrifta til veganlegget Sotrasambandet, så den planlagde ferdigstillinga av prosjektet i 2026 er noko usikker. Det har vore gjennomført møte med Øygarden kommune for å starte reguleringsarbeidet for

den nye skuletomta. Det er sett av 16,4 mill. kr kvart av åra 2022 og 2023 og 102,7 mill. kr i 2024.

Stord vidaregåande skule - Vabakken

Samla ramme for prosjektet er på 404 mill. kr. Prosjektet vert gjennomført i samsvar med vedtaket i skulebruksplanen. Prosjektet gjeld sanering av eksisterande bygningsmasse og nybygg for Stord vgs, avd Vabakken. Prosjektet skal utformast og gjennomførast slik at det legg til rette for eit byggetrinn 2 som kan samle heile Stord vgs i eit bygg i framtida. Det er i tillegg innarbeidd at ein må erstatta noko meir av den eksisterande bygningsmassen med nybygd areal enn det som var planlagt. Dette er ein mindre justering i høve til det som tidlegare er lagt til grunn i prosjektet. Det er sett av 15,4 mill. kr i 2021, 5,1 mill. kr i 2022 og 123,2 mill. kr for 2023 og 2024.

Årdal vidaregåande skule – rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 83,2 mill. kr. Det er trong for rehabilitering av Årdal vgs då bygningsmassen ved skulen er frå 1981. Sjølv om bygga ved skulen er relativt godt vedlikehaldne er det behov for oppgradering og rehabilitering av bygningar og tekniske anlegg. I tillegg vert energiløysingane ved skulen vurdert. Det er sett av 3,1 mill. kr i 2023 og 16,4 mill. kr i 2024.

Årstad vidaregåande skule – C bygget

Prosjektet har ei samla løyving på 76 mill. kr. Prosjektet er ein del av vedteken skulebruksplan. Årstad vgs har hatt omfattande rehabilitering tidlegare, men C-bygget frå 1977 på om lag 7000m² har ikkje vore omfatta av desse rehabiliteringane. Dette bygget er i dårleg forfatning, og både tak og fasade har bruk for verdibevarande rehabilitering. Bruken av areala i C-bygget er ikkje avklart og omfanget av prosjektet kan difor verta endra. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023 og 30,8 mill. kr i 2024.

Åsane vidaregåande skule

Prosjektet har ei total kostnadsramme på 754,9 mill. kr. Romprogrammet for Nye Åsane vgs vart vedteke av fylkestinget i juni 2016. Byggearbeidet for prosjektet starta i mai 2018, og prosjektet er ferdigstilt til skulestart hausten 2020. Noko etterarbeid og sluttoppgjør pågår. Det er sett av 34,9 mill. kr i 2021 til dette.

Tannklinikk Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er på 28,9 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 23/19 å setje i gang arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinikk på Fosshaugane i Sogndal. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinikk i Sogndal, men desse lokala dekker ikkje behovet tannklinikken har. Det er sett av 1 mill. kr i 2023 og 27 mill. kr i 2024.

Tannklinikkar – Innreiing/opprusting m.m.

Totalramma for dette løyvingar på dette området er 31 mill. kr i planperioden. I gjeldande klinikkstrukturplanar for tannhelsetenesta er det lagt til grunn ei samling av einsskilte klinikkar i større einingar. Vidare har nokre av dei eksisterande klinikane behov for anten nye lokale eller monaleg opprusting.

Samla behov er noko uvisst, men det er sett av 5 mill. kr i 2021 og 10,3 mill. kr kvart år resten av planperioden.

Utstyr tannhelsetenesta

Det vert sett av 9,4 mill. kr årleg til utstyr i tannhelsetenesta. Delar av denne løyvinga vil verte nytta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

Gulatinget

Totalramma for prosjektet er på 75 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt visningssenter for Gulatinget på Flolid i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Arbeidet la grunnlag for finansiering og søknad om statleg delfinansiering i prosjektet. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa. Det er sett av 20,5 mill. kr i 2023.

Restaurering av verneverdige fylkeskommunale bygg

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald på eller restaurering av i løpet av planperioden. Det er sett av 3 mill. kr for kvart år i planperioden.

Opprusting av fiskerihamner

I sak 45/19 i Fellesnemda vart det vedteke å signere avtalen om overføring av 99 fiskerihamner til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I den same saka, vart det framlagt ei førebels oversikt over vedlikehaldsetterslepet - estimert til omlag 50 mill. kr. Eit revidert overslag kalkulerer vedlikehaldsutsleppet til 52 mill. kr. I planperioden er det sett av ei årleg rammeløyving på 10,3 mill. kr til føremålet.

Bømlo fiskerihamn

Det har over dei siste 10 åra vore utgreidd og prosjektert utviding av fiskerihamna i Langevåg på Bømlo. Arbeidet har vore gjennomført i eit samarbeid mellom lokale investorar organisert i Bømlo fiskerihamn AS, Bømlo kommune og Kystverket. Det var signert ein avtale mellom Bømlo kommune og Kystverket om gjennomføring av prosjektet, og det var satt av midlar i NTP for perioden 2024-2029. I FT-sak 42/2020 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skulle gå inn som avtalepart for Kystverket og at fylkeskommunen garanterte for forskottering avgrensa til 165 mill. kr eks mva (2020 kr) med tilbakebetaling i perioden 2024-2028. Det er sett av 41,1 mill. kr i 2024.

6.3 Investeringsprogram fylkesvegar 2021-24

Investeringsprogrammet for fylkesvegar vert presentert i tabellen under (i 2021-kr). Omtalar av kvart einskilde prosjekt følgjer etter tabellen.

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Bompengepakkar	4 501 967	981 559	1 301 074	1 282 140	937 194
Byvekstavt. (Miljøløftet), eks BB	1 527 267	442 159	441 074	337 840	306 194
Bømlopakken	17 000	17 000	0	0	0
Askøypakken	925 200	231 300	246 700	226 200	221 000
Nordhordlandspakken	868 500	225 100	252 800	224 300	166 300
Førdepakken	1 004 000	56 000	310 500	443 500	193 700
Framtidige bompengepakkar	160 000	10 000	50 000	50 000	50 000
Store investeringsprosjekt	894 800	97 000	350 500	376 900	70 400
Fv. 698 Blaksettunnelen	44 600	44 600	0	0	0
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	773 800	51 400	350 500	371 900	
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	55 100	0	0	5 000	50 100
Fv. 565 Alversund bru					10 000
Ferjeavløysing - Atløysambandet	11 300	1 000	0	0	10 300
Tunellrehabilitering	1 706 400	202 300	605 400	443 500	455 200
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	1 192 800	112 600	410 100	319 100	351 000

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Tunnelar fv. 53 i Årdal	183 000	0	68 900	73 000	41 100
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	267 500	89 700	126 400	51 400	0
Folgefonnstunnelen	63 100	0	0	0	63 100
Mindre utbetringar	1 113 978	394 459	290 719	213 100	215 700
Fv. 564 Austevollbrua	20 978	10 659	10 319	0	0
Fv. 161 Åsen - Helleskaret	121 200	42 100	63 900	15 200	0
Fv. 7 Øystese - Ålvik - Granvin	116 200	20 600	23 600	30 900	41 100
Fv. 611 Sæle - Engebø	126 500	0	61 700	64 800	0
Fv. 57 Dale-Storehaug	63 600	63 600	0	0	0
Bruer og kaier	313 800	118 200	97 600	23 800	74 200
Mindre utbetringar	351 700	139 300	33 600	78 400	100 400
Gang- og sykkelveg	231 600	130 900	56 400	22 800	21 500
Gang og sykkel	163 200	79 000	41 200	21 500	21 500
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)	3 900	1 300	1 300	1 300	0
Fv. 614 Breivika - Svelgen	5 300	5 300	0	0	0
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	14 400	14 400	0	0	0
Fv. 548 Brandsøy - Solheim	44 800	30 900	13 900	0	0
Trafikktryggingstiltak	150 200	43 700	35 500	35 500	35 500
Trafikktryggingstiltak	150 200	43 700	35 500	35 500	35 500
Kollektivtrafikktiltak	90 000	22 500	22 500	22 500	22 500
Kollektivtiltak	90 000	22 500	22 500	22 500	22 500
Miljø og servicetiltak	25 200	6 300	6 300	6 300	6 300
Miljø og service	25 200	6 300	6 300	6 300	6 300
Planlegging	93 300	25 500	22 600	22 600	22 600
Planprogram	93 300	25 500	22 600	22 600	22 600
Øvrig	266 950	75 200	71 700	63 700	56 350
Refusjonar	164 150	50 000	46 500	37 500	30 150
Grunnerverv/avslutning av prosjekt	92 800	22 700	22 700	23 700	23 700
Justerings mva. (refusjon)	6 000	1 500	1 500	1 500	1 500
Utstyrskjøp INV	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Rassikring	2 277 600	367 600	512 300	715 000	682 700
Mindre rassikringstiltak	555 700	53 400	92 200	216 400	193 700
Fv 500 Folgefonntn-Årsnes, byggtr	345 000	82 200	82 200	102 800	77 800
Fv. 49 Tokagelet	221 000		15 400	51 400	154 200
Fv. 722 Flovegen	257 300	136 800	84 500	36 000	0
Fv. 53 Ljoteli	124 900	92 500	32 400	0	0
Fv. 55 Bru over Esefjorden	771 000		205 600	308 400	257 000
FV. 5631 Øyni bru	2 700	2 700			
Sum investering fylkesveg	11 351 995	2 347 018	3 274 993	3 204 040	2 525 944

Prosjektomtalar fylkesveg

Bompengepakkar

Byvekstavtalen til fylkesvegane (Miljøløftet 2021–2024) utanom bybanen

Fylkestinget vedtok i sak 57/20 handlingsprogrammet for Miljøløftet, for perioden 2021-2024. Det er sett av ei ramme på fylkeskommunale midlar på 277 mill.kr i 2021 kr. Ut over dette er det lagt til meirverdiavgift knytt til ev. statlege tilskot på fylkesveg.

Det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet vert i hovudsak nytta til sykkelveg langs Bybanen BT4 og trafikktryggleikstiltak. Forfallet på fylkesvegnettet i Bergen kommune er betydeleg, og tilnærma alle fylkesvegmidlane til Bergen vert ført gjennom Miljøløftet.

Det er avgrensa handlingsrom for nye tiltak, særleg for 2021 og 2022. I første del av handlingsprogramperioden er det ikkje rom for nye infrastrukturtiltak for busstrafikken – ut over dei som ligg i handlingsprogrammet. Av kollektivtiltak (buss) som er inne på handlingsprogrammet bør ferdigstilling av ny trolleybuslinje til Laksevåg nemnast, saman med oppgradering av Vadmyra endehaldeplass. Oppgradering av Fyllingsveien, med fortau og framkometiltak for kollektiv, er også eit viktig prosjekt. I tillegg er det mindre summar til haldeplassoppgradering og aktiv signalprioritering for buss gjennom signalanlegg.

Utover kollektivtiltaka vert det nytta ein del fylkeskommunale midlar til posten Planlegging fylkesveg i Bergen og til hjertesone og trafikktryggleikstiltak. Midlane til trafikktryggleik skal også nyttast i høve til måloppnåing innanfor TS-området. I ein periode med avgrensa økonomisk handlingsrom er det vesentleg å få fram gode planprosjekt og opparbeide ein planreserve for kollektivtiltak. Ein slik reserve vil gi moglegheit til reell porteføljestyring og prioritering av prosjekt med best grad av måloppnåing.

I lokalpolitisk vedteke handlingsprogram 2021-2024, som er godteke av partane i Miljøløftet, er det lagt til grunn statleg tilskot til tiltak på fylkesveg. Dette gjeld Kvamsbrekko, Håkonshellavegen og Infrastruktur Paradis. I forslag til statsbudsjett framlagt oktober 2020 var desse forpliktingane ikkje følgt opp. Det er difor knytt uvisse til realisering av desse prosjekta og framdrifta som er føresett i handlingsprogram 2021-2024 Miljøløftet.

For omtale av tiltaka vert det vist til vedteke handlingsprogram 2021-2024 for Miljøløftet.

Bømlopakken (Bømlo kommune)

Bømlopakken vart vedteken av Stortinget i 2009, gjennom St. prp. 78 (2008-2009). Proposisjonen skisserer opplegg for finansiering og styring av prosjekta i pakken. Føremålet med pakken er å gje betre framkomst og eit meir trafikksikkert fylkesvegnett på Bømlo.

Pakken er finansiert med fylkeskommunale midlar, bompengar og lokale og kommunale tilskot. Bompengane vert kravde inn på bomstasjonen på Spissøy (fv. 542) og på ferja Langevåg- Buavåg. Innkrevjingsperioden er 15 år og er rekna til å vare til 2028.

Bompengennekkrevjinga starta opp 2. mai 2013 då Trekantsambandet vart nedbetalt. Justert for prisstiging, endra moms og auka tilskot er den økonomiske ramma for Bømlopakken 1 552 mill. 2021-kr. Følgjande prosjekt er bygd eller tilnærma ferdig:

- Fv. 541 Langevåg - Løvegapet
- Fv. 11 Langevåg - Eidesvik
- Fv. 542 Hollundskjosen - Hollundalen
- Fv. 541 Rundkjøring Rubbestadneset
- Fv. 541 Hollundsaldalen - Stokkabekken
- Fv. 541 Miljøgate Rubbestadneset
- Fv. 541 Stokkabekken - Rubbestadneset
- Fv. 14 Svortland - Økland (Staveland-Bjødledalen)
- Fv. 542 Stokkabekken - Siggjarvåg
- Fv. 542 Røyksund - Eikeland sør
- Fv. 542 Røyksund - Eikeland nord
- Fv. 18 Laurhammarkjosen - Urangsvåg
- Fv. 18 Urangsvåg - Brandasund (Klubbo og Myro)
- Fv. 541 Hestaneset - Tjong
- Fv. 541 Tjong - Løvegapet
- Fv. 19 Rubbestadneset - Rolfsnes

Det står att nokre prosjekt i pakken som det ikkje er midlar til å realisere fullt ut. Dette gjeld:

- Fv. 19 Rubbestadneset - Rolfsnes (resterande del)
- Fv. 541 Sakseid - Hestaneset
- Fv. 541 Ekornsæther - Sakseid
- Fv. 12 Sakseid - Grønnevik
- Fv. 542 Notland - Mosterhamn
- Fv. 23 Tormodsæter - Gilje

I 2021 vil det stå att omlag 17 mill. kr (2021-kr) av den økonomiske ramma for Bømlopakken. Dette vil mellom anna blir brukt på sluttoppgjær på bygd del av Sakseid-Hestaneset, og oppgjær knytt til grunnkjøp. For å få realisert dei prosjekta som ikkje er fullfinansiert, og om mogleg nokre nye prosjekt, er revisjon av Bømlopakken under handsaming. Fylkestinget i Hordaland hadde saka oppe juni 2018, og søknad er sendt til departement.

Ein revidert Bømlopakke er tiltenkt oppstart i 2021 med 15 års innkrevjing. Revidert pakke inneheld resterande prosjekt med oppdaterte kostnadsanslag.

Det er sett av 17 mill. kr i 2021 som er dei resterande midlane i Bømlopakken.

Askøypakken (Askøy kommune)

Askøypakken vart vedteken 5. desember 2013 i Prop. 197 S (2012–2013) med delvis bompengefinansiering. Finansieringsplanen har eit kostnadsoverslag på 1 540 mill. kr (2013–kr) der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr (2013–kr) og bompengar utgjer 1 120 mill. kr (2013–kr).

Innkrevjinga av bompengar starta november 2014 og er rekna å vare til 2028. Førebels er det meldt om inntektssvikt frå bompengeselskapet slik at rammene pr. i dag er lågare enn det som fyrst låg til grunn.

Askøypakken har til saman ti delprosjekt:

1. Fv. 563 Strømsnes - Hop.
2. Fv. 563 Florvåg – Erdal. Strekning er bygd ut over fleire etappar, der siste etappe forbi Bakarvågen vart opna i 2014.
3. Fv. 562 Lavik – Haugland
4. Fv. 562 Fromreide – Kjerrgarden x fv.222
5. Fv. 562 Fauskanger sør
6. Fv. 212 Lindhaugen – Slettebrekka. Opna oktober 2018
7. Fv. 212 Slettebrekka – Hetlevik
8. Fv. 213 Skiftesvik – Marikoven
9. Fv. 216 Skansen (Kleppe). Opna i 2015.
10. Fv. 562 Strusshamnkrisset. Ferdigstilt.

Det er og sett av ein større pott til kollektivtrafikktiltak i Askøypakken.

Prosjekt fv. 563 Strømsnes – Hop og fv. 213 Skiftesvik – Marikoven er under bygging.

Prosjekt fv. 212 Slettebrekka – Hetlevik er mindre utbetringstiltak under gjennomføring då det ikkje er nok midlar til å bygge Hetleviktunnelen i pakken.

Prosjekt fv. 562 Lavik – Haugland: Venta utlysing i 2021.

Følgjande prosjekt i pakken står att:

- Fv. 562 Fromreide - Kjerrgarden
- Fv. 562 Fauskanger sør

Det er sett av 231,3 mill. kr i 2021, 246,7 mill. kr i 2022, 226,2 mill. kr i 2023 og 221 mill. kr i 2024.

Nordhordlandspakken (Alver, Austrheim, Fedje, Modalen og Masfjorden kommunar)

Nordhordlandspakken vart vedteken i november 2017 i Prop. 164 S (2016–2017) med delvis bompengefinansiering. Finansieringsplanen har kostnadsoverslag på 1 500 mill. kr (2017–kr) der fylkeskommunen dekkjer 280 mill. kr (2017–kr), staten dekkjer 60 mill. kr (2017–kr) og statlege og fylkeskommunale bompengar utgjer 1 160 mill. kr (2017–kr). Porteføljen av prosjekt må tilpassast den økonomiske ramma i pakken. Med utgangspunkt i oppdaterte kostnadsoverslag

klarar ein ikkje å gjennomføre alle prosjekta innanfor vedteken kostnadsramme på 1 500 mill. 2017-kr. Det er etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet i Nordhordland, Statens vegvesen og fylkeskommunen. Utvalet porteføljestyrt tiltaka i pakken, etter rasjonell framdrift, planstatus og tilgjengelege midlar.

Frå 2020 er pakken styrt med to byggherreorganisasjonar, ein for dei statlege prosjekta og ein for dei fylkeskommunale prosjekta.

Følgjande prosjekt er med på prioritert liste i vedteken Stortingsproposisjon:

- 1 Fv. 565 Marås - Soltveit, Radøy
- 2 Fv. 57 Knarvik Isdalstø, Lindås
- 3 Fv. 245 Fosse - Moldekleiv, Meland
- 4A Fv. 564 Fløksand - Vikebø, Meland
- 4B Fv. 565 Undergang Holme (TS), Meland
- 5 Fv. 564 Frekhaug-krysset, inkl. utbetring fv. 244, Meland
- 6 E39 Knarvik sentrum, Lindås
- 7 Kollektivtrafikktiltak og Innfartsparkering E39 og fv.7, Lindås og Meland
- 8 Fv. 565 Vegutbetring/TS, Austrheim
- 9 Fv. 570 Vegutbetring/TS, Masfjorden
- 10 Fv. 423 Vegutbetring/TS, Fedje
- 11 Fv. 569 Vegutbetring/TS, Modalen
- 12 Fv. 564 TS, Fosse-krysset, Meland
- 13 Fv. 409 Kollektivtiltak i Manger sentrum, Radøy
- 14 Fv. 57 Vatnekrysset (TS), Lindås
- 15 E39 Molvik-krysset, Lindås
- 16 Fv. 565 Grense Radøy/Lindås - Sæbø skule, Radøy
- 17 E39 Vikane - Eikangervåg, Lindås
- 18 Fv. 564 Sandskaret - Holme, Meland
- 19 Fv. 565 Hilland-grense Radøy, Lindås

I tillegg er det sett opp ei ufordelt ramme til prosjekt i tidlegare Lindås og Meland.

Det pågår planarbeid på fleire prosjekt. Rammetiltak i Fedje, rammetiltak i Modalen og rammetiltak Masfjorden er venta ferdig i 2020. Rammetiltak i Austrheim er under bygging og er venta ferdig 1 kvartal 2021. Tiltaket fv. 565 Marås-Soltveit vart lyst ut i 2019 som totalentreprise med forhandling og vil ha anleggstart i 2021.

Det er sett av 225,1 mill. kr i 2021, 252,8 mill. kr i 2022, 224,3 mill. kr i 2023 og 166,3 mill. kr i 2024.

Førdepakken (Sunnfjord kommune)

Førdepakken er ein bompengepakke med ei samla

investeringsramme på 1,5 mrd. i 2012-kr. Målsetjinga med Førdepakken er å sikre ein meir miljøvennleg og stabil trafikksituasjon i Førde sentrum. Fleire av prosjekta har som mål å legge betre til rette for gåande og syklistar. Dette gjeld m.a. strekninga mellom Angedalsvegen og Hafstadvegen. Førdepakken vil bidra til å løyse kapasitetsproblem i Førde sentrum, gjere det sikrare for mjuke trafikantar, samt gjere det enklare og smidigare for bilar å ta seg fram. Innanfor kostnadsramma er det planlagt å realisere 20 prosjekt gjennom Førdepakken.

Førdepakken vil utløyse investeringar på 600-650 mill. 2012-kr til naudsynnte tiltak på fylkesvegnettet i Førde. Fylkeskommunen si delfinansiering i prosjektet er 30,6 mill. 2021-kr årleg i perioden 2018-2023. Resten skal finansierast med bompengar og meirverdiavgiftskompensasjon.

Innkrevjing av bompengar starta i oktober 2016, og vil halde fram i ca. 12 år. Utbygging av tiltaka starta i 2017, og vil truleg vere avslutta i 2024.

Nedanfor er det lista opp prosjekt som vert arbeida med i 2021:

- Fv. 484 Vievegen
- Fv. Angedalsvegen - Hafstadvegen
- Fv. 609 Halbrendsoyra – Indre Øyrane
- E39 x fv. 609 Askvollkrysset
- Fv. 481 Storehagen
- Fv. 481 Angedalsvegen til Prestfoss bru

Løyvingane til Førdepakken er oppdatert ut frå forventa framdrift. Det er sett av 56 mill. kr i 2021, 310,5 mill. kr i 2022, 443,8 mill. kr i 2023 og 193,7 mill. kr i 2024.

Framtidige bompengepakkar

Det er sett av midlar knytt til framtidige bompengepakkar i Vestland fylkeskommune. Moglege framtidige bompengepakkar er mellom anna:

- Revisjon av Bømlopakken
- Fv. 49 Tokagelet
- Kvinnheradpakke

Det er sett av 10 mill. kr i 2021, og 50 mill. kr i kvart av åra 2022- 2024.

Store investeringsprosjekt

Fv. 5742 Blaksetunnelen, (Stryn kommune)

Totalkostnaden for prosjektet er 268 mill. i 2021-kr. Det er planlagt å byggje ein ca. 1200 meter lang tunnel og ca. 700 meter lang veg. Prosjektet er lyst ut som ei totalentreprise saman med prosjekt fv. 722 Flovegen. Det er sett av 44,6 mill. kr i 2021.

Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru, (Solund kommune)

Målet med prosjektet er å bygge ei bru til Ytre Sula i Solund kommune. Dette vil erstatte dagens ferje mellom Daløy og Haldorsneset. I prosjektet inngår det ei ny bru på 835 meter og 4365 meter ny veg.

Prosjektet har ein investeringskostnad på 775,1 mill. kr. Det er starta opp med prosjektering i 2020. Fylkestinget vil ta endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det er sett av 51,4 mill. kr i 2021, 350,5 mill. kr i 2022 og 371,9 mill. kr i 2023.

Fv. 614 Svelgen – Indrehus (Bremanger kommune)

Det er utarbeidd grove kostnadskalkylar for utbygging av anlegget som syner kostnader på om lag 1,45 mrd. 2020-kr. Prosjektet omfattar bygging av tunnel og veg i dagen mellom Svelgen og Indrehus i Bremanger kommune. Prosjektet er ein del av Kystvegen. I 2021 vil ein arbeida med reguleringsplan for prosjektet. Det er sett av 5 mill. kr i 2023 og 50,1 mill. kr i 2024. i økonomiplanen i samsvar med finansutvalet si innstilling..

Fv. 565 Alversund bru

Det er lagt inn 10 mill. kr i 2024 som startløyving til prosjektet i samsvar med finansutvalet si innstilling.

Ferjeavløysing – Atløysambandet (Askvoll kommune)

Totalkostnad for prosjektet er venta å vere om lag 1,1 mrd. kr. Bru til Atløy vil gje eit ferjefritt samband mellom Askvoll og Atløy i Askvoll kommune. Atløy er den største øya i kommunen med om lag 500 innbyggjarar og eit areal på 38 km². Ferjesambandet er i dag drifta med to ferjer (Askvoll - Gjervik/ Fure/ Værlandet). Ved bygging av ny bru vil strekninga Askvoll - Gjervik bli lagt ned og sambandet bli drifta med ei ferje for å knyte Bulandet/ Værlandet til fastlandet. Prosjektet omfattar bygging av ein ny veg i dagen på 4 780 meter, samt bru på 990 meter.

Fylkestinget i Vestland må ta stilling til gjennomføring av KS2 og eventuelt søknad om ferjeavløysingsmidlar når det føreligg godkjent reguleringsplan og kostnadsoverslag. Dette vil tidlegast kunne skje i løpet av 2021, men det er ikkje sett av midlar til dette i 2021. Prosjektet har ei løyving på 1 mill. kr i 2021 og 10,3 mill. kr i 2024.

Tunnelrehabilitering

Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta

I Vestland fylkeskommune er det 278 fylkesveg-tunnelar. Prosjekta som vert finansierte her skal gjere det mogeleg for alle som er involvert i tunnelulukker å berge seg sjølv, sette brukarane i stand til å handle så hurtig som mogeleg for å avgrense konsekvensane av alvorlege hendingar og sikre at naudetatane kan handle så effektivt som mogeleg. Det er sett av 112,6 mill. kr i 2021, 410,1 mill. kr i 2022, 319,1 mill. kr i 2023 og 351 mill. kr. i 2024.

Finansutvalet i november reduserte denne budsjettposten med 21,1 mill. kr i 2021.

Av midlane som er sett av i 2021 er 67,5 mill. kr bunde opp i pågåande prosjekt:

- Fv. 5236 Bjørøytunnelen
- Fv. 49 Haukanestunnelen
- Fv. 55 Vadheimstunnelen
- Risikoanalysar/tiltaksplanar

Til nye prosjekt er det sett av 62,6 mill. kr i 2021 som mellom anna skal gå til prosjektering og noko til gjennomføring av tiltak i tunnelane som inngår i utbetring etter tunnelsikkerheitsforskrifta.

Føljande tunnelar er det sett av midlar til i 2021;

- Fv. 562 Olsviktunnelen
- Fv. 562 Stongafjelltunnelen
- Fv. 566 Tiråstunnelen
- Fv. 567 Lonevågtunnelen
- Fv. 53 Timreskredttunnelen
- Fv. 614 Magnhildskartunnelen
- Fv. 617 Skåratunnelen

Tunnelar fv. 53 i Årdal

Prosjektet omfattar utbetring av Finnås-, Kolnos- og Steggjattunnelen. Anbudskonkurransen vart avlyst i 2020, og vil bli lyst ut igjen i 2021. Prosjektet vert føreslått med løyving på 68,9 mill. kr i 2022, 73 mill.kr i 2023 og 41,1 mill. kr i 2024.

Fv. 5633 (tidlegare fv. 303) Seimsdalstunnelen (Årdal kommune)

Totalkostnad for prosjektet er 326,2 mill. kr (2020-kr). Grunna nye vurderingar knytt til framdrift er det gjort forskyving i årlege løyvingar. Samla ramme til prosjektet er uendra i planperioden. Dagens tunnel skal strossast til profil T10,5 med gang- og sykkelveg. Tunnelen er ca. 1500 m lang. Det er sett av 89,7 mill. kr i 2021, 126,4 mill. kr i 2022 og 51,4 mill. kr i 2023.

Fv. 49 (tidlegare fv. 551) Folgefonntunnelen (Kvinnherad kommune) (Tunnelsikkerheitsforskrifta)

Opprusting av Folgefonntunnelen etter tunnelsikkerheitsforskrifta er rekna til om lag 457 mill. 2019-kr. Folgefonntunnelen er 11 137 meter lang, og er Noregs tredje lengste vegtunnel. Den går gjennom fjellet under Folgefonna og bind saman Eitrheim i Ullensvang kommune med Mauranger i Kvinnherad kommune. I planperioden er det sett opp ein startsum i 2024 på 63,1 mill. kr.

Mindre utbetringar

Fv. 564 Austevollbrua (Austevoll kommune)

I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 30 (2004–2005) vart det gjort vedtak om at dette prosjektet i ein periode på 15 år skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparde ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 2,5 % per år. Det er sett av 10,7 mill. kr i 2021 og 10,3 mill. kr i 2022.

Fv. 161 Åsen - Helleskaret (Bjørnafjorden kommune)

Åsen- Helleskaret er eit fylkesvegprosjekt i Bjørnafjorden kommune. Reguleringsplanen for tiltaket inkluderer 1 300 meter ny vegstrekning med to felt som vert tilkomstveg frå Søvika/Helleskaret til den nye E39 Svevatjørn - Rådal. Vegen vil òg kunne binde saman bustadområda ved Lysefjorden og industriområdet i Endelausmarka. Planen inneheld separat gang- og sykkelveg, kryss og tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste noverande fv. 161 og fv. 163.

Fylkestinget i Hordaland godkjente oppstart av ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret i sak 60/2016. Kommunen bidreg med 2/3 av prosjektramma som tilskot inn i prosjektet, og fylkeskommunen bidreg med 1/3 av prosjektramma, på inntil 29,8 mill. kr (2019-kr).

Kommunen har arbeidd vidare med prosjektet, og i kommunestyret 24.09.2019 vart ny områdeplan for vegen vedteke. Kostnadsramma vart sett til 89,5 mill. kr, ekskl. mva (2019-kr). Vidare vart det vedteke at Os kommune, frå 2020 Bjørnafjorden kommune, tek risikoen for eventuelle overskridingar. Det er sett av 42,1 mill. kr i 2021, 63,9 mill. kr i 2022 og 15,2 mill. kr i 2023.

Fv. 49 Øystese - Ålvik – Granvin (Kvam herad og Voss herad)

Fylkesveg 49 er ein sentral fylkesveg og eit av aust-vest sambanda i Hordaland. Vegen er omkøyingsveg for E16 når denne er stengt mellom Voss og Trengereid. Mellom Øystese og Granvin er det mange smale parti, og vegen er ikkje dimensjonert for den ekstra trafikken som ei stenging medfører. Det er store behov for å fjerne flaskehalsane på denne strekninga. Det er sett av 20,6 mill. kr i 2021, 23,6 mill. kr i 2022, 30,9 mill. kr i 2023 og 41,1 mill. kr i 2024.

Fv. 611 Sæle – Engebø (Sunnfjord kommune)

Det skal utførast utbetringstiltak innanfor ei ramme på 126,5 mill. kr. Det dreier seg om utbetringstiltak på fv. 611 Sæle – Engebø i Sunnfjord kommune som følgje av avtale om anleggsbidrag mellom Nordic Mining ASA og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Løyvinga er finansiert med 40 mill. kr i anleggsbidrag frå Nordic Mining ASA, mva. kompensasjon og fylkeskommunale midlar. Det er ikkje sett av midlar i 2021, men i 2022 er det sett av 61,7 mill. kr og 64,8 mill. kr i 2023. Det er ein føresetnad at det vert inngått finansieringsavtale mellom partane.

Fv. 57 Dale- Storehaug (Fjaler og Sunnfjord kommunar)

Det er sett av 63,6 mill. kr i 2021 til delprosjekt på fv. 57 Dale-Storehaug. Prosjektering er starta i 2020.

Bruer og kaiar

Det er 1 988 bruer på fylkesvegane i Vestland fylke, og behovet for oppgradering er stort. Mange av bruene har forfalle i lang tid. Rammene er ikkje tilstrekkeleg til å finansiere alle tiltak. Det er sett av 313,8 mill. kr totalt til opprusting og utskifting på dette området i økonomiplanperioden 2021-2024, med høvesvis 118,2 mill. kr i 2021, 97,6 mill. kr i 2022, 23,8 mill. kr i 2023 og 74,2 mill. kr i 2024.

Av ramma for 2021 er 79,7 mill. kr bunde i følgjande pågåande prosjekt:

- Fv. 5266 Herdlesundet bru
- Fv. 543 Fjelbergøy ferjekai
- Rekve bru – forsterkning
- Fv. 5600 Krokevasselve bru
- Fv. 5154 Strøno
- Fv. 5150 Lepsøysundet
- Fv. 583 Osøyro
- Fv. 5714 Husevågøy ferjekai
- Fv. 442 Hovland I Indre, Hovland
- Ranavik hurtigbåtkai

Det er sett av 38,5 mill. kr til følgjande nye prosjekt i 2021:

- Fv. 615 14-0781 Hjortaset I og 14-0835 Solheim I
- Fv. 5733 bru 14-0050 Nes
- Fv. 5724 14-0798 Gytri og 14-0879 Briksdal I
- Fv. 5600 bru 14-1203 Fretheim
- Fv. 60 Storelva bru - utvik
- Ferjekai Varaldsøy
- Ferjekai i Ortnevik
- Ferjekai Frønningen

Nytt prosjekt

Fv. 60 Storelva bru - utvik er eit nytt prosjekt. I 2017 var det ein stor flaum i Utvik i Stryn kommune som gjorde stor skade på bygda; mellom anna vart Storelva bru øydelagt. Brua vart erstatta med mellombels bru som var på plass kort tid etter flaumen. Fylkeskommunen leiger framleis ei mellombels bru, og det påløper årlege leigekostnader. Då det er heilt naudsynt å bygge ny bru over Storelva så raskt som mogleg vil fylkesrådmannen tilrå å leggje prosjektet inn i budsjettet i 2021/2022 som del av løyvinga til bruer og kaiar.

Mindre utbetringar

Innan potten mindre utbetringar inngår mellom anna mindre tiltak, punktutbetringstiltak, forsterkingstiltak, mindre samarbeidsprosjekt med kommunar og prosjektering av framtidige tiltak. Det er i stor grad lagt vekt på om tiltaket er i tilknytning til regionsenter eller kommunesenter, mjuke trafikantar, skuleveg og vegtiltak retta mot næringslivet inkludert reiseliv.

Finansutvalet i november la inn ei styrking av denne budsjettposten på 21,1 mill. kr i 2021.

Der er lagt opp til ei løyving på 139,3 mill. kr. i 2021. Av dette er 56,5 mill. kr bunde opp i pågåande prosjekt:

- Fv. 5384 Istadmyrane, Voss, forsterkning
- Fv. 5476 Kvamsbrekko
- Vikse skule
- Forkøyrvegsskilt
- Tiltak etter omklassifiseringsvedtak
- Diverse akutte strakstiltak
- Fv. 5240 Foldnesvegen-Bidrag til Fjell
- Fv. 606 Møteplassar Solund
- Fv. 53 Holsbru, omlegging av veg
- Prosjektering framtidige tiltak

Det vert vidare lagt opp til å prioritere 61,7 mill. kr i 2021 til eigenandel knytt til søknad om midlar i ordninga med utbetring av vegar som er viktige for sjømatnæringa. Strekningar som det er søkt om er følgjande:

- Fv 546 på Austevoll, særleg strekninga til/frå Husavik ferjestø.
- Fv. 549/48/575/576/49 (tidl fv 49) Jektevik-Våge- Norheimsund/x fv 79 (tidl fv7)
- Fv. 570 Andås x E39- Masfjordnes
- Fv. 560 (tidl 555) Beinastaden x 561 Eide -Skogsvåg
- Fv. 616 Kalvåg- Oldereide.

I 2022 er det sett av 33,6 mill. kr, 78,4 mill. kr i 2023 og 100,4 mill. kr i 2024.

Gang- og sykkelveg

Gang- og sykkel

Gang- og sykkeltiltak som fremjar meir gange og sykling i regionsentra vert prioritert innanfor denne posten. Gang- og sykkeltiltak er arealkrevjande, og det kan vere utfordrande å planlegge og finansiere slike prosjekt under posten. Planen legg fram følgjande strategiar for utvikling av regionsenter som trafikale knutepunkt:

- Etablere hovudnett for sykkel
- Prioritere hovudruter og ruter knytt til skule og tilbod for barn og unge
- Prioritere skulevegar for å sikre mjuke trafikantar

For perioden er det sett av 163,2 mill. kr, og for 2021 er det ført opp 79 mill. kr. Hovudtyngda av tiltaka i 2021 er vidareføring av allereie oppstarta prosjekt i 2020.

Desse prosjekta er:

- Fv. 579 Hegglandsdalsvegen: Prosjektet omfattar gang- og sykkelveg frå Hatvikvegen til Vallebrua over ei strekning på om lag ein km. Tiltaket vert finansiert gjennom programområdet gang- og sykkeltiltak, tilskot frå Bjørnafjorden kommune og ved søkbare midlar om trygge skulevegar. Bjørnafjorden kommune byggjer ny skule i området som opnar august 2021.
- Skrivarvegen - fortau del 1 gs: Midlane som er sett opp i budsjettet er knytt til inngått avtale i 2019.
- Skrivarvegen del 2 gs – Borggata: Prosjektet er arbeida fram av sykkelbyen Stord. Det er gitt tilsegn om 2,75 mill. kr i statlege sykkelmidlar og fylkeskommunen er forplikta til å bidra med tilsvarande sum. Skrivarvegen har høg trafikk og eit uoversiktleg tilbod til dei mjuke trafikantane. Det skal byggast fortau frå Borggata til Stord kyrkje. Midlane som er sett opp i budsjettet 2021 er den resterande summen som fylkeskommunen har bunde seg til.
- Fv. 49 Odland-Lidarende omfattar gang og sykkelveg over ei strekning på om lag 500 meter. Bygginga starta i 2019. Midlane som er sett av i budsjettet for 2021 er sluttfinansieringa av tiltaket.
- Fv. 5240 Arefjordvegen: Bygging av gang – og sykkelveg langs Arefjordvegen, samt bygging av rundkøyring. Øygarden kommune inngår med eit tilskot på 3 mill. kr i 2022. Tiltaket har gjennom ordninga tilskot til auka sykkelbruk fått tilsegn om statleg tilskot.
- Fv. 5240 Sartorvegen. Bygging av gang – og sykkelveg langs Sartorvegen. Tiltaket har gjennom ordninga tilskot til auka sykkelbruk fått tilsegn om statleg tilskot.
- Fv. 541 Sveio sentrum - fortau, Sveio er ei vidareføring av etablering av fortau i Sveio sentrum. Midlane som er sett av i budsjettet for 2021 er sluttfinansieringa av tiltaket.
- Fv. 500 Herøysundet G/S veg: Tiltaket vil inngå i ei framtidig Kvinnheradspakke når den vert vedteken av Stortinget. Løyvinga tek atterhald om at det blir inngått finansieringsavtale med kommunen. Midlane som er sett opp i budsjettet 2021 og 2022 er tilskot frå kommunen på 25 mill. kr.

Det vert prioritert å setje av følgjande løyvingar til nye prosjekt i 2021:

- Fv. 60 Loen-Solvik: Det er sett av 12,3 mill. kr i 2021 og 24,7 mill. kr i 2022. Prosjektet har eit førebels overslag for totalkostnad på 37 mill. 2021-kr. Det er føresett at Stryn kommune dekkjer halvparten av

samla prosjektkostnad. Det vert teke atterhald om at prosjektet held seg innanfor kostnadsramma og at det blir inngått finansieringsavtale med kommunen.

- Fv. 552 Hatvikvegen (teknisk forprosjekt): Det er sett av 5 mill. kr. Det er føresett at prosjektet vert finansiert av tilskott frå Bjørnafjorden kommune.

Utover løyvinga i 2021 er det 41,2 mill. kr i 2022, 21,5 mill. kr i 2023 og 2024.

Fv. 5704 (tidlegare fv. 548) Brandsøyvegen (refusjon) (Flora kommune)

Det vert sett av løyving til refusjon til SFE-nett for prosjekt på fv. 548 Brandsøyvegen i Florø. Prosjektet har ei årleg løyving på 1,3 mill. kr fram til 2023.

Fv. 614 Breivika – Svelgen (Bremanger kommune)

Prosjektet på denne strekninga knyter eit stort bustadområde på Langeneshaugen og Breivika saman med Svelgen oppvekst (barne- og ungdomskule med om lag 200 elevar) og Svelgen sentrum. Det er sett av 5,3 mill. kr i 2021.

Fv. 607 Heggebø – Leirvik (Hyllestad kommune)

Prosjektet omfattar bygging av gang- og sykkelveg frå bustadområde på Heggebø til Leirvik sentrum. Det er sett av 14,4 mill. kr i 2021.

Fv. 5704 (tidlegare fv. 548) Brandsøy – Solheim (Kinn kommune)

Strekninga som dette prosjektet omfattar knyter nokre bustadområde saman med sentrum av Florø. Florø er eit område med stort potensiale for å auke talet på gåande og syklande. Det vert sett av 30,9 mill. kr i 2021 og 13,9 mill. kr i 2022.

Trafikktryggingstiltak

Trafikktryggingstiltak

Målsetting i trafikksikringsarbeidet bygger på nullvisjonen og er underlagt overordna målsettingar på nasjonalt og regional nivå. Fylkesvegnettet i Vestland har store utfordringar, og det er stor skilnad på det ein vil omtale som eit sikkert vegnett og dagens vegnett. I tillegg kjem det lokale risikobiletet på fylkesvegnettet, som i særleg grad omfattar møte- og utforkøyringsulukker, og ulukker med mjuke trafikantar. Ut frå dette vil Vestland fylkeskommune i kommande planperiode ha følgjande tre satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Planlagde tiltak innan trafikksikringsområdet er knytt til fartsregulering og sikring av kryssingspunkt, fortau/gang- og sykkelveg, veglys, rekkverk og sideterreng, hjartesoner m.m. Det vert sett av 43,7 mill. kr til trafikksikringstiltak i 2021. Av

dei avsette midlane i 2021 er 11,6 mill. kr bunde opp i følgjande tiltak:

- Fv. 5158 Sperrevikvegen v/Nordstraumen
- Fv. 48 Undergang Rød (P)
- Fv. 79 Øystese – Hardangerfjordvegen

Det er lagt opp til følgjande prioritering av nye tiltak:

- **Mindre tiltak etter kommunale Ts-planar**
- **Fortau/gang- og sykkelveg**
 - Fv. 53 - Naustbukti
 - Fv. 5246 – Skiftesvik
 - Fv. 5044 - Haga/ Ørehaug
 - Fv. 5050 - Rommetveitvegen
 - Fv. 542 – Rubbestadneset
 - Fv. 5400 Dale sentrum
 - Fv. 611 Naustdal
- **Fartsregulering og sikring kryssingspunkt**
 - Fv. 561 Spjeld
 - Fv. 5496 Lindås barneskule
 - Fv. 5242 Ulveseth skule
 - Fv. 5627 - Aurland sentrum
 - Fv. 5633 Årdalstangen
 - Fv. 5402 Lundhaugen
 - Fv. 5374 - Tyssevikvegen
- **Rekkverk og sideterreng**
 - Fv. 565 Soltveit - Austrheim
 - Fv. 5224 Spildepollen
 - Fv. 5014 Kjerringkleiv på Strondavegen
 - Fv. 424 - Kaupanger
 - Fv. 604 - Jostedalen
 - Fv. 53 – Ljoteli
 - Fv. 5418/5624/567 m.m. Osterøy-utvalg
 - Fv. 5747 Hjelmeland
 - Fv. 613 Høgset- Skjelset
 - Fv. 5733 Kjørsvika - Kandal
 - Fv. 5744 Lindvika
- **Veglus**
 - Fv. 57 Hundvin
 - Fv. 5747 Stårheim
- **Andre Ts-tiltak**
 - Fv. 5452 Leknes skulekrets
 - Fv. 5402 Kryss gml. Bavallsvegen
 - Fv.79 Folkedal
- **Tiltak etter Ts-inspeksjon – sideterreng**
 - fv 500 Herøysund - Husnes

Forutan løyvinga i 2021 er det sett opp 35,5 mill. kr årleg dei siste tre åra av planperioden.

Kollektivtrafikktiltak

Kollektiv og innfartsparkering

Behovet for tiltak innan kollektivområdet utanom Bergen er stort. I økonomiplanperioden er det sett av 90 mill. kr. Det er ført opp 22,5 mill. kr årleg i planperioden.

Prioriteringskriterium som er grunnlag for porteføljestyringa:

- Tilrettelegging for skuleskyss
- Trafikksikring for mjuke trafikantar
- Viktige knutepunkt
- Tal på kollektivreisande
- Framkome for bussen
- Heilskapleg fordeling i heile fylket

Tiltaka som vert utført innanfor kollektivinfrastruktur vil oftast ha preg av ein kombinert effekt på kollektivtrafikken, slik som:

- Betre fasilitetar for dei reisande
- Fleire bytemoglegheiter
- Styrka trafikktryggleik

Mindre tiltak vil typisk vere prosjekt som gjev skuleborn og andre trygge venteforhold på haldeplassen, i tillegg tiltak som gjev betre informasjon om rutetilbodet. Større tiltak kan ofte vere prosjekt som handlar om utvikling av tilbodet, og å gje nye reisemoglegheiter for passasjerane. Det bør her visast til at dagens infrastruktur ved fleire høve legg avgrensingar på høve til å tilby eit heilskapleg linjenett, som gjev høve til effektive reiser, – med ulike transportmidlar. For å vidare styrke kollektivnettet er det behov for utvikling og nyetablering av knute- og bytepunkt i Vestland. Behovet varierer frå å gje høve til å forlengje og opprette nye busslinjer gjennom å opprette snuplassar for buss – til å utbetre og opprette bytepunkt som gir reisande høve til å byte mellom ulike transportmidlar, i tillegg til informasjonstilgang som gir fleire moglegheita til å nytte kollektivtransporttilbodet. Knutepunktutviklinga vil variere frå større terminalar til mindre bytepunkt.

Av dei avsette midlane i 2021 er 12,6 mill. kr bunde opp i følgjande pågåande tiltak:

- Fv. 542 Svortland sentrum
- Fv. 567 Valestrandsfossen
- Fv. 546 Selbjørn bru

Av nye tiltak innan kollektivområdet er det i 2021 sett av 9,8 mill. kr til etablering av haldeplass, etablering av snusløyfe og knutepunkt for buss. Følgjande tiltak er sett opp;

Etablering av haldeplass:

- Fv. 55 Kvam Ytre, retning Sogndal
- Fv. 620 Otneim
- Fv. 60 Olden
- Fv. 5050 Helldalsstølen (avkj. Røssland) (Osterøy)
- Fv. 5050 Haga retning sør (Stord)
- Fv. 49 Folkedal aust (Voss)

Etablering av snusløyfe:

- Fv. 546 Austevoll vidaregåande skule, snusløyfe (Austevoll)
- Fv. 567 Valestrand kai – snusløyfe (Osterøy)

Knutepunkt for buss:

- Kollektivknutepunkt Husnes (Kvinnherad)

Miljø og servicetiltak

Miljø og servicetiltak

Det er i økonomiplan perioden sett av 25,2 mill. kr til miljø- og servicetiltak. Midlane må fyrst og fremst gå til dei lovpålagte oppgåvene innanfor støy og vassforvaltning. Av servicetiltak er det rasteplassar og toalett langs fylkesveggar og særskilt trafikkerte vegar i turistsesongar, som blir prioritert. Tiltaka må sjåast i samanheng med endringar i driftsstandarden, då slike investeringar får vesentlege drift- og vedlikehaldskostnader.

Det vert sett av 6,3 mill. kr til følgjande tiltak i 2021:

- Oppfølging vassforskrifta
- Øvrige miljø- og servicetiltak
- Angeltveitvassdraget
- Fonndøla (vassforskrifta)
- Kannesteinen, fv. 5715 Nordoppedalen
- Hoddevika, fv. 620

Forutan løyving i 2021 er det sett opp 6,3 mill. kr for åra 2022, 2023 og 2024.

Planlegging

Planprogram

Planprogrammet skal gjere greie for kva prosjekt som skal planleggast med tanke på realisering i perioden. Prosjekta er valde ut med bakgrunn i dei rammene som ligg i overordna styringsdokument, og prinsippa for porteføljestyling. Rammene som er sett opp er i høve til tidlegare vedteke økonomiplan. Det er sett av 25,5 mill. kr i 2021, 22,6 mill.kr i 2022, 22,6 mill. kr i 2023 og 22,6 mill.kr i 2024.

Øvrig

Refusjonar

Det er på posten ført opp refusjon av tidlegare forskotering. For heile perioden er det samla lagt opp til refusjonar på 164,2 mill. kr. Det er sett av 50 mill. kr i 2021, 46,5 mill. kr i 2022, 37,5 mill. kr i 2023 og 31,2 mill. kr i 2024.

Grunnerverv/avslutting av prosjekt

I planperioden er det ført opp 92,8 mill. kr på posten for grunnerverv og avslutting av prosjekt. Innløysing av bustader i framtidige fylkesvegtrasear inngår i denne posten. Dette er ei ordning der eigarar av bustaden kan krevje innløysing av eigedommen til marknadsverdi etter gitte reglar. Kostnadane som vert ført her er før det er oppretta eige tiltak for prosjektet der bustaden ligg.

Ei rekke prosjekt som er ferdig bygd kvart år blir ikkje endeleg lukka/ avslutta. Dette er grunna i at det kan kome mindre ekstrakostnader etter gjennomføring; som til dømes endeleg oppgjør for grunnerverv. Ved å ha ein slik budsjettpost kan fleire prosjekt avsluttast. Det er sett av 22,7 mill. kr i 2021, 22,7 mill. kr i 2022, 23,7 mill. kr i 2023 og 23,7 mill. kr i 2024.

Justerings mva. (refusjon)

Inngåtte justeringsavtalar knytt til refusjon av mva. Det er sett av 1,5 mill.kr årleg til dette føremålet.

Utstyrsjøp INV

Det er sett av 1 mill. kr årleg til kjøp av utstyr i høve til fylkeskommunen sitt ansvar for utbygging og drift av fylkesvegnettet.

Rassikring

Det vert lagt opp til å nytte heile den statlege overføringa knytt til rassikring over tid. Dei årlege løyvingane vert tilpassa framdrift i prosjekta. Situasjonen no gjer at vi såleis har ufordelte rassikringsmidlar i økonomiplanramma som må fordelast på prosjekt i samband med det årlege budsjettarbeidet.

Den samla ramma til rassikring i økonomiplanperioden er auka med 176,4 mill. kr. Dette er knytt til overført mindreforbruk frå perioden før 2020. Dette er midlar som er rekvirert frå Statens vegvesen i 2020.

Mindre rassikringstiltak

Det er store behov for både mindre og større tiltak når det gjeld rassikringstiltak. Det å velje mange «små» tiltak enn få store prosjekt, kan totalt sett ha stor nytteverdi sjølv om desse tiltaka kjem lenger nede på prioriteringslista. For alle kostbare tiltak, særskilt på fylkesvegane med låg ÅDT, vil ein

vurdere enklare løysingar med føremål om å auke trafikksikringa for trafikantane. Dette sjølv om ein ikkje løyser heile rasproblematikken. Enklare løysingar vil sikre trafikken på fleire raspunkt i planperioden. Vidare vil spesielt rasutsette skuleveggar verte vurderte for å auke trafikktryggleiken.

Det er sett av 555,7 mill. kr til mindre rassikringstiltak i planperioden, 53,4 mill.kr i 2021, 92,2 mill. kr i 2022, 216,4 mill. kr i 2023 og 193,7 mill. kr i 2024.

I 2021 er det sett av 53,4 mill. kr og av dette er 5,1 mill. kr bunde opp i pågåande prosjekt fv. 5096 Felevikja I-III og 20,5 mill. kr til diverse uføresette tiltak og mindre tiltak. Det er sett av 0,5 mill. kr årleg til prosjektering av mindre rassikringstiltak i planperioden.

Nye mindre tiltak innan rassikring er sett av med 27,2 mill. kr i 2021, tiltak er:

- Fv. 5600 Eiterneset
- Fv. 5600 Eiterneset II
- Fv. 5600 før Valsvikhammaren
- Fv. 5724 Olden – Briksdalen
- Fv. 5400 Mur + portal Lilandstunnelen
- Fv. 5400 Bulken- Nadlane sikring steinblokk

Fv. 500 Folgefonntn-Årsnes, (tidlegare Krokalandet) (del av Kvinnheradpakken)

Prosjektet er del av Kvinnheradspakken. For fv. 500 Kroka-parsellen er det valt anbudsprosedyren konkurranseprega dialog, og totalentreprise med samspel som kontraktsform. I hovudsak betyr det å involvere entreprenør på eit tidlegare tidspunkt, allereie i reguleringsplanfasen, og nytta entreprenørane sine erfaringar og kunnskapar i planlegginga for å få eit betre sluttprodukt. Målet er å få betre løysingar, meir veg for pengane og betre kontroll på risiko og uvisse. Prosjektet omfattar om lag 1400 m tunnel, og vegutbetring på delar av strekninga mellom Folgefonntunnelen og Årsnes. Løyvinga til prosjektet er auka med 47 mill. kr i 2024 grunna oppdaterte anslag. Samla totalprognose for prosjektet er 456 mill. kr.

Det er sett av 82,2 mill. kr i 2021, 82,2 mill. kr i 2022, 102,8 mill. kr i 2023 og 77,8 mil. kr i 2024.

Fv. 49 Tokagjelet (Kvam herad)

I økonomiplanperioden er det lagt opp til å bruka 221 mill. kr på dette prosjektet. Fylkesvegen gjennom Tokagjelet har to delstrekningar som ligg som nr. 1 og 2 på rassikringslista til tidlegare Hordaland fylkeskommune. Forprosjektet vart fullført i 2016, og arbeidet vart vidareført som ein kommunedelplan med konsekvensutgreiing. Reguleringsplanarbeidet kan starte opp når stadfesta kommunedelplan føreligg. Finansiering av prosjektet krev midlar utover dei statlege rassikringsmidlane. Prosjektet har ikkje løyving i 2021, men

det er sett opp 15,4 mill. kr i 2022, 51,4 mill. kr i 2023 og 154,2 mill. kr i 2024.

Fv. 5722 Flovegen (Stryn kommune)

Prosjektet har eit kostnadsoverslag på 692,6 mill. 2021-kr. Det er under bygging ein 3 860 meter lang tunnel og ca. 800 meter veg i dagen. Prosjektet er lyst ut som ei totalentreprise saman med prosjekt fv. 698 Blaksetunnelen. Det er sett av 136,8 mill. kr i 2021, 84,5 mill. kr i 2022, 36 mill. kr i 2023.

Fv. 53 Ljoteli (Årdal kommune)

Prosjektet omfattar rassikring (tunnel) langs fv. 53 ved Ljoteli forbi den mest rasutsette strekninga på denne vegen. Etter at arbeidet har vore lyst ut på anbod, og det er inngått kontrakt med entreprenør, er kostnadsoverslaget 335 mill. 2021-kr. Det er gjort ein mindre reduksjon i samla løyving knytt til at løyvinga var for høg i høve til kostnadsoverslag i prosjektet. Prosjektet er kopla til anna prosjektomlegging av veg ved fv. 53 Holsbru.

Det er sett av 92,5 mill. kr i 2021 og 32,4 mill. kr i 2022.

Fv. 55 Bru over Esefjorden (Sogndal kommune)

Prosjektet er eit rassikringsprosjekt, og omfattar bygging av bru over Esefjorden i Sogndal kommune. Førebels framdriftsplan syner at det ikkje er realistisk med vedtak av reguleringsplan før årsskifte 2021/22. Førebelse vurderingar syner ei kostnadsramme på 771 mill. 2021-kr. Prosjektkostnaden som no vert lagt til grunn er førebels og basert på vurderingar før reguleringsplan og gjennomføring av anslag. Prosjektet er ikkje sett opp med løyving i 2021, men det er sett av 205,6 mill. kr i 2022, 308,4 mill. kr i 2023 og 257 mill. kr i 2024.

Fv. 5631 Øyni bru (Årdal kommune)

Arbeidet med sikring av Øyni bru ved hjelp av fanggjerde, reinsk og bolting er i gang, og det vert sett av 2,7 mill. kr i 2021 til slutføring av tiltaket.

Oversikt bindingar etter økonomiplanperioden

Nokre av prosjekta som har løyving i økonomiplanperioden vil dersom dei vert starta opp gi bindingar etter 2024.

- Fv. 614 Svelgen – Indrehus 1,5 mrd. kr.
- Ferjeavløysing Atløysambandet 1,1 mrd. kr.
- Folgefonnstunnelen (tunnelrehabilitering) 550 mill. kr – anslaget er usikkert og avheng av ambisjonsnivået i prosjektet.
- Fv. 500 Folgefonnstunnelen-Årnes (skredsikring) 111 mill. kr – prosjektet inngår som ein del av Kvinnheradspakken dersom vedtak om realisering av pakken føreligg i Stortinget. Delvis finansiert med bompengar. Oppsett binding kan kome inn tidlegare i økonomiplanperioden, ved endra framdrift på prosjektet.
- Fv. 49 Tokagjelet (rassikring) 2 mrd. kr – prosjektet kan ev. verta delfinansiert med bompengar

6.4 Investeringsprogram mobilitet og kollektiv 2021- 2024

Investeringsprogrammet for mobilitet og kollektiv vert presentert i tabellen under (i 2021-kr). Omtalar av kvart einsskilde prosjekt følgjer etter tabellen.

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Mobilitet og kollektiv	3 897 200	2 168 600	1 105 400	311 600	311 600
Ferjekontraktar - ladeinstuktur	228 000	228 000	0	0	0
Ulike investeringstiltak kollektivområdet	120 000	50 000	30 000	20 000	20 000
Informasjonsmateriell bybanevogner	8 100	8 100			
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	134 300	27 300	107 000	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	3 179 600	1 848 400	921 600	204 800	204 800
Bybanen – Byggjesteg 5	200 000		40 000	80 000	80 000
Ulike byggtiltak innan kollektiv	27 200	6 800	6 800	6 800	6 800
Sum investering	3 897 200	2 168 600	1 105 400	311 600	311 600

Prosjektomtalar kollektiv

Ferjekontraktar – ladeinfrastruktur

Total brutto investeringskostnad er på 755 mill. kr til ladeinfrastruktur. Ladeinfrastrukturen skulle etter planen kome på plass i løpet av 2020, men deler av ferdigstillinga av prosjektet er forseinka, og vil vert ferdigstilt i 2021. Investeringsbeløpet som vert overført til 2021 er på 228 mill. kr. Forventa støtte frå Enova vil utgjere omlag 227 mill. kr i 2021. Netto investeringskostnad vil dermed vere 1 mill. kr i 2021. Tabell med oversyn over dei totale investeringane til dette føremålet er sett opp under.

Tal i 1000

Investeringar	2018	2019	2020	2021	Totalt
Ferjekontraktar	2 000	134 000	391 000	228 000	755 000
ENOVA finansiering	-	-	34 000	227 000	261 000
Nettokostnad	2 000	134 000	357 000	1 000	494 000

Ulike investeringstiltak kollektivområdet

Det er lagt planer for investering innan områda digitale plattformar, integrasjon av Skyss/Kringom og nye mobilitetstjenester. Total investeringssum i 2021 er på 50 mill. kr. Vidare er det sett av 30 mill. kr i 2022 og 20 mill. kr i 2023 og 2024.

Informasjonsmateriell bybanevogner

Det er behov for å styrke informasjonen og passasjeropplevinga til kundar som nyttar seg av bybanen. Det er difor sett av 8,1 mill. kr i 2021 til informasjonsskjermer i bybanevognene.

Bybanen i Bergen – Vognmateriell

Den opphavelge avtalen har fått to endringsordrar på til saman om lag 3,5 mill. kr. Den totale budsjettsummen for investeringa vil variera frå år til år ettersom avtalen er inngått i Euro. Opphavelge var den på 276 mill. kr, og er no er den på 309 mill. kr gitt dei føresetnadane som er lagt til grunn. Det er sett av 27,3 mill. kr i 2021 og 107 mill. kr i 2022.

Bybanen – Byggjesteg 4

For byggetrinn 4, Bergen Sentrum – Fyllingsdalen, er det samla sett av 3,18 mrd. kr i planperioden. Styringsramma for denne strekinga er 7 101 mill. i 2017-kr. I denne ramma inngår bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkel tunnel gjennom Løvestakken. Gjennom Miljøløftet dekkjer staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande er føresett finansiert med bompengar og andre lokale bidrag. Det er sett av 1 848,4 mill. kr i 2021, 921,6 mill. kr i 2022, 204,8 mill. kr i 2023 og 204,8 mill. kr i 2024.

For 2021 er planen at fleire delar av prosjektet skal ferdigstillast; grunnarbeid langs heile traseen, depot i Løvstakken, leskur og underjordisk haldeplass ved Haukeland. Fleire andre delar av prosjektet får auka aktivitet; mellom anna startar arbeidet med å omgjere Kronstadtunnelen til gang – og sykkelveg og det er oppstart på bygging av den nye kollektivterminalen i Fyllingsdalen.

Bybanen – Byggjesteget 5

For Byggjesteget 5 frå Bergen sentrum til Åsane er Bergen kommune i gang med prosessen rundt regulering. Slik planane er i dag vil vere naudsynt med midlar til planlegging- og grunnervverksarbeid i kommande økonomiplanperiode. Det er

difor ført opp 40 mill. kr i 2022 og 80 mill. kr i 2023 og 2024 til dette byggetrinnet..

Ulike byggiltak innan kollektiv

Investeringstiltaka omfattar opparbeiding og utbetring av terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar lokalisert rundt om i heile det nye fylket. I 2018 vart arbeidet med både permanente og mobile sjåførbygg starta opp. Det er lagt opp til at fylkeskommunen har ansvar for etablering av dei ulike fasilitetane og vedlikehaldet av bygga. Operatørane som nyttar fasilitetane skal ha driftsansvaret. Det er sett av 6,8 mill. kr årleg til dette i planperioden.

6.5 Finansiering av investeringsbudsjettet 2021- 2024

Finansiering (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Bompengar	3 255 295	1 041 001	911 844	760 869	541 581
Tilskot	2 974 003	1 633 797	869 483	258 020	212 703
Fond	927 000	580 000	100 000	147 000	100 000
Driftsmidlar til investering	2 267 000	552 500	551 500	556 500	606 500
Lån	7 257 806	1 235 878	2 439 424	2035941	1 546 563
Mva. kompensasjon	3 047 591	691 442	883 542	808 210	664 397
Salsinntekter	325 700	25 700	0	60 000	240 000
Sum Finansiering	20 054 395	5 760 318	5 755 793	4 626 540	3 911 744

Oversyn finansiering 2021- 2024

Planlagde investeringar i 4-årsperioden ligg tett oppunder 20 mrd. kr. 7 258 mill. kr er planlagt finansiert med lån. Dette utgjer 36,3 % av totalen.

Bompengar og tilskot står for høvesvis 16,3 % og 14,9 % av finansieringa. Bruken av bompengar og tilskot er særleg stor i 2021 og 2022, og dette heng saman med bygging av bybanen til Fyllingsdalen. Utbygginga skal finansierast fullt ut med bompengar (34 %) og statstilskot (66 %).

I 2020 og 2021 vil ein nytte det ein har av investeringsfond. Det er også ført opp noko bruk av fondsmidlar vidare utover i perioden. Det kan då verte aktuelt å overføre noko frå disposisjonsfond til finansiering av investeringar.

Tilsaman i perioden har ein ført opp 2 267 mill. kr i driftsmidlar til investeringar.

Netto gjeldsgrad

Ein har som mål at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 % av inntektene. Budsjetterte låneopptak er høge både i 2022 og 2023, og det gjer at ein i 2023 og 2024 vil liggje heilt oppunder grensa på 115 % gjeldsgrad.

Det er ikkje rom for å auke investeringsnivået fordi det skal små avvik til før ein kjem over 115 %. Det kan lett skje om til dømes inntektsutviklinga skulle bli litt svakare enn venta, eller om ein aukar investeringskostnadane.



*Bondhusvatnet i Sunndal, Mauranger.
Foto: Morten Wanvik.*

7 Finansielle måltal

Ny kommunelov tok til å gjelda 01.01.2020. § 14-2, som omtalar fylkestinget sine plikter i økonomiforvaltninga, har slik ordlyd:

**§ 14-2. Kommunestyrets og fylkestingets plikter
Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta**

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet
- b) årsregnskapene og årsberetningene
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement)

Som det går fram av §14-2 punkt c er det no lovfesta at fylkestinget «selv plikter å vedta finansielle måltall for utviklingen av kommunen eller fylkeskommunens økonomi».

Dei finansielle måltala skal synleggjere kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid, og brukast i prioriteringsdiskusjonane i budsjett/ økonomiplanprosessen.

I budsjettet for 2020 vedtok fylkestinget følgjande finansielle måltal for Vestland fylkeskommune:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Rente- og avdragsbelastning
- Disposisjonsfond

Vestland fylkeskommune hadde i 2020 ekstraordinære utfordringar i og med at ein ved oppstarten av den nye fylkekommunen sydde saman to ulike budsjett til eitt. I tillegg gjer dei økonomiske utfordringane ein står overfor at det er vanskeleg å fastsetja kva som er rett nivå på dei finansielle måltala.

Dei tilrådde måltala kan kort omtalast slik:

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat: Det som er att av driftsinntektene når alle driftsutgifter og finansutgifter (renter og avdrag) er dekkja.

Teknisk berekningsutval for kommunesektoren og KMD reknar netto driftsresultat som hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, og tilrår at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene over tid bør vera minimum 4%.

Det er heilt avgjerande for handlingsrommet i ein fylkeskommune over tid å ha eit positivt netto driftsresultat. Netto driftsresultat er dermed ein sentral storleik for å vurdere fylkeskommunen sin økonomiske handlefridom. Netto driftsresultat må minst vere stort nok til å dekke nødvendige

nettoavsetjingar til fond i tillegg til å kunne overføre driftsmidlar til eigenfinansiering av investeringane.

Målsetjinga for Vestland fylkeskommune må vere å ha eit netto driftsresultat lik tilrådd nivå på 4%.

I 2021 er det budsjettert med netto driftsresultat på nær 4,7 %. Netto driftsresultat kan bli noko svakare utover i økonomiplanperioden, men det er lagt opp til at dette nøkkeltalet skal halde seg over 4 %.

Gjeldsgrad

Netto lånegjeld = Innlån – utlån

*Gjeldsgrad: Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter
Tilrådd nivå: Riksrevisjonen tilrår grense på netto lånegjeld til 75 % av årlege driftsinntekter*

Slik den økonomiske realiteten for Vestland fylkeskommune er pr. dato, og med det investeringsbehovet ein ser i investeringsbudsjettet, må det leggjast til grunn at ein dei nærmaste åra vil ha ei netto lånegjeld som langt overstig tilrådd nivå på 75%.

Grensa fylkestinget har lagt til grunn for utarbeiding av investeringsbudsjettet er 115%. Dei siste åra i økonomiplanperioden ligg ein heilt opp mot denne grensa. Målsetjinga må vere å stoppe veksten i lånegjelda slik at ikkje større del av handlingsrommet vert brukt til å dekke kapitalutgifter.

Auken i nye låneopptak er særleg stor i 2022 og 2023. Ei sannsynleg utvikling i gjeldsgrad kan bli om lag slik:

2020	2021	2022	2023	2024
101 %	102 %	111 %	115 %	115 %

Rente- og avdragsbelastning

Rente og avdragsbelastning: Renter og avdrag i % av sum driftsinntekter.

I budsjettet for 2020 vart avdragsnivået noko redusert som del av budsjettsalderinga. I perioden 2021 til 2024 er det foreslått å trappe opp avdragsbetalinga. Dette er eit tiltak for å bremse gjeldsveksten. Som følgje av dette vil rente- og avdragsbelastninga gå frå ca. 6,5 % i 2021 til 9 % i 2024. Landsgjennomsnittet ligg rundt 5%. Den høge lånegjelda til Vestland fylkeskommune gjer at ein i tida framover har høgare rente- og avdragsbelastning enn landsgjennomsnittet. Høg avdragsbetaling er med på å bremse veksten i lånegjelda.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond: Midlar som gjennom åra er avsett til reserver.

Tilrådd nivå: Det er ikkje noko klar norm for kor stort disposisjonsfond bør ver, men Telemarkforsking har i ein rapport om økonomiske nøkkeltal tilrådd at disposisjons- fond bør utgjere mellom 5 og 10 prosent av fylkeskommunen sine inntekter.

Ved starten av 2020 utgjorde disposisjonsfond 7,4 % av årlege driftsinntekter I budsjettet for 2020 er det nytta 70 mill. kr av fondsmidlar i budsjettsalderinga. I 2021 er det lagt opp til å avsetje 76 mill. kr og nytte 15 mill. kr av skulefonda.

Ved avslutning av årsrekneskapane framover vil det bli avsett eller inntektsført midlar frå disposisjonsfond. Dersom det er store avvik mellom rekneskap og budsjett, kan utviklinga i disposisjonsfond bli vesentleg annleis enn det er lagt opp til i årsbudsjett og økonomiplan. Det er dermed vanskeleg å gje ein presis prognose for utviklinga i disposisjonsfond fleire år framover i tid.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til å nytte noko av disposisjonsfond til finansiering av investeringar. Ei sannsynleg utvikling er at disposisjonsfond i perioden vil gå ned frå ca. 7,5 % til 5,5 %. Dermed held ein seg innfor det langsiktige målet om å ha disposisjonsfond i storleiken 5 -10%. Disposisjonsfond i denne storleiken er nyttig for å ha ein tilstrekkeleg «buffer» i økonomien.



*Balansekunst på padlebrett i Jølstravatnet.
Foto: Morten Wanvik.*

8 Budsjettreglement

1 Innleiing

Utgangspunktet for budsjettreglementet er Reglement for økonomiforvaltninga, Reglement for dei 4 hovudutvala og Reglement for delegering til fylkesrådmann.

Reglementet fastset fylkestinget sitt mynde, delegering av mynde til andre folkevalde organ og til fylkesrådmannen. Fylkestinget vedtek sjølv endringar i reglementet.

2 Struktur og spesifikasjonsgrad

Budsjettet og økonomiplanen er utforma med ein kapitaldel - investeringar (kontoklasse 0) spesifisert på prosjekt og ein driftsdel (kontoklasse 1) spesifisert på løyvingsnivå.

2.1 Driftsbudsjettet

Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle inntekter og utgifter på følgjande sektorar og spesifiserer kvar sektor på løyvingsnivå slik:

Fellesinntekter og -utgifter

- Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning
- Andre generelle statstilskot
- Konsesjonskraftinntekter
- Kapitalinntekter/-utgifter og utbytte, rentekompensasjon
- Pensjonsutgifter, fellesutgifter, lønns- og prisvekst
- Bruk/avsetjing til fond
- Overføring til investering

Politisk styring, kontrollutval

- Politisk styring
- Kontrollutval
- Eigedom - drift og vedlikehald

Organisasjon og økonomi

- Eigedom - drift og vedlikehald
- Administrasjon av organisasjon og økonomi
- Organisasjon og økonomi - tiltaksmidlar

Strategisk utvikling og digitalisering

- Plan, analyse, klima og folkehelse
- IKT og digitalisering
- Administrasjon av strategi og digitalisering

Tannhelse

- Pasientbehandling
- Administrasjon av tannhelse

Kultur, idrett og inkludering

- Arkiv
- Bibliotek
- Kulturformidling
- Kulturarv
- Inkludering, strategi og analyse
- Kunst- og kulturutvikling
- Idrett og friluftsliv
- Administrasjon av kultur, idrett og inkludering

Infrastruktur og veg

- Veg – drift og vedlikehald
- FTU-midlar
- Andre tiltak – infrastruktur og veg
- Administrasjon av infrastruktur og veg

Mobilitet og kollektiv

- Buss
- Bane
- Båt
- Ferje
- TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss
- Administrasjon av mobilitet og kollektiv

Innovasjon og næringsutvikling

- Verdiskaping byar/regionar
- Naturressursar, landbruk og reiseliv
- Forsking, kompetanse og internasjonalisering
- Grøn vekst, klima og energi
- Utviklingsmidlar
- Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling

Opplæring og kompetanse

- Vidaregåande skular
- Vaksenopplæring
- Fagskule
- Andre føremål opplæring
- Opplæring i bedrift
- Administrasjon av opplæring og komp.

2.2 Investeringsbudsjettet

Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle investeringane inn i tre ulike program slik:

- Investeringsprogram bygg
- Investeringsprogram fylkesvegar inkl. rassikring
- Investeringsprogram kollektiv

Investeringsprogramma er delt inn i grupper. Gruppene gang- og sykkelveg, trafikktryggingstiltak, kollektivtrafikktiltak og miljø- og servicetiltak i investeringsprogram fylkesvegar inkl. rassikring vert også definert som programområde, jf. pkt.3.7.9. Investeringsprogramma syner ein spesifikasjon av det enkelte investeringsprosjekt.

3 Budsjettoppfølging og budsjettendringar

3.1 Budsjettoppfølging

Fylkestinget vedtek årsbudsjett og økonomiplan for fylkeskommunen og endringar i desse, i medhald av kapittel 14 i kommunelova.

Løyvingane i driftsbudsjettet vert vedtekne som netto driftsrammer pr løyvingsnivå.

Løyvingane i investeringsbudsjettet vert vedtekne brutto for ulike prosjekt/sekkepostar.

Alle fylkeskommunen sine politiske organ skal gjennomføre fylkestinget sitt budsjett innafor egne ansvarsområde. Eventuelle budsjettendringar i løpet av året skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet, og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

Mål, prioriteringar og føresetnader for løyvingane frå fylkestinget går fram av tekstdelen av årsbudsjett- og økonomiplandokumentet.

Dersom løyvingane ikkje vil halde, pliktar fylkesrådmannen å reise spørsmål om budsjettendring. Budsjettendring kan berre påreknast dersom behovet ikkje var råd å forutsjå på budsjetteringstidspunktet eller meirutgiftene ikkje kan vente.

Med unntak av dei fullmakter som vert gjeve i dette reglementet, er det berre fylkestinget som kan endre budsjettet.

3.2 Fylkestinget

3.2.1 Fylkestinget vedtek budsjettendringar mellom ansvarsområda til hovudutvala.

3.2.2 Fylkestinget kan elles delegere mynde til andre politiske organ og til fylkesrådmannen.

3.2.3 Fylkestinget behandlar driftsrapportar to gonger i året, etter innstilling frå fylkesutvalet. Driftsrapportene skal vise utviklinga i inntekter og utgifter i høve til vedteke årsbudsjett, med nødvendige framlegg til justeringar.

3.3 Fylkesutvalet

3.3.1 Fylkesutvalet kan vedta dei same endringane i budsjettet som fylkestinget dersom vilkåra i reglementet for hastesaker etter kommunelova § 11-8 er til stades.

3.3.2 Fylkesutvalet har mynde til å gjere budsjettendringar i og mellom løyvingsnivåa, med unntak av løyvingsnivået Kontrollutval, i driftsbudsjettet gjennom året for sektorane:

- politisk styring, kontrollutval

- organisasjon og økonomi
- strategi og digitalisering
- tannhelse.

Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet, og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

Fylkesutvalet skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar for desse sektorane to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.3.3 Fylkesutvalet har mynde til å fordele tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor områda folkehelse, klima, senter- og stadutvikling og plan og utviklingsarbeid innanfor sektoren strategisk utvikling og digitalisering.

3.4 Kontrollutvalet

3.4.1 Kontrollutvalet skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar på eige løyvingsnivå to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.4.2 Kontrollutvalet har mynde til å fordele løyvingsnivået i tre kategoriar slik:

- kontrollutvalet
- sekretariat for kontrollutvalet
- kjøp av revisjonstenester.

3.5 Hovudutvala

3.5.1 Hovudutvala skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar for eigne sektorar to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.5.2 Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa for kvar sektor i driftsbudsjettet.

Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

3.5.3 Budsjettreglementet pkt. 3.7.4 omhandlar fylkesrådmannen sine fullmakter i høve administrasjonsutgifter i sentraladministrasjonen. Løyvingar for sektoren knytt til administrasjon er såleis ikkje ein del av hovudutvala sine fullmakter.

3.5.4 Hovudutvala har mynde til å fordele statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.

3.5.5 Hovudutvala har mynde til å fordele fylkeskommunale tilskot- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

3.5.6 Hovudutvala har mynde til å disponere ufordelte løyvingar innanfor sitt arbeidsområde. Dette gjeld både drifts- og investeringsløyvingar.

3.6 Trafikktryggingsutvalet

3.6.1 Trafikktryggingsutvalet har mynde til å fordele løyvinga på løyvingnivå FTU-midlar på ulike tilskotsordningar samt mynde til å tildele tilskot innafor sitt ansvarsområde.

3.7 Fylkesrådmannen

3.7.1 Etter at fylkestinget har vedteke årsbudsjettet på løyvingnivå, fordeler fylkesrådmannen driftsbudsjettet vidare til tenleg detaljeringsnivå for å sikre god økonomistyring. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

3.7.2 Fylkesrådmannen disponerer løyvingane i årsbudsjettet, og har tilvisingsrett. Fylkesrådmannen kan delegere dette myndet til andre leiarar.

3.7.3 Fylkesrådmannen har mynde til å justere budsjettet gjennom året med endringar av teknisk karakter, t.d. avskrivningar, og fordele samleløyvingar, t.d. personalmidlar, lønsavsetjing o.l. på tvers av løyvingnivåa som fylkestinget har vedteke. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

3.7.4 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå følgjande løyvingnivå i samanheng:

- Administrasjon av organisasjon og økonomi
- Administrasjon av strategisk utvikling og digitalisering
- Administrasjon av kultur, idrett og inkludering
- Administrasjon av infrastruktur og veg

4. Årsavslutting

4.1 Driftsbudsjettet

4.1.1 Fylkesrådmannen har mynde til å setje av midlar til disposisjonsfond for bruk seinare år innanfor drifta av skular og tannklinikkar.

4.1.2 Driftsresultatet for prosjektet Sogn og Fjordane kunstmuseum (overskot eller underskot) skal avsettast mot/dekast av eit eige drift- og vedlikehaldsfond. Fondet vert disponert av Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune.

4.1.3 Fylkesrådmannen har mynde til å gjennomføre naudsynte strykningar ved rekneskapsavsluttinga i samsvar med

- Administrasjon av mobilitet og kollektiv
- Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling
- Administrasjon av opplæring og kompetanse

Fullmakta gjeld også andre administrative løyvingar som er fordelt på andre løyvingnivå.

3.7.5 Fylkesrådmannen har mynde til å gjennomføre låneopptak i samsvar med vedtak i fylkestinget.

3.7.6 Fylkesrådmannen har mynde til å tilpasse drifts- og investeringsbudsjettet i samband med fellesfinansiering av digitaliseringsprosjekt, og der forskriftene krev at prosjekt, utstyr og inventar skal først i kapitalrekneskapen.

3.7.7 Fylkesrådmannen har mynde til å setje i verk naudsyn-te strakstiltak ved ras, flaumar og liknande uventa hendingar.

3.7.8 Fylkesrådmannen har mynde til å handtera ein krisesituasjon. Etter at krisa er over, vert det lagt fram ei sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.

3.7.9 Fylkesrådmannen har mynde til å omdisponere mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av fylkesvegbudsjettet.

3.7.10 Innafor vegsektoren har fylkesrådmannen mynde til å setje av midlar til disposisjonsfond for bruk i seinare år.

3.7.11 Fylkesrådmannen har mynde til å nytte avsette midlar på disposisjonsfond. Ein føresetnad for dette myndet er at fylkestinget tidlegare år har vedteke fondsavsettinga til eit konkret føremål, og at dette føremålet no er i posisjon til å få løyvinga utbetalt.

3.7.11 Fylkesrådmannen har mynde til å fordele løyvinga på løyvingnivå org og øk tiltaksmidlar til andre løyvingnivå.

kap. 4 i Budsjett- og rekneskapsforskrifta. Fylkesrådmannen skal leggje til grunn følgjande rekkjefølgje ved gjennomføringa av strykingane:

1. Overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
2. Andre avsetjingar til disposisjonsfond, men unntak av fondsavsetting som nemnt i pkt. 4.1.2
3. Avsetjing av evt. overskot i vidaregåande skular og i tannhelsetenesta
4. Avsetjing til disposisjonsfond nemnt i pkt. 4.1.2

4.2 Investeringsbudsjettet

4.2.1 Kapitalrekneskapen er eittårig. Eventuelle unyttta løyvingar i kapitalrekneskapen må budsjetterast opp att seinare år dersom føremålet ikkje er avslutta.

4.2.2. Dei uutnyttta løyvingane vert budsjetterte opp att som del av det vidare budsjettbehovet som er naudsynt for å avslutte prosjektet.



Fylkesordfører Jon Askeland.
Foto: Morten Wanvik.

9 Møtebok

Vedlegg 1. Saksprotokoll i finansutvalet 19.11.2020

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Tiltak	Meirutg./mindreinni.	Meirinnt./mindreutg
Ferjekompensasjon	55000000	.
Skule-fond	15000000	
Miljøkoordinatorar	13000000	
TAF/YSK	2000000	
Toppidrett	600000	
Sommarskule/leksehjelp	1100000	
Ladestjon langs fylkesvei	2000000	
innfartsparkering	6000000	
KODE	1100000	
Reklame buss/ferge		20000000
Administrativt innsparingsprogram		25000000
Sjølvsprofilering, halvårsverknad		7700000
Utsetje merking av bussar		5000000
Skulepsykologar		2900000
Vaksine		2100000
Skulefrukost		10000000
Elev-PC, eigenandel		1900000
Oppfylling av klassar		5000000
Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek		1200000
Disposisjonsfond		15000000
Total	95800000	95800000

Tilleggsframlegg investeringar fylkesvegar:

Tal i 1000 kr.

Prosjekt: Svelgen-Indrehus			
Totalt 2021-2024: 1 450 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	500 000	500 000	440 000
Finansiert med lån.			

Prosjekt: Atløysambandet			
Totalt 2021-2024: 1 000 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	330 000	330 000	330 000
Finansiert med lån/ferjeavløysingsordninga.			

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje budsjettert med auka inntekt frå fergekompensasjonsordninga på 55 mill kr før evt. Stortinget har vedtatt dette. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med 55 mill kr i 2021.

2. På område for Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) gjer Finansutvalet følgjande prioriteringar;

Udisponert A-dok 6/20 kr 89,8 mill (ligg på Veg - drift og vedlikehald)

Bruk av diesel i staden for biodiesel buss kr 23,5 mill

Utsette omprofilering Kringom kr 7 mill

Sum disponibel kr 120,3 mill

Kollektiv

Ikkje fjerne takstkompensasjon for ungdomskort i kommersielle ruter kr 15 mill

Ikkje takstauke buss og bane med 1% prisstigning kr 10 mill

Ikkje fjerne arbeidskjøring innan TT-ordninga kr 3 mill

Sum kr 28 mill

Infrastruktur og veg

Ingen innsparingstiltak blir gjennomført, ref. tabell s 77 vedlegg A-dok 6/20 kr 71,8 mill

Ytterlegare auke i dekkelegging veg kr 20,5 mill

Sum kr 92,3 mill

3. Udisponert Hovedutval kultur, idrett og integrering (KULI) på kr 2,6 mill vert sett av til Tilskot U23 EM friidrett i Bergen 2021.

4. Udisponert Hovedutval for næring kr 2,4 mill vert sett av til Prosjekt Marin satsing.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

FNB legg posisjonen sitt budsjettframlegg til grunn med følgjande endringar:

Driftsbudsjett

Mål : oppnå nullvekstmål. sikre utbetaling av belønningsmidlar i byvekstavtalen

Verkemiddel : prisnivå kollektiv redusere med 2,0 %

Budsjett : takstar i 2021 på buss og bane

Kostnad : 20 MNOK

Gratis innfartsparkering : 6 MNOK

Inndekning : Erstatte biodiesel med autodiesel på buss : 23,5 MNOK

Ikkje båtturistrute til Flåm sommaren 2021 : 3,0 MNOK

Investeringsbudsjett

Mål : Rassikring. Tokagjelet ny veg - finansiering og byggjing.

Budsjett : +200 MNOK (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Inndekning : -200 MNOK frå Bybanen steg 5 (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Investeringsmidlar planlagt til 'Framtidige bompengeprojekt' Tokagjelet, Kvinnheradpakken og utvida Bømlopakke blir samla på 1 bompengefritt prosjekt (Tokagjelet). Samla investeringsmidlar er 160 MNOK (10 MNOK 2021, 50 MNOK 2022, 50 MNOK 2023, 50 MNOK 2024)

Mål : Rassikring. FV 609 Askvoll - Førde v. Hundsåna

Budsjett : 500 MNOK (250 MNOK 2023) År 2024 (250 MNOK 2024)

Inndekning : Sal av fylkeskommunen sitt bybanemateriell (investert totalt 850 MNOK). Antatt salsverdi 500 MNOK (2023).»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, V, Krf og SV fram slikt forslag:

1. Finansutvalet syner til protokollen frå møte i finansutvalet 19.10.2020, og vedtakspunkt 7 der følgjande auke i sektorrammene vart vedteke:

SAMMO 89,9 mill
 KULI 2,6 mill
 Næring 2,4 mill
 Sum 94,9 mill

I tillegg legg finansutvalet inn følgjande salderingstiltak:
 Redusert overføring til disposisjonsfondet 2,95 mill

2. Finansutvalet reverserer følgjande kutt i finansdokumentet og legg følgjande prioriteringar til grunn for auken i sektorrammene:

SAMMO:

Kollektiv	
Takstauke 1% over prisvekst	8
Fryse enkeltbillett på 39 kr.	6
Reversert takstauke ungdomskort og innføring i heile Vestland	16
Red frekvens buss/bane Bergensomr	2
Takstauke 1 bybanen	2
Kutt billettkontroll	-6
Innfartsparkering	6
SUM	34
Veg og infrastruktur	
Red trygg skuleveg	5
Red tilskotsordn	3,5
Ymse FTU	1,5
Red rydding ras/flaum	15
Steng rastep/toalett	1
Driftskontrakter	-3
Dekkelegging	31,9
KS2 Atløysambandet	1
SUM	55,8
SUM SAMMO	89,9

KULI:

Kultur		Løyvingsnivå
U23 EM	2 000 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
Museumsløft 2021	600 000	Kulturarv: Museum
Stipend (kunst)	100 000	Kunst og kulturutvikling: Kunstproduksjon
Kulturelt utviklingsprogram	300 000	Kunst og kulturutvikling
Det Akademiske Kvarter	100 000	Kunstformidling: Tilskot til drift av kulturhus
Tilskotb b/u-organisasjoner	100 000	Ymse b/u-føremål
Inkludering og mangfald - prosjektstøtte	200 000	Inkludering, strategi og analyse
Stiftelsen Robin Hood-huset	100 000	Inkludering, strategi og analyse

Ettertankens dag	50 000	Inkludering, strategi og analyse
Pilegrimssenter (Selja og Bergen)	300 000	Ålmenne kulturvernformål
Modellbibliotek	200 000	Biblioteksutvikling
Idrettscampus Bergen	500 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
SUM KULI	4 550 000	

Næring:

Næring (tall i mill. kr.)	
Læreplassgaranti	1,4
Kompetanseheving fiskeri	1
Oppfylging av plaststrategien	1
SUM Næring	3,4

3. Investeringsbudsjett

Finansutvalet gjer følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Post	2021	2022	2023	2024
Fv. 614 Svelgen - Indrehus			5	45
Fv. 565 Alversund bru				10
Mindre utbedringar	21,1			
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	-21,1			
Ferjeavløysing - Atløysambandet	1			
Finansiering				
Driftsmidlar til investering (tunnel)		10	20	30

Verbalforslag:

1	<p>Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring (korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinere arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.</i> • <i>Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.</i>
2	<p>Fylkestinget syner til at det i 2020 har vore søknader på fleire breibandsutbyggingsprosjekt som ikkje har fått støtte, og at behovet er større enn løyvingane. Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.</p>

3	<p>Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover.</p> <p>Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering.</p> <p>Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;</p> <ul style="list-style-type: none"> • organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar • fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar • organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansmiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise») • område med potensiale for digitalisering. • det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført <p>Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.</p>
4	<p>Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).</p>
5	<p>Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærling.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane, vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane.</p>
6	<p>Fylkestinget syner til budsjettet der elev-pc - egedel vert vidareført på kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland.</p>
7	<p>Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje dårleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringar (21,1 mill) skal dirfor nyttast til enklare utbetringar på ulike strekningar på fylkesvegnettet kan betra trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd.</p>
8	<p>Fylkestinget syner til at Regjeringa i sitt framlegg til statsbudsjett kutter løyvinga til oppfylling av tunnelsikkerhetsforskrifta tilsvarande 21,1 mill for 2021. Vestland fylke er mellom dei fylka i Noreg som flest tunnelar som treng oppgradering etter forskrifta. Vestland fylke er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, der ein i åra framover skal redusere driftsbudsjett og unngå ein kritisk høg gjeldsgrad. På bakgrunn av det kan ein ikkje fortsette å nytte meir midlar til tunnelsikring enn det som vert løyvd over statsbudsjettet då dette vil gå ut over anna drifts- og investeringsoppgåver. I 2021 skal fylkestinget handsame Regional Transportplan og fylkestinget vil der ta ei totalvurdering på kva for prosjekt som bør prioriterast både når det gjeld tunnelsikring, rassikring, vegvedlikehald, ferjeavløysing og andre prosjekt på fylkesvegnettet.</p> <p>Fylkestinget ber difor om at prioritering av tunnelsikringsprosjekt vert ein del av denne planen, og at ein justerer framdrifta på dette arbeidet etter kva ein kan forvente av løyvingnivå.</p>
9	<p>Fylkestinget syner til Stortinget sitt bompengeforlik og byvekstavtala der Vestland fylke har forplikta seg til å redusere takstane på periodekortet på buss og bybane tilsvarande dei statlege løyvingane. Dette vert gjort. Samstundes har Vestland fylke høve til årleg å justere kollektivprisar i tråd med pris og kostnadsvekst. Samarbeidspartia er einig om at ein for 2021 ikkje skal auke prisen på einskildbilletten. Ein ber om at iverksetting av prisreduksjonen vert gjennomført så fort som mogleg.</p>

10	Fylkestinget syner til at ein har hatt ulike ordningar for ungdomskort i dei gamle fylka. Fylkestinget innfører sams ungdomskort i heile Vestland med Hordaland si aldersgrense (inntil fylte 21 år) og pris med verknad frå same tidspunkt som andre taksendingar trer i kraft.
11	Fylkestinget syner til debatten kring innfartsparkering i og rundt Bergen. Fylkestinget legg ikkje opp til at dette vert innført i 2021, men ber om at ein kjem attende med ei sak til SAMMO og FU om trafikale og økonomiske verknader for tiltaket. Fylkestinget ber og om at ein går i dialog med aktuelle kommunar om saka.
12	Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyning (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekker dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.
13	Fylkestinget syner til at fylkesrådmann i sitt framlegg har lagt opp til å auke kostnaden med billettkontroll med 6 mill. kr. Fylkestinget avviser denne auken.
14	Fylkestinget føreset at det snarast blir lagt fram ei sak om oppstart av KS2 for Atløysambandet, og om ein finansieringsmodell for rask gjennomføring av prosjektet med ferjeavløysingsmidlar, jmf nye statlege retningslinjer for forbetring av ferjeavløysingsordninga. Fylkestinget syner til at det er sett av 1 mill til KS2.
15	Fylkestinget ber om at ein i fastsetting av leiarløner gjennomfører ei moderat og rimeleg linje og at ein ikkje er lønsleiande, samt at ein ser til det totale lønnsnivå i organisasjonen.
16	Fylkestinget syner til transporttilbodet «servicelinjen i Bergen», og føreset at dette tilbodet vert vidareført innanfor ramma til kollektiveininga inntil eit anna tilbod er på plass jamfør tidlegare avtalar om dette mellom fylkeskommunen og Bergen kommune.

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Frp, H og U).
Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.
Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og U) og fall.
Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB og U) og fall.
Øren Heen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (Frp og H).

Innstilling til fylkesutvalet

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med desse endringane:

1. Finansutvalet syner til protokollen frå møte i finansutvalet 19.10.2020, og vedtakspunkt 7 der følgjande auke i sektorrammene vart vedteke:

SAMMO 89,9 mill
KULI 2,6 mill
Næring 2,4 mill
Sum 94,9 mill

I tillegg legg finansutvalet inn følgjande salderingstiltak:
Redusert overføring til disposisjonsfondet 2,95 mill

2. Finansutvalet reverserer følgjande kutt i finansdokumentet og legg følgjande prioriteringar til grunn for auken i sektorrammene:

SAMMO:

Kollektiv	
Takstauke 1% over prisvekst	8
Fryse enkeltbillett på 39 kr.	6
Reversert takstauke ungdomskort og innføring i heile Vestland	16
Red frekvens buss/bane Bergensomr	2
Takstauke 1 bybanen	2
Kutt billettkontroll	-6
Innfartsparkering	6
SUM	34
Veg og infrastruktur	
Red trygg skuleveg	5
Red tilskotsordn	3,5
Ymse FTU	1,5
Red rydding ras/flaum	15
Steng rastepl/toalett	1
Driftskontrakter	-3
Dekkelegging	31,9
KS2 Atløysambandet	1
SUM	55,8
SUM SAMMO	89,9

KULI:

Kultur		Løyvingsnivå
U23 EM	2 000 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
Museumsløft 2021	600 000	Kulturarv: Museum
Stipend (kunst)	100 000	Kunst og kulturutvikling: Kunstproduksjon
Kulturelt utviklingsprogram	300 000	Kunst og kulturutvikling
Det Akademiske Kvarter	100 000	Kunstformidling: Tilskot til drift av kulturhus
Tilskotb b/u-organisasjoner	100 000	Ymse b/u-føremål
Inkludering og mangfald - prosjektstøtte	200 000	Inkludering, strategi og analyse
Stiftelsen Robin Hood-huset	100 000	Inkludering, strategi og analyse
Ettertankens dag	50 000	Inkludering, strategi og analyse
Pilegrimssenter (Selja og Bergen)	300 000	Ålmenne kulturvernføremål
Modellbibliotek	200 000	Biblioteksutvikling
Idrettscampus Bergen	500 000	Idrett og friluftsliv: Idrettsarbeid
SUM KULI	4 550 000	

Næring:

Næring (tall i mill. kr.)	
Læreplassgaranti	1,4
Kompetanseheving fiskeri	1

Oppfylging av plaststrategien	1
SUM Næring	3,4

3. Investeringsbudsjett

Finansutvalet gjer følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Post	2021	2022	2023	2024
Fv. 614 Svelgen - Indrehus			5	45
Fv. 565 Alversund bru				10
Mindre utbedringar	21,1			
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	-21,1			
Ferjeavløysing - Atløysambandet	1			
<u>Finansiering</u>				
Driftsmidlar til investering (tunnel)		10	20	30

Verbalforslag:

1	<p>Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring (korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinere arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.</i> • <i>Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.</i>
2	<p>Fylkestinget syner til at det i 2020 har vore søknader på fleire breibandsutbyggingsprosjekt som ikkje har fått støtte, og at behovet er større enn løyvingane. Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.</p>

3	<p>Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilrår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover.</p> <p>Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemd på digitalisering.</p> <p>Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;</p> <ul style="list-style-type: none"> • organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar • fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre einingar • organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansmiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise») • område med potensiale for digitalisering. • det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført <p>Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.</p>
4	<p>Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busituasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøve for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).</p>
5	<p>Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærling.</p> <p>Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane, vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane.</p>
6	<p>Fylkestinget syner til budsjettet der elev-pc - eignedel vert vidareført på kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland.</p>
7	<p>Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje dårleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringar (21,1 mill) skal dirfor nyttast til enklare utbetringar på ulike strekningar på fylkesvegnettet kan betra trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd.</p>
8	<p>Fylkestinget syner til at Regjeringa i sitt framlegg til statsbudsjett kutter løyvinga til oppfylling av tunnelsikkerhetsforskrifta tilsvarande 21,1 mill for 2021. Vestland fylke er mellom dei fylka i Noreg som flest tunnelar som treng oppgradering etter forskrifta.</p> <p>Vestland fylke er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, der ein i åra framover skal redusere driftsbudsjett og unngå ein kritisk høg gjeldsgrad. På bakgrunn av det kan ein ikkje fortsette å nytte meir midlar til tunnelsikring enn det som vert løyvd over statsbudsjettet då dette vil gå ut over anna drifts- og investeringsoppgåver. I 2021 skal fylkestinget handsame Regional Transportplan og fylkestinget vil der ta ei totalvurdering på kva for prosjekt som bør prioriterast både når det gjeld tunnelsikring, rassikring, vegvedlikehald, ferjeavløysing og andre prosjekt på fylkesvegnettet.</p> <p>Fylkestinget ber difor om at prioritering av tunnelsikringsprosjekt vert ein del av denne planen, og at ein justerer framdrifta på dette arbeidet etter kva ein kan forvente av løyvingsnivå.</p>

9	Fylkestinget syner til Stortinget sitt bompengeforlik og byvekstavtala der Vestland fylke har forplikta seg til å redusere takstane på periodekortet på buss og bybane tilsvarande dei statlege løyvingane. Dette vert gjort. Samstundes har Vestland fylke høve til årleg å justere kollektivprisar i tråd med pris og kostnadsvekst. Samarbeidspartia er einig om at ein for 2021 ikkje skal auke prisen på einskildbilletten. Ein ber om at iverksetting av prisreduksjonen vert gjennomført så fort som mogleg.
10	Fylkestinget syner til at ein har hatt ulike ordningar for ungdomskort i dei gamle fylka. Fylkestinget innfører sams ungdomskort i heile Vestland med Hordaland si aldersgrense (inntil fylte 21 år) og pris med verknad frå same tidspunkt som andre taksendingar trer i kraft.
11	Fylkestinget syner til debatten kring innfartsparkering i og rundt Bergen. Fylkestinget legg ikkje opp til at dette vert innført i 2021, men ber om at ein kjem attende med ei sak til SAMMO og FU om trafikale og økonomiske verknader for tiltaket. Fylkestinget ber og om at ein går i dialog med aktuelle kommunar om saka.
12	Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøring (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekkjer dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.
13	Fylkestinget syner til at fylkesrådmann i sitt framlegg har lagt opp til å auke kostnaden med billettkontroll med 6 mill. kr. Fylkestinget avviser denne auken.
14	Fylkestinget føreset at det snarast blir lagt fram ei sak om oppstart av KS2 for Atløysambandet, og om ein finansieringsmodell for rask gjennomføring av prosjektet med ferjeavløysingsmidlar, jmf nye statlege retningslinjer for forbetring av ferjeavløysingsordninga. Fylkestinget syner til at det er sett av 1 mill til KS2.
15	Fylkestinget ber om at ein i fastsetting av leiarløner gjennomfører ei moderat og rimeleg linje og at ein ikkje er lønsleiande, samt at ein ser til det totale lønnsnivå i organisasjonen.
16	Fylkestinget syner til transporttilbodet «servicelinjen i Bergen», og føreset at dette tilbodet vert vidareført innanfor ramma til kollektiveininga inntil eit anna tilbod er på plass jamfør tidlegare avtalar om dette mellom fylkeskommunen og Bergen kommune.

Vedlegg 2. Saksprotokoll i fylkesutvalet 26.11.2020

PS 220/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 -
arbeidsdokument 6/20

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp fram slikt alternativt forslag:



Budsjett 2021
Økonomiplan 2021-24

1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-24 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt fleritalsinnstillinga frå Finansutvalet sitt møte 19.11.20. I praksis vert dette derfor eit alternativt til samarbeidspartia AP, SP, KrF, V, KrF og MDGs sitt budsjett. Der FrP har endringsframlegg i høve samarbeidspartia sitt budsjett er dette kommentert nærare under.

2. Overordna perspektiv

Etter fylkessamanslåinga står Vestland fylkeskommune overfor ei økonomisk utfordring som er tenkt løyst med eit nedtrekk i driftsbudsjettet på 100 mill kr pr år i valperioden. Hovudutfordringa skuldast auka kostnader til ferjedrifta pga nye miljøkrav, men den nye fylkeskommunen kjem også noko dårlegare ut av inntektssystemet enn dei to gamle fylkeskommunane gjorde kvar for seg. I tillegg må den nye organisasjonen hente ut synergieffektar av samanslåinga frå to til eit fylke. Samarbeidspartia sin tilnærming til miljøkrav i nye snøggåtanbod legg også opp til kostnadsauke i perioden framover.

I sum står ein økonomisk overfor ei krevjande oppgåve som krev evne og vilje til tydeleg politisk prioritering.

FrP legg til grunn at alle verkemiddel må vurderast for i sikra Vestland fylkeskommune ein sunn driftsøkonomi i framtida, men vil særleg peika på følgjande område;

- Endra arbeidsmetodikk, effektivisering, digitalisering
 - Lovfesta oppgåver vs ikkje lovpålagte oppgåver
 - Tenestestruktur og harmonisering av tenester
 - Utnytta inntekspotensialet i den fylkeskommunale verksemda
 - Vurdera kostnadsnivå og realiseringstidspunkt for investeringsprosjekt
 - Konkurransen i tenesteproduksjonen
 - Effektiv innkjøpsstrategi
 - Sal av eigedom og eigedelar fylkeskommunen ikkje nyttar i tenesteproduksjonen □
- Gjennomgang av alle tilskotsordningar

Som tenesteproducent er fylkeskommunen også ei arbeidsintensiv verksemd. Å kutta 4-500 mill kr i drifta vil difor ikkje kunne skje utan reduksjon i samla årsverk i den fylkeskommunale organisasjonen. Ved samanslåing av to store organisasjonar ligg det alltid eit potensiale for å ta ut stordriftsfordelar, fjerna dobbeltarbeid, vidareføra beste praksis, implementera ny arbeidsmetodikk og nye IT-system. Dette potensialet må realiserast om ein skal lukkast i å styrkja fylkesøkonomien i valperioden, og som del av budsjettarbeidet er det etablert eit administrativt innsparingsprogram.

FrP meiner imidlertid at ein bør gå raskare fram i høve å redusera tal årsverk i organisasjonen, og har derfor lagt inn eit generelt nedtrekk i stillingar med 25 mill kr i 2021. Om ein legg til grunn at dette er halvårsverknad vil eit slikt nedtrekk gje 50 mill i reduserte kostnader i 2022.

FrP legg derfor til grunn at nedbemanningsprosessen vert gjennomført i eit solid 3partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og. Erfaring frå liknande prosessar i offentleg sektor syner at ønska effekt i stor grad kan realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, stillingsbank, seniortiltak osv.

FrP vil vidare leggja følgjande prinsipp til grunn i arbeidet med å betra den fylkeskommunale økonomien;

- I størst mogleg grad skjerma tenestetilbodet til den einkilde innbyggjar – ta kutt i administrasjon framfor den ytre tenesteproduksjonen
- Prioritere hovudoppgåvene fylkesveg, kollektiv og vidaregåande skule framfor andre oppgåver
- Utnytta inntekspotensialet i knytt til tenesteområda i fylkeskommunen – t.d. reklameinntekter knytt til kollektivsektoren

3. Driftsbudsjett

FrP sine omprioriteringar i driftsbudsjettet i høve budsjettframlegget frå samarbeidspartia kjem fram av tabellen under. Nokre tiltak er nærare kommentert nærare under tabellen.

Område	1000 kr	
4.1 Politisk styring og kontrollorgan		
Reise og kurs	-1 000	
Reduksjon i politikargodtgjørelse 5%	-2 000	
Endring ramme	-3 000	-3 000
4.2 Organisasjon og økonomi		
Endring ramme		0
4.4 Opplæring og kompetanse		
Økt ramme Videregående opplæring (klasser/studietilbud)	20 000	
Samarbeid Dale Oen-stiftelsen (motvirke frafall i VGS)	2 000	
Reversere bruk av fond vidaregåande skoler	15 000	
Endring ramme	37 000	37 000
4.5 Mobilitet og kollektiv		
Avventer omprofilering Kringom	-5 000	
Reklame i kollektivsektoren	-40 000	
Autodiesel i stedet for biodiesel buss	-23 500	
Krokeide - Hufthamar, to søndagsferger heile året	2 000	
Ikke fjerne arbeidskjøring TT-ordningen	8 000	
Endring ramme	-53 500	-53 500
4.6 Infrastruktur og veg		
Økt reasfaltering fylkesvei	10 000	
Endring ramme	10 000	10 000
4.7 Kultur, idrett og inkludering		
Udisponert ramme	-2 600	
Tilskudd U23 EM friidrett i Bergen	2 600	
Tilskudd Sentralbadet scenekunsthuss	-5 000	
Generelt nedtrekk kultursektoren	-15 000	
Endring ramme	-20 000	-20 000
4.9 Innovasjon og næringsutvikling		
Udisp. på næringsområdet	-2 400	
Prosjekt Marin Satsing 2020-2030	2 400	

Fra Havbruksfondet --> Prosjekt Marin Satsing (total 7,4 mill kr)	5 000	
Vite Meir - Kaupanger	5 000	
Endring ramme	10 000	10 000
Generelt		
Reduksjon i administrative stillinger (fordeles på sektorene)		-25 000
Redusert forventning fergekompensasjon		55 000
Redusert avsetning til disposisjonsfond		-10 500
Sum endring		0

På 4.1 Politisk styring og kontrollorgan reduserer FrP 1 mill kr på reiser og kurs. I tillegg må også politisk nivå ta sin del av kostnadsreduksjonen i VLFK, og politikargodtgjerslene vert difor regusert med 5% tilsvarande 2 mill kr.

På 4.3 Opplæring og kompetanse ynskjer FrP å skjerme studietilbodet i vidaregåande skule, og har difor reversert kuttet på 20 mill kr til vidaregåande opplæring. I tillegg ynskjer vi ikkje å tape fonda som dei vidaregåande skulane har spart opp. Her legg samarbeidspartia opp til ein kortenkt og uheldig praksis som ikkje vil stimulera dei vidaregåande skulane til å driva effektivt og skapa inntekter frå oppdragsverksemd. FrP legg også inn 2 mill kr til eit prosjekt saman med Dale Oenstiftelsen for elevar som står i fare for å falla ut av vidaregåande skule.

FrP meiner også at Vestland fylkeskommune i samband med avvikling av SAMSvegadministrasjon frå 01.01.20 bør utarbeida ein ny strategi for fylkeskommunen som vegeigar, og fremjar difor eit eige verbalforslag på dette (sjå under). Målsettinga for dette arbeidet er å få meir veg for pengane gjennom enklare løysingar, dispensasjonar frå vegnormalane, samarbeid med kommunar og næringsliv m.m.

På 4.5 Mobilitet og kollektiv avventar FrP det tillyste arbeidet med harmonisering av takstregimet i heile fylket. I dette arbeidet må ein sjå det store biletet både i høve tilbodsstruktur i Bergensområdet og i distrikta, frekvens vs pris, krav til miløteknologi osv.

Vi fremjar også opp at framlegget om å opne for reklame innan kollektivsektoren;

- Reklame på buss, båt og ferje – dette kan gje ekstra inntekter på fleire titalsmillionar kroner til kollektivsatsinga i fylket (sjå eige verbalframlegg). Dette tiltaket vil ikkje gje full effekt i 2021, men vi har lagt inn 40 mill kr for å synleggjera potensialet i å utnyttast dette inntekspotensialet.

For å redusera kostnader legg vi også til grunn at ein nyttar autodiesel i staden for biodiesel i bussektoren. Vi utsett også omprofilering av Kringom til det er naturleg i samband med utskifting av materiell.

Vi opprettheld også transporttilbodet til arbeidstakarar som er tilsett i ASVO-verksemdene i ordninga med Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA-plassar). Dette er eit tenestetilbod som er heilt avgjerande for livskvaliteten til desse innbyggjarane.

På 4.6 Infrastruktur og veg aukar FrP løyvinga til vegvedlikehald og reasfaltering av fylkesveg med 10 mill kr.

På 4.7 Kultur, idrett og inkludering legg FrP inn eit generelt kutt på 15 mill kr for å finansiere opp meirkostnaden på vidaregåande skule. FrP legg opp til at ein ved fordeling av budsjettkuttet skal skjerma kulturhistoriske museum, arbeid med kulturarv/fartøyvern og tiltak for barn og unge.

På 4.9 Innovasjon og næringsutvikling legg FrP inn 7,4 mill kr til Prosjekt Marin satsing. Skal dette prosjektet lukkast må også Vestland fylkeskommune stilla opp med midlar i ulike spleiselag med akvakulturnæringa og andre samarbeidspartar.

I tillegg fører FrP opp 5 mill kr til ViteMeir – vitensenteret i Sogndal. I 2021 skal 4 mill kr gå til oppbygging av installasjonane, medan 1 mill kr går til drift. For at senteret skal få statleg tilskot til drift må lokal driftsfinansiering utgjera 20% av det samla driftsbudsjettet. På sikt må VLFK vurdere ei harmonisering av sine driftstilskot til Vil Vite i Bergen og ViteMeir i Sogndal.

4 Investeringsbudsjett

Koronapandemien gjer store negative ringverknader for næringslivet, og dermed sysselsettinga i regionen. FrP meiner difor at Vestland fylkeskommune bør framskynda nokre større samferdsle prosjekt for å auka aktiviteten i anleggsbransjen.

Vi framskundar difor FV 614 Svelgen-Indrehus og FV 49 Tokagjelet. I tillegg legg FrP til grunn at Atløy-sambandet etter KS2 kan finansierast opp basert på fergeavløysingsordninga. Vi legg også inn ein generell post til fergeavløysingsprosjekt i fylket med 5 mill kr til plan- og utgreiingsmidlar i 2021 og 100 mill kr kvart år i resten av økonomiplanperioden.

FrP legg også inn 2 mill kr ekstra til kvalitetssikring/oppgradering av eldre reguleringsplanar for å sikra mindre prosjekt på fylkesvei vert klargjort for realisering, t.d. FV 402 frå FV 57 til Seim skule i Alver kommune.

Auka kapitalkostnader knytt til investeringsprosjekta vert innarbeid i økonomiplanperioden, og finansiert gjennom reduserte avdrag på den samla låneporteføljen/reduerte avsetningar til disposisjonsfond.

Tiltak	2021	2022	2 023	2 024
Skilting bygg	-15,4			
Framtidige bompengeprojekt	-10	-50	-50	-50
Bybane byggetrinn 5		-40	-80	-80
FV 614 Svelgen - Indrehus	10	500	500	450
Fergeavløysing	5	100	100	100
Atløy-sambandet (KS2)	2,5			
Planmidler (kvalitetssikring reg.planer)	2			
FV 49 Tokagjelet		50	200	500
Sum	-5,9	560	670	920

5 Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-23 i fylkestinget.

5.1 Sunnfast

Fylkestinget ber fylkesrådmannen, i lys av gjennomført moglegheitsstudie av Sunnfast av kommunane Stord, Tysnes og Kvinnherad, om å stille seg positiv til vidare arbeid med prosjektet. Vestland fylkeskommune bør stilla seg positiv til å oppnå ferjeinnkorting/erstatning av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av Høgre fram slikt alternativt forslag:

Tiltak	Meirutg. / mindreinnt.	Meirinnt. / mindreutg.
Overordna:		
Skulefond	15 000 000	
Ferjekompensasjon	55 000 000	
Administrativt innsparingsprogram		25 000 000
Sjølvpofilering, halvparten i 2021		7 700 000
Disposisjonsfond		15 000 000
Opplæring og kompetanse:		
Miljøkoordinatorar:	13 000 000	
TAF / YSK:	2 000 000	
Toppidrett:	600 000	
Sommarskule / leksehjelp:	1 100 000	
Skulepsykologar:		2 900 000
Meningokokkvaksine:		2 100 000
Skulefrukost:		10 000 000
Elev-PC, auke eigenandel (same som stipendet):		1 900 000
Oppfylling av klassar:		5 000 000
Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek:		1 200 000
PitStop:	1 400 000	
Samferdsle og mobilitet:		
Ladestasjon langs fylkesvei:	2 000 000	
Reklame buss / ferge:		20 000 000
Utsetje merking av bussar:		5 000 000
Vegvedlikehald:	5 900 000	
Næring:		
Marin Satsing:	2 400 000	
Nedtrekk posisjonens disp av ekstrabevilgning ramme:		2 400 000
Kultur, idrett og integrering:		
Nedtrekk posisjonens disp av ekstrabevilgning ramme:		2 600 000
Utviklingsstipend til idrettstalent:	200 000	
Lavterskeltilbod born og unge, idrett:	250 000	
Mentor- og traineordning for innvandrarar:	150 000	
Fyllingsdalen teater:	400 000	
Politiske ungdomsorganisasjonar:	300 000	
KODE:	1 100 000	

Verbalforslag:

- Om handsaminga av statsbudsjettet i Stortinget førar til auka frie inntekter til fylkeskommunen skal desse midlane i hovudsak nyttast til vedlikehald av fylkesveggar.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide eit oversyn over bygg fylkeskommunen eig og som ikkje vert nytta til fylkeskommunal drift, og vurdere sal av desse.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremje ei sak der en ser på innretninga og effekten av dei kommunale næringsfonda.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere «utekontor» for tilsette, særleg i næringsseksjonen, og til dømes ambulere mellom ulike næringshagar i fylket.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen sikre at løyvingar knytt til Koronapandemien i størst mogleg grad går direkte til næringslivet.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for ekstern kvalitetssikring av Atløysambandet og utarbeide søknad om ferjeavløysingsmidlar. Saka kjem attende til fylkestinget seinast i september 2021.
- Fylkestinget ber om at det vert gjennomført gjennomgang av leiarstrukturen i opplæringssektoren, med sikte på å redusere kostnader, og gjere vegen frå den einskilde skulen til fylkesleiinga, der avgjerder vert fatta, kortare.
- PitStop er ein organisasjon for elevar i den vidaregåande skule som står i fare for å falle frå. Elevar som deltek i prosjekt i regi av PitStop bør ikkje få fråver frå skulen.
- Det bør vurderast auka bruk av OPS ved bygging av nye skular og andre prosjekt.
- Fylkeskommunen skal leggje til rette for at private skular kan kjøpe tenester frå fylkeskommunen, til dømes knytt til fagdagar.
- Fylkeskommunen skal utlyse sommarjobbar på regulær basis.
- Fylkeskommunen må sikre god språkopplæring for lærlingar som ikkje har grunnleggjande språkkunnskapar.
- Hovudutvala i Vestland fylkeskommune bør i større grad gjennomføre digitale møte for å kutte reisekostnader
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremje ei sak der ein går gjennom alle tilskotsordningane i kultursektoren, med tanke på betre oversikt for søkjarar, og for samordning og effektivisering.
- Fylkestinget ber om sak med føremål at ein frå og med neste periode har færre fylkestingsrepresentantar.
- Fylkestinget ber om ei vurdering av organisasjonsform for nytt fylkesbygg. Konkret skal ein sjå på evt. sal kombinert med leigeavtale. Ein skal og vurdere arealbehov for eiga verksemd sett i samanheng med at tilsette i stor grad kan ha kontor plass andre stader og at det vert meir bruk av heimekontor.
- Fylkestinget er oppteken av at ein i 2021 skal ha stor merksemd på kvalitet i tenestene og å leggja til rette for fleire og sikre jobbar. I samsvar med dette skal desse regionale planane ha prioritet: Innovasjon og næringsutvikling, transport og kompetanse.
- Fylkestinget vil leggje til rette for større kommunalt sjølvstyre i plansaker.

- Fylkestinget ber fylkesrådmannen utrede sentrumstakst for kollektivtrafikk i Bergen.
- Fylkestinget syner til Rogaland fylkeskomme sitt arbeid med mobilitetsselskapet Kolumbus. Vidare arbeid med vårt eige mobilitetsselskap bør gjerast etter denne modellen, og alle formar for mobilitet, til dømes buss, bane, båt, ferje, tog, bysykkel og sparkesyklar må inngå i ein app og eit månadskort.

Knut Inge Andersen (FNB) sette på vegner av FNB fram slikt alternativt forslag:

«FNB legg posisjonen sitt budsjettframlegg til grunn med følgjande endringar:

Driftsbudsjett

Mål : oppnå nullvekstmål. sikre utbetaling av belønningssmidlar i byvekstavtalen
 Verkemiddel : prisnivå kollektiv redusere med 2,0 %
 Budsjett : takstar i 2021 på buss og bane
 Kostnad : 20 MNOK
 Gratis innfartsparkering : 6 MNOK
 Inndekning : Erstatte biodiesel med autodiesel på buss : 23,5 MNOK
 Ikkje båtturistrute til Flåm sommaren 2021 : 3,0 MNOK

Investeringsbudsjett

Mål : Rassikring. Tokagjelet ny veg - finansiering og byggjing.
 Budsjett : +200 MNOK (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)
 Inndekning : -200 MNOK frå Bybanen steg 5 (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Investeringsmidlar planlagt til 'Framtidige bompengeprojekt' Tokagjelet, Kvinnheradpakken og utvida Bømlopakke blir samla på 1 bompengefritt prosjekt (Tokagjelet). Samla investeringsmidlar er 160 MNOK (10 MNOK 2021, 50 MNOK 2022, 50 MNOK 2023, 50 MNOK 2024)

Mål : Rassikring. FV 609 Askvoll - Førde v. Hundsåna
 Budsjett : 500 MNOK (250 MNOK 2023) År 2024 (250 MNOK 2024)
 Inndekning : Sal av fylkeskommunen sitt bybanemateriell (investert totalt 850 MNOK). Antatt salsverdi 500 MNOK (2023).»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Innstilling til fylkestinget:

Fylkestinget vedtek finansutvalet sitt forslag til Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024.»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet syner til informasjon i frå fylkesrådmann i møte om manglande saldering på 10 mill etter at administrasjonen har gjennomført finrekning av talgrunnlaget. Fylkesutvalet salderer dette med redusert avsetning til disposisjonsfond i denne omgang, men varslar at dette vil kunne bli endra ved fylkestinget sin endelege handsaming av saka.»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag til vedtak i fylkesutvalet:

1. Innstilling til fylkesting til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, offentliggjøres minst 14 dager før fylkestinget behandlar den.
2. Fylkesutvalet sender forslag til økonomiplan og årsbudsjett til departementet til orientering.

Avrøysting

Askeland sitt forslag til innstilling til fylkestinget vart vedteke med 10 røyster (Sp, A, Krf, SV og MDG), mot 3 røyster (H) for Bjørkly sitt forslag, 2 røyster (Frp) for Søviknes sitt forslag og 2 røyster (FNB og U) for Andersen sitt forslag. Forslaga til Bjørkly, Søviknes og Andersen fall.

Øren Heen sitt tilleggsforslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (Frp).

Askeland sitt forslag til vedtak i fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek finansutvalet sitt forslag til Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024.
2. Fylkesutvalet syner til informasjon i frå fylkesrådmann i møte om manglande saldering på 10 mill etter at administrasjonen har gjennomført finrekning av talgrunnlaget. Fylkesutvalet salderer dette med redusert avsetning til disposisjonsfond i denne omgang, men varslar at dette vil kunne bli endra ved fylkestinget sin endelege handsaming av saka.

Vedtak i fylkesutvalet

1. Innstilling til fylkesting til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, offentliggjøres minst 14 dagar før fylkestinget behandlar den.
2. Fylkesutvalet sender forslag til økonomiplan og årsbudsjett til departementet til orientering.

Vedlegg 3. Saksprotokoll i fylkestinget 15.12.2020

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

RAUDT VESTLAND:			
ALTERNATIVT DRIFTS- OG INVESTERINGSBUDSJETT 2021:			
Endringar til Fylkesutvalet si fleirtalsinnstilling 25.11.20			
DRIFT:			
POST	TILTAK	AUKE	REDUKSJON
	1 Redusert politikargodtgjersle		4000000
	2 Reiser og kurs		2000000
	3 Administrative stillingar		20000000
	4 Kutt konsulenttenester		44000000
	5 2 % takstreduksjon buss og bane	20000000	
	6 Gratis innfartsparkering	6000000	
	7 Folkerøysting om fylkessamanslåinga 13.9 2021	1000000	
	8 Tilskot Manger Folkehøgskule	800000	
	9 Ekstra miljøkoordinatortenester	2000000	
	10 Styrka psykologrådgjeving	2000000	
	11 Redusert innleige psykologar frå Helse Vest		1000000
	12 Pionerprosjekt 6-timarsdag	6000000	
	13 Intern kompetanseheving	1500000	
	14 FRI - tilskot	200000	
	15 Tilskot Gamle Innvik Ullvarefabrikk	300000	
	16 Auka tilskot Robin Hood-huset	200000	
	17 Antirasistisk sone: skulekampanje med Dembra og Raftohuset	1500000	
	18 Forprosjekt "Vestlandet sitt flytande kulturhus"	100000	
	19 A-krim førebyggjing admin	500000	
	20 Styrking bibliotekar / skulebibliotekrådgjevar	900000	
	21 Styrking av linjer vidaregåande skular	25000000	
	22 Fagbrev på jobb	6000000	
	23 Fjordnorge AS tilskot		3000000
	SUM BALANSE	74000000	74000000
INVESTERINGAR:			
POST	TILTAK	AUKE	REDUKSJON
	1 Skilting bygg		15000000
	2 Oppstart gang / sykkelveg Rake-Loen (Fv-60)	7500000	
	3 Fylkesandel nytt kollektivknutepunkt i Odda	7500000	
	SUM BALANSE	15000000	15000000

Jeanette Syversen (R) sette fram slike verbalforslag:

1. Vestland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei eiga sak i fylkestinget i mars 2021 med evaluering av år 1 (2020) av fylkessamanslåinga.
2. Vestland fylkesting går inn for at det blir gjennomført ei rådgjevande folkerøysting om fylkessamanslåinga i samband med stortingsvalet 2021.
3. Vestland fylkesting går inn for at staten overtar det økonomiske ansvaret for den store underdekninga på fylkesvegnettet, og at dette blir retta opp i samband med Nasjonal Transportplan 2022-2034 i Stortinget våren 2021.
4. Vestland fylkesting går i 2021 inn for å iverksette eit pilotprosjekt for 6-timars arbeidsdag med full lønskompensasjon, for reinhaldsarbeidarar ved ein utvalt skule. Fylkestinget ber om at administrasjonen går i dialog med fagforeiningane og vernetenesta, for å utrede korleis dette kan gjennomførast, og komme tilbake med ei sak for oppstart av dette seinast 1. januar 2022.
5. Vestland fylkesting anerkjenner den viktige rolla som SEMI (Senter for migrasjonshelse) i Bergen har for eit heilskapleg psykosomatisk tilbod for dei som har rett på vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. Fylkestinget ber administrasjonen om ei sak, der ein ser på integrasjonsoppgåvene til Vestland fylkeskommune, i eit tverrfagleg perspektiv, og korleis fagmiljøet rundt SEMI kan spille ei rolle som samarbeidspartnar for å kvalitetssikre fylkeskommunens gjennomføring av kvalifisering på integrasjonsfeltet.
6. Vestland fylkesting anerkjenner den viktige rolla som dei kommunale norskopplæringsstadene i fylket, som til dømes Nygård skule i Bergen har på integrasjonsfeltet. Fylkestinget ber administrasjonen om ei sak, der ein ser på korleis fagmiljøet rundt Nygård skule kan spele ei rolle som samarbeidspartnar for å kvalitetssikre fylkeskommunens gjennomføring av kvalifisering på integrasjonsfeltet.
7. Fylkestinget i Vestland anerkjenner det viktige arbeidet som vert gjort av dei tilsette ved Manger Folkehøgskule. Vestland fylkesting held fram å støtte skulen og går ikkje inn for å redusere tilskott dei neste 4 åra. Dette er eit av Vestland fylkeskommune sine viktige flaggskip for musikk med mellom anna brass-band som sentral markør nasjonalt. Dette er eit viktig frilynt alternativ for unge i fylket som kanskje er skulelei, til å utvikle sine kreative sider, før dei tar steget heilt ut i kultur og musikkbransjen. Skulen er eit bankande hjarte av kreativitet og verdiskaping i Vestland så vel som i lokalsamfunnet.
8. Kommunereforma har ført til fleire tomme rådhus rundt omkring i Vestland. Unntakstilstanden under koronaepidemien har dessutan synt at det er mogleg å gjennomføre fleire nødvendige jobbmøte digitalt over Internett. Dette syner at fylkesadministrasjonen kan arbeide ilag sjølv om ein er spreidd geografisk. Ein større del av fylkesadministrasjonen bør desentraliserast ut til ulike stader i Vestland. Fylkesadministrasjonen skal difor, i samarbeid med organisasjonane og dei tillitsvalde for dei fylkeskommunalt tilsette, setje i gang ein prosess for å finne ut kva for stillingar som kan flyttast ut av Bergen, og kor desse skal lokaliserast. Dette vil gjere at delar av lokala i hovudfylkesbygget i Bergen vil kunne leigast ut, noko som vil generere leigeinntekter til fylkeskommunen.
9. Vestland fylkesting meiner det er ein prioritet å ha gode system for oppfølging internt, ved alle byggeplassar der fylkeskommunen er byggherre. Fylkestinget vil derfor be fylkesrådmannen om at det vert dedikert resursar og tid slik at fagforeiningane knyta til bygg og anlegg, har ein kontaktperson i administrasjonen, som aktivt skal samarbeide for å førebyggja at sosial dumping og arbeidslivskriminalitet eller andre brot på lov og avtaleverk førekomer på bygg der fylkeskommunen er byggherre.
10. Vestland fylkesting vil oppmode om at sektor for opplæring førebur ei sak som syner korleis ein i skulen skal arbeide målretta og i tråd med vedtak om «Vestland fylke som Antirasistisk sone», i samarbeid med organisasjonen Dembra (Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme) og Rafto-stiftinga.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

FNB legg posisjonen sitt budsjettframlegg til grunn med følgjande endringar:

Driftsbudsjett

Mål : oppnå nullvekstmål. sikre utbetaling av belønningsmidlar i byvekstavtalen

Verkemiddel : prisnivå kollektiv redusere takstar med 1,50 %

i 2021 på buss og bane

Kostnad : 18 MNOK

Gratis innfartsparkering : 6 MNOK

Inndekning : Erstatte biodiesel med autodiesel på buss : 23,5 MNOK

Ikkje rute Balestrand-Flåm sommaren 2021 : 1,1 MNOK

Investeringsbudsjett

Mål : Rassikring. Tokagjelet ny veg - finansiering og byggjing.

Budsjett : +200 MNOK (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Inndekning : -200 MNOK frå Bybanen steg 5 (40 MNOK 2022, 80 MNOK 2023, 80 MNOK 2024)

Investeringsmidlar planlagt til 'Framtidige bompengeprojekt' Tokagjelet,(Kvinnheradpakken)og utvida Bømlopakke blir samla på 1 bompengefritt prosjekt (Tokagjelet). Samla investeringsmidlar er 160 MNOK (10 MNOK 2021, 50 MNOK 2022, 50 MNOK 2023, 50 MNOK 2024)

Svelgen-Indrehus : 300 MNOK (2023), 400 MNOK (2024).

Inndekning : Trekker gjeld frå ferjeavløysingsprosjektet Steinsund /Solund (700 MNOK) ut frå fylket sin gjeldsgradsregel på 115% då dette er gjeld med 21 MNOK i sikker årleg kompensasjon frå staten fram til prosjektet er nedbetalt.

Mål : Rassikring. FV 609 Askvoll - Førde v. Hundsåna

Budsjett : 500 MNOK (250 MNOK 2023) År 2024 (250 MNOK 2024)

Inndekning : Sal av fylkeskommunen sitt bybanemateriell (investert totalt 850 MNOK). Antatt salsverdi 500 MNOK (2023). Politisk sak bestilt og blir lagt fram i januar/februar 2021.

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-24 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt fleritalsinnstillinga frå Finansutvalet sitt møte 19.11.20. I praksis vert dette derfor eit alternativt til samarbeidspartia AP, SP, KrF, V, KrF og MDGs sitt budsjett. Der FrP har endringsframlegg i høve samarbeidspartia sitt budsjett er dette kommentert nærare under.

2. Overordna perspektiv

Etter fylkessamanslåinga står Vestland fylkeskommune overfor ei økonomisk utfordring som er tenkt løyst med eit nedtrekk i driftsbudsjettet på 100 mill kr pr år i valperioden. Hovudutfordringa skuldast auka kostnader til ferjedrifta pga nye miljøkrav, men den nye fylkeskommunen kjem også noko dårlegare ut av inntektssystemet enn dei to gamle fylkeskommunane gjorde kvar for seg. I tillegg må den nye organisasjonen hente ut synergieffektar av samanslåinga frå to til eit fylke. Samarbeidspartia sin tilnærming til miljøkrav i nye snøggåtbåtbod legg også opp til kostnadsauke i perioden framover.

I sum står ein økonomisk overfor ei krevjande oppgåve som krev evne og vilje til tydeleg politisk prioritering.

FrP legg til grunn at alle verkemiddel må vurderast for i sikra Vestland fylkeskommune ein sunn driftsøkonomi i framtida, men vil særleg peika på følgjande område;

- Endra arbeidsmetodikk, effektivisering, digitalisering
- Lovfesta oppgåver vs ikkje lovpålagte oppgåver
- Tenestestruktur og harmonisering av tenester
- Utnytta inntektspotensialet i den fylkeskommunale verksemda
- Vurdera kostnadsnivå og realiseringstidspunkt for investeringsprosjekt
- Konkurransen i tenesteproduksjonen
- Effektiv innkjøpsstrategi
- Sal av eigedom og egedelar fylkeskommunen ikkje nyttar i tenesteproduksjonen
- Gjennomgang av alle tilskotsordningar

Som tenesteproducent er fylkeskommunen også ei arbeidsintensiv verksemd. Å kutta 4-500 mill kr i drifta vil difor ikkje kunne skje utan reduksjon i samla årsverk i den fylkeskommunale organisasjonen. Ved samanslåing av to store organisasjonar ligg det alltid eit potensiale for å ta ut stordriftsfordelar, fjerna dobbeltarbeid, vidareføra beste praksis, implementera ny arbeidsmetodikk og nye IT-system. Dette potensialet må realiserast om ein skal lukkast i å styrkja fylkesøkonomien i valperioden, og som del av budsjettarbeidet er det etablert eit administrativt innsparingsprogram.

FrP meiner imidlertid at ein bør gå raskare fram i høve å redusera tal årsverk i organisasjonen, og har derfor lagt inn eit generelt nedtrekk i stillingar med 25 mill kr i 2021. Om ein legg til grunn at dette er halvårsverknad vil eit slikt nedtrekk gje 50 mill i reduserte kostnader i 2022.

FrP legg derfor til grunn at nedbemanningsprosessen vert gjennomført i eit solid 3-partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og. Erfaring frå liknande prosessar i offentleg sektor syner at ønska effekt i stor grad kan realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, stillingsbank, seniortiltak osv.

FrP vil vidare leggja følgjande prinsipp til grunn i arbeidet med å betra den fylkeskommunale økonomien;

- I størst mogeleg grad skjerma tenestetilbodet til den einskilde innbyggjar – ta kutt i administrasjon framfor den ytre tenesteproduksjonen
- Prioritere hovudoppgåvene fylkesveg, kollektiv og vidaregåande skule framfor andre oppgåver
- Utnytta inntekspotensialet i knytt til tenesteområda i fylkeskommunen – t.d. reklameinntekter knytt til kollektivsektoren

3. Driftsbudsjett

FrP sine omprioriteringar i driftsbudsjettet i høve budsjettframlegget frå samarbeidspartia kjem fram av tabellen under. Nokre tiltak er nærare kommentert nærare under tabellen.

Område	1000 kr	
4.1 Politisk styring og kontrollorgan		
Reise og kurs	-1 000	
Reduksjon i politikargodtgjørelse 5%	-2 000	
Endring ramme	-3 000	-3 000
4.2 Organisasjon og økonomi		
Endring ramme		0
4.4 Opplæring og kompetanse		
Økt ramme Videregående opplæring (klasser/studietilbud)	20 000	
Samarbeid Dale Oen-stiftelsen (motvirke frafall i VGS)	2 000	
Reversere bruk av fond videregående skoler	15 000	
Endring ramme	37 000	37 000
4.5 Mobilitet og kollektiv		
Avventer omprofilering Kringom	-5 000	
Reklame i kollektivsektoren	-40 000	
Autodiesel i stedet for biodiesel buss	-23 500	
Krokeide - Hufthamar 2 søndagsferger heile året	2 000	
Ikke fjerne arbeidskjøring TT-ordningen	8 000	
Endring ramme	-53 500	-53 500
4.6 Infrastruktur og veg		
Økt reasfaltering fylkesvei	39 500	

Endring ramme	39 500	39 500
4.7 Kultur, idrett og inkludering		
Udisponert ramme	-2 600	
Tilskudd U23 EM friidrett i Bergen	2 600	
Tilskudd Sentralbadet scenekunsthuss	-5 000	
Generelt nedtrekk kultursektoren	-15 000	
Endring ramme	-20 000	-20 000
4.9 Innovasjon og næringsutvikling		
Udisp. på næringsområdet	-2 400	
Prosjekt Marin Satsing 2020-2030	2 400	
Fra Havbruksfondet --> Prosjekt Marin Satsing (total 7,4 mill kr)	5 000	
Vite Meir - Kaupanger	5 000	
Endring ramme	10 000	10 000
Generelt		
Reduksjon i administrative stillinger (fordeles på sektorene)		-25 000
Redusert forventning fergekompensasjon (ref. samarbeidspartia sitt budsjett 19.11.20)		55 000
Økt fergekompensasjon i statsbudsjettforliket		-29 000
Økt overføring veivedlikehold statsbudsjettforliket		-28 000
Økt avsetning til disposisjonsfond		17 000
Sum endring		0

På **4.1 Politisk styring og kontrollorgan** reduserer FrP 1 mill kr på reiser og kurs. I tillegg må også politisk nivå ta sin del av kostnadsreduksjonen i VLFK, og politikargodtgjerslene vert difor regusert med 5% tilsvarande 2 mill kr.

På **4.3 Opplæring og kompetanse** ynskjer FrP å skjerme studietilbodet i vidaregåande skule, og har difor reversert kuttet på 20 mill kr til vidaregåande opplæring. I tillegg ynskjer vi ikkje å tape fonda som dei vidaregåande skulane har spart opp. Her legg samarbeidspartia opp til ein kortenkt og uheldig praksis som ikkje vil stimulera dei vidaregåande skulane til å driva effektivt og skapa inntekter frå oppdragsverksemd. FrP legg også inn 2 mill kr til eit prosjekt saman med Dale Oen-stiftelsen for elevar som står i fare for å falla ut av vidaregåande skule.

FrP meiner også at Vestland fylkeskommune i samband med avvikling av SAMS-vegadministrasjon frå 01.01.20 bør utarbeida ein ny strategi for fylkeskommunen som vegeigar, og fremjar difor eit eige verbalforslag på dette (sjå under). Målsettinga for dette arbeidet er å få meir veg for pengane gjennom enklare løysingar, dispensasjonar frå vegnormalane, samarbeid med kommunar og næringsliv m.m.

På **4.5 Mobilitet og kollektiv** avventar FrP det tillyste arbeidet med harmonisering av takstregimet i heile fylket. I dette arbeidet må ein sjå det store biletet både i høve tilbodsstruktur i Bergensområdet og i distrikta, frekvens vs pris, krav til miløteknologi osv.

Vi fremjar også opp at framlegget om å opne for reklame innan kollektivsektoren;

- Reklame på buss, båt og ferje – dette kan gje ekstra inntekter på fleire titalsmillionar kroner til kollektivsatsinga i fylket (sjå eige verbalframlegg). Dette tiltaket vil ikkje gje full effekt i 2021, men vi har lagt inn 40 mill kr for å synleggjera potensialet i å utnytta dette inntekspotensialet.

For å redusera kostnader legg vi også til grunn at ein nyttar autodiesel i staden for biodiesel i bussektoren. Vi utsett også omprofilering av Kringom til det er naturleg i samband med utskifting av materiell.

Vi opprettheld også transporttilbodet til arbeidstakarar som er tilsett i ASVO-verksemdene i ordninga med Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA-plassar). Dette er eit tenestetilbod som er heilt avgjerande for livskvaliteten til desse innbyggjarane.

På **4.6 Infrastruktur og veg** aukar FrP løyvinga til vegvedlikehald og reasfaltering av fylkesveg med 39 mill kr. Dette er inklusiv 28 mill kr i auka overføring til formålet som resultat av budsjettforliket mellom FrP og regjeringspartia.

På **4.7 Kultur, idrett og inkludering** legg FrP inn eit generelt kutt på 15 mill kr for å finansiere opp meirkostnaden på vidaregåande skule. FrP legg opp til at ein ved fordeling av budsjettkuttet skal skjerna kulturhistoriske museum, arbeid med kulturarv/fartøyvern og tiltak for barn og unge.

På **4.9 Innovasjon og næringsutvikling** legg FrP inn 7,4 mill kr til Prosjekt Marin satsing. Skal dette prosjektet lukkast må også Vestland fylkeskommune stilla opp med midlar i ulike spleiselag med akvakulturnæringa og andre samarbeidspartar.

I tillegg fører FrP opp 5 mill kr til ViteMeir – vitensenteret i Sogndal. I 2021 skal 4 mill kr gå til oppbygging av installasjonane, medan 1 mill kr går til drift. For at senteret skal få statleg tilskot til drift må lokal driftsfinansiering utgjera 20% av det samla driftsbudsjettet. På sikt må VLFK vurdere ei harmonisering av sine driftstilskot til Vil Vite i Bergen og ViteMeir i Sogndal.

4 Investeringsbudsjett

Koronapandemien gjer store negative ringverknader for næringslivet, og dermed sysselsettinga i regionen. FrP meiner difor at Vestland fylkeskommune bør framskynda nokre større samferdsle prosjekt for å auka aktiviteten i anleggsbransjen.

Vi framskundar difor FV 614 Svelgen-Indrehus og FV 49 Tokagjelet. I tillegg legg FrP til grunn at Atløy-sambandet etter KS2 kan finansierast opp basert på fergeavløysingsordninga. Vi legg også inn ein generell post til fergeavløysingsprosjekt i fylket med 5 mill kr til plan- og utgreiingsmidlar i 2021 og 100 mill kr kvart år i resten av økonomiplanperioden.

FrP legg også inn 2 mill kr ekstra til kvalitetssikring/oppgradering av eldre reguleringsplanar for å sikra mindre prosjekt på fylkesvei vert klargjort for realisering, t.d. FV 402 frå FV 57 til Seim skule i Alver kommune.

Auka kapitalkostnader knytt til investeringsprosjekta vert innarbeid i økonomiplanperioden, og finansiert gjennom reduserte avdrag på den samla låneporteføljen/reduuerte avsetningar til disposisjonsfond.

Tiltak	2021	2022	2 023	2 024
Skilting bygg	-15,4			
Framtidige bompengeprojekt	-10	-50	-50	-50
Bybane byggetrinn 5		-40	-80	-80
FV 614 Svelgen - Indrehus	10	500	500	450
Fergeavløysing	5	100	100	100
Atløy-sambandet (KS2)	2,5			
Planmidler (kvalitetssikring reg.planer)	2			
FV 49 Tokagjelet		50	200	500
Sum	-5,9	560	670	920

5 Verbalforslag

Nedanfor følger verbalforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-23 i fylkestinget.

5.1 Sunnfast

Fylkestinget ber fylkesrådmannen, i lys av gjennomført moglegheitsstudie av Sunnfast av kommunane Stord, Tysnes og Kvinnherad, om å stille seg positiv til vidare arbeid med prosjektet. Vestland fylkeskommune bør stilla seg positiv til å oppnå ferjeinnkorting/erstatning av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord.

5.2 Planmidlar til mindre utbetring fylkesveg

Mange parsellar på fylkesvegnettet kan monaleg forbetrast ved mindre og avgrensa tiltak.

Dette kan t.d vera trafikksikringstiltak eller å legge til rette for kollektivtrafikk. Mange av desse parsellane kan ha utdaterte reguleringsplanar som hindrar gjennomføring av tiltak.

Fylkestinget vil prioritera planleggingsmidlar til kvalitetssikring/oppdatering av eldre reguleringsplanar for å sikra at mindre tiltak på fylkesvegar vert klargjort for realisering, m.a. på fv402 frå fv57 til Seim skule i Alver kommune.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

Alternativt fremlegg

Tiltak	Meirutg. / mindreinnt.	Meirinnt. / mindreutg.
Overordna:		
Skulefond	15000000	
Ferjekompensasjon	55000000	
Administrativt innsparingsprogram		25000000
Sjølvsprofilering, halvparten i 2021		7700000
Disposisjonsfond		15000000
Ekstrabevilgning ferjefylker lavutslepp		29000000
Ekstrabevilgning fylkesvegar		28000000
Opplæring og kompetanse:		
Miljøkoordinatorar:	13000000	
TAF / YSK:	2000000	
Toppidrett:	600000	
Sommarskule / leksehjelp:	1100000	
Skulepsykologar:		2900000
Meningokokkvaksine:		2100000
Skulefrukost:		10000000
Oppfylling av klassar:		5000000
Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek:		1200000
Vite meir, årleg og utstilling	5000000	

PitStop:	1400000	
Samferdsle og mobilitet:		
Ladestasjon langs fylkesvei:	2000000	
Reklame buss / ferge:		20000000
Utsetje merking av bussar:		5000000
Vegvedlikehald:	52500000	
Næring:		
Marin Satsing:	2400000	
Kompetanseheving fiskeri		1000000
Kultur, idrett og integrering:		
Kulturelt utviklingsprogram		300000
Inkludering og mangfald, prosjektstøtte		200000
Stipend kunst		100000
Utviklingsstipend til idrettstalent:	200000	
Lavterskeltilbod born og unge, idrett:	250000	
Mentor- og traineordning for innvandrara:	150000	
Fyllingsdalen teater:	400000	
FRI	100000	
Politiske ungdomsorganisasjonar:	300000	
KODE:	1100000	

Økonomiplan

Tal i 1000 kr.

Prosjekt: Svelgen-Indrehus			
Totalt 2021-2024: 1 450 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	500 000	500 000	440 000
Finansiert med lån.			

Prosjekt: Atløysambandet			
Totalt 2021-2024: 1 000 000			
2021	2022	2023	2024
10 000	330 000	330 000	330 000
Finansiert med lån/ferjeavløysingsordninga.			

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slike verbalforslag:

1. Om handsaminga av statsbudsjettet i Stortinget førar til auka frie inntekter til fylkeskommunen skal desse midlane i hovudsak nyttast til vedlikehald av fylkesveggar.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide eit oversyn over bygg fylkeskommunen eig og som ikkje vert nytta til fylkeskommunal drift, og vurdere sal av desse.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremje ei sak der en ser på innretninga og effekten av dei kommunale næringsfonda.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere «utekontor» for tilsette, særleg i næringsseksjonen, og til dømes ambulere mellom ulike næringshagar i fylket.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sikre at løyvingar knytt til Koronapandemien i størst mogleg grad går direkte til næringslivet.
6. Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for ekstern kvalitetssikring av Atløysambandet og utarbeide søknad om ferjeavløysingsmidlar. Saka kjem attende til fylkestinget seinast i september 2021.
7. Fylkestinget ber om ei sak med gjennomgang av alle aktuelle ferjeavløysingsprosjekt.
8. Fylkestinget ber om at det vert gjennomført gjennomgang av leiarstrukturen i opplæringssektoren, med sikte på å redusere kostnadar, og gjere vegen frå den einskilde skulen til fylkesleiinga, der avgjerder vert fatta, kortare.

9. PitStop er ein organisasjon for elevar i den vidaregåande skule som står i fare for å falle frå. Elevar som deltek i prosjekt i regi av PitStop bør ikkje få fråver frå skulen.
10. Det bør vurderast auka bruk av OPS ved bygging av nye skular og andre prosjekt.
11. Fylkeskommunen skal leggje til rette for at private skular kan kjøpe tenester frå fylkeskommunen, til dømes knytt til fagdagar.
12. Fylkeskommunen skal utlyse sommarjobbar på regulær basis.
13. Fylkeskommunen må sikre god språkopplæring for lærlingar som ikkje har grunnleggjande språkkunnskapar.
14. Hovudutvala i Vestland fylkeskommune bør i større grad gjennomføre digitale møte for å kutte reisekostnadar
15. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremje ei sak der ein går gjennom alle tilskotsordningane i kultursektoren, med tanke på betre oversikt for søkjarar, og for samordning og effektivisering.
16. Fylkestinget ber om sak med føremål at ein frå og med neste periode har færre fylkestingsrepresentantar.
17. Fylkestinget ber om ei vurdering av organisasjonsform for nytt fylkesbygg. Konkret skal ein sjå på evt. sal kombinert med leigeavtale. Ein skal og vurdere arealbehov for eiga verksemd sett i samanheng med at tilsette i stor grad kan ha kontor plass andre stader og at det vert meir bruk av heimekontor.
18. Fylkestinget er oppteken av at ein i 2021 skal ha stor merksemd på kvalitet i tenestene og å leggja til rette for fleire og sikre jobbar. I samsvar med dette skal desse regionale planane ha prioritet: Innovasjon og næringsutvikling, transport og kompetanse.
19. Fylkestinget vil leggje til rette for større kommunalt sjølvstyre i plansaker.
20. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utrede sentrumstakst for kollektivtrafikk i Bergen.
21. Fylkestinget syner til Rogaland fylkeskomme sitt arbeid med mobilitetsselskapet Kolumbus. Vidare arbeid med vårt eige mobilitetsselskap bør gjerast etter denne modellen, og alle formar for mobilitet, til dømes buss, bane, båt , ferje, tog, bysykkel og sparkesyklar må inngå i ein app og eit månadskort.

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, SV, KrF og V fram slikt forslag:

Budsjett 2021 / økonomiplan 2021-2024

Forslag til vedtak

1. Dokumentet «Budsjett 2021 / økonomiplan 2021-24» utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2021-24.

a) UTVIKLING

Utviklingsplanen til Vestland fylkeskommune legg retninga for det fylket og den framtida vi vil skape. I eit nært samarbeid med kommunar, næringsliv, organisasjonar og frivilligeita legg vi opp til eit systematisk arbeid for å nå måla der like moglegheiter for folk, gode lokalsamfunn, omsynet til klima og miljø og arbeidsplassar gjennom å vere leiande verdi-skapingsfylket, er stolpane.

b) FN SINE BEREKRAFTSMÅL OG UTVIKLING.

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for både utviklingsplanen og for budsjettet.

For å sikre ei grøn og meir berekraftig framtid har Vestland sett som mål å bli eit nullutsleppssamfunn innan 2030. Fylket skal, saman med kommunane, næringslivet, forskning og innbyggjarane ta ein pådrivar-rolle for det grønne skiftet. For å måle dette nyttar vi oss av klimabudsjett og klimarekneskap og utarbeidar ei forpliktande klimabudsjett for heile Vestland.

c) UNGDOM

Vi prioriterer ungdom gjennom å syte for god og desentralisert skule, arbeide aktivt for at fleire gjennomfører og at yrkesfagelevar får lærlingeplass. I ei krevjande tid for ungdom med tiltak knytt til pandemi, er det endå viktigare å halde fast på ordningar som god skulehelseteneste, skulepsykologar, skulefrukost og miljøkoordinatorar. Budsjettet sikrar det.

Vi gjer kvardagen enklare for ungdom med å innføre felles ungdomskort for heile fylket, med aldersgrense 20 år.

d) SAMFERDSEL

Året som kjem skal det lagast Regional Transportplan. Det gjer at enkeltprosjekt som ikkje allereie ligg inne i økonomiplanen, blir vurdert i samband med planen og ikkje i budsjettet. I investeringsbudsjettet ligg Atløysambandet og Svelgen-Indrehus inne i siste del. Vi følgjer desse opp med planleggingsmidlar og søknader for at arbeidet skal kome i gang når det er planlagt.

Gjennom Byvekstavtalen har ein sikra billegare kollektivtakstar, og Fylkestinget legg inn ytterlegare 6 millionar for ikkje å auke enkeltbiletten.

e) ANSVARLEG ARBEIDSGJEVAR

Vestland fylkeskommune skal vise veg som arbeidsgjevar med eit trygt og seriøst arbeidsliv som reduserer sjukefråvær og fremjar heiltid.

Derfor vil vi be om jamnleg rapportering på utvikling innan heiltid- og deltidsarbeid i eigen organisasjon, og sette inn naudsynte tiltak for å nå dei politiske målsettingane. Det same gjeld for at menneske med

«hol i CV-en», former for nedsett funksjonsevne eller av andre kulturelle/strukturelle grunnar ikkje så lett får arbeid. Noko anna er sløsing med ressursar.

Vestland fylkeskommune skal vere ein inkluderande organisasjon som tek samfunnsansvar. Vi stiller tilsvarende krav i anbod og på store innkjøp.

2. Driftsbudsjettet for 2021 vert vedteke som innstillinga frå Fylkesutvalet, og med rammene som går fram av tabellen nedanfor, justert for desse endringane:

Fylkesutvalet har i salderinga si lagt til grunn at 55 mill. kr vert dekt gjennom auka ferjetilskot. Det er oppnådd budsjettsemje i Stortinget, som medfører følgjande auke i overføringar til Vestland:

Fylkesvegar	28 mill. kr	Ifølgje ark frå Stortingspartia
Ferjer	29 mill. kr	Ifølgje ark frå Stortingspartia
Sum	57 mill. kr	

På bakgrunn av dette vert det gjort følgjande endringar i høve budsjettinnstillinga frå fylkesutvalet:

- VTA-køyring +10 mill. kr
- Servicelinja i Bergen +2 mill. kr
- Dekkelegging fylkesvegar +10 mill. kr
- Kollektiv/Skyss: Auka adm effektivisering -5 mill. kr
- Omskilting av Kringom på -5 mill. kr vert utsett til etter 2021.
- Tilskot til FRI vert auka med 100.000 og omfordelt innan ramma til KULI.
- Avdrag på gjeld vert redusert med -25 mill. kr, der tidlegare saldering med bruk av skolefond vert skifta ut med tilsvarende reduksjon i avdrag. Dersom VLFK endar opp med mindreforbruk i 2020, vert del av dette sett av til avdrag på gjeld.
- Nedtrekk på Opplæring NOK 20 mill. kr vert gjort som prosentkutt med verknad pr 1.1. 2021.
- Skolefonda vert reduserte med 15 mill. kr som vert overført til disposisjonsfond.

	1 000 kr
Rammetilskot	5 783 646
Inntekts- og formuesskatt	4 439 182
Andre generelle driftsinntekter	234 529
Sum generelle driftsinntekter	10 457 357

Sum løyvingar drift, netto	8 964 479
Brutto driftsresultat	1 492 878
Renteinntekter	25 200
Utbytte	11 500
Renteutgifter	214 100
Avdrag på lån	700 000
Netto finansinnt./utg.	-877 400
Netto driftsresultat	615 478
Disponering / dekking av netto driftsresultat:	
Overføring til investering	552 500
Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond	
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	62 978
Dekking av tidlegare års meirforbruk	
Sum disponering/ dekking nto driftsres	615 478

Netto driftsbudsjett pr sektor	1 000 kr
Politisk styring	58 330
Kontrollutval	10 249
Politisk styring, kontrollutval	68 579
Eigedom - drift og vedlikehald	530 703
Administrasjon av organisasjon og økonomi	177 373
Org og øk - tiltaksmidlar	7 089
Org. og økonomi	715 165
Plan, analyse, klima og folkehelse	43 976
IKT og digitalisering	120 232
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 237
Strategisk utvikling og digitalisering	170 445
Pasientbehandling	258 382
Administrasjon	13 384
Tannhelse	271 766

Arkiv	11 782
Bibliotek	11 695
Kulturformidling	20 461
Kulturarv	104 368
Idrett og friluftsliv	36 170
Inkludering, strategi, analyse	21 484
Kunst og kulturutvikling	108 219
Administrasjon av kultur og idrett	8 170
Kultur, idrett og inkludering	322 349
	1 174
Veg-, drift og vedlikehold	800
FTU - midlar	16 818
Administrasjon av infrastruktur og veg	25 438
Andre tiltak - infrastruktur og veg	1 024
Infrastruktur og veg	1 218 080
Buss	1 131 005
Bane	51 410
Ferje	790 869
Båt	249 702
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	225 745
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	104 381
Mobilitet og kollektiv	2 553 112
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 204
Verdiskaping i byar/regionar	18 622
Naturressursar, landbruk og reiseliv	37 491
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	33 899
Grøn vekst, klima og energi	15 613
Utviklingsmidlar	33 782
Innovasjon og næringsutvikling	149 611
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 720 163
Vidaregåande opplæring for vaksne	68 590
Fagskule	21 405
Andre føremål opplæring	61 410
Opplæring i bedrift	577 747

Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 157
Opplæring og kompetanse	3 480 472
Sum sektor	8 949 579
Lønsavsetjing, premieavvik	14 900
SUM Netto Drift	8 964 479

3. Investeringsbudsjettet for 2021 vert vedteke med rammene som går fram av tabellen nedanfor:

	1 000 kr
Investeringar i varige driftsmidlar	5 760 318
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	5 760 318
Kompensasjon mva	691 442
Tilskot frå andre	2 674 798
Sal av varige driftsmiddel	25 700
Bruk av lån	1 235 878
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	4 627 818
Overføring frå drift	552 500
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	580 000
Dekning av tidlegare års udekkja beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	1 132 500
Framført til inndeking seinare år	-

Investeringar pr sektor

	1 000 kr
Fellesfunksjonar	466 000
Opplæring	755 800
Tannhelse	9 500
Regional utvikling	10 300
Kultur	3 100
Fylkesveg	2 347 018
Kollektiv	2 168 600
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 760 318

4. VERBALPUNKT:

- 1) Offentleg sektor på ulikt nivå har gode erfaringar med å drifta vikarteneste i eigenregi. Det kan ha gode effektar for fylkeskommunen, både med omsyn til kvalitet og kostnader. I tillegg bidreg det til meir tryggleik og forutsigbarheit for den enkelte arbeidstakaren. Fylkestinget ber om ei sak om fylkeskommunal vikarteneste innan opplæring og eigedom. Fylkestinget legg til grunn at dette er mest aktuelt i Bergensområdet, men ber om at ein også ser på moglegheiter i andre delar av fylket.
- 2) Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei sak om innføring av kulturkort/kulturrabatt for ungdom i Vestland. Målsettinga er at flest mogleg unge skal ha moglegheit til å delta i alle former for kulturaktivitetar.
- 3) Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei sak om utbygging av kollektivterminal og turistsenter i Omn 3 i Odda.
- 4) Fylkestinget syner til Kollektivprisen 2020 som vart vunnen av Rogaland fylkeskommune og mobilitetsselskapet Kolumbus sfor deira heilskaplege tilnærming til mobilitet. Vestland fylkeskommune må i sitt vidare arbeid ta sikte på integrerte løysingar og produkt som omfattar alle former for mobilitet. Fylkestinget ber om at det i første kvartal 2021 vert lagt fram ei sak om korleis bysyklar kan inkluderast i reiseprodukta til Skyss/Vestland fylkeskommune.
- 5) Fylkesrådmannen vert bedt om å legg fram ein sak vedkomande strekningar der ein i dag køyrer kommersielle ruter og ruter fylkeskommunal regi parallelt. Fylkestinget ber om framlegg på om dette kan løysast på andre måtar.
- 6) Fylkestinget meiner aluminium kan vere eit spennande materiale å ta i bruk ved bygging av bruer. Aluminium har mellom anna eit lågare vedlikehaldsbehov enn dei material som blir brukt til å bygge bruer. Vestland har eit næringsliv med god kompetanse på både bygging av store konstruksjonar og bruk av aluminium. Fylkestinget ønskjer at det vert lagt til rette for pilotprosjekt for bruk av aluminiumsbru.
- 7) Fylkestinget vil i samband med gjennomgang av verkemiddelapparatet og tilskotsordningar for næringsutvikling be administrasjonen vurdere utflytting av fylkeskommunale arbeidsplassar til område/kommunar som har lite av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar.
- 8) Fylkestinget meiner fiskeri og havbruk er mellom framtidsnæringane i Vestland. Fylkestinget vil bidra til auka matproduksjon, fleire arbeidsplassar og grøn vekst langs kysten. Fylkestinget imøteser handsaming av marin tiltaksplan som del av Utviklingsplanen for Vestland, og vil kome attende til oppfølging av planen.
- 9) Fylkestinget meiner det er viktig at Vestland fylkeskommune skal bidra i kampen for eit seriøst og anstendig arbeidsliv, samt sikre at fleire yrkesfagselevar får lære plass. I sak fylkesutvalssak 290/18 (Hordaland) ser ein på Oslo-modellen og dei elleve hovudpunkt for eit seriøst arbeidsliv som modellen omhandlar og korleis dette er innarbeidd i Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget i Vestland vil bygge vidare på det som Hordaland fylkeskommune gjorde og innføre Oslo-modellen for heile Vestland fylkeskommune og ber om at det vert lagt fram ei sak om dette i første halvår 2021. Saka bør leggast fram for utvala og verte vedteken av fylkestinget.

- 10) Fylkestinget ber om at fylkeskommunen sitt klimabudsjett og klimarekneskap skal omfatte heile det geografiske området Vestland.
 -
 - 11) Endra verbalpunkt frå FUV: Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyning (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for både noverande og nye brukarar i dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiene deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekkjer dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.
5. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 1 235,9 mill. kr.
 6. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
 7. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for 2022-24. Rammene vert lagt til grunn når det skal utarbeidast økonomiplan for perioden 2022-2025.

Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk 2 røyster (R) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 1 fekk 8 røyster (R, FNB og UA) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 2 fekk 6 røyster (R, 2 FNB og UA) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 3 fekk 8 røyster (R, FNB og UA) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 4 fekk 2 røyster (R) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 5 fekk 4 røyster (R og 2 FNB) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 6 fekk 5 røyster (R, 1 FNB og UA) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 7 fekk 6 røyster (R, 2 FNB og UA) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 8 fekk 8 røyster (R, FNB og UA) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 9 fekk 4 røyster (R og UA) og fall.

Syversen sitt verbalforslag 10 fekk 3 røyster (R og 1 FNB) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 6 røyster (FNB og UA) og fall.

Framnes sitt forslag fekk 6 røyster (Frp) og fall.

Framnes sitt verbalforslag vedkomande Sunnfast fekk 23 røyster (Frp, H, FNB og 1 R) og fall.

Framnes sitt verbalforslag vedkomande planmidlar til mindre utbetring fylkesveg fekk 23 røyster (Frp, 11 H, FNB og UA) og fall.

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 13 røyster (H og PP) og fall.

Ekeland Bjørkly sine verbalforslag fekk 21 røyster (H, Frp, 2 FNB og PP) og fall.

Øren Heen (Sp) sitt forslag (med verbalforslag) vart vedteke mot 27 røyster (H, Frp, FNB, UA, R og PP).

Vedtak

Budsjett 2021 / økonomiplan 2021-2024

1. Dokumentet «Budsjett 2021 / økonomiplan 2021-24» utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2021-24.

f) UTVIKLING

Utviklingsplanen til Vestland fylkeskommune legg retninga for det fylket og den framtida vi vil skape. I eit nært samarbeid med kommunar, næringsliv, organisasjonar og frivilligheita legg vi opp til eit systematisk arbeid for å nå måla der like moglegheiter for folk, gode lokalsamfunn, omsynet til klima og miljø og arbeidsplassar gjennom å vere leiande verdi-skapingsfylket, er stolpane.

g) FN SINE BEREKRAFTSMÅL OG UTVIKLING.

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for både utviklingsplanen og for budsjettet.

For å sikre ei grøn og meir berekraftig framtid har Vestland sett som mål å bli eit nullutsleppssamfunn innan 2030. Fylket skal, saman med kommunane, næringslivet, forskning og innbyggjarane ta ein pådrivar-rolle for det grønne skiftet. For å måle dette nyttar vi oss av klimabudsjett og klimarekneskap og utarbeidar ei forpliktande klimabudsjett for heile Vestland.

h) UNGDOM

Vi prioriterer ungdom gjennom å syte for god og desentralisert skule, arbeide aktivt for at fleire gjennomfører og at yrkesfagelevar får lærlingeplass. I ei krevjande tid for ungdom med tiltak knytt til pandemi, er det endå viktigare å halde fast på ordningar som god skulehelseteneste, skulepsykologar, skulefrukost og miljøkoordinatorar. Budsjettet sikrar det.

Vi gjer kvardagen enklare for ungdom med å innføre felles ungdomskort for heile fylket, med aldersgrense 20 år.

i) SAMFERDSEL

Året som kjem skal det lagast Regional Transportplan. Det gjer at enkeltprosjekt som ikkje allereie ligg inne i økonomiplanen, blir vurdert i samband med planen og ikkje i budsjettet. I investeringsbudsjettet ligg Atløysambandet og Svelgen-Indrehus inne i siste del. Vi følgjer desse opp med planleggingsmidlar og søknader for at arbeidet skal kome i gang når det er planlagt.

Gjennom Byvekstavtalen har ein sikra billegare kollektivtakstar, og Fylkestinget legg inn ytterlegare 6 millionar for ikkje å auke enkeltbiletten.

j) ANSVARLEG ARBEIDSGJEVAR

Vestland fylkeskommune skal vise veg som arbeidsgjevar med eit trygt og seriøst arbeidsliv som reduserer sjukefråvær og fremjar heiltid.

Derfor vil vi be om jamnleg rapportering på utvikling innan heiltid- og deltidsarbeid i eigen organisasjon, og sette inn naudsynte tiltak for å nå dei politiske målsettingane. Det same gjeld for at menneske med

«hol i CV-en», former for nedsett funksjonsevne eller av andre kulturelle/strukturelle grunnar ikkje så lett får arbeid. Noko anna er sløsing med ressursar.

Vestland fylkeskommune skal vere ein inkluderande organisasjon som tek samfunnsansvar. Vi stiller tilsvarande krav i anbod og på store innkjøp.

2. Driftsbudsjettet for 2021 vert vedteke som innstillinga frå Fylkesutvalet, og med rammene som går fram av tabellen nedanfor, justert for desse endringane:

Fylkesutvalet har i salderinga si lagt til grunn at 55 mill. kr vert dekt gjennom auka ferjetilskot. Det er oppnådd budsjettsemje i Stortinget, som medfører følgjande auke i overføringar til Vestland:

Fylkesvegar	28 mill. kr	Ifølgje ark frå Stortingspartia
Ferjer	29 mill. kr	Ifølgje ark frå Stortingspartia
Sum	57 mill. kr	

På bakgrunn av dette vert det gjort følgjande endringar i høve budsjettinnstillinga frå fylkesutvalet:

- VTA-køyring +10 mill. kr
- Servicelinja i Bergen +2 mill. kr
- Dekkelegging fylkesvegar +10 mill. kr
- Kollektiv/Skyss: Auka adm effektivisering -5 mill. kr
- Omskilting av Kringom på -5 mill. kr vert utsett til etter 2021.
- Tilskot til FRI vert auka med 100.000 og omfordelt innan ramma til KULI.
- Avdrag på gjeld vert redusert med -25 mill. kr, der tidlegare saldering med bruk av skolefond vert skifta ut med tilsvarande reduksjon i avdrag. Dersom VLFK endar opp med mindreforbruk i 2020, vert del av dette sett av til avdrag på gjeld.
- Nedtrekk på Opplæring NOK 20 mill. kr vert gjort som prosentkutt med verknad pr 1.1. 2021.
- Skolefonda vert reduserte med 15 mill. kr som vert overført til disposisjonsfond.

	1 000 kr
Rammetilskot	5 783 646
Inntekts- og formuesskatt	4 439 182
Andre generelle driftsinntekter	234 529
Sum generelle driftsinntekter	10 457 357

Sum løyvingar drift, netto	8 964 479
Brutto driftsresultat	1 492 878
Renteinntekter	25 200
Utbytte	11 500
Renteutgifter	214 100
Avdrag på lån	700 000
Netto finansinnt./utg.	-877 400
Netto driftsresultat	615 478
Disponering / dekking av netto driftsresultat:	
Overføring til investering	552 500
Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond	
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	62 978
Dekking av tidlegare års meirforbruk	
Sum disponering/ dekking nto driftsres	615 478

Netto driftsbudsjett pr sektor	1 000 kr
Politisk styring	58 330
Kontrollutval	10 249
Politisk styring, kontrollutval	68 579
Eigedom - drift og vedlikehald	530 703
Administrasjon av organisasjon og økonomi	177 373
Org og øk - tiltaksmidlar	7 089
Org. og økonomi	715 165
Plan, analyse, klima og folkehelse	43 976
IKT og digitalisering	120 232
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 237
Strategisk utvikling og digitalisering	170 445
Pasientbehandling	258 382
Administrasjon	13 384
Tannhelse	271 766

Arkiv	11 782
Bibliotek	11 695
Kulturformidling	20 461
Kulturarv	104 368
Idrett og friluftsliv	36 170
Inkludering, strategi, analyse	21 484
Kunst og kulturutvikling	108 219
Administrasjon av kultur og idrett	8 170
Kultur, idrett og inkludering	322 349
Veg-, drift og vedlikehold	1 174 800
FTU - midlar	16 818
Administrasjon av infrastruktur og veg	25 438
Andre tiltak - infrastruktur og veg	1 024
Infrastruktur og veg	1 218 080
Buss	1 131 005
Bane	51 410
Ferje	790 869
Båt	249 702
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	225 745
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	104 381
Mobilitet og kollektiv	2 553 112
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 204
Verdiskaping i byar/regionar	18 622
Naturressursar, landbruk og reiseliv	37 491
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	33 899
Grøn vekst, klima og energi	15 613
Utviklingsmidlar	33 782
Innovasjon og næringsutvikling	149 611
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 720 163
Vidaregåande opplæring for vaksne	68 590
Fagskule	21 405
Andre føremål opplæring	61 410
Opplæring i bedrift	577 747

Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 157
Opplæring og kompetanse	3 480 472
Sum sektor	8 949 579
Lønsavsetjing, premieavvik	14 900
SUM Netto Drift	8 964 479

3. Investeringsbudsjettet for 2021 vert vedteke med rammene som går fram av tabellen nedanfor:

	1 000 kr
Investeringar i varige driftsmidlar	5 760 318
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	5 760 318
Kompensasjon mva	691 442
Tilskot frå andre	2 674 798
Sal av varige driftsmiddel	25 700
Bruk av lån	1 235 878
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	4 627 818
Overføring frå drift	552 500
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	580 000
Dekning av tidlegare års udekka beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	1 132 500
Framført til inndeking seinare år	-

Investeringar pr sektor

	1 000 kr
Fellesfunksjonar	466 000
Opplæring	755 800
Tannhelse	9 500
Regional utvikling	10 300
Kultur	3 100
Fylkesveg	2 347 018
Kollektiv	2 168 600
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 760 318

4. VERBALPUNKT:

- 1) Offentleg sektor på ulikt nivå har gode erfaringar med å drifta vikarteneste i eigenregi. Det kan ha gode effektar for fylkeskommunen, både med omsyn til kvalitet og kostnader. I tillegg bidreg det til meir tryggleik og forutsigbarheit for den enkelte arbeidstakaren. Fylkestinget ber om ei sak om fylkeskommunal vikarteneste innan opplæring og eigedom. Fylkestinget legg til grunn at dette er mest aktuelt i Bergensområdet, men ber om at ein også ser på moglegheiter i andre delar av fylket.
- 2) Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei sak om innføring av kulturkort/kulturrabatt for ungdom i Vestland. Målsettinga er at flest mogleg unge skal ha moglegheit til å delta i alle former for kulturaktivitetar.
- 3) Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei sak om utbygging av kollektivterminal og turistcenter i Omn 3 i Odda.
- 4) Fylkestinget syner til Kollektivprisen 2020 som vart vunnen av Rogaland fylkeskommune og mobilitetsselskapet Kolumbus sfor deira heilskaplege tilnærming til mobilitet. Vestland fylkeskommune må i sitt vidare arbeid ta sikte på integrerte løysingar og produkt som omfattar alle former for mobilitet. Fylkestinget ber om at det i første kvartal 2021 vert lagt fram ei sak om korleis bysyklar kan inkluderast i reiseprodukta til Skyss/Vestland fylkeskommune.
- 5) Fylkesrådmannen vert bedt om å legg fram ein sak vedkomande strekkingar der ein i dag køyrer kommersielle ruter og ruter fylkeskommunal regi parallelt. Fylkestinget ber om framlegg på om dette kan løysast på andre måtar.
- 6) Fylkestinget meiner aluminium kan vere eit spennande materiale å ta i bruk ved bygging av bruer. Aluminium har mellom anna eit lågare vedlikehaldsbehov enn dei material som blir brukt til å bygge bruer. Vestland har eit næringsliv med god kompetanse på både bygging av store konstruksjonar og bruk av aluminium. Fylkestinget ønskjer at det vert lagt til rette for pilotprosjekt for bruk av aluminiumsbru.
- 7) Fylkestinget vil i samband med gjennomgang av verkemiddelapparatet og tilskotsordningar for næringsutvikling be administrasjonen vurdere utflytting av fylkeskommunale arbeidsplassar til områder/kommunar som har lite av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar.
- 8) Fylkestinget meiner fiskeri og havbruk er mellom framtidsnæringane i Vestland. Fylkestinget vil bidra til auka matproduksjon, fleire arbeidsplassar og grøn vekst langs kysten. Fylkestinget imøteser handsaming av marin tiltaksplan som del av Utviklingsplanen for Vestland, og vil kome attende til oppfølging av planen.
- 9) Fylkestinget meiner det er viktig at Vestland fylkeskommune skal bidra i kampen for eit seriøst og anstendig arbeidsliv, samt sikre at fleire yrkesfagselevar får læreplass. I sak fylkesutvalssak 290/18 (Hordaland) ser ein på Oslo-modellen og dei elleve hovudpunkt for eit seriøst arbeidsliv som modellen omhandlar og korleis dette er innarbeidd i Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget i Vestland vil bygge vidare på det som Hordaland fylkeskommune gjorde og innføre Oslo-modellen for heile Vestland fylkeskommune og ber om at det vert lagt fram ei sak om dette i første halvår 2021. Saka bør leggast fram for utvala og verte vedteken av fylkestinget.

- 10) Fylkestinget ber om at fylkeskommunen sitt klimabudsjett og klimarekneskap skal omfatte heile det geografiske området Vestland.
 - 11) Endra verbalpunkt frå FUV: Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyning (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for både noverande og nye brukarar i dei kommunane som tidlegare har fått dekkja dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekker dette tilbodet. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekkja kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.
5. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 1 235,9 mill. kr.
 6. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
 7. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammes for 2022-24. Rammene vert lagt til grunn når det skal utarbeidast økonomiplan for perioden 2022-2025.

Protokollmerknad

Jeanette Syversen (R) sette fram slik protokollmerknad:

Raudt Vestland vil av demokratiske omsyn oppmode på det sterkeste om at det ved neste budsjetthandsaming i 2021, skal være mogleg å stemme over alle verbalframlegg separat og på kryss av partihiløve. Det er svært uheldig å nytte fleire timer med debatt, for så å parere politisk støtte til konkrete forslag i partikollegiet, slik det var gjort i år. Målet med debatten i fylkestinget, bør være å sikre at også partier i opposisjon kan få brei tilslutning for gode framlegg, samt at opposisjonen kan bidra til å styrke flertallet sine forslag.

Vedlegg 4. Obligatoriske oversikter.

Løyvingsoversikt - drift (§ 5-4)

tal i 1 000 kr	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Rammetilskot	5 736 870	5 840 646
Inntekts- og formuesskatt	4 202 100	4 439 182
Eigedomsskatt		
Andre generelle driftsinntekter	184 000	179 529
Sum generelle driftsinntekter	10 122 970	10 459 357
Sum løyvingar drift, netto	8 822 073	8 991 479
Avskrivningar		
Sum netto driftsutgifter	8 822 073	8 991 479
Brutto driftsresultat	1 300 897	1 467 878
Renteinntekter	110 900	25 200
Utbytte		11 500
Gevinst og tap finansielle omløpsmidlar		
Renteutgifter	328 800	214 100
Avdrag på lån	616 000	675 000
Netto finansinnt./utg.	-833 900	-852 400
Motpost avskrivningar		
Netto driftsresultat	466 997	615 478
Disponering / dekking av netto driftsresultat:		
Overføring til investering	536 997	552 500
Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond		
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	-70 000	62 978
Dekking av tidlegare års meirforbruk		
Sum disponering/ dekking nto driftsres	466 997	615 478

Tabellen held fram på neste side.

Budsjett pr sektor - 1000 kr	2020	2021
Politisk styring	55 546	58 330
Kontrollutval	10 496	10 249
Politisk styring, kontrollutval	66 042	68 579
Eigedom - drift og vedlikehold	517 633	530 703
Administrasjon av organisasjon og økonomi	176 495	177 373
Org og øk - tiltaksmidlar	9 000	7 089
Org. og økonomi	703 128	715 165
Plan, analyse, klima og folkehelse	44 233	43 976
IKT og digitalisering	120 896	120 232
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 238	6 237
Strategisk utvikling og digitalisering	171 367	170 445
Pasientbehandling	240 269	258 382
Administrasjon	34 895	13 384
Tannhelse	275 164	271 766
Arkiv	11 699	11 782
Bibliotek	12 635	11 695
Kulturformidling	16 658	20 460
Kulturarv	100 932	104 368
Idrett og friluftsliv	33 024	36 170
Inkludering, strategi, analyse	20 386	21 484
Kunst og kulturutvikling	109 513	108 219
Administrasjon av kultur og idrett	7 753	8 170
Kultur, idrett og inkludering	312 600	322 348
Veg-, drift og vedlikehold	1 103 500	1 184 800
FTU - midlar	16 376	16 818
Administrasjon av infrastruktur og veg	26 819	25 438
Andre tiltak - infrastruktur og veg	997	1 024
Infrastruktur og veg	1 147 692	1 228 080
Buss	1 032 298	1 133 005
Bane	36 701	51 410
Ferje	901 553	790 869
Båt	280 380	249 702
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	166 494	225 745
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	104 432	104 381
Mobilitet og kollektiv	2 521 858	2 555 112
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 298	10 204
Verdiskaping i byar/regionar	29 122	18 622
Naturressursar, landbruk og reiseliv	34 062	37 491
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	30 797	33 900

Budsjett pr sektor - 1000 kr	2020	2021
Grøn vekst, klima og energi	14 678	15 613
Utviklingsmidlar	19 685	33 782
Innovasjon og næringsutvikling	138 642	149 612
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelegat oppl	2 785 385	2 735 163
Vidaregåande opplæring for vaksne	78 937	68 590
Fagskule	21 287	21 405
Andre føremål opplæring	40 556	61 410
Opplæring i bedrift	519 214	577 747
Administrasjon av opplæring & kompetanse	32 843	31 157
Opplæring og kompetanse	3 478 222	3 495 472
Sum sektor	8 814 715	8 976 579
Lønsavsetjing, premieavvik	7 358	14 900
SUM Netto Drift 1B	8 822 073	8 991 479

Løyvingsoversikt investering (§ 5-5)

Tal i 1000 kr	2020	2021
Investeringar i varige driftsmidlar	5 946 253	5 760 318
Tilskot til andre sine investeringar		
Investering i aksjar og andelar	7 500	
Utlån av eigne midlar		
Avdrag på lån		
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	5 953 753	5 760 318
Kompensasjon mva	603 361	691 442
Tilskot frå andre	2 534 319	2 674 798
Sal av varige driftsmiddel	50 000	25 700
Sal av finansielle anleggsmidlar	-	-
Utdeling frå selskap	-	-
Mottatt avdrag på utlån	-	-
Bruk av lån	1 704 976	1 235 878
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	4 892 656	4 627 818

Tabellen held fram på neste side.

Tal i 1000 kr	2020	2021
Vidareutlån	-	-
Bruk av lån vidareutlån	-	-
Avdrag på lån vidareutlån	-	-
Mottatt avdrag vidareutlån	-	-
Netto utgift vidareutlån	-	-
Overføring frå drift	536 997	552 500
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond		
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	524 100	580 000
Dekning av tidlegare års udekket beløp		
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	1 061 097	1 132 500
Framført til inndeking seinare år	-	-

Løyvingsoversikt - investeringar i 1000 kr

	2020	2021
Fellesfunksjonar	352 268	466 000
Opplæring	762 241	755 800
Tannhelse	28 550	9 500
Regional utvikling	10 000	10 300
Kultur	8 790	3 100
Fylkesveg	2 362 604	2 347 018
Kollktiv	2 421 800	2 168 600
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 946 253	5 760 318
Investeringar i aksjer og eigendeler		
Kjøp av aksjer og eigendelar	7 500	
SUM investering i aksjer og eigendeler	7 500	-

vestlandfylke.no